Bremanger kommune

Kommuneplan for Bremanger arealdelen 2022-2034

Rapport type: Konsekvensutgreiing (KU) med risiko- og sårbarheitsvurdering (ROS)

Dato: 27.02.2020, siste revisjon 19.03.2024



KU-vurdering m/ROS

INNHALDSLISTE

KU-VURDERING M/ROS 1

1 INNLEIING 5

2 METODE OG GRUNNLAG FOR UTGREIING 6

2.1 METODIKK 6
2.2 DATAGRUNNLAG 6
2.3 GRUNNLAG FOR VURDERING AV VERKNAD/KONSEKVENS 7
2.4 SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS 8
2.5 VURDERINGSTEMA FOR KU OG ROS 8
2.6 ALTERNATIVSVURDERINGAR 11
2.7 AVKLARINGAR I SAMBAND MED MØTE I PLANFORUM 29.05.2019 11
2.7.1 SKIPSLEI 11
2.7.2 NAVIGASJONSINSTALLASJONAR 11
2.7.3 STORULUKKEVERKSEMDER 11

3 KU AV ENKELTOMRÅDE 12

3.1 SVELGEN 12
3.1.1 SVELGEN GULESTØ – AKVAKULTUR, VA3. REVIDERT AREAL ETTER 1.GONGS HØYRING 12
3.1.2 SAGEBØ – FRITIDS OG TURISTFORMÅL, BFT7 OG VS24. REVIDERT ETTER 2.GONGS HØYRING 17
3.1.3 SAGEVATNET – DRIKKEVASSKJELDE, VD2, REVIDERT ETTER 2.GONGS HØYRING 23
3.1.4 HYTTEFELT, TURISME OG SMÅBÅTHAMN I VINDSPOLLEN, DEL AV GBNR. 46/3, BFR77, BFT25 OG VS29. 28
3.1.5 MYKLEBUST - NÆRING, 45/5, BN66. REVIDERT ETTER 2.GONGS HØYRING 33
3.1.6 INDREHUS – NÆRING, BN64 OG VFE1, REVIDERT ETTER 2.GONGS HØYRING 39
3.1.7 SANDVIKA – BUSTADOMRÅDE, B100. NY KU TIL 3.GONGS OFFENTLEG ETTERSYN 46
3.1.8 KJELKENES – NÆRING, BN54 OG VF8 51
3.1.9 HOLMANESET – NÆRING 41/8 M.FL, BN55 OG VFE2. REVIDERT ETTER 2.GONGS OFFENTLEG HØYRING ETTER NYTT INNSPEL 57
3.1.10 STEINVIKA - NÆRING GBNR. 40/2, BN51, REVIDERT ETTER 2.GONGS OFFENTLEG ETTERSYN 64
3.1.11 EIKELAND- MASSEDEPONI GBNR. 39/2, BAB162 69
3.1.12 NÆRINGSAREAL BREIVIKA, BN38 OG VS32. ENDRA ETTER 2.GONGS OFFENTLEG HØYRING 74
3.1.13 NÆRINGSAREAL BREIVIKA VEST, BN46 79
3.1.14 UTVIDING AV NÆRINGSAREAL RISE, BN49. NY KU TIL 3.GONGS OFFENTLEG HØYRING 84
3.1.15 NAUSTNESET – SMÅBÅTHAMN, VS19 OG BAB146 88
3.1.16 BYGGJEOMRÅDE FOR BUSTADER NAUSTNESET, SVELGEN, B72 93
3.1.17 SVELGEN SENTRUM – NÆRING, GBNR. 38/372, BN37. ENDRA ETTER 1.GONGS OFFENTLEG ETTERSYN 97
3.1.18 KVELVE – BUSTADER, B64 101
3.1.19 VESTREBOTNEN - DEPONIOMRÅDE FOR MASSE, BAB141. 106
3.1.20 STØLSPORDEN – NÆRING, BN52 111
3.1.21 HESSVIKA – FRITIDSBUSTADER, BFR17 115
3.1.22 NESBØ. SPREIDDE BUSTADER OG FRITIDSBUSTADER, LS20, REVIDERT ETTER 2.GONGS OFFENTLEG HØYRING 120
3.1.23 NESBØ 35/4, KLATREPARK, BFT20 126

3.1.24 Fureneset – Akvakultur, VA5, endra etter 2. gongs ettersyn 129
3.1.25 Næringsareal ved Hennøy Vindpark, BN60 134
3.1.26 Steinbrot Aksla, BRU5, BN61 og BN62 139
3.2 Ålfoten-Davik 147
3.2.1 Myklebust, Ålfoten, gbnr. 115/4, 11, 18, – Bustader, LSB91, revidert areal 147
3.2.2 Ålfoten Brotane – Bustader gbnr. 115/54 og 115/11, B61 153
3.2.3 Ålfoten – Småbåthamn, BAB170 og VS25 157
3.2.4 Sigdestad – Spreidde bustader, LSB93, revidert areal etter 3.gongs offentleg ettersyn 162
3.2.5 Øyretangen Gnr/Bnr 115/24 m.fl, BFT 18, BFT19, VS17 og VS18, revidert areal til 2.gongs offentleg høyring. 167
3.2.6 Førde – Hytter Gnr/Bnr 117/7, LSF39 175
3.2.7 Førde – Sjøbu Gnr/Bnr 117/7, BFT22 181
3.2.8 Ålfoten – Åskora, næringsareal (SFE), BN70, revidert areal etter 2.gongs offentleg høyring 186
3.2.9 Ålfoten – Yksnelvane næringsareal og hamn (SFE), BN69 og HOS1 192
3.2.10 Juvika, Dombestein – Akvakultur, VA10. Endra etter 2. og 3. gongs ettersyn 197
3.2.11 Svartekari – Akvakultur, VA12. Ny vurdering etter 2. gongs ettersyn 203
3.2.12 Endal vest – akvakultur, VA9. Endra etter 2. og 3. gongs høyring 208
3.3 Kalvåg 214
3.3.1 Akvakultur i Frøysjøen 214
3.3.2 Næring/industri vest for Kvernavika, ved FV 616, BN8 217
3.3.3 Naust/småbåthamn ved Jakobshamn, del av gbnr. 32/57 og 32/7, BAB11 og VS2 223
3.3.4 Småbåthamn og nausttomtar ved Kalvåg, BAB8 og BAB9 227
3.3.5 Spreidde bustader på Frøyalandet, LSB1, redusert areal etter 2.gongs offentleg ettersyn. 232
3.3.6 Hyttefelt på Liset gbnr. 1/4, 1/83 m.fl., BFR3 235
3.3.7 Hyttefelt ved Steinset, gbnr. 3/366, BFR1 240
3.3.8 Spreidd utbygging av bustader og fritidsbustader på Novelandet Øvre Tuftene, gbnr. 29/7-10, LS5 245
3.3.9 Fritidstomtar ved Frøynes, gbnr. 6/1-2, LS2, revidert etter 2.gongs høyring 250
3.3.10 Trongesundet/Nybø – LNF med spreidde fritidsbustader gbnr. 32/2 m.fl., LSF3 255
3.4 Bremangerlandet 260
3.4.1 Fritidsbusetnad i Fagredalen, LSF8 260
3.4.2 Naust indre Hauge ved Struen, del av gbnr, 16/15, BAB23 265
3.4.3 Fortetting av bustader på Torvanger, B16 eksisterande og framtidig, endra etter 2.gongs offentleg ettersyn 270
3.4.4 Igland – Bustader gbnr. 14/15, B99, endra etter 2.gongs offentleg ettersyn 273
3.4.5 Hauge – bustader gbnr. 16/3 og 16/6, B19 (framtidig) 278
3.4.6 Hauge – sentrumsføremål, gbnr. 16/3, 6, 41 m.fl., BS2, revidert etter 2.gongs offentleg ettersyn 282
3.4.7 Bustader og fritidsbustader på Hauge, del av gbnr. 16/7, LS25 287
3.4.8 Bustader og fritidsbustader på ytre Grotle, del av gbnr, 11/7 m.fl., LS28 292
3.4.9 Hytter og marine føremål på Langeneset ved Dalevatnet, gbnr. 16/17, BFR13 og BAB24 296
3.4.10 Parkeringsareal i Svarstaddalen i tilknyting tursti, del av gbnr. 17/6, SPA12 301
3.4.11 Bustader og fritidsbustader (spreidde) på Svarstad/Varpe, del av gbnr. 18/3, LS1 304
3.4.12 Leikeplass og parkanlegg på Varpe, gbnr. 18/18 og 25, BOP13 og BOP14 309
3.4.13 Spreidde bustader og fritidsbustader Eikeset, LS30, revidert etter 2.gongs offentleg ettersyn 312

3.4.14 Byggjeområde for fritidsbustader Ryland, BFR76 318
3.4.15 Byggjeområde for fritidsbustader/rorbuer Nødset, BFR74 324
3.4.16 Byggjeområde for fritidsbustader/rorbuer i Struen, BFR75 329
3.4.17 Bakjet (lokalitet Bakjestranda) – Akvakultur, VA1. Endra etter 2. gongs høyring 335
3.4.18 Struen – sjøhusmiljø, BAB20,21,22, ny KU etter 3.gongs offentleg høyring 340
3.4.19 Struen – Hauge, gangsti langs sjø, ny KU etter 3.gongs offentleg høyring 346
3.5 Berle 351
3.5.1 Akvakultur ved Skipperdalsneset, VA2. Endra etter 2. gongs ettersyn 351
3.5.2 Bustader og fritidsbustader i Berle, del av gbnr. 72/5, LS12 356
3.5.3 Naust i Berle, del av gbnr, 72/5, BAB42 360
3.5.4 Bustader og fritidsbustader i Berle, del av gbnr. 72/1 og 5, LS13 364
3.5.5 Frå næring til fritidsbustad, Lisete ved Berlepollen, del av gbnr. 69/13, BFR14 369
3.5.6 Berle, LNF med spreidde fritidsbustader gbnr. 72/1, 16, 19 og 44, LSF53 og BAB179. Revidert etter 2.gongs offentleg ettersyn 373
3.5.7 Berleneset, Hestevika – LNF med spreidde fritidsbustader gbnr. 68/2 m.fl., LSF51 379
3.5.8 Berleneset, LNF med spreidde fritidsbustader gbnr. 73/6, LSF35 383
3.6 Rugsund/Leirgulen 388
3.6.1 Friluftsområde og aktivitetsbasert næring m.m. på Gloføk ved Skatestraumen, del av gbnr. 66/1 og 7, BFT12 388
3.6.2 Næringsareal på Nygård ved Skatestraumen, gbnr. 65/5, BN20 394
3.6.3 Kommunalteknisk anlegg og næringsareal i Løkane ved Haukedalen, del av gbnr. 67/1, BAB46 399
3.6.4 Næring/Kommunalteknisk anlegg i Bortnen, BN28 403
3.6.5 Camping/turisme med sjøretta aktivitet på Nygård ved Skatestraumen, del av gbnr. 65/5 og 65/6, BFT23 408
3.6.6 Busta – Akvakultur, VA13. Endra etter 2. gongs høyring 413
3.6.7 Løypingeneset – akvakultur, VA6. Endra etter 2. og 3. gongs ettersyn 418
3.6.8 Akvakultur Grunneneset, lokalitet 17117, endra etter 3.gongs offentleg ettersyn.425
3.6.1 Marøy- akvakultur, endra etter 2.gongs offentleg ettersyn. 430

4 SAMLA VERKNAD 435

4.1 Samla verknad etter utgreiingstema 435
4.1.1 Miljø 435
4.1.2 Samfunn 444
4.1.3 Samfunnstryggleik, ROS 445
4.2 Samla arealdisponering etter formål 448
4.2.1 Arealtabell 448
4.3 Verknad av særskilde føremål 450
4.3.1 Akvakultur 450

1 Innleiing

I samband med revidering av arealdelen til kommuneplanen for Bremanger kommune (KPA) er det blitt utført ei konsekvensutgreiing (KU) og risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) av forslag til nye utbyggingsområde.

Arbeidet vart i fyrste omgang utført av Nordplan i samarbeid med oppdragsgjevar Bremanger kommune. Sjå planomtalen for informasjon om prosess og aktørar i planarbeidet. Konsekvensutgreiinga er etter 1.gongs høyring er revidert og supplert av Bremanger kommune. Tilleggsutgreiing ved 1.gongs offentleg høyring er innarbeidd i dette dokumentet. Konsekvensutgreiinga er igjen revidert og supplert etter 2.gongs og 3.gongs offentleg høyring.

Det var ved kunngjering av planoppstart og høyring av planprogram mogleg for publikum å kome med innspel til arealdelen. Alle innkomne innspel vart gjennomgått av kommunen si arbeidsgruppe. Dei som vart vurdert som relevante for arealdelen vart vidaresendt til Nordplan for konsekvensutgreiing. Det har også komme innspel i høyringsperioden som er blitt konsekvensutgreidd for eventuell innarbeiding i planen. Det har i alt blitt KU-vurdert 82 innspel som er teke med i rapporten, inkludert kommunen sine eigne framlegg til arealendringar.

Konsekvensutgreiinga skal vurdere verknad for miljø og samfunn i hovudsak for nye utbyggingsformål og tiltak som blir lagt ut i kommuneplanen. I denne rapporten blir det gjort overordna vurderingar for einskildområde. I tillegg har vi utført KU for enkelte innspel som omfattar arealbruksendring frå eit utbyggingsformål til eit anna.

I utgreiingsarbeidet har vi gjort ei geografisk inndeling av innspela. Namn på tettstad/grend for kvart delkapittel i KU-vurderinga er følgjande (jf. kap. 3):

Kap. 3.1: Svelgen

Kap. 3.2: Ålfoten/Davik


Kap. 3.3: Kalvåg

Kap. 3.4: Bremangerlandet

Kap. 3.5: Berle

Kap. 3.6: Rugsund/Leirgulen

Sjå figur nedanfor for å sjå kva område som er omfatta av kvart delkapittel.



KU for enkeltområde er delt inn i delkapittel – inndelt etter ulike område i kommunen. Inndelinga av kommunen/områda framgår av denne illustrasjonen (kart henta frå Fylkesatlas).

Det har vore store variasjon i kor detaljerte innspela har vore, med tanke på mellom anna nøyaktig avgrensing på ønska utbyggingsareal og tiltak som t.d. tal bueiningar og næringsaktivitet. Sjølv om fleire av innspela er noko ufullstendige, har kommunen likevel valt å vurdere dei i konsekvensutgreiinga.

Siste del av rapporten ser på dei samla verknadane for endringar arealdelen opnar for.

2 Metode og grunnlag for utgreiing

2.1 Metodikk

Rettleiar T-1493 av 03.08.2012 «Konsekvensutredning av arealdelen til kommuneplanen» er nytta som grunnlag for metode for konsekvensutgreiinga. Grunnlag for vurdering går fram av kap. 2.3.

Metode for ROS framgår av kap. 2.4.

2.2 Datagrunnlag

Rapporten byggjer på eksisterande kunnskapsgrunnlag innhenta frå følgjande databasar:

Fylkesatlas (www.fylkesatlas.no) , NVE Atlas (skred, flaum, marin grense, havnivå, vassdrag, kraftliner) Miljøstatus Norge (https://miljoatlas.miljodirektoratet.no/KlientFull.htm?), Miljødirektoratet (grunnforurensing https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/), NGU sine kartløysingar (grunnvatn https://geo.ngu.no/kart/granada_mobil/ og lausmassar https://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/), Askeladden (kulturminnebase https://askeladden.ra.no/ og www.kulturminnesok.no/kart/) , Kystverket (farled, navigasjonsinstallasjonar, bølgjer, ankringsområde https://kystinfo.no/), Fiskeridirektoratet (fiskeridata, akvakultur mm. https://portal.fiskeridir.no/alletema), Vann-Nett portal (https://vann-nett.no/portal/) , kommunale og fylkeskommunale informasjonssider, i tillegg til Statsforvaltaren sine informasjonssider og lokalkunnskap.

I tillegg har kommunale rapportar og vedtak blitt nytta som grunnlag, deriblant Heilskapleg ROS-analyse for Bremanger kommune (2014), Kystsoneplan (1999) og arealstrategiar frå samfunnsdelen (vedteken hausten 2021). Lokale, regionale og nasjonale føringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er skildra i planomtalen.

Det er uført synfaringar for utvalde område i samband med utarbeiding av KU. Synfaringar for dei fleste områda vart utført 4. mars 2019. Dette gjev mellom anna ikkje grunnlag for å gjere eigne registreringar av enkelte artar og vegetasjon.

Der kunnskapsgrunnlaget er vurdert som manglande og det er behov for ytterlegare utgreiingar, er dette nemnt under KU av dei einskilde områda. Det er òg sett krav om ytterlegare faglege undersøkingar i føresegnene til enkelte område.

2.3 Grunnlag for vurdering av verknad/konsekvens

Konsekvens av arealbruk kjem fram med hjelp av ei samanstilling av **verdi** og **omfang**.

Verdi

Eksisterande verdiar knytt til miljø og samfunn innanfor kvart område og i eit tilpassa influensområde er gradert med liten, middels og stor.

I verdifastsettinga er det lagt til grunn eksisterande registreringar/kartleggingar, gradert etter om det er nasjonalt, regionalt eller lokalt nivå. Ingen førekomstar, kartlegging eller kjende verdiar av betydning gjev liten verdi.

I KU-tabellane for kvart enkelt område blir dette vist med verdiane 1-3, som tilsvara følgjande:

1 – Liten verdi = Det er ingen kartlagde eller kjende verdiar i området.

2 – Middels verdi = Verdiar som har lokal betydning.

3 – Stor verdi = Verdiar som har nasjonal eller regional betydning.

Omfang

Ved vurdering av omfang er det gjort ei heilskapleg vurdering, basert på avgrensing av området, formålet med tiltaket, topografi, omtale av verdi og generell kunnskap om Bremanger kommune.

Omfang/påverknad av det einskilde tiltaket er vurdert opp mot eit 0-alternativ. 0-alternativet tilsvara sannsynleg utvikling av området utan utbygging/endring frå eksisterande situasjon.

For vurdering av omfang er følgjande skala nytta:

-3	**-2**	**-1/0/+1**	**+2**	**+3**
Stort negativ omfang	***Middels negativt omfang***	***Lite eller ubetydeleg omfang***	***Middels positivt omfang***	***Stort positivt omfang***
Øydelegg	Reduserer verdien	Ingen verknad	Betring	Stor betring

Konsekvens

Ved å samanstille verdien og omfanget innanfor kvart tema får ein samla konsekvens ved endra arealbruk. Skala for vurdering av konsekvens blir då slik tabellen under viser:

Konsekvens	**Omfang/verdi**	Liten/1	Middels/2	Stor/3
	Stort positivt	+2	+2/+3	+3
	Middels positivt	+1	+2	+3
	Lite/ubetydeleg	0	0	0/+1
	Middels negativt	-1	-2	-2/-3
	Stort negativt	-2	-2/-3	-3

Konsekvensutgreiinga er følgt opp vidare ved å vurdere om det skal bli stilt krav om avbøtande tiltak for redusere dei negative konsekvensane.

2.4 Samfunnstryggleik og ROS

For kvart enkelt delområde er det blitt gjort ei vurdering av potensiell fare for utvalde tema knytt til risiko- og sårbarheit (sjå kap. 2.5). Det er vidare gjort ei vurdering på om ønska tiltak vil gje akseptabelt risikonivå i framtida, samt om det er behov for oppfølgingstiltak.

Under vurdering av framtidig risiko er trafikklysfargane nytta som illustrasjon av framtidig situasjon etter utbygging av ønska tiltak. Grønt er lik ikkje signifikant risiko, gult er akseptabel risiko og raud er uakseptabel risiko. Sjå tabell på neste side.

Hending	Risiko	Tiltak
Hending i grønt felt:	Ikkje signifikant risiko	Risikoreduserande tiltak kan bli vurdert.
Hending i gult felt:	Akseptabel risiko (ALARP-sone = As Low As Reasonable Practicable).	Tiltak må bli vurdert for å redusere risikoen så mykje som råd.
Hending i raudt felt:	Uakseptabel risiko	Tiltak må setjast inn for å redusere til grøn/gul. Her skal risikoreduserande tiltak bli vurdert gjennom meir detaljerte ROS-analyser på reguleringsplannivå, samt ved bruk av fagleg kompetanse ved behov, for å eventuelt avkrefte risikonivået.

2.5 Vurderingstema for KU og ROS

Nedanfor følgjer ei liste over kva som har blitt vurdert under kvart enkelt KU-tema innanfor kategoriane miljø og samfunn, samt samfunnsikkerheit og ROS.

Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap (DSB) har utarbeidd eit forslag til sjekkliste for ROS-tema. Tema henta frå DSB sitt vedlegg 5 til rettleiaren «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging» er innarbeidd i ROS-tabellen, som vidare er nytta som grunnlag for vurdering av enkeltområde.

MILJØ	
Landbruksressursar	Verknad av utbyggingstiltak for landbruksinteressene skal vurderast på grunnlag av arealressurskart og kjerneområde for landbruk og opp mot nasjonal jordvernstrategi. Kjerneområde for landbruk er ei fagleg vurdering av viktige landbruksareal, utført av kommunen. Desse er handsama som ein del av KPA.
Landskap	Utbyggingsforslag skal vurderast på grunnlag av informasjon i eksisterande databasar og kartgrunnlag med tanke på eventuell konflikt i høve til nasjonale og regionale føringar. Både nær- og fjernverknader skal vurderast.

Naturmangfald	Naturtypar, biologisk mangfald, vilt, verna område og artar er viktige tema under naturmangfald. For tiltak som ligg område som er i/ved sjø skal ein og vurdere verknaden for marine naturtypar og anadrom fisk. Tiltak skal vurderast opp mot naturmangfaldlova,
Strandsone	I vurderinga er dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona (kgl.res. 28.05.2021), der Bremanger er i sone 3; *område med mindre press på areala,* lagt til grunn. Det er gjort vurdering av verknad for strandsone i planområdet og influensområdet, og konsekvens av tiltak opp mot privatisering av strandsone, for naturmangfald (dyreliv og sårbare artar), samt visuell effekt av tiltaket i strandsona.
Vassmiljø	Tilstand i elv, bekk, innsjø eller kystvatn. Vurdering om tiltaket vil kunne forringe eksisterande status på vasskvaliteten eller økologisk tilstand jf. vassdirektivet og Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion. Sikre at kantvegetasjon vert ivareteke og eventuelt reetablert.
Kulturminne og kulturmiljø	Verknad for kulturminne og -miljø både på land og i sjø. Freda bygg og anlegg, fornminne, bygningsmiljø, kulturlandskapselement som t.d steingardar, SEFRAK-registrerte bygg og gardstun og område som er spesielt vektlagt i Kommunedelplan for kulturmiljø.
Mineralressursar	Sjå ønska tiltak opp mot eksisterande mineralressursar i området og om ønska tiltak vil kome i konflikt med eksisterande uttak og boreholsbrønnar.
Friluftsliv	Vurdere om tiltak kjem i konflikt med viktige friluftsområde (Kartlagde og verdsette friluftsområde, DOK) og eksisterande turstiar. Unngå konfliktar med annan arealbruk, vurdere planføremål og arealbehov i samband med tilrettelegging for friluftsliv som t.d. parkeringsplassar.
Overordna arealføring	Vurdering opp mot arealføringar i kommuneplanen sin samfunnsdel.
SAMFUNN	
Teknisk infrastruktur	Tilgang til veg, vatn, kloakk, gang- og sykkelvegar, straum/energi. Tiltak sin verknad på Kystvegen i dei område dette er aktuelt, og på ferdsel/farlei i sjø.
Transportbehov	Vurdering av kva verknad ønska tiltak vil ha for transportbehov i området (nærleik til tenester), jf. Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging leggjast til grunn.
Folkehelse	Vurdering av eksisterande verdi knytt til folkehelse. Når ønska tiltak er bustadområde, skal det bli vurdert om

	det er tilgang på nærfriluftsliv, gang- og sykkelvegar, tilfredsstillande drikkevatn, radonfare og avstand til sosiale møteplassar, jf. folkehelseoversiktsdokumentet for Bremanger (revidert utgåve 2022).
Barn og unge	Sikre at born og unge sine interesser vert ivaretekne ved planlegging av ny arealbruk. For bustadområde skal det vurderast tilgang til areal for leik, nærfriluftsliv, gang- og sykkeltilkomst til skule, nærmiljø. Kommunen ønskjer at nye kommunale bustadfelt lokaliserast i nærleiken av barnehage og/eller skule for å legge til rette for at fleire barn og unge kan gå /sykle til barnehage/skule For andre føremål skal det vurderast om tiltaket går utover born og unge sin bruk av areala.
SAMFUNNSSIKKERHEIT og ROS	
Naturrisiko: Skred	Lausmasseskred (jordskred), flaumskred, snøskred, sørpeskred, steinsprang/steinskred, fjellskred med flodbølge som mogleg følgje og kvikkleireskred i område med marine avsetningar. Utbyggingsforslag skal vurderast på grunnlag av informasjon i eksisterande databasar med tanke på eventuell konflikt og krav i plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17). Potensiell naturfarar skal bli vurdert. Reell skred- og flaumfare (faresonekart) skal nyttast som grunnlag der dette er tilgjengeleg. For byggjeområde under marin grense skal det vurderast risiko for områdeskred, jf. NVE veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», jf. Tabell 3.1 Prosedyre for utredning av områdeskredfare punkt 2.
Flaum	Flaumfare i små og store vassdrag, samt erosjonsfare langs vassdrag og kyst.
Klimasårbarhet	Havnivå og stormflo, bølgjepåverknad, overflatevatn og vind. Skog og lyngbrann (tørke).
Trafikktryggleik	Vurdering av tryggleik opp mot trafikksituasjonen i området i dag og ved opning for ønska tiltak.
Ureining	Situasjonen i området knytt til kjend kunnskap om ureining, m.a. støy og i grunn (støysonekart, grunnforureiningsbasen, lokal kunnskap) skal bli vurdert opp mot ønska tiltak, samt fare for akutt forureining.
Digital kommunikasjon	Området si sårbarheit knytt til digital kommunikasjon skal bli vurdert opp mot eksisterande situasjon for breiband og mobildekning - i den grad dette er relevant.
Beredskap og ulukkesrisiko	Beredskap og ulukkesrisiko knytt til større ulukker skal bli vurdert. Fare for brann og eksplosjon skal bli vurdert

	for tiltak der dette er aktuell problemstilling. Utbyggingsforslag skal vidare bli vurdert opp mot informasjon i eksisterande databasar med tanke på eventuell konflikt. Det blir vurdert om tiltak er i nærleik til storulukkeverksemder og eventuelle farar knytt til dette. I tillegg skal sårbarheit knytt til drikkevasskjelder bli kommentert der dette er aktuelt, samt brann i bygningar og anlegg.

2.6 Alternativsvurderingar

Med grunnlag i nasjonale, regionale og lokale retningsliner og føringar har kommunen gjennomført ei grovsiling av innspela både for land- og sjøareal før konsekvensutgreiing. For nokre innspel gjorde kommunen ei justering, for å minske dei negative konsekvensane i høve dei ulike tema, m.a strandsoneverdiar og dyrka jord.

Utgangspunktet for vurdering av verknadane er dagens situasjon, dvs. faktisk arealbruk . For å redusere omfanget av plandokumenta er konsekvensutgreiingar for område som er teke ut av planen sletta frå dokumentet, med unntak av akvakulturområda. Desse kan sjåast i tidlegare utgåve av dokumentet.

2.7 Avklaringar i samband med møte i planforum 29.05.2019

Fleire problemstillingar knytt til konsekvensutgreiinga vart drøfta i møte med planforum 29.05.2019. I tilhøyrande underkapittel har vi utarbeidd ei oppsummering av kommunen og konsulent sine konklusjonar knytt til dei ulike tema som vart drøfta under møtet.

2.7.1 Skipslei

Det har vore drøfta om tema som skipsleier bør bli vist i arealdelen som område. Dersom området skipslei skal ligge inne som område, må ein gjere ei meir omfattande vurdering for å identifisere realistiske avgrensingar. Ei slik vurdering vil omhandle fiskeriinteresser, AIS-plott, miljøomsyn, friluftsomsyn m.m. Det vart konkludert med at det ikkje er hensiktsmessig å gjennomføre dei nødvendige vurderingane i dette planarbeidet. Skipslei er vist med linje i plankartet.

2.7.2 Navigasjonsinstallasjonar

Kommunen har stilt spørsmål ved om ein bør vise navigasjonsinstallasjonar i sjø med soner der det er restriksjonar i høve til utbygging. Det føreligg ikkje krav eller eigne symbol/føremål til å innarbeide denne typen føremål i kart på dette plannivået. Navigasjonsinstallasjonar er med dette ikkje vist i arealdelen.

2.7.3 Storulukkeverksemder

I planforum vart det spelt inn frå Fylkesmannen sin representant at storulukkebedrifter må synleggjerast i plankartet. Det vart vist til DSB sin rettleiar om tryggleik rundt storulukkeverksemder. Dette er følgt opp i arealdelen med omsynssone H350.

3 KU av enkeltområde


3.1 Svelgen


3.1.1 Svelgen Gulestø – Akvakultur, VA3. Revidert areal etter 1.gongs høyring




Eksisterande anlegg – flyfoto henta frå Fylkesatlas.

Formål/bruk i dag	Akvakultur og fortøyingsområde
Planstatus	Ikkje detaljregulert. Akvakultur (utklipp frå gjeldande KPA t.h. AK mørk blå: eks, AK lys blå: framt.)
Forslag til ny arealbruk	Akvakultur (utklipp frå innspel t.h.)
Arealstorleik	446 daa og 1486 daa
Forslagsstillar	MOWI ASA






Innspel: ta fortøyingsareal inn i plan



Merknad: 4 nye merder (merka med gult)


Skildring	Dagens anlegg er oppbygd av to modular i ein 2x3 konfigurasjon. Totalt 12 merder. Dagens sone for akvakultur er illustrert som ein grøn sirkel i utklippet over. Stipla linjer er tidlegare anleggsramme. Raude linjer utgjer ytterpunkta til dagens fortøyingsareal i følgje innspelet. Det er innspel om å

	ta fortøyingsarealet inn i arealdelen, og jfr merknad 20.04.2020, ønskje om også å utvide for 4 nye merder, dvs utvide anlegget med 80 m mot nordaust. Kystverket har i si fråsegn ved 1. gongs ettersyn bede kommunen om fokus m.a. på trygg ferdsel til sjøs.




Lokaliteten er registrert med følgande utstrekning i Yggrasil (https://kart.fiskeridir.no/). Det føreligg løyve for laks, ørret og regnbueørret. Tilstand på lokaliteten registrert som meget god 2013, 2017. (Grøn skravur = klarerte ytterpunkt, Gul skravur = faktisk plassering ytterpunkt, Raud skravur, bakerst = NYTEK plassering/ytterpunkt)

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	0	0	0	Ikkje relevant i sjø. Planframlegget inkluderer eit lite landareal for tilkomst med bil og noko landbasert infrastruktur. Etableringa er ikkje i konflikt med landbruksinteresser.
Landskap	2	-1	0	Nordgulen, småfjord og storsund, lokal verdi. Del av Gulen ved Frøysjøen, som er vurdert til å ha regional verdi, landskapsverdi regionalt nivå. Utviding av anlegget mot nordaust vil gjere det noko meir eksponert i landskapet.
Naturmangfald	1	0	0	Sjøområdet er gytefelt for torsk, fortøyingar vil ikkje verke inn på gytefeltet. Ut over dette ingen relevante registreringar. www.miljostatus.no/kart

Strandsone 	1	0	0	Formålet skal inkludere noko landareal for m.a. energi og landbasert tank/infrastruktur. Lite relevant, inngrep i strandsona er etablerte og det vert ikkje opna for utvida omfang.
Vassmiljø	0	0	0	Vannforekomst Frøysjøen, økologisk tilstand GOD. *VannNett.* Akvakulturtiltak kan ha negativ innverknad på tilstanden i vassførekomsten. (Sjå under ureining.)
Kulturminne og kulturmiljø 	2	0	0	To lokalitetar med kulturminne og fleire SEFRAK-registrerte bygg i Gulestøa, plassering i forhold til akvakultur går fram av utklippet til venstre (Fylkesatlas). Aktivitet i sjø vil ikkje ha negativ verknad for lokalitetane.
Mineralressursar	0			Ikkje relevant i sjø.
Friluftsliv	1	0	0	Endringa vil ikkje ha innverknad for område som BK har registrert som viktige friluftsområde. Ein føreset at småbåtar kan passere langs land, då dette er ein vèrutsett strekning.
Overordna arealføring	1	-	1	I samsvar med mål om å tilrettelegge for eksisterande næringsverksemd i kommunen
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	2	-2	-2	Utviding vil kome endå nærare registrert skipslei nr. 2333 Ospeneset – Svelgen (bilei), og så å seie heile anlegget ligg innanfor farlei-arealet til denne skipsleia. Anlegget er konfliktfylt med leia slik det ligg i dag.
Transportbehov	0	0	0	Tilkomst via Fv577 og eiga kai. Vi legg til grunn at det ikkje er behov for auka transport ved endring av anlegg som ønskt.
Folkehelse	0	0	0	Ingen verknad på folkehelse

Barn og unge sine oppvekstvilkår			0	0	0	Tiltak har ingen verknad på barn og unge sine oppvekstvilkår. Ikkje aktuelt tema.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS					
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering		Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei			
Skred		X	Ingen faresoner i vurderingsområdet (Fylkesatlas, DOK Skredfaresoner.) Landbasert del av området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling.		Ikkje relevant i sjø. Kvikkleire vurderast nærare ved eventuell vidare utbyggjing. Planen opnar ikkje for nye tiltak på land.
Flaum		X	Planlagt arealbruk i sjø vil vere relativt uavhengig av flaumnivå.		Ikkje relevant i sjø
Klima-sårbarheit		X	Ingen kjende sårbare punkt, føresett at lokaliteten vert drifta i samsvar med gjeldande lovverk t.d. knytt til beredskap og dimensjonering av fortøying. Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.		Med omsyn til havnivå og bølgjehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruk-sjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger.
Trafikk-tryggleik		X	Endringar i samband med tiltak vil vere minimale.		
Ureining		x	Akvakulturtiltak kan ha negativ innverknad på tilstanden i vassførekomsten. Forholdet til ureining vil krevje oppfølging etter eige lovverk.		Dette må primært vere handtert gjennom bedrifta sitt interne system, og sektorlovverk for næringa.
Digital kommunika-sjon		X	God DAB-dekning og basisdekning 4G i følgje Telenor sitt dekningskart.		
Beredskap og ulukkesrisiko	X		Utviding av anlegget kan gje større risiko for ulukker knytt til ferdsel på sjøen. Det går		Det er ikkje akseptabelt med

			store farty inn til Dyrstad og Svelgen. Skade på oppdrettsanlegget kan gje rømming av fisk.  Skipslei (blå) og farleiareal (skravert)	større risiko for uhell knytt til ferdsel på sjøen i området. Anlegget bør difor ikkje utvidast. Rømmings-trygge merder må sikrast gjennom bedrifta sitt interne system, og sektorlovverk for næringa.

Samandrag

Konsekvensane for farlei og auka ulukkesrisiko gjer at ein ikkje opnar for utvidingar utover eksisterande bruk. Endringa i plan vert gjort for å avklare rammene for eksisterande aktivitet i området. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.

Konklusjon

Området vert innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel som noverande akvakultur (6400), kalla VA3, med avgrensing om lag som i gjeldande KPA. Areal til utviding av anlegget, eller fortøyingsareal, vert ikkje lagt inn i planen, då det vil vere i konflikt med farleiareal. Eksisterande fortøyingar som går utom akvakulturføremålet er tidlegare godkjende på dispensasjon frå gjeldande KPA, planføremål FFNF, allmenn fleirbruk. Etter føresegnene til ny arealdel kan fortøyingar på meir enn 25 m djupne gå inn i område for Bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone.

Eit mindre areal på land, mellom vegen og sjøen, er utbygt med avkøyrsel og kai. Arealet vil i praksis fungere som del av akvakulturområdet, og det er derfor innarbeidd i denne flata (VA3). Utvidings-området vidare austover, som er vist i gjeldande KPA, går ut.



VA3 i plankartet.

3.1.2 Sagebø – Fritids og Turistformål, BFT7 og VS24. Revidert etter 2.gongs høyring



Bildet er teke frå moloen som er vist i utklippet under, i retning vest, ønska plassering for to nye sjøbuer ligg ved naustet på bildet. Foto NORDPLAN 04.03.2019.

Formål/bruk i dag	Landbruk/strandsone, sjøbuer/naust
Planstatus	Ikkje detaljregulert. Ligg som LNF-føremål i KPA, eit lite areal byggjeområde, framtidig næring ved elveosen
Forslag til ny arealbruk	Fritids og turistformål (1170) og Andre typar bebyggelse og anlegg – småbåtanlegg i sjø og vassdrag (1587)
Arealstorleik	Ca 7,5 daa vurdert, ca 5 daa etter avgrensing.
Forslagsstillar	Anita og Øyvind Heimtun






Utklipp KPA 2004


Skildring	Sagebøvika har ei steinete grunn strandsone, som grensar mot elv på vestre del. (utklipp frå innspelet over) Det er ønske om å legge til rette for tilleggsnæring på eit gardsbruk, med turisme. I den samanheng er det ønske om 2 nye sjøbuer og ombygging av eksisterande sjøbu, alle for utleige. I tilknyting til dette er det også ønske om eit kaianlegg på innsida av eksisterande molo, for båtar til utleigeeiningane. Avstanden frå Sagebøvika til offentlege tilbod og organiserte

	aktivitetar er relativt stor, men lokaliseringa gjev eit attraktivt tilbod med tanke på å bruke sjøen og utmarka aktivt.

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	2	-1	0/-1	Fylkesatlas, markslagskart, aktuelt område ligg tett inntil og delvis på fulldyrka jord. 1.forslag til utstrekning medfører omdisponering av 2,5 daa dyrka jord, men området er ytterlegare avgrensa pga nye nasjonale føringar (jordvernstrategi). Området er definert som del av kjerneområde landbruk i Bremanger kommune sine registreringar. Forutsett avgrensing er dei aktuelle endringane små og skjer heilt i utkanten av landbruksjorda. Tilkomst er etablert. Det vil vere behov for noko areal til parkering, ein bør sjå på om dette kan lokaliserast i gardstunet, med minst mogleg ulempe for landbruksdrifta. Tiltaket kan vere ei viktig tilleggsnæring for å oppretthalde landbruksdrifta.
Landskap	2	-1	-1	Sørgulen, Fjordbotnar. Lokal verdi, del av Gulen Frøyssjøen regionalt nivå. Representativ/vanlig landskap, lokal verdi (fylkesatlas). Verdi som strandsone for allmenn bruk, lokalt. Området er avgrensa mot nord i høve til KPA2004 og etter 1.gongs høyring, for å unngå å opne for utbygging mot elveosen og halde bygnaden innanfor området med eksisterande inngrep. Ved synfaring ser ein at avgrensinga av tiltaka vil vere viktig, indre del av Sagebøvika framstår idyllisk og attraktiv og det vil vere viktig å utvikle området på ein måte som tek best mogleg vare på verdiane i området. Føresett at skala og utforming er tilpassa eksisterande tiltak, vil ønska utbygging ha liten negativ verknad for det overordna landskapsbiletet.
Naturmangfald	3	-2	-2	Viktig naturtype Ålegraseng i Sagebukta og innanfor eksisterande

 *Ålegras over – lys grøn.*				molo. Småbåtbrygge på innsida av molo kan vere i konflikt med denne førekomsten. Det vil vere viktig at tiltak vert avgrensa, og at plassering og utforming vert gjort med omsyn til førekomsten. Sørgulen er også registrert som regionalt viktig gytefelt for torsk. Ønska tiltak vil ha liten innverknad for denne funksjonen. Elveos og gruntvassområde i sjø kan vere viktige for biologisk mangfald. Det er ikkje opna for arealendringar som har direkte verknad for elvedeltaet og elveosen. Ingen registreringar på landområda. www.miljostatus.no/kart *(Fylkesatlas)*
Strandsone	2	-2	-2	Strandsona er i praksis prega av tekniske inngrep, og det ligg ei eksisterande hytte om lag 10 m frå sjø i tillegg til tre naust/sjøbuer. Ønska tiltak vil vere med på å privatisere strandsona ytterlegare, men få bustader i nærområdet gjer at området er relativt lite brukt. Det er ikkje opna for nye tiltak i fjæra mot elveosen. Det er dyrka areal heilt ned til strandlina (om lag 1,5 m avstand på det næraste), og funksjonell strandsone er såleis lita. Eksisterande sjøbu som er planlagt ombygd ligg heilt i strandlina, men sjøbu/naust nord i tiltaksområdet ligg om lag 2 m frå strandlina, og ei vurderer at nye einingar bør haldsast innanfor rammene av eksisterande bygnad og fylgje om lag same struktur. Byggjegrense mot sjø blir sett til 3 m, då ein får ivareteke dei kvalitetane som ligg att i fjæra, og samtidig unngå større nedbygging av dyrka jord. Sjøretta turisme er tiltak som kan ligge i strandsona, jf. SPR for strandsona. Med god utforming og plassering av tiltak, jf. vurderingar av landskap og naturmiljø over, vil ikkje strandsoneverdiane bli vesentleg redusert ved omdisponering av ei eining og etablering av to nye einingar.

Vassmiljø	1	0	0	Tiltaket vil ikkje påverke Sageelva. Det er lite kantvegetasjon langs elva då dyrka areal går heilt til elvekant/elveos. Byggjegrense mot elv må avklarast gjennom detaljregulering, men ny bygnad vil komme lenger frå elv og elveos enn eksisterande sjøbu. Vannforekomst Sørgulen (i sjø), økologisk tilstand GOD. Ein føreset at ev. tiltak vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vannførekomsten. *(VannNett.)*
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registreringar i området. *(Fylkesatlas).* Sjøbuer/naust er frå nyare tid, og det er ikkje eit tydeleg naustmiljø. Tiltaket ligg utanfor gardstunet.
Mineralressursar	-	-	-	Ingen registreringar.
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registrerte område av særskilt interesse i eller ved vurdert område.
Overordna arealføring	1	+2	+1	*Turisme: (…) Det skal leggast til rette for nye etableringar/aktørar. Sjøretta turisme skal kunne etablerast i strandsona i område der det er tekniske inngrep frå før, og tiltaket ikkje er i konflikt med allmenne interesser.*
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etabl.	0	0	Ikkje offentlege VA-anlegg i området. Utvikling vil krevje løysing for straum, drikkevatn og avløpshandtering. Dette vil medføre terrenginngrep.
Transportbehov	Bil og båt	0	0	Tilkomst via Fv577, svært små endringar. Frå avkøyring mot «Botnane» frå Fv614 har vegen eitt køyrefelt og er relativ svingete og smal.
Folkehelse	-	0	0	Ev. endring vil vere marginalt negativ for folkehelse ved at strandsona vert meir opparbeidd og privatisert.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	-1	0/-1	Moderat negativ endring ved at strandsona vert meir opparbeidd og privatisert. Få brukarar i nærområdet og langt til neste større husgruppe.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Ingen fare/-aktsemdssoner i vurderingsområdet. (Fylkesatlas, DOK Skredfaresoner.) Kravet til tryggleik mot skred for tre utleigeeiningar (mindre enn 25 personar) er S2 (sannsyn for skred mindre enn 1/1000), jf. TEK17. Landbasert del av området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Det må vurderast nærare ved ev. utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling.	Fare for kvikkleire må vurderast nærare gjennom detaljregulering.
Flaum	X		Deler av det vurderte området kan vere utsett for flaumfare.  (https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)	Flaumsone/ nærføring til elv medfører at flaumfare må utgreiast i samband med detaljregulering.
Klima-sårbarheit	X		Havnivåstigning og stormflo vil vere relevante problemstillingar både for bygningar og anna infrastruktur i strandsona. Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygnings-konstruksjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger.

			Elles ingen kjende problemstillingar.	
Trafikk-tryggleik		X	Vegtilkomst er etablert, men må oppgraderast.	Trafikkauke i samband med tiltak vil vere beskjeden.
Ureining		X	Ingen registrerte ureina område i eller ved vurdert område (grunnforurensning.miljodirektoratet.no)	
Digital kommunika-sjon		X	Dekningskart, Telenor – God dekning. Radio.no/dekning – lite DAB-dekning i området	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brann utrykking frå Svelgen ca 50 min. Sløkkevatn frå tankbil og lokale kjelder. Ut over dette er det ingen særskilte problemstillingar knytt til vurdert område. Innsatstida er lenger enn det som er tilrådd, og brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann.	Tiltaket medfører ikkje særskild risiko for brann, men tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging.

Samandrag

Tiltaket er vurdert som positivt, i forhold til kommunen sine overordna føringar, med målsetjing om å legge til rette for meir turisme, og også tilrettelegge for landbruksdrift (tilleggsnæring). Ein føreset at utforming av tiltak vert samstemt med øvrig utbygging slik at Sagevika sitt idylliske preg vert vidareført.

Tiltaket kan ha negativ konsekvens for lokalitet av ålegraseng, vurdert som jf. naturbase.no. Ålegrasenga ligg i gyteområde for torsk, og er difor viktig oppvekstområde for torskeyngel. Flytebryggja kjem i ytterkant av lokaliteten, som frå før er delt av molo. Ålegrasenger er lyskrevjande, og flytebryggje vil kunne vere øydeleggjande for del av lokaliteten innanfor i moloen. Småbåtanlegg skal avgrensast til innanfor moloen, og det er kun aktuelt med 3-4 båtar og relativt avgrensa trafikk. Forutsett at det ikkje skal gjerast inngrep på botnen (pålar e.l) og omfanget av flyteelementa er avgrensa, vert konflikten vurdert til vere relativt liten. Det må også gjerast ei nærare vurdering av flaumfare og om det kan vere fare for kvikkleire. Problemstillinga må avklarast gjennom detaljregulering. I forhold til brann er utrykkingstida er lang og ein må basere seg på å kunne sløkke med eige utstyr i dei kritiske fasane av eit ev. branntilløp.

Forholdet til vassressursen må sikrast gjennom m.a. tilfredsstillande løysingar for handtering av avløpsvatn. Ein må rekne med nærare vurdering, og ev. tiltak med sikte på å ivareta registrert lokalitet med Ålegras i sjøområda, gjennom detaljreguleringa. Høgste havnivå er estimert til kote +3 og ein må ta omsyn til dette ved plassering av bygningar og anlegg.

Konklusjon

Området er innarbeidd i arealdelen med med føremålet framtidig Fritids og turistformål (1170), BFT7, på land (areal ca 2200 m2). I sjø har ein nytta føremålet framtidig Småbåthamn (6230), området heiter VS24 (areal ca 2800 m2). Maks 3 sjøbuder/utleigeeiningar. Føresetnadane i


samandraget må fylgjast opp gjennom detaljregulering. Fritidsføremålet vert ei utviding/justering av same føremål frå KPA frå 2004. I samband med detaljregulering må tilkomstveg og øvrig infrastruktur avklarast.



Utsnitt 2.gongs off. høyring


Justert område etter 2.gongs off. høyring

3.1.3 Sagevatnet – Drikkevasskjelde, VD2, revidert etter 2.gongs høyring



Nedbørsfelt for Sageelva, generert i NEVINA.


Formål/bruk i dag	Fjellområde	
Planstatus	Ikkje detaljregulert. LNF i KPA	
Forslag til ny arealbruk	Sikringssone (110) på nedslagsfelt og føremål Drikkevatn (6500) på Sagevatnet.	
Arealstorleik		
Forslagsstillar	Anita og Øyvind Heimtun	

Skildring	Fleire av eigedomane på Sagebø har lite tilfredsstillande løysing for drikkevatn, både med tanke på kvalitet og kvantitet. Ein ynskjer at det vert lagt til rette for at Sagevatnet kan nyttast som kjelde for drikkevatn. Det går ei naturleg renne i terrenget, som i følgje grunneigar Øyvind Heimtun kan fungere som plassering for røyrgate. Sagedalselva kraftverk har fått konsesjon, men er ikkje utbygd, Sagevatnet er del av tilførselen til dette kraftverket.

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	2	-1	0	Ev. røyrgate vil delvis gå gjennom område som er registrert som kjerneområde landbruk i BK sine registreringar. Ein legg til grunn at inngrep vil vere av forbigåande karakter og at terrenget kan nyttast som før når anleggsfasen er avslutta.
Landskap	2	-1	-1	Gulesletten/Plogen – regional verdi. Bruk til drikkevatn vil ha liten innverknad på landskapsverdien. Utbygging kan medføre terrenginngrep i samband med ledningsføring og ev. anleggsveg. Ev. røyrgate vil fyrst gå i område med fjell i dagen. I konsesjon for utbygging av Sageelva kraftverk (NVE 19.09.2013) vart inntaket trekt ned til kote 250 for å unngå inngrep i det sårbare høgfjellslandskapet. Rørgata var då planlagt plassert i dagen ned til kote 50, og resten nedgravd. Rørgatetraseen i dagen vil vere eit permanent synleg inngrep i landskapet frå kote 250 og om lag 570 meter ned til kote 50. Der rørgata skal gravast ned vil inngrepet vere dominerende under anleggsperioden, men etterkvart vil grøftetraseen revegetere og tiltaket bli mindre synleg. NVE vurderte konsekvensane for landskapsverdiane til å vere akseptable, og rørgate for drikkevassforsyning vil ha mindre omfang enn konsesjonsgjeve anlegg. Inntaket for drikkevatn bør trekkjast tilsvarande ned til kote 250. Sagevatnet ligg innanfor område som er registrert som inngrepsfrie i INON

				registeret (pr. Jan 2013) Denne statusen er truleg endra ved utbygging av Guleslettene vindpark. *(Fylkesatlas)*
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar i området. www.miljostatus.no/kart
Strandsone	-	-	-	Ikkje strandsone i området
Vassmiljø	1	-1	0	Sageelva er del av vassførekomsten «Frøysjøen – Svelgen bekkefelt sørsida», med antatt god økologisk tilstand og ingen registrerte påverknader, jf. vann-nett.no. Vassuttak og fysiske tiltak i elva kan påverke økologisk tilstand. Ein forutset at omfanget er avgrensa i høve vassføringa i elva.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Fylkesatlas Ingen registreringar i området
Mineralressursar	-	-	-	Ingen ressursar registrert i området.
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registrerte område av særskilt interesse i eller ved vurdert område.
Overordna arealføring	-	-	-	Det føreligg ikkje konkrete føringar for drikkevatn, men folkehelsedokumentet peikar på at manglande kontroll med drikkevassforsyning er eit problem. Trygg vassforsyning vil vere positivt for folkehelsa.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etabl.	+1	+1	Avhengig av korleis utbygging vert planlagt og plassert kan utbygging medføre at det må etablerast nye tilkomstvegar i området. Kommunen vurderer det som nødvendig og viktig med til rettelegging av betre vassforsyning i området.
Transportbehov	Bil	0	0	Tilkomst via Fv577, lite eller ingen endringar som følge av tiltaket. (Sjå over)
Folkehelse	1	+1	0	Tilfredsstillande drikkevatn er viktig for å oppretthalde god helse blant innbyggarane, ein vurderer dersom tiltaket til å ha ein positiv verknad ved at utilfredsstillande vasskjelder vert erstatta.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	0	0	0	Relevante verknader er kommentert under andre emne. Ikkje i konflikt med

				kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.


SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Aktsemdssone for jordskred og snøskred/steinsprang langs deler av aktuell ledningsgate, men ikkje ved Sagevatnet eller ved fjorden  *(Fylkesatlas, DOK Skredfaresoner.)*	
Flaum		X	Deler av det vurderte området kan vere utsett for flaumfare.  *(https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)*	Ved ev. plassering av bygningstiltak innanfor aktsemdssone for flaum må forholdet til flaum/overvatn vurderast særskilt.
Klima-sårbarheit		X	Ingen kjende problemstillingar.	
Trafikk-tryggleik		X	Endringar i samband med tiltak vil vere minimale.	
Ureining		X	Ingen registrerte område i eller ved vurdert område *(grunnforurensning.miljodirektoratet.no)*	
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+ i nedre del, 4G i øvre, lite/ingen DAB-dekning i området *(Dekningskart. Telenor Radio.no)*	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Ingen særskilte problemstillingar knytt til vurdert område.	

Samandrag

Tiltaket vil krevje at terrenginngrep vert prosjektert og utført på ein gjennomtenkt måte for å unngå uheldige landskapsverknader. Trase for rørgate er ikkje detaljprosjektert slik at føremålet kan avsetjast i kartet. I samband med konsesjonssak vurderte NVE konsekvensane for landskapsverdiane i området som akseptable, forutsett god landskapstilpassing og oppfølging gjennom detaljplan for landskap, og aktuell drikkevassforsyning vil ha eit mindre omfang. Rørgata for vassverket vil gå gjennom LNF-område, og krevje dispensasjon eller detaljregulering. Inntaket for drikkevatn bør trekkjast ned til kote 250 for å unngå inngrep i det sårbare fjell-landskapet. Ved detaljregulering/vurdering av dispensasjon vil landskapstilpassing vere eit sentralt tema. Det kan også verte aktuelt å gjere nærare vurdering av flaumfare i elva ev. korleis tiltaket kan verke inn på denne problemstillinga. Med desse føresetnadene er tiltaket innarbeidd i planframlegget.

Konklusjon

Det vert innarbeidd ei sikringssone (110) på nedslagsfelt og føremål VD2 Drikkevatn (6500) på Sagevatnet. Føresegner til føremålet sikrar at faktorane oppsummert over vert følgde opp. Leidningstrase og eventuell anleggsveg vil ligge i LNF-område og krevje detaljergulering eller dispensasjon frå plan. Landskapsverknad må vere i fokus.



3.1.4 Hyttefelt, turisme og småbåthamn i Vindspollen, del av gbnr. 46/3, BFR77, BFT25 og VS29.



Foto frå www.google.no/maps (2019)

Formål/bruk i dag	Gardsbruk, ute av drift. Våningshus, lade og naust, og eit bustadhus (eigen tomt).
Planstatus	LNF-område med spreidde bustader og fritidsbustader (SBF3) ovanfor fylkesvegen, LNF-formål nedanfor fylkesvegen og sjø og vassdrag for allmenn fleirbruk i KPA frå 2004
Forslag til ny arealbruk	Hyttefelt, turisme/utleige og molo/småbåthamn.
Arealstorleik	Ca. 27 daa på land og ca 0,5 daa i sjø
Forslagsstillar	iVest Consult AS på vegne av Laro Eigedom
Skildring	Aktuelt område ligg i Vindspollen, om lag 10 km frå Myklebust (fv 614). Området er tenkt nytta til hyttefelt (ovanfor fylkesvegen), turisme/utleigehytter nedanfor fylkesvegen og naustområde/molo/småbåthamn ved sjøen.



Kartutsnitt frå innspelet




Flyfoto over tiltaksområdet

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)

MILJØ				
Landbruksressursar 	2	-1	0	Open fastmark og grunnlendt barskog ovanfor fylkesvegen, og overflatedyrka jord og grunnlendt fastmark nedanfor fylkesvegen (arealressurskart AR5). Ikkje del av kjerneområde for landbruk (kommunen). Vil føre til tap av dyrka jord, om lag 1,3 daa. Det er ikkje aktivt jordbruk i området, og tapet er vurdert som ubetydeleg.
Landskap	2	-2	-2	Landskapstype Småfjord- og storsund (LT21-2). Landskapsverdien i kartlaget for lokalt og regionalt nivå er sett til representative/vanleg førekommande landskap (verdi C). Bygningar vert vurdert til å ha nærverknad for landskapet i område, men avgrensa fjernverknad. Molo/småbåthamn kan ha større fjernverknad. Landskapstilpassing må vektleggjast i detaljregulering.
Naturmangfald	1	-2	-1	Ikkje registrert truga, prioriterte eller freda arta i det aktuelle område. Heller ikkje del av verna område eller viktige naturtypar (Miljøstatus Norge). Sjøområdet utanfor er gytefelt for torsk (Gulenfjord, middels verdi). Tiltaket er ikkje vurdert til å påverke gytefeltet. Småbåthamn/tiltak i fjæra kan påverke biologisk mangfald i fjæra, og naturmangfald må ivaretakast gjennom detaljregulering.
Strandsone	2	-2	-2	Heile området nedanfor fylkesvegen ligg innanfor 100- metersbeltet langs sjø. Etter statlege planretningsliner for sone 3 er det grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som bryggjer, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Gardstunet ligg om lag 50 m frå sjø, på linje med bygningsstrukturen i området. Planlagt anlegg for turisme/utleige ligg om lag i same avstand frå sjø. Naust og småbåthamn må naturleg ligge i strandsona. Byggjegrense for BFT vert sett til 40 m frå sjø, for å fylgje eksisterande bygnadsstruktur og unngå privatiserande og landskapsmessige inngrep i den nære strandsona. Tiltaka vil medføre nedbygging av strandsone, men forutsett at byggjegrense for BFT vert sett minst 30 m frå sjø vert ikkje den

				nære strandsona råka utover nødvendig areal for naust og båthamn. Strandsoneverdiane må vektleggjast i detaljregulering.
Vassmiljø	1	0	0	Det går ingen elvar/bekkar gjennom tiltaksområdet. Tiltaksområdet drenerer til vassførekomsten Midtgulen (Kystvatn, ferskvasspåverka beskytta fjord), med antatt god økologisk tilstand (Vann-nett.no). Utslepp i samsvar med avløpsregelverket vil ha liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, men området kan ha potensiale for slike funn. Undersøkingar må gjennomførast i samband med detaljregulering.
Mineralressursar	1	0	0	Sandstein. Ingen grus- og pukkførekomst eller registrerte mineralressursar (NGU).
Friluftsliv	1	-1	-1	Ikkje del av regionalt viktig eller kartlagt friluftsområde. Ikkje registrert lokal bruk.
Overordna arealføring	2	+2	+2	Kommunen ønskjer å legge til rette for nye etableringar/aktørar. Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d satsing på reiseliv og turisme skal vektleggjast ved tiltak i 100 m-beltet langs sjø.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	-	0	0	Ikkje etablert infrastruktur. Vassforsyning og avløpsløysing må avklarast gjennom detaljregulering.
Transportbehov	Båt og bil	-1	-1	Det vil vere behov for bruk av transportmiddel (båt/bil) til og frå området.
Folkehelse	-	0	0	Ingen verknad. Gode høve til friluftsliv i nærområdet.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å ha vesentleg verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 			Området er ikkje kartlagt for reell skredfare. Det er ikkje registrert potensiell fare for stein- og snøskred eller jord- og flaumskred, jf. aktsemdskart for stein- og snøskred (NGI) og aktsemdskart for jord- og flaumskred (NVE). Krav til tryggleik for skred vil vere S2 (sannsyn mindre enn 1/1000) for bygg for overnatting, med mindre enn 25 personar, jf. TEK17. Området nedanfor fylkesvegen ligg under marin grense, men det er ikkje registrert marine avsetningar (Nasjonal løsmassedatabase, NGU). Grunnen er delvis bart fjell og delvis tjukk morene, og risiko for marin leire må avklarast gjennom detaljregulering.	Trygg byggjegrunn må avklarast gjennom detaljregulering.
Flaum			Ikkje kjennskap til fare for flaum knytt til elvar eller bekkeløp.	
Klima-sårbarheit-	x		Kun nedste del av tiltaksområde er utsett for framtidig havnivåendring og stormflo. Ingen andre kjende tema som er aktuelle knytt til klimasårbarheit, utover sterk vind og styrtregn. Her er gode avrenningsmoglegheiter.	Må vise omsyn til havnivåstigning og stormflo ved vurdering av høgde på molo og naust.
Trafikk-tryggleik		x	Det er liten trafikk på Frøysjøvegen (ÅDT 100). Framtidige tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på trafikktryggleik.	
Ureining		x	Ikkje registrert ureining (Miljøstatus Norge), eller kjend potensiell ureining.	Nye tiltak er vurdert til å ikkje endre risikoen for framtidig ureining.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko			Ønska tiltak vil ikkje ha verknad på ulukkesrisikoen i område. Brannutrykking frå Svelgen, ca 25 km og 30 minutt køyretid frå Svelgen brannstasjon.	Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt.

				Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt slukkeanlegg ved utbygging.

Samla vurdering

Kommunen vurderer det som positivt at ein ønskjer å legge til rette for turisme, men plassering av framtidige bygg må gjerast slik at ein unngår stor negativ verknad på landskap og strandsone. Private hytter er forutsett plassert ovanfor fylkesvegen. Tiltak er vurdert til å ha størst negativ verknad på landbruk (tap av dyrka jord), landskap og strandsone. Ein forutset at det kun naust og båthamn som skal etablerast i den nære strandsona og at bygg for utleige vert trekt minst 40 m frå sjø. Byggjegrense mot sjø er sett til 40 m Plasseringa, med nærleik til sjø og tilgang til båtplass/naust, i tillegg til flott landskap og utsikt gjer området attraktivt for turisme. Alternative plasseringar utanfor 100 m-sona vil gjere tiltaket mindre attraktivt og lite aktuelt for etablering av turisme. Private hytter er plassert utanfor strandsone og dyrka jord.

Konklusjon

Arealdelen opnar for framtidig utbyggingsareal til turistformål (BFT) på areal i gardstunet Fredheim nedanfor fylkesvegen. Del av strandsona vert avsett til kombinert småbåthamn og byggjeområde for naust. Byggjeområde for fritidsbustader (private hytter) vert avgrensa til ovanfor fylkesvegen, og det vert opna for inntil ti hytter.. Det vert sett krav om detaljreguleringsplan, felles for dei tre føremåla. Campingplass og bygg for utleige skal trekkjast minimum 40 m frå sjø, og terrenginngrep i sjø og den nære strandsona skal avgrensast. Endeleg avklaring av byggjegrense gjennom detaljregulering. Bygg og anlegg skal tilpassast landskapet.




Føremåla i plankart. Byggjeområde fritidsbustader, BFR77, fritid-turismeføremål BFT25 og småbåthamn VS29.

3.1.5 Myklebust - Næring, 45/5, BN66. Revidert etter 2.gongs høyring




Utklipp frå Fylkesatlas.no.



Utklipp frå 3d.kommunekart.no, vurdert område sett frå sjøsida, retning sør.


Formål/bruk i dag	Grunneigar driv entreprenørverksemd.
Planstatus	Ikkje detaljregulert. LNF i KPA2004
Forslag til ny arealbruk	Næring (1300)
Arealstorleik	Ca 3,3 daa. Området er avgrensa etter 2.gongs høyring.
Forslagsstillar	Bremanger kommune (Det føreligg ikkje skriftleg innspel på dette, kommunen har kun fått munnleg orientering tidlegare om grunneigarane sine planar.)




Skildring	Området som er grusa vart opparbeidd som riggplass for 420 kV-linja, med mellombels avklaring. Området skal i utgangspunktet tilbakeførast til dyrkamark. Grunneigar ynskjer å oppretthalde dette området til næringsbruk. Det kan t.d. vere aktuelt å utvide reiskapshus/lagerbygg aust på gnr/bnr 45/5. Det er dermed to scenario for vidare utvikling i området: 1: Tilbakeføring til landbruk – grasproduksjon. Avslutning mot elv/sjø, og opprydding vil mest sannsynleg vere om lag som i dag. 2: Vidareutvikle området med næring. Tiltak av vesentleg omfang vil utløyse krav til reguleringsplan. I dette ligg eit potensiale til å styre utviklinga på området i ei retning som kan vere positiv og ein kan styre utviklinga til å betre tiltaket sin visuelle verknad og miljøverknad.

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	2	-2	-2	Området er ei opparbeidd grusflate, ligg i markslagskart som open jorddekt fastmark. Jordbruksareal er mellombels omdisponerte per i dag. Ikkje definert som kjerneområde i BK sine registreringar. Området er avgrensa for å unngå ytterlegare omdisponering/nedbygging av dyrka jord.
Landskap	1	0	0	Fylkesatlas Gulen/Frøyssjøen – representativt, vanleg førekomande landskap. I dette tilfelle er inngrepa som vil vere relevante i stor grad gjort (0-situasjonen). Vidare bruk av arealet vil ha liten verknad for elveos/delta. Krav om reetablering av kantvegetasjon vil ha positiv verknad på landskapet.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar i området, www.miljostatus.no/kart, utover verdien fjæra og elveosen har for det biologiske mangfaldet. Inngrep i denne sona er allereie utført, og det vert ikkje opna for nye inngrep i den nære strandsona. Reetablering av kantvegetasjon vil vere positivt i høve naturmangfald. Samla verknad vert såleis nøytral.
Strandsone	2	-2	-1	Området ligg innanfor 100m beltet langs sjø, og ved elveos. Strandsona i området er utfylt tidlegare, truleg i

				samband med dyrking, og det er lite naturleg strandsone att. Byggjegrense mot sjø vert sett til 15 m. Krav om reetablering av kantvegetasjon langs elv.
Vassmiljø	1	0	0	Vannforekomst Midtgulen, tilstand GOD. Ein føreset at ev. tiltak vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten. Sageelva er del av vassførekomsten «Frøysjøen – Svelgen bekkefelt sørsida», med antatt god økologisk tilstand og ingen registrerte påverknader. *(VannNett).* Kantvegetasjon manglar som fylgje av tidlegare tiltak, og må reetablerast.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Fleire SEFRAK registrerte bygg nær det vurderte området , men ingen kjend konflikt med ønska utvikling. Ingen registreringar av utvalde lokalitetar eller kulturminne i eller ved området *(Fylkesatlas)* 
Mineralressursar	-	-	-	Sør for området er det registrert ein grusressurs med usikker avgrensing, som per i dag ikkje er i bruk. (Orange markering, endringa har lite/ingen innverknad for ressursen. https://www.norgeskart.no/geoportal

				
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registrerte område av særskilt interesse i eller ved vurdert område.
Overordna arealføring				Utdrag frå arealstrategi: *Kommunen skal i størst mogleg grad leggje til rette for at etablerte industriaktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Ved vurdering av nye industriareal vil transportbehov, miljøomsyn som ureining og fjernverkand, samt nærleik til etablerte bustadområde, vere viktige tema for KU.*
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Utbygging kan medføre behov for auka kapasitet på energitilførsel. Behov for drikkevatn/avløp vil vere avgrensa. Tilkomst til området er etablert ved eksisterande bruk. Det er ikkje indikasjonar for at denne må revurderast.
Transportbehov	1	0	0	Tilkomst via Fv577 Frøysjøvegen, tiltaket vil medføre svært små endringar.
Folkehelse	1	-1	0	Ev. endring vil vere *marginalt* negativ for folkehelse ved at strandsona vert meir privatisert.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	X		Ingen aktsemdsområde som indikerer at dette er ei problemstilling for området. (DOK jord – og flaumskred, og DOK snø og steinsprang, Fylkesatlas). Landbasert del av området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling.	Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i framtidig detaljreguleringsplan.
Flaum	X		Området kan vere utsett for flaumfare, både stormflo og elv.  (*https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)*	Det må gjerast ei nærare vurdering av flaumfare i området før det kan gjevast løyve til nye søknadspliktige tiltak i det vurderte området. Generell byggjegrense mot elv er 20 m, og eventuell bygging nærare elv vil krevje flaumfarekartlegging.
Klima-sårbarheit		X	Ingen kjende problemstillingar. Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruksjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger.
Trafikk-tryggleik		X	Tilkomst er etablert via privat avkøyrsle i dag. Tilkomst må kvalitetssikrast i forhold	

			til vegnormal og eigedomsforhold i samband med ev. reguleringsplan.	
Ureining	X		Ingen registrerte område i eller ved vurdert område *(grunnforurensning.miljodirektoratet.no*)	
Digital kommunika-sjon	X		Dekning for 4G, og DAB-dekning i området *(Dekningskart. Telenor Radio.no)*	
Beredskap og ulukkesrisiko	X		Brannutrykking frå Svelgen, om lag 18 km langs fylkesveg og køyretid ca 20 min. Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann.	Det bør ikkje etablerast næring med særskild risiko for brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging.

Samandrag

Eksisterande bygningsmasse er i bruk til næring. I vurderinga av dette området har ein lagt vekt på kommunen si overordna føring «*Kommunen skal i størst mogleg grad leggje til rette for at etablerte industriaktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra.*» Aktivitet er etablert, og det føreligg ønske om å utvide denne. Kommunen seier også: «*Ved vurdering av nye industriareal vil transportbehov, miljøomsyn som ureining og fjernverknad, samt nærleik til etablerte bustadområde, vere viktige tema for KU.*»


Næringsarealet er avgrensa etter 2.gongs offentleg høyring, for å unngå omdisponering av dyrka jord.

Ulempene ved å vidareføre og utvikle den næringsbruken som er etablert i dag framstår relativt små, forutsett avgrensing mot elv og sjø og mot dyrka jord. Næringsverksemda er plassert svært nær bustadhusa til grunneigar (30-40m), avstand til 4 næraste nabohus, om lag 100 m. Det er ikkje registrert særskilte problemstillingar knytt til miljøomsyn. Kantvegetasjon langs elv må reetablerast.


Fare for kvikkleire og flaumfare i forhold til elva må utgreiast før eventuelle nye tiltak kan godkjennast. Havnivå er sett til kote +3 og ein må ta omsyn til dette ved plassering av bygningar og anlegg.

Konklusjon

Det vert innarbeidd eit noverande næringsområde (1300), kalla BN66 (2166 m2) Krav om flaumfarevurdering og vurdering av stabil byggjegrunn (marin leire) ved eventuelle nye tiltak.




Utsnitt til 2.gongs offentleg høyring



Ny utforming av BN66, etter 2.gongs høyring


3.1.6 Indrehus – Næring, BN64 og VFE1, revidert etter 2.gongs høyring


Formål/bruk i dag	Landbruk og sagbruk
Planstatus	Ikkje detaljregulert. I KPA ligg landarealet med føremåla Erverv og Framtidig erverv (tilsv. næring). Området ligg nær KDP for parsell av Fv 614 Svelgen – Myklebust.
Forslag til ny arealbruk	Næring (1300) ca 21 daa (15 daa nytt) og ferdsle (6100) i sjø (10 daa).
Arealstorleik	ca 41 daa
Forslagsstillar	Bremanger kommune, basert på




Utklipp frå Fylkesatlas, vurdert avgrensing er illustrert med blå figur, KDP for parsell av Fv 614 Svelgen –

	innspel frå Gunnstein Indrehus, til KPD Svelgen – Indrehus.	*Myklebust er vist over grunnkartet.* 
Skildring	Det aktuelle området er lokalisert relativ nær tunnelpåhogg for planlagd parsell av kystvegen, (sjå innleiande illustrasjon). Det er behov for utvida areal til sagbruksverksemd, og det kan vere aktuelt å deponere tunnelmasse i og ved sjøkanten i området for å opparbeide næringsareal.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar *Fylkesatlas* 	2	-2	-2	Deler av landområda er fulldyrka jord, eit lite areal ved elva ligg i markslagskartet som overflatedyrka (sjå utklipp t.v.) Om lag 4 daa dyrka jord vil bli omdisponert. Matjord kan takast vare på og nyttast til oppdyrking av beiteareal nord på eigedommen, slik at arealet dyrka jord vert oppretthalde.
Landskap	1	-2	-2	Fylkesatlas Gulen/Frøyssjøen– regional verdi. Utfylling langs eksisterande kaiområde vil medføre landskapsendringar, men i relativt avgrensa skala. Landskapet er prega av eksisterande næringsverksemd.
Naturmangfald	2	-1	-1	Gytefelt for torsk i heile fjorden, registrert som regionalt viktig, verdi B elles ingen registreringar i området. Botnforhold er ikkje kjende. (Fylkesatlas og www.miljostatus.no/kart)
Strandsone	1	-2	-1	Området ligg innanfor 100m beltet langs sjø. Utover utfylt næringsareal/kai framstår strandsona langs landbruksjorda og vidare mot

				elva som lite nedbygd, og tiltaksområdet er avgrensa til eksisterande nedbygt strandsone for å redusere verknader på landskap, natur- og vassmiljø. Overgangen mellom sjø og land ser på flyfoto ut til å vere relativt grunn på dette området.  *Utklipp frå Fylkesatlas.*
Vassmiljø	1	-1	0	VannNett Vannforekomst Midtgulen, tilstand GOD. Ein føreset at utfylling vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten. For å sikre at det ikkje vert utilsikta konsekvensar for vassførekomsten må ein ved utfylling ha fokus på at det ikkje skal førast sprengeslam frå utfyllingsmassar til sjøen. Føremålet er avgrensa med om lag 100 m mot nordvest i høve innspelet for å unngå påverknad på elv og fylling ved elveos.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Fylkesatlas Ingen registreringar innanfor vurdert område, men tre lokalitetar med sikringssoner langs nordsida av fylkesvegen –ein bautasteinlokalitet og to gravrøyser, desse er automatisk freda. Ein legg ikkje opp til endringar som får direkte innverknad for desse lokalitetane.
Mineralressursar	-	-	-	Heile det vurderte området ligg på ein grusressurs som per i dag ikkje er i bruk. (Orange markering i utklippet under, https://www.norgeskart.no/geoportal)

				
Friluftsliv	1	0/-1	0/-1	Ingen registrerte område av særskilt interesse i eller ved vurdert område. Kommunen kjenner ikkje til at området er aktivt brukt som t.d. badeplass.
Overordna arealføring	-			Utdrag frå arealstrategi: *Kommunen skal i størst mogleg grad leggje til rette for at etablerte industriaktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra.* Utvikling vil ha nær samanheng med gjennomføring av vegprosjekt på Fv 614, og det vil vere positivt å utnytte overskotsmasse frå tunnel til samfunnsnyttig føremål, framfor deponi i Myklebustdalen.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Tilkomst:eksisterande avkøyring frå Fv614 Gulevegen, tiltaket vil i tilfelle medføre små trafikkendringar. Om lokaliteten skal nyttast til massedeponi er det naturleg å vente at det vert etablert ny tilkomst, minimum mellombels avkøyring i anleggsfasen. Ny avkøyring må utformast i samsvar med offentlege krav.
Transportbehov	1	0	0	I anleggsfasen vil deponifunksjonen medføre relativt intensiv transport frå veganlegget.
Folkehelse	1	-1	0/-1	Det kan vere aktuelt å gjere vurderingar ifht. støy og støv frå anleggstransport.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	-1	-1	Storeelva og strandsona er vurdert å kunne ha ei betydning som aktivitetsområde. Tiltaksområdet er trekt vekk frå elv og elveos. Elles ikkje i konflikt med kjende område eller

				funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.


SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Det er ikkje registrert aktsemdsoner for skredfare i eller ved det vurderte området. *(Fylkesatlas)* Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling.	Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i framtidig detaljregulering.
Flaum	X		Store deler av det vurderte området kan vere utsett for flaumfare, sjå utklipp under.  *(https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)*	Det må gjerast fagleg vurdering av flaumfaren opp mot dei føremåla som ein ev. ynskjer å etablere i området.
Klima-sårbarheit		X	Ingen kjende sårbare punkt, ut over det som kjem fram under flaum. Klimaprofil for Sogn og Fjordane, (April 2016) tilseier at hyppigheita av episodar med ekstremnedbør vil auke. Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruk-sjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger.
Trafikk-tryggleik			Endringar i samband med tiltak vil vere minimale. Avkøyring/tilkomst må vere i	

			samsvar med nasjonale krav og helst handsamast i reguleringsplan-	
Ureining		X	Ingen registrerte område i eller ved vurdert område (grunnforurensning.miljodirektoratet.no). Landarealet har vore nytta til sagbruk i lenger tid, og det kan ikkje utelukkast at det er ureining i grunn.	Det vil vere viktig å forhindre at utfylt masse kan utvaskast slik at det vert avsett sprengeslam i områda rundt.
Digital kommunika-sjon		X	Ikkje relevant.	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking frå Svelgen, om lag 15 km langs fylkesveg og ca 15 min køyretid. Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt for spreidde bustader/ fritidsbustader.	Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging.

Samandrag

Området er utvida opp mot vegen etter 2.gongs utlegging til offentleg ettersyn, og medfører omdisponering av om lag 4 daa dyrka jord. Det er ein føresetnad at matjord vert teke vare på, og plassert på innmarksbeite nord på eigedommen for å etablere dyrka jord. Ei utfylling langs den urørte strandsona inn i mot elveosen vil medføre at eit relativt stort grunt-område vert nedbygd. Dette er soner som fungerer som beiteområde for fleire artar, og som ein utgangspunktet ikkje bør øydelegge. Det er også slik at dei største utfordringane i forhold til landbruksinteresser og landskapsintrykk ligg i dette området. I tillegg til at ein ev. flaum i elvane vil kunne vaske ut fyllingsmaterialet i fjorden og skape øydeleggingar i ei større botnområde. For å sikre at det ikkje vert utilsikta konsekvensar for vassførekomsten må ein ved utfylling ha fokus på at det ikkje skal førast sprengeslam frå utfyllingsmassar til sjøen. Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i framtidig detaljreguleringsplan. Med denne bakgrunnen er utfyllingsarealet avgrensa til dei områda der det allereie er etablert tekniske inngrep i strandsona. Havnivå er sett til kote +3 og ein må ta omsyn til dette ved plassering av bygningar og anlegg. Verksemda har ei positiv utvikling, og det er viktig med tilstrekkeleg areal til utviding for framtidig behov. Sidan fylling i sjø er avhengig av tunnelmasse er det behov for alternativ areal på land, og det blir lagt føringar for å ta vare på matjorda til nydyrking av innmarksbeite, slik at tiltaket ikkje medfører reelt tap av dyrka jord.

Konklusjon



Arealet er redusert mot elva i forhold til omsøkt, og omfattar om lag 21 daa på land. Det er innarbeidd eit føremål kalla -BN64 - noverande Næringsbebyggelse (1300) i utfyllingssona. For tilstøytande sjøareal er føremålet VFE1- noverande Ferdsel (6100) lagt inn, dette for å understreke den tilknytinga mot sjø, og sikre at det kan leggast til rette for transport også sjøvegen. Krav om detaljregulering.

Utforming til 2.gongs offentleg høyring er vist på utklippet til venstre.



Ny utforming BN64 etter 2.gongs offentleg høyring

3.1.7 Sandvika – bustadområde, B100. Ny KU til 3.gongs offentleg ettersyn




Flyfoto som viser tiltaksområdet.

Formål/bruk i dag	Skog/utmark, innmarksbeite og vegareal	
Planstatus	LNF-område der spreidde bustader er tillate (SB-5) i KPA2004.	
Forslag til ny arealbruk	Byggjeområde bustader	
Arealstorleik	Ca 23 daa	
Forslagsstillar	Bremanger kommune	

		
Skildring	Vurdert område omfattar eit avgrensa areal i høve areal avsett til spreidde bustader i KPA2004, og ligg i tilknyting til eksisterande bustadfelt i Sandvika. I samband med planlagde industrietableringar er det behov for bustadtomtar i området, og høvet til vidare utbygging av bustadfeltet nordover er avgrensa av kraftliner og skredfare.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	-1	-	Området er avgrensa mot vest for å unngå dyrka jord, og tiltaksområdet ligg utanfor kjerneområde for landbruk. Om lag 6 daa innmarksbeite vil bli nedbygt, men tilgangen på beite er god i området, og beitet ser ut til å vere delvis gjengrodd.
Landskap	2	-1	0	Bustadfelt vil påverke landskapet, men ved å trekkje byggjeområdet tilbake frå sjø og redusere området mot aust slik at ein unngår den brattaste og mest eksponerte sida vil tiltaket kunne tilpassast landskapet på ein god måte. Terrengtilpassing må vektleggjast i detaljregulering for å ivareta landskapsomsynet.
Naturmangfald	2	-1	0	Ikkje registrert viktige eller utvalde naturtypar eller truga artar, jf. naturbase/fylkesatlas. I sjøen vest for tiltaksområdet er det registrert ålegraseng, vurdert som svært viktig. Tiltaket vil ikkje påverke denne. Eventuell utslepp av avløpsvatn må ikkje etablerast nær naturtypen. Aust for byggjeområdet er det registrert observasjon av dei sårbare artane grønnfink og nordflaggermus. Det er

				annan busetnad i nærområdet, og lite truleg at ei utviding av bygnaden vil påverke desse artane.
Strandsone	2	0	0	Deler av området ligg innanfor 100 m-sona langs sjø, men byggjeområdet er avgrensa slik at avstanden mot sjø er minst 50-75 m. I strandsona i vestre del av området er det langgrunt og området kan vere eigna for opphald/bading. Strandsona i austre del av området er brattare svaberg, og det er ei klart skilje mellom strandsone og skogen bak. Skogen utgjer ei skjerming av strandsona, og ein vurderer at byggjeområdet her kan leggjast noko nærare sjøen. I midtre del av planområdet er det ei rekkje naust i strandsona, og vest for planområdet er det ei hytte heilt i fjøra. Strandsona er såleis prega av tekniske inngrep. Tiltaket vil ikkje medføre landskapsmessige inngrep i den nære strandsona og ut frå avgrensingane som er sett vurderer ein at tiltaket har liten eller utbetydeleg verknad for strandsoneverdiane.
Vassmiljø	1	0	0	Det går kun nokre mindre bekkefar i tiltaksområdet. Om lag 100 m aust for området går det ein bekk som mulig kan ha årssikker vassføring. Tiltaket er ikkje vurdert å påverke denne.
Kulturminne og kulturmiljø 	2	-1	0	Det er registrert ei gravrøys frå jernalderen sør for tiltaksområdet, jf. kulturminnesøk. Byggjeområdet ligg minst 25 m frå sikringssona rundt kulturminne, og det er fleire naust som ligg nærare kulturminnet. Tiltaket er vurdert å ha liten påverknad på kulturminnet. Det er ikkje registrert steinmurar eller andre kulturlandskapselement som blir råka av tiltaket.

Mineralressursar	-	-	-	Det er ikkje registrert mineralressursar her.
Friluftsliv	2	0	0	Det er ikkje kartlagde friluftsområde i nærleiken, men strandsona sør for tiltaksområdet har truleg lokal verdi for dei som bur i området. Området som er tenkt utbygt råkar ikkje strandsona, og stiar som går til sjø må ivaretakast gjennom detaljregulering.
Overordna arealføring				
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur			-	Området ligg nært til Fv614, og krev ikkje lange tilkomstvegar. Vassforsyning og avløpsløysing må etablerast.
Transportbehov			-	Få tenester i gang- eller sykkelavstand frå byggjeområdet, og transport vil i stor grad skje med bil.
Folkehelse			-	Få tenester i gang- eller sykkelavstand. God tilgang på natur/nærfriluftsliv. Drikkevassforsyning kan vere sårbar. Radonaktsemd er moderat til lav jf. https://geo.ngu.no/kart/radon_mobil/
Barn og unge sine oppvekstvilkår			-	Utanfor gang-/sykkelavstand til skule og fritidstilbod. God tilgang på natur/nærfriluftsliv. Bustadmiljøet i eksisterande byggjefelt vert styrka. Areal til leik må avsetjast gjennom detaljregulering.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare		Vurdering	
	Ja	Nei		
Skred	X	X	Området er kartlagt for skredfare, og det er ikkje risiko for stein-, snø-, jord- eller flaumskred. Deler av tiltaksområdet ligg under marin grense. I midtre del av tiltaksområdet kan det vere tjukkare lag med	Krav om utgreiing av stabilitet i grunn (kvikkleire) ved detaljregulering.


			lausmasse, og risiko for kvikkleire må utgreiast ved detaljregulering.	
Flaum		X		
Klima-sårbarheit		X	Overflatevatn må ivaretakast.	
Trafikk-tryggleik		X		Det er 60 km/t sone langs fylkesvegen. Tiltaket er ikkje vurdert å påverke trafikktryggleiken vesentleg.
Ureining		X	Ikkje registrert ureining i grunnforureiningsbasen, og ikkje lokal kjennskap til ureining.	Avløpsvatn må handterast i samsvar med regelverket.
Digital kommunika-sjon		X	Området har god 4G dekning, jf. Telenor dekningskart.	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Tiltaka medfører ikkje auka brann- eller eksplosjonsfare.	Brannutrykking frå Svelgen, 15 km og om lag 15 min køyretid. Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt.

Samla vurdering

Bustadområdet ligg nært tilknytt eksisterande bustadfelt i Sandvika, og arealet er relativt flatt. Ved regulering kan ein både få tomtar tilpassa bratt terreng og flatare tomtar som betre kan tilretteleggjast for universell utforming. Eksisterande byggjefelt er vanskeleg å utvide mot nord og pga konflikt med kraftliner og skredfare, og det vil vere vanskeleg å få tomtar for ulike bustadtypar. Bustadområdet ligg utanfor gang- og sykkelavstand til tettstad, og er såleis i strid med arealstrategien om bustadfelt, men ei eventuell industrietablering på Holmaneset, og realisering av tunnel Svelgen – Indrehus, vil medføre vesentleg behov for bustadtomtar, og det er viktig å ha tilgang på tomtar både i Svelgen sentrum og i Midtgulen. Tomtane vil vere attraktive, og i samsvar med arealstrategien om å leggje til rette for attraktive tomtar i sjønære område. Omsynet til naturmiljø, landskap og friluftsliv vert ivareteke.

Konklusjon

Når ein legg beslag på nytt areal bør arealutnyttinga vere best mulig, og ein vurderer ei tettare feltutbygging som betre arealutnytting enn spreidde tomtar, jf. KPA2004. Området avgrensa i høve SB-5 i KPA2004, og eit areal på ca 23 daa blir avsett til byggjeområde bustader, B100 (framtidig). Inntil ti bustadtomtar, og maks tomtestorleik for einebustad bør vere 1 daa. Fleirbustadbygg bør vurderast. Byggjegrense mot sjø fylgjer føremålsgrensa. Krav om utgreiing av stabilitet i grunn (kvikkleire) ved detaljregulering. Tilgang på drikkevatn, avløpsløysing og overvasshandtering må avklarast i detaljregulering. Detaljregulering må sikre at stiar som går til sjø vert ivaretekne og at det vert avsett tilfredsstillande areal til leik.



3.1.8 Kjelkenes – Næring, BN54 og VF8




Nedlagt ferjekai, Kjelkenes, foto Nordplan 04.03.2019.




Utklipp frå 3dkommunekart.com.

Formål/bruk i dag	Området har vore brukt til ferjekai med tilhøyrande oppstillingsplassar og infrastruktur. Denne er avvikla og bruken i dag er uavklara.
Planstatus	Ikkje detaljregulert. Området ligg som LNF, og hamn i KDP, (Sjå utklipp til høgre) Grensar mot reguleringsplan for Kjelkenesvågen småbåthamn, 06.04.1994.
Forslag til ny arealbruk	Næringsbebyggelse (1300) på landområda, Ferdsel (6100) i sjø.
Arealstorleik	ca 20 daa
Forslagsstillar	Bremanger kommune
Skildring	Ønske om næringsareal på landareala som har vore nytta i samband med ferjekaia, slik at dette arealet kan nyttast vidare no som ferjekaia er avvikla. Etter diskusjon i arbeidsprosessen er ein samde om at også tilknytinga til sjøareala som tidlegare har vore nytta som ferdselsareal/ferjekai-bør vidareførast i KPA, slik at transport kan skje også sjøvegen.





Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				

Landbruksressursar	-	-	-	Ikkje relevant. Heile arealet er opparbeidd med tekniske inngrep
Landskap	1	+1	0	Fylkesatlas Gulen/ Frøyssjøen – regional verdi. Ønska arealbruk er med på å sikre aktivitet og skjøtsel på eit område som elles ikkje har ein framtidsretta og definert bruk. Dette kan medverke til å redusere faren for at området blir nytta til tilfeldig oppstillingsplass eller avfallsdumping.
Naturmangfald	2	-1	0	Gytefelt for torsk i heile fjorden, regionalt viktig, verdi B - elles ingen registreringar i området. Botnforhold er ikkje kjende. (*Fylkesatlas og www.miljostatus.no/kart*)
Strandsone  	1	-1/0	0	Området ligg innanfor 100m beltet langs sjø. SSB sine registreringar for 2018 er vist til venstre. Ein ser at eitt hus i området skaper ei privatisert sone. Kartet er litt misvisande ved at kaiområdet ikkje er vist som privatisert, i praksis vil den planlagde endringa medføre små endringar av status for strandsona.
Vassmiljø	1	0	0	Vannforekomst Midtgulen, tilstand GOD. Ein føreset at ev. tiltak vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten. *(VannNett)*
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registreringar i området. *(Fylkesatlas)*
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant.
Friluftsliv	1	-1	0/-1	Ingen registrerte område av særskilt interesse i eller ved vurdert område. Kommunen kjenner ikkje til at området er aktivt brukt som t.d. badeplass. Småbåthamna som grensar inntil arealet skal vidareførast og det er viktig at området vert utvikla på ein måte som ikkje forringar denne.

Overordna arealføring	1	0	0	*Ved vurdering av nye industriareal vil transportbehov, miljøomsyn som ureining og fjernverkand, samt nærleik til etablerte bustadområde, vere viktige tema for KU.* I dette tilfelle er inngrepa som vil vere relevante i stor grad gjort og vidare utvikling av området kan vere med på å betre tiltaket sin visuelle verknad og miljøverknad.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Teknisk infrastruktur er opparbeidd i samband med tidlegare kai-aktivitet.
Transportbehov	1	0	0	Tilkomst via Fv614 Gulevegen, tiltaket vil medføre svært små endringar. Trafikkmengd er vanskeleg å estimere før ein veit kva næring som er aktuell, men avkøyring er dimensjonert for stor trafikk.
Folkehelse	1	0	0	Lite/ingen verknad
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Relevante verknader er kommentert under andre emne. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko, og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	X		Langs skjeringa for eksisterande kai ligg eit aktsemdsområde for snø- og steinsprang. Avhengig av planlagt bruk kan det vere nødvendig med fagrapport for å avklare skredfare. (Fylkesatlas, DOK Jord- og flaumskred, snø- og steinsprang .)	Ved tiltak innanfor aktsemdssone snø- og steinsprang, må det først gjerast fagleg utgreiing for å avklare tryggleiksklasse jfr TEK17. Lommar med marin leire kan forekomme og fundamenteringsforhold må avklarast i byggjesak.

			 Tiltaksområdet ligg under Marin grense, og området er ikkje detaljkartlagt for mogleg marin leire (NGU kart «Mulighet for marin leire», MML). I fylgje lausmassekart (Nasjonal løsmassedatabase, NGU) er området i hovudsak bart fjell, med tynt humus-/torvdekke. Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikkje fare for at det vil utløysast områdeskred (NVE veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», jf. Tabell 3.1 Prosedyre for utredning av områdeskredfare punkt 2.	
Flaum	X		Deler av det vurderte området kan vere utsett for flaumfare/stormflo. 	

			(*https://temakart.nve.no/link/?link=flom-aktsomhet.)*	
Klima-sårbarheit		X	Ingen kjende sårbare punkt, ut over det som kjem fram under skred og flaum. Klimaprofil for Sogn og Fjordane, (April 2016) tilseier at hyppigheita av jord/flaumskred vil auke. Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruk-sjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger.
Trafikk-tryggleik		X	Endringar i samband med tiltak vil vere minimale. Avkøyring/tilkomst må vere i samsvar med nasjonale krav og helst handsamast i reguleringsplan.	
Ureining		X	Ingen registrerte område i eller ved vurdert område *(grunnforurensning.miljodirektoratet.no)* Kjend bruk som ferjekai over lang tid kan tilseie at det bør gjerast ei nærare vurdering av ureiningstilhøva i tilknyting til sjølve ferjekaia.	
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området (Dekningskart. Telenor Radio.no)	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking frå Svelgen, om lag 10 km langs fylkesveg og ca 10 min køyretid. Ein kjenner ikkje til særskilte problemstillingar knytt til vurdert område. Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt for spreidde bustader/ fritidsbustader.	Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging.


Samandrag



Bilete syner Kjelkenes, fotopunkt sørvest (Foto Nordplan 04.03.19).

For at området skal kunne utviklast vidare med næring må det lagast ein detalj-reguleringsplan. I planarbeidet må ein ta stilling til om det skal utarbeidast skredfarevurdering for å avklare ønska bruk. Fare for kvikkleire må også utgreiast nærare i framtidig detaljplan. Havnivå er sett til kote +3 og ein må ta omsyn til dette ved plassering av bygningar og anlegg. Reguleringsplan for småbåthamna som grensar inntil arealet skal vidareførast og det er viktig at området vert utvikla på ein måte som ikkje forringar denne. Ut over dette vert det vurdert til å vere svært positivt å legge til rette for ny bruk i eit område som allereie er prega av tekniske inngrep på alle flater.


Konklusjon





Det vert innarbeidd eit føremål for framtidig næring (1300), kalla BN54 (5799m²), med avgrensing som illustrert til venstre. For den delen som ligg i sjø er formålet VF8 Ferdsel (6100). Det vil vere krav om detaljreguleringsplan før nye søknadspliktige, større tiltak kan etablerast i området. Med bakgrunn i dei vurderingane som er gjort i samla KU har ein også laga ei mindre utviding av området som i dag er regulert til småbåthamn: VS22 – framtidig Småbåthamn (4388m²). Ved evt etablering av molo på steinfylling bør det vere krav om detaljregulering.


3.1.9 Holmaneset – Næring 41/8 m.fl, BN55 og VFE2. Revidert etter 2.gongs offentleg høyring etter nytt innspel

Formål/bruk i dag	Ikkje utbygd/utmark
Planstatus	Detaljreguleringsplan for Holmaneset (Næringsformål).
Forslag til ny arealbruk	Næringsføremål på heile 41/8 inkl. deler av sundet og holmane.
Arealstorleik	350 ooom², inkl. sjøområda





Forslagsstillar	Fortescue Future Industries AS	Førebels skisse frå forslagstillar  Reguleringsplan
Skildring	Innspelet går på at ein ynskjer næringsføremål på heile eigedomen gbnr. 41/8, inkludert vestre del av neset, og deler av sundet og holmane, og på Meholmen som er del av gbnr. 41/1. Arealet er tenkt brukt til produksjon av grøn hydrogen og grøn ammoniakk. Tilgang til straum, utskiping etc. gjer området spesielt godt eigna. Planlagt anlegg vil produsere opp mot 40 000 tonn grønt hydrogen i året.	


Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	0	0	0	Deler av området er regulert til utbyggingsføremål per i dag. Heile området er skogkledd med krattskog/blandingsskog.
Landskap	2	-2	-2	Fylkesatlas: Nordgulen, Småfjord og storsund- lokal verdi del av Gulen/Frøyssjøen– regional verdi. Foreslått endring vil kunne fjerne vegetasjonsbeltet og terrengforma mot Holmesundet.
Naturmangfald  Utklipp frå Fylkesatlas.no	3	-3	-3	Gyteområde for torsk i sjøen, regionalt viktig, verdi B. Marin naturtype Ålegraseng langs austsida av Storeholmen (viktig) vil bli nedbygt og øydelagt. Ålegraseng ved Litleholmen (svært viktig) kan også bli råka av tiltaket. Ein del av blautbotnområde i Holmesundet, vurdert som lokalt viktig, vil også bli nedbygt og øydelagt. Gulebrystet, Djupevika og Gulebrystet øvre i fjellet sør for fylkesvegen er regnskog-lokalitetar som er vurdert til

				å vere svært viktige. Tiltaka vil ikkje påverke desse Dei marine naturtypane må ivaretakast i størst mulig grad gjennom reguleringsprosessen.
Strandsone	2	-3	-3	Strandsona på austsida av Holmaneset vil bli nedbygt som fylgje av regulert kai og industriområde. Forslaget vil medføre at også vestsida av neset kan byggjast ned, inkludert Holmesundet og to av dei tre holmane som ligg på vestsida. Dette vurderer ein som uheldig både av omsyn til landskap og naturmangfald i strandsona. Etter planretningslinene for differensiert strandsoneforvaltning er Bremanger kommune område med mindre press på areala (sone3). I desse områda kan det vere grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som t.d sjøretta næringstiltak. I sørleg del av området ligg det naust/hytte i strandsona.
Vassmiljø	1	0	0	Vannforekomst Nordgulen, tilstand MODERAT. Ein føreset at ev. tiltak vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten. (*VannNett)*
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registreringar i området. *(Fylkesatlas)*
Mineralressursar  *(Rosa markering, www.norgeskart.no/geoportal)*	1	-	-	I det vurderte området er det registrert ein pukkressurs som per i dag ikkje er i bruk. Ved opparbeiding av arealet bør ein nytte den registrerte ressursen mest mogleg rasjonelt. Massebalanse bør vektleggjast i reguleringsplan.
Friluftsliv	2	-2	-2	Området mellom Holmaneset og Storeholmen i nord er registrert friluftsområde, brukt til dykking. Holmane-området er noko nytta i samband med utfart med båt, spesielt frå Svelgen-området. Dette er eit landskap med fleire verdiar som gjer at

				det er attraktivt å ferdast her. Ved å bygge ut heile neset vert verdien redusert.
Overordna arealføring	2	+3	+3	Hovudmål for arbeid og næring i samfunnsdelen til kommuneplanen: Bremanger kommune har eit økonomisk og miljømessig berekraftig næringsliv og høg sysselsetjing i befolkninga. Delmål: BK sin næringsstruktur er miljøvennleg og godt tilpassa kommunen sin eigenart, herunder leggje til rette for næringar som ivaretek naturgjevne fortrinn, ha rett verksemd på rett plass ut i frå næringstilhøyrsle, støtte opp om utvikling av kompetansebedrifter.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	-1	0	Gjennomføring av reguleringsplan vil medføre ny avkøyring frå Fv 614.
Transportbehov	1	-1	0	Tilkomst via Fv614 Gulevegen og via sjø. Transportbehov knytt til den næringa som vert etablert er vanskeleg å estimere, men vil auke vesentleg i forhold til i dag. Uttransport vil skje via sjø, og er estimert til 1-2 anløp pr veke.
Folkehelse	1	-1	0	Verknad for folkehelsa er knytt til at det vert mindre attraktivt å nytte områda i og ved Holmaneset til friluftsliv ved utbygging som foreslått. Det er gode høve til friluftsliv elles i nærområdet og verknaden for folkehelsa er vurdert å vere marginal.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	2	-1	0	Verknad for born og unge er knytt til at det vert mindre attraktivt å nytte områda i og ved Holmaneset til friluftsliv ved utbygging som foreslått. Det er gode høve til båtutfart og friluftsliv i nærområdet, nærare

				Svelgen og bygnaden i Midtgulen, og verknaden for born og unge er vurdert å vere marginal.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	X		Aktsemdsone for snø og steinsprang langs Holmesundet, sjå utklipp under, frå Fylkesatlas, DOK Snø og steinsprang. 	Reell skredfare må avklarast gjennom detaljregulering.
Flaum		X	Deler av det vurderte området kan vere utsett for flaumfare, knytt til stormflo.  (https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)	Byggjehøgde må avklarast gjennom detaljregulering.
Klima-sårbarheit		X	Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruk-

			Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3. Elles ingen særskilte problemstillingar for området	sjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger.
Trafikk-tryggleik		X	Ikkje utbygd, ein legg til grunn at godkjend plan som skal vidareførast handterer tilkomst på ein tilfredsstillande måte. Utbygging av nytt vegsamband Svelgen – Indrehus vil medføre redusert trafikk forbi området.	
Ureining		X	Ingen registrerte ureining i vurdert område. To registreringar med status ikkje akseptabel ved Tretteskjervik, like aust for plangrensa. (grunnforurensning.miljodirektoratet.no)  	Endringar ved utviding av plan vil ikkje ha innverknad for eksisterande ureiningspunkt.
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, dekningskart. Telenor. DAB-dekning i området, Radio.no/dekning.	
Beredskap og ulukkesrisiko	X		Deler av neset ligg innanfor stipulert faresone for storulukkeverksenda Forcit, lenger aust. Planlagt verksemd er storulukkeverksemd, og risiko og sikringssoner både i høve ny og eksisterande verksemd må avklarast i reguleringsplan. Utrykking frå Svelgen – om lag 8 km langs god ved med god regularitet. Ingen særskilte problemstillingar knytt til vurdert område.	Beredskap/risiko må avklarast og samfunnstryggleik ivaretakast gjennom detaljregulering.

Samandrag

Holmesundet får vesentleg redusert verdi som friluftsområde ved planlagt utbygging. Tiltaket vil også ha negative verknader for naturmangfald ved tap av viktige marine naturtypar, landskap og strandsone. Deler av området er regulert til industriformål frå før, og området er spesielt eigna til føremålet på grunn av tilgang til straum og gode forhold for utskiping. Hydrogenproduksjon og

utnytting av fornybare energireservar er eit nasjonalt og regionalt satsingsområde, og planlagt tiltak er i tråd med Regjeringa sin hydrogenstrategi (2020) og klimaplan for 2021-2030 (Meld. ST. 13). I Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033, Vestland fylke, er produksjon av grønt hydrogen sett som eksempel på næringar Vestland bør løfte fram og satse på. Planen peikar på grønt hydrogen som ei eksportnæring for Vestland for framtida.

Bremanger kommune er ein stor produsent av fornybar energi, og energien blir i stor grad frakta ut av kommunen gjennom linjenettet. Produksjon av grøn hydrogen vil gje kommunen viktige arbeidsplassar og ha positive verknader for næringslivet knytt til støttefunksjonar. Tiltaket kan også gje rom for auka produksjon av fornybar energi, sidan kapasitet på linjenettet ut av landsdelen i periodar kan vere avgrensande for vasskraftproduksjonen.

Bremanger formannskap har 02.02.2023, sak FSK-010/23, godkjent at det blir starta prosess for områderegulering av Holmaneset. Gjennom områdereguleringsprosessen må konsekvensane for m.a naturmangfald, strandsone og landskap, utgreiast og vektast opp mot dei samfunnsmessige fordelane med prosjektet, og endeleg arealbruk avklarast.


Området ligg utanfor gangavstand til Svelgen sentrum og Sandvika, og må tilretteleggast for bruk av kollektivtransport..

Konklusjon

Tiltaket er vurdert som så viktig for kommunen at det vert starta områderegulering parallelt med arealplanprosessen. Forslagsstillar har gjennomført omfattande vurderingar av alternative lokalitetar for produksjon av grøn energi, både i kommunen og i landet elles, og det er konkludert med at denne lokaliteten er best eigna på grunn av nærleik til kraftnett og hamn, og med støtteindustri og arbeidssentrum innan rimeleg avstand.

Innspelet vert innarbeidd i plankartet med industriareal på neset og til og med Storholmen og Meholmen, og hamneareal/ferdsel på sjøarealet. Arealbruken må endeleg avklarast gjennom områderegulering, og arealet innanfor plangrense for områdereguleringa vert bandlagt i påvente av regulering. Tryggleik mot naturfarar, byggjegrenser, plassering og utforming av tiltak må avklarast gjennom regulering, i tillegg til samfunnstryggleik.

Føremål i plankartet:



Ynskt planområde er vist som bandlagt for regulering (omsynssone H710_6). Hovudføremåla næring, BN55 og ferdsel, VFE2, er vist grovt innanfor bandleggingssona.

Ytre faresone etter QRA (kvantitativ risikoanalyse) er vist som faresone i arealplankartet.

3.1.10 Steinvika - Næring gbnr. 40/2, BN51, revidert etter 2.gongs offentleg ettersyn


Formål/bruk i dag	Ikkje utbygd
Planstatus	Ikkje detaljregulert. LNF på land FR i sjø (Friluftsområde)
Forslag til ny arealbruk	Industri på heile arealet, næring (1300)
Arealstorleik	30 084 m²
Forslagsstillar	Rune Nordal




Vurdert område.

Skildring	Ynskjer å setje av areal til industri for framtidig utvikling av næringslivet. Antydar funksjonar som Maskinstasjon, massehandtering. Området ikkje i aktiv bruk, framstår som open mark, med spreidde einer og lauvtre.


Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	-1	0	Markslagskart (AR5): området er registrert som innmarksbeite, men er delvis gjengrodd. Jordsmonnet er tynn morene, og ikkje dyrkbar jord. På grunn av nedleggingar er det god tilgang på beite i området, og endringa har liten påverknad for landbruksressursane.
Landskap	1	-2	-2	Nordgulen, Småfjord og storsund-lokal verdi del av Gulen/Frøyssjøen–regional verdi. *Fylkesatlas.* Utbygging som medfører vesentlege terrenginngrep, spesielt ut på neset, vil ha innverknad frå sjøsida, primært i Svinevika/Steinvika, og noko fjernverknad for vegen langs nordsida av fjorden. Planering og utbygging vil endre landskapsverdien negativt for omkringliggande areal. Verknadane på landskapet vert redusert ved å trekkje utbyggingsområdet tilbake frå neset.


Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar i området. www.miljostatus.no/kart
Strandsone  	1	-2	-2	Framlegget ligg innanfor 100m beltet langs sjø. Avslutning mot sjø er høg og bratt for store deler av strandsona. Vurdert område inkluderer ei grunnare/slakare strandsone i nordleg del, denne er meir attraktiv og nærområdet vert nytta til badeplass. Føremålet er derfor trekt om lag 30 m unna strandkanten i nordleg del, for å tydleggjere at det ikkje skal gjerast tiltak der. Funksjonell strandsone er ut frå topografien vurdert å vere avgrensa av dei bratte fjellskråningane mot vest, der terrenget stig bratt frå strandlina til om lag kote +12-15 moh. Ved å trekkje byggjegrensa inn på platået, som skissert til venstre, unngår ein inngrep som påverkar naturmangfaldet i strandsona og reduserer påverknaden på landskapet. Mot vest vil byggjegrense på 30 m ivareta dette. Mot nord/Steinvika er den funksjonelle strandsona breiare, og opp mot 100 m, og den generelle byggjegrensa i pbl. §1-8 bør vere gjeldande Det er behov for næringsareal i Svelgen-området, og topografi, skredfare og dyrka jord gjer at det ikkje er tilgang på alternative areal.
Vassmiljø	1	0	0	Vannforekomst Nordgulen, tilstand MODERAT. Ein føreset at ev. tiltak vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten. *(VannNett)*
Kulturminne og kulturmiljø	1	-1	0	Eitt bustadhus, tidfest til 191X i området er SEFRAK registrert. Det er kun ruinar att av dette.
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar i www.norgeskart.no/geoportal/
Friluftsliv	2	-2	-2	Nordre del av neset og Steinvika langs/like ved nord/austsida av vurdert område er registrert friluftsområde, badeplass. Det vil vere ein potensielle konflikt mellom bruk til industri og til badeområde, både med tanke på

				ugunstig kombinasjon av aktivitetar og mogleg fare /ureining osv. Ved å avgrense industriområdet mot neset vil negative verknader for badeplassen bli redusert.
Overordna arealføring	1	+1	0/-1	*Kommunen skal i størst mogleg grad leggje til rette for at etablerte industriaktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Ved vurdering av nye industriareal vil transportbehov, miljøomsyn som ureining og fjernverknad, samt nærleik til etablerte bustadområde vere viktige tema for KU.* *Arealdelen skal ivareta viktige naturområde som blir nytta til rekreasjon for lokalbefolkninga og for besøkande.*
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	-1	0	Området ligg ved fylkesvegen, og kun krevje intern vegløysing. Det er ikkje offentleg VA-anlegg i nærområdet, og utbygging vil kunne krevje ny infrastruktur både for vatn, avløp, overvatn og energi, avhengig av type næring.
Transportbehov	1	0	0	Tilkomst via Fv614 Gulevegen, tiltaket vil medføre ny avkøyrsle og noko trafikkauke langs Gulevegen. Avstanden til Svelgen, med større bustadkonsentrasjon og næringsaktivitet er relativ liten. (om lag 5 km) Vanskeleg å vurdere behov utan å kjenne næringa, men indikasjonar for at dette området er aktuelt for transportintensiv aktivitet.
Folkehelse	1	-2	-1/-2	Området er fritt for inngrep i dag. Den visuelle verknaden av tiltaket, vil gi negativ påverknad for bruken.

				Kvalitetane ved badeplass/friluftsområde kan verte forringa.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	-1	-1	Relevante verknader er kommentert under andre emne. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS


HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	X		Aktsemdssone for snøskred og steinsprang langs vegen, og for jord og flaumskred gjennom området til sjø.  *(Fylkesatlas, DOK Snø og steinsprang, DOK jord og flaumskred aktsomheitssoner.)* Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Arealet ligg på fast fjell med berre tynt jorddekke og ein vurderer derfor ikkje problemstillinga til å vere relevant.	Krav om detaljregulering. Det vil vere krav om fagrapport for å avklare skredfare.
Flaum		X	Flaum er ikkje ei problemstilling, ut i frå lokalisering og terrengform. Bratt strandlinje gjer at heller ikkje stormflo/bølger vil vere særskilte risikomoment i det vurderte området. Deler av det vurderte området kan likevel vere utsett for flaumfare. Deler av det vurderte området kan vere utsett for flaumfare, jf. NVE temakart, men tilak lågare enn kote +3 moh er uansett ikkje aktuelt av andre omsyn.	

			 *(https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)*	
Klima-sårbarheit		X	Ingen kjende sårbare punkt. Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruksjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger. Trygg byggjehøgde og handtering av overflatevatn må ivaretakast gjennom detaljregulering.
Trafikk-tryggleik		X	Området er ikkje utbygd i dag, vegstrekningen er relativt rett.	
Ureining		X	Ingen registrerte område i eller ved vurdert område. (grunnforurensning.miljodirektoratet.no)	
Digital kommunikasjon		X	Dekning for 4G/4G+, dekningskart. Telenor. DAB-dekning i området, Radio.no/dekning.	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Utrykking frå Svelgen – om lag 5 km langs fylkesveg. Ingen særskilte problemstillingar knytt til vurdert område.	

Samandrag

Bruken til badeplass/friluftsliv i nærområdet er vektlagd ved vurdering av innspelet. I samråd med kommunen er avgrensinga noko redusert. Mot vest er byggjegrense på 30 m langs sjø vurdert å ivareta strandsone- og landskapsomsyna. Formålet er trekt 30 m unna strandkanten i nord, men byggjegrense mot Steinvika bør fylgje den generelle regelen i pbl. §1-8 , for å. unngå konflikt med registrert friluftsområde/badeplass. Tilgjengeleg næringsareal blir likevel vel 10 daa. Ein bør vurdere


om tilkomst til badeplassen kan skje over næringsområdet. Det vil også vere viktig at aktiviteten på næringsområdet vert gjennomført på ein slik måte at det ikkje er til fare/ulempe for badeplassen. Aktuelle problemstillingar som ureining, farlege situasjonar ved sambruk, sikttilhøve og plassering av t.d. masse vil vere viktig å avklare gjennom detaljregulering. Reell skredfare må også utgreiast i detaljregulering.



Konklusjon

Det er innarbeidd ei område for næringsbebyggelse (1300), BN51 på 28 185m², med avgrensing som i utklippet under. Det vil vere krav om reguleringsplan før ein kan etablere søknadspliktige tiltak i området.

Byggjegrense mot sjø i vest er 30 m, medan byggjegrense mot nord fylgjer pbl. §1-8. Byggjegrensa skal visast i detaljregulering.



Planføremålet er avgrensa etter 3.gongs høyring, slik at føremålsgrensa fell saman med byggjegrensa mot sjø.

3.1.11 Eikeland- Massedeponi gbnr. 39/2, BAB162




Formål/bruk i dag	Gardstun, mellombels deponiområde	
Planstatus	Ikkje detaljregulert. LNF på land, FFNF i sjø (Sjø og vassdrag for allmenn fleirbruk	
Forslag til ny arealbruk	Deponi for lagring og gjenvinning av masse.	
Arealstorleik	4 347 m2	
Forslagsstillar	Rune Nordal	
Skildring	Per i dag er store deler av nærområda til gardstunet prega av bruk til massedeponi for ulike fraksjonar. Grunneigar ynskjer at å avklare to område for lagring/gjenvinning av massar, fram til det føreligg ei løysing i Steinvika. (Sjå innspel 22+71)	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	1	-1	0/-1	Open skrinn fastmark. Dei aktuelle areala er per i dag nytta til mellombels massedeponi j.f. flyfoto. *(Fylkesatlas: markslagskart)*
Landskap	1	-1	0	Nordgulen, Småfjord og storsund-lokal verdi del av Gulen/Frøyssjøen–regional verdi. Avstanden til gardstunet er svært liten. Framlegget vil ikkje medføre forringing av landskapet i forhold til situasjonen i dag og medfører heller ikkje irreversible endringar. Det er likevel slik at utan massedeponering vil kulturlandskapet framstå betre. Arealet er relativt avgrensa. Det vil vere mogleg å opparbeide areala for t.d. jordbruk etter avslutta aktivitet. (*Fylkesatlas)*
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar i området. www.miljostatus.no/kart
Strandsone	1	0	0	Ikkje strandsone i området
Vassmiljø	1	0	0	Vannforekomst Nordgulen, tilstand MODERAT. Ein føreset at ev. tiltak

				vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten (*VannNett)*
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Fylkesatlas Ingen registreringar i området
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar i www.norgeskart.no/geoportal/
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registrerte område av særskilt interesse i eller ved vurdert område.
Overordna arealføring	1	-1	0	Kommunen si føring i samband med råstoff utvinning er relevant også for denne typen tiltak: *For mindre uttaksområde skal nær/fjernverknad for t.d. bustader og friluftsliv, samt vegnett, miljøomsyn som naturmangfald, støy og transportbehov vektleggast.*
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	-	-	-	Ikkje relevant pga. funksjonen ein planlegg i området.
Transportbehov	1	-1	0	Tilkomst via Fv614 Gulevegen, tiltaket vil medføre ny avkøyrsle og noko trafikkauke langs Gulevegen. Det må gjerast ei nærare vurdering av om ein skal nytte eksisterande privat avkøyring, eller mellombels avkøyring som er teken i bruk i samband med aktiviteten på området i dag.
Folkehelse	1	0	0	Lite eller ingen verknad, området er i praksis teke i bruk til det ønska føremålet, på midlertidig basis.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Ingen kjende verknader. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		

Skred	X		Aktsemdssone for jord- og flaumskred på store deler av det vurderte området til, sjå utklipp under. Det er føresett at det ikkje skal gjerast nye tiltak  *(Fylkesatlas, DOK Snø og steinsprang, DOK jord og flaumskred aktsomheitssoner.)* Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling i forhold til ønska bruk.	
Flaum		X	Flaum er ikkje ei problemstilling, ut i frå lokalisering og terrengform. (https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet)	
Klima-sårbarheit		X	Det er ikkje indikasjonar for at verken havnivå, stormflo, bølger, overflatevatn eller vind er aktuelle problemstillingar for det vurderte området.	Ønska aktivitet skaper ikkje større sårbarheit for desse faktorane
Trafikk-tryggleik	X		Sikt langs vegen forbi dei to aktuelle deponiareala er relativt dårleg, p.g.a. både høgdeforskjellar og terrengform inntil vegen. Det vil vere viktig at masse ikkje vert deponert på ein slik måte at det oppstår sikthindringar som skaper fare i trafikken. Dersom det vert deponert masse på begge sider av fylkesvegen kan dette medføre auka risiko, både med tanke på sikt og trafikk mellom dei to driftsområda.	

Ureining		X	Ingen registrerte område i eller ved vurdert område. *(grunnforurensning.miljodirektoratet.no)*	
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G/4G+, dekningskart. Telenor. DABdekning i området, Radio.no/dekning.	Ikkje relevant.
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Utrykking frå Svelgen – om lag 4 km langs god veg med god regularitet. Ingen særskilte problemstillingar knytt til vurdert område.	Lite relevant


Samandrag

Ein har vurdert verknaden av dei ønska tiltaka til å vere mykje lik det ein kunne vente ved t.d. eit mindre område for råstoffutvinning. *For mindre uttaksområde skal nær/fjernverknad for t.d. bustader og friluftsliv, samt vegnett, miljøomsyn som naturmangfald, støy og transportbehov vektleggast.* Både den visuelle verknaden og forhold tom støy, støv og risiko ved arbeidet tilseier at massedeponi ikkje er ein arealbruk som er eigna så tett innpå busett tun. Trafikksituasjonen i området er også ein medverkande faktor til at det eine av områda er vurdert som mindre eigna.

For deler av det innarbeidde området er fare for jordskred registrert og det *kan* vere aktuelt å utgreie denne problemstillinga nærare, dette gjeld også for potensielle kvikkleireproblem.

Konklusjon

For å sikre omsynet til gardstun og landskap, samt å unngå trafikk over fylkesvegen har ein lagt inn areal for massehandtering berre på sørsida av fylkesvegen. Det er lagt inn eit lite område på 1974m², kalla BAB162 - framtidig -Andre typar nærare angitt bebyggelse og anlegg (1500). Det er ikkje opna for bygningstiltak i området, men arealet kan nyttast t.d. til massehandtering og lagring.



3.1.12 Næringsareal Breivika, BN38 og VS32. Endra etter 2.gongs offentleg høyring



Utklipp frå Google Earth pro, vurdert område er vist til høgre i bildet, illustrert ved orange oval.



Formål/bruk i dag	Småbåthamn med tilhøyrande anlegg
Planstatus	Ikkje regulert, med unntak av offentleg veggrunn
Forslag til ny arealbruk	Nærings-/industriareal
Arealstorleik	Ca 75 daa
Forslagsstillar	Breivika Eigedom (revidert innspel februar 2023).






Revidert framlegg februar 2023.

Skildring	Breivika Eigedom som er etablert i Breivika har behov for areal til utviding av verksemda. Det er skissert vidare trinnvis utbygging, der trinn 3 og 4 er aktuelt i denne planperioden. På lengre sikt er det behov for ytterlegare areal. Trinn 3 og 4 medfører om lag m2 utfylling mot aust. Ved utfylling som skissert kan eksisterande båthamn forskyvast nordvestover, og få auka areal. I samband med bygging av tunnel Svelgen-Indrehus vil det bli store mengder overskotsmassar som bør nyttast til føremål med samfunnsmessig nytte.

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	0	0	0	Ikkje relevant.
Landskap 	2	-2	-2	Sjøflate vert redusert, tiltaket vert synleg frå bustader langs fylkesvegen i nærområdet. Ny molo vil komme lenger ut i sjøarealet. Totalverknad av nytt og etablert gir stor samanhengane næringsarealflate i strandsona. Landskapet er påverka av eksisterande tiltak, og fjernverknadane av tiltaket vil vere avgrensa.
Naturmangfald 	3	-2	-2/-3	Ein lokalitet ålegraseng, vurdert som svært viktig, jf. www.naturbase.no vil bli redusert som fylgje av sjøfyllinga. Deler av lokaliteten vert liggjande att, og verknaden av tiltaket på denne må nærare utgreiast gjennom detaljregulering. Halvparten ålegrasenga ligg innanfor eksisterande båthamn, utan at det har hatt negativ verknad på lokaliteten, og det er difor usikkert om tiltaket vil øydeleggje ålegrasenga utover delen som blir overfylt. Det er også registrert ein større tareskogførekomst, vurdert som viktig, og gytefelt for torsk, regionalt viktig – verdi B. - Gytefelt for torsk kan bli negativt påverka av sjøfylling, og fylling må i gyteperioden må unngåast.
Strandsone	2	-2	-2	Revidert framlegg medfører lite nedbygging av naturleg strandsone. Verdiane til strandsona er knytt til strekning i bakkant av eksisterande båthamn, og kun ei strekning på om lag 20 m vil bli utfylt. Sona har ein visuell verdi, der naturen gir eit

				avbrekk i eit elles sterkt utbygd område.
Vassmiljø	2	-1	0	Nordgulen er registrert med moderat økologisk tilstand (www.vann-nett.no). Påverka av punktutslepp frå industri og kommunalt avløpsvatn, spesielt inst i fjorden. Verknad i anleggsfasen for sjøfylling, ikkje permanent endring av vassmiljø. Føreset krav om avbøtande tiltak i anleggsfasen.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ikkje registrerte kulturminne i tiltaksområdet
Mineralressursar	1	0	0	Ikkje registrerte mineralressursar i tiltaksområdet. Tilgjengelege mineralressursar (tunnelmasse) som kan nyttast til fylling for næringsføremål.
Friluftsliv	2	0	0	Området er lite brukt til friluftsliv, utover småbåthamn. Fjæra nord for bustadhusa i Strandvegen har i dag ein privat karakter. Småbåthamn blir ivareteke ved flytting, og fjæra kan bli meir tilgjengeleg for allmenta ved etablering av ny småbåthamn. Småbåthamna blir fjerna og det gir negativ verknad for nærfriluftsliv, tap av sosial samlingsstad og rekreasjon. Krav om avbøtande tiltak (ny lokalisering for småbåthamn).
Overordna arealføring	3	+2	+3	Svært positivt for tilrettelegging for ønska vekst for etablerte industriaktørar. Kan ha litt negative verknader for fiskerinæringa. Positivt å kunne nytte overskotsmasse frå tunnelbygging til samfunnsnyttig føremål.
Teknisk infrastruktur	2	+1	0	Nærleik til tekniske anlegg (VA, el), fjernvarme, gang- og sykkelveg.
Transportbehov	2	+1	0	Arbeidsplassar nær der folk bur
Folkehelse	2	-1	-1	Vurdert til å påverke areal som er viktig for friluftsliv og rekreasjon (båthamn), men er forutsett

				kompensert gjennom flytting av småbåthamna.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	2	-1	0/-1	Marginal endring av strandsone for bustadane i Strandvegen.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling.	Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i framtidig detaljregulering.
Flaum		X	Deler av det vurderte området kan vere utsett for flaumfare, knytt til stormflo, jf. punktet under.  *(https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)*	
Klima-sårbarheit	X		Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruk-sjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger. Det må sikrast at system for handtering av overvatn

				(ekstremnedbør) er tilstrekkeleg dimensjonert.
Trafikk-tryggleik		X	Avkøyrsle frå aust er ikkje eigna for tyngre køyretøy. Næringsarealet vil bli ei utviding av eksisterande verksemd, og tilkomst til området vil skje frå vest.	
Ureining	X		Ikkje registrert ureining per i dag.	Risiko for ureining i anleggsfasen - dette må ein ivareta gjennom avbøtande tiltak/krav til fyllingsarbeidet.
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Kort utrykkingstid frå Svelgen brannstasjon.	


Samla vurdering

Tiltaket har middels negative verknader for strandsone og landskap, og stor negativ verknad for naturmangfald ved at ålegraseng, vurdert som svært viktig, kan bli øydelagt. Tiltaket har store positive verknader i høve kommunen sin arealstrategi. Det vil også vere positivt å kunne nytte overskotsmasse frå tunnelbygging Svelgen-Indrehus for parsell av Kystvegen til samfunnsnyttige føremål, og å kunne nytte/deponere massane i nær avstand frå tunnelinnslag i Svelgen. Dei negative verknadane er redusert ved revidert forslag, og det kan vere mulig å oppretthalde deler av ålegraslokaliteten. Lokaliteten sin verdi for torskebestanden i Frøysjøen og Gulenfjordane, og korleis resterande del av lokaliteten kan ivaretakast må vurderast nærare gjennom detaljregulering. I detaljregulering må omsyn til strandsone, landskap og nærliggjande busetnad vektleggjast ved utforming og plassering av tiltak. Forutsett risikoreduserande tiltak som krav til stormflosikker byggjehøgde og tilfredsstillande system for overvasshandtering vil ikkje tiltaket medføre auka risiko. Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i framtidig detaljregulering.

Konklusjon

Tiltaket er i samsvar med kommunen sin arealstrategi for industri og kontorarbeidsplassar, der ein vektlegg tilrettelegging for at etablerte industriaktørar skal ha naudsynt areal for å kunne oppnå vekst dei neste ti åra. Realisering av sjøfyllinga vil også kunne avhjelpe behov for deponi for tunnelmasse i samband med Kystvegparsellen Svelgen-Indrehus og sikre samfunnsnyttig bruk av massane. Næringsarealet medfører ikkje auka transportbehov eller ureining, og ligg i gangavstand frå etablerte bustadområde. Negative verknader for strandsone er i hovudsak knytt til naturmangfald. Skade på ålegraseng-lokaliteten Breivika må ein prøve å avgrense gjennom detaljreguleringa. Tiltaket medfører nye arbeidsplassar, og dei store samfunnsmessige fordelane vert vurdert som større enn dei negative verknadane av tiltaket. Dette er under føresetnad av avbøtande tiltak for å hindre ureining knytt til fylling i sjø og tekniske tiltak ved etablering av


næringsareal (byggjehøgde og overvassystem). Tiltaket vert innarbeidd i plan, som område BN38 - Framtidig næringsbebyggelse (1300) og VS32 - Småbåthamn (6230), med krav om detaljregulering. Området er på ca 24 000 m². Avgrensing går fram av utklippet under.



3.1.13 Næringsareal Breivika Vest, BN46

Formål/bruk i dag	Sjøareal
Planstatus	FFNF i gjeldande KPA. Grensar mot regulert sjøfylling i godkjent detalj-regulering for industriområde Breivika, KST-010/19.
Forslag til ny arealbruk	Utfylling i sjø for næringsareal.
Arealstorleik	Ca 18 daa




Forslagsstillar	Breivika Eigedom AS	 *Raudt skravert areal viser ny sjøfylling.*
Skildring	I detaljreguleringsplan for industriområde Breivika er det planlagt sjøfylling på denne strekninga. Breivika Eigedom har behov for meir areal, og på grunn av påreknelig tilgang på tunnelmassar er det ynskje om å utvide næringsarealet ytterlegare. Det utvida området utnyttar eit flatare område i sjøen for fylling, og gjev eit større areal med betre arrondering av tomt over sjønivå.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	-	-	-	Ikkje relevant
Landskap 	2	-2	-2	Sjøflate vert borte, tiltaket vert synleg frå bustader i nærområdet. Totalverknad av nytt og etablert areal gir eit auka urbant landskapsbilde.
Naturmangfald	2	-1	-1	Gytefelt for torsk, regionalt viktig – verdi B. Elles ingen kjende/registrerte verdiar. Ved å ta omsyn til gyteperioden ved anleggsarbeid vert ikkje verknaden for feltet vesentleg.
Strandsone	1	-1	0	Naturleg strandsone er allereie regulert vekk i detaljregulering for industriområde Breivika.
Vassmiljø	2	-1	0/-1	Nordgulen er registrert med moderat økologisk tilstand (www.vann-nett.no). Påverka av punktutslepp frå industri og kommunalt avløpsvatn, spesielt inst i fjorden.

				Verknad i anleggsfasen for sjøfylling, ikkje permanent endring av vassmiljø. Forutset krav om avbøtande tiltak i anleggsfasen.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ikkje registrerte kulturminne i tiltaksområdet
Mineralressursar	1	0	0	Ikkje registrerte mineralressursar i tiltaksområdet
Friluftsliv	1	-1	0	Området er lite eigna/brukt til friluftsliv. Tilkomst til arealet er redusert gjennom regulert næringsareal. Utstrekninga av sjøfylling kan ha ein liten negativ verknad for sjøretta friluftsliv (båtutfart og fiske).
Overordna arealføring	3	+2	+3	Svært positivt for tilrettelegging for ønska vekst for etablerte industriaktørar. Positivt å kunne nytte overskotsmasse frå tunnelbygging til samfunnsnyttig føremål.
Teknisk infrastruktur	1	+1	0	Nærleik til tekniske anlegg (VA, el) og offentleg veg.
Transportbehov	2	+1	0	Arbeidsplassar nær der folk bur
Folkehelse	2	-1	0	Påverknad på buområde i nærleiken. Krav om at bruk av næringsarealet ikkje skal medføre miljøulemper.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	0	0	0	-

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling.	Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i framtidig detaljregulering.
Flaum		X	Deler av det vurderte området kan vere utsett for flaumfare.	

			 *(https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)*	
Klima-sårbarheit	X		Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruk-sjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger. Det må sikrast at system for handtering av overvatn (ekstremnedbør) er tilstrekkeleg dimensjonert.
Trafikk-tryggleik		X		
Ureining	X		Ikkje registrert ureining per i dag.	Risiko for ureining i anleggsfasen - dette må ein ivareta gjennom avbøtande tiltak/krav til fyllingsarbeidet.
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Kort utrykkingstid frå Svelgen brannstasjon.	


Samla vurdering

Tiltaket har få negative verknad i høve natur- og miljø, men kan ha ein viss negativ verknad for landskapet, jf. KU-tema ovanfor.

Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i framtidig detaljregulering. Tiltaket har positiv verdi i høve kommunen sin arealstrategi. Det vil også vere positivt å kunne nytte overskotsmasse frå tunnelbygging Svelgen-Indrehus for parsell av Kystvegen til samfunnsnyttige føremål, og å kunne nytte/deponere massane i nær avstand frå tunnelinnslag i Svelgen. Dei negative verknadane kan reduserast ved avbøtande tiltak, som miljøkrav til drift og anleggsarbeid. Forutsett risikoreduserande tiltak som krav til stormflosikker byggjehøgde og tilfredsstillande system for overvasshandtering vil ikkje tiltaket medføre auka risiko. Grunntilhøve (marin leire) må avklarast i detaljregulering.

Konklusjon


Tiltaket er i samsvar med kommunen sin arealstrategi for industri og kontorarbeidsplassar, der ein vektlegg tilrettelegging for at etablerte industriaktørar skal ha naudsynt areal for å kunne oppnå vekst dei neste ti åra. Realisering av sjøfyllinga vil også kunne avhjelpe behov for deponi for tunnelmasse i samband med Kystvegparsellen Svelgen-Indrehus og sikre samfunnsnyttig bruk av massane. Næringsarealet medfører ikkje auka transportbehov eller ureining, og ligg nært etablerte bustadområde. Negative verknader for nærliggjande bustader kan avbøtast ved å setje krav til anleggsfase og drift. Tiltaket inngår som del av eit større næringsområde for Breivika Eigedom, og medfører samla sett nye arbeidsplassar. Ein føreset at næringsaktiviteten ikkje skal medføre miljøulemper for bustadane i nærområdet. Det må setjast krav om nødvendige tiltak for å hindre ureining knytt til fylling i sjø og tekniske tiltak ved etablering av næringsareal (byggjehøgde og overvassystem). Tiltaket vert innarbeidd i plan som BN46 - framtidig Næringsbebyggelse (1300), med krav om detaljregulering. Føremålet utgjer ca 16 600 m².



3.1.14 Utviding av næringsareal Rise, BN49. Ny KU til 3.gongs offentleg høyring



Utklipp frå www.google.no/maps

Formål/bruk i dag	Utmark, delvis anleggsområde.	 Vurdert område
Planstatus	Ikkje regulert. Grensar mot regulert industriareal i aust.	
Forslag til ny arealbruk	Nærings-/industriareal	
Arealstorleik	Ca 1200 m2	
Forslagsstillar	Klausen industrier AS.	 *Skisse frå forslagsstillar Klausen Industri*
Skildring	Tilrettelegging av næringsareal for vidareutvikling av mekanisk verksemd, Klausen Industrier. Verksemda har positiv utvikling, og har behov for auka areal, både bygg og parkering.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Arealet er ueigna til landbruk/beite
Landskap	1	-1	0	Området er prega av tekniske inngrep i samband med etablering av vassforsyning til Breivika eigedom og bygging av ny gang- og sykkelveg langs fv. 614. Bygg vil ha ein naturleg samanheng med eksisterande næringsområde.
Naturmangfald 	1	0	0	Det er ikkje registrert spesielle naturtypar eller førekomst av sårbare artar på området.
Strandsone	2	-1	0	Området ligg innanfor 100 m-sona langs sjø. Byggjeområdet kjem kun 15 m frå strandlina på det næraste, men strandsona er bratt og lite funksjonell på store delar av strekninga. Arealet mellom føremålet og sjø er sidan borehol for rørtrase frå Risevatnet kjem ut her. Bygget blir liggande på eit høgre nivå (om lag kote +17 moh), og påverkar strandsona i liten grad.
Vassmiljø	2	-1	0	Nordgulen er registrert med moderat økologisk tilstand (www.vann-nett.no). Påverka av punktutslepp frå industri og kommunalt avløpsvatn, spesielt inst i fjorden. Bygg blir tilknytt offentleg avløp, og vil ikkje påverke vassmiljøet. Det er ikkje registrert elvar/bekkar i området.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ikkje registrerte kulturminne i tiltaksområdet
Mineralressursar	1	0	0	Ikkje registrerte mineralressursar i tiltaksområdet.
Friluftsliv	1	-1	0	Det er ingen registrerte friluftsinteresser som blir råka.
Overordna arealføring	3	+2	+3	Svært positivt for tilrettelegging for ønska vekst for etablerte industriaktørar. Positivt å kunne nytte

				overskotsmasse frå tunnelbygging til samfunnsnyttig føremål.
Teknisk infrastruktur	2	+1	0	Nærleik til tekniske anlegg (VA, el), fjernvarme, gang- og sykkelveg.
Transportbehov	2	+1	0	Arbeidsplassar nær der folk bur
Folkehelse	1	-1	0	Påverkar ikkje areal som er viktig for friluftsliv og rekreasjon.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	-1	0	

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare		Vurdering	
	Ja	Nei		
Skred  Skredfarekart og mogleg marin leire (NVE).		X		Kan vere mindre fjellskrentar i tiltaksområdet som ikkje er vurdert. Tiltaksområdet ligg delvis under marin grense, men grunnen er bart fjell/tynt lausmassedekke, jf. lausmassekart (NGU), og ved planering rundt kote +17 moh vil grunnen vere fast fjell.
Flaum		X		Ingen bekkar/elvar i nærområdet.
Klima-sårbarheit		X		Ligg over stormflosikker byggjehøgde. Rask avrenning for overflatevatn til sjø.
Trafikk-tryggleik		X		Avkøyrsle mot vest er i strid med reguleringsplan for Fv614 gang- og sykkelveg Svelgen, og må avklarast i høve denne. Det er allereie etablert avkøyrsle i austleg retning i strid med planen.
Ureining		X		Ikkje kjend ureining, og verksemda medfører ikkje nye utslepp.
Digital kommunika-sjon		X		


Beredskap og ulukkesrisiko		X		Tiltaket medfører ikkje auka ulukkesrisiko. Kort utrykkingstid frå Svelgen brannstasjon.

Samla vurdering

Tiltaket har ikkje ingen betydelege negative verknader, og medfører ikkje auka risiko. Føremålet er i samsvar med kommunen sin arealstrategi,.

Konklusjon

Tiltaket vert innarbeidd i plan med føremål næring/industri, BN 49, ca 1,2 daa. Sidan området er lite og ligg inntil eksisterande industriområde, vert det ikkje sett krav om detaljregulering for byggjeområdet. Eventuell vegtilkomst frå vest kjem går gjennom regulert område for Fv614 gang- og sykkelveg Svelgen, detaljeringssone 201801, og vil kunne medføre reguleringsendring. Føresegner vert tilpassa føresegner for regulert industriområde i aust, men med høgre utnytting (inntil 75 % BYA).



3.1.15 Naustneset – Småbåthamn, VS19 og BAB146



Foto Nordplan 04.03.19.

Formål/bruk i dag	Grunn strandsone, med naust
Planstatus	Reguleringsplan for Svelgen sentrum nord. Naustområde (N) langs land og Trafikkområde i sjø (TRS) KPA: Sjø og vassdrag for allmenn fleirbruk (FFNF)
Forslag til ny arealbruk	Båthamn/ småbåthamn
Arealstorleik	24 429 m²
Forslagsstillar	Svelgen opp og fram
Skildring	Ynskjer båthamn i sentrum, men også å ta vare på eks naustmiljø på Naustneset.



Skisse som illustrerer ei mogleg løysing for området og gjev ein indikasjon på kva som er aktuell arealbruk.


Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Ikkje relevant problemstilling. Ingen konflikt med kjerneområde for landbruk, ref. BK sine registreringar. Ikkje relevant. Krattskog og delvis utbygd område.
Landskap	1	-1	-1	Fylkesatlas Landskapsverdi: Nordgulen. Småfjord og storsund,

				lokal verdi, del av Gulen Frøyssjøen med regional verdi. Neset vil bestå utan inngrep .Tiltak i sjø vil medføre visuell verknad, då heile vika og sjøflata blir fylt av brygger og båtar. Dagens naturområde får eit meir urbant uttrykk, og ein får noko redusert landskapsverdi.
Naturmangfald	2	0	0	Gyteområde for torsk i sjøen, regionalt viktig verdi B, elles ingen registreringar i Fylkesatlas, *https://www.miljostatus.no/kart/*
Strandsone 	2	-1	-1/-2	Båthamn med tilkomst vil medføre inngrep i strandsona, men føresetnaden om at naustmiljø skal ivaretakast gjer ulempene litt mindre. Funksjonen er også eit tiltak for å lette tilgangen til sjø for fleire, noko som er positivt.
Vassmiljø	1	0	0	Vannforekomst Nordgulen, tilstand MODERAT. Ein føreset at ev. tiltak vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten. *(VannNett)*
Kulturminne og kulturmiljø	1	-1	-1	Fire naust som er SEFRAK registrerte inne i bukta der ein ynskjer å plassere båthamna. Middels negativt for desse at bruken av bukta ver mykje endra, men området skal framleis nyttast til båtaktivitet, og endringa vil ikkje vere til hinder for at nausta kan nyttast som før.
Mineralressursar				Ikkje relevant, ingen registreringar i *www.norgeskart.no/geoportal/*
Friluftsliv	2	-1/-2	-2	Ved å endre bruken til småbåthamn vil ein redusere det naturlege preget. Samtidig legg ein til rette for større bruk, og for betre tilgang til sjøen frå sentrum, dette er ein positiv verknad.
Overordna arealføring	-	-	-	Kommunen har ingen overordna arealføring som omfattar ønska tiltak.
SAMFUNN				

Teknisk infrastruktur	Ingen	0	0	Ikkje relevant pga. den planlagde bruken. Dersom det vert aktuelt å etablere t.d. sanitærfunksjon vil sentrumsnær plassering gjere at avstanden til eksisterande ledningsnett er akseptabel.
Transportbehov	Bil	-1	-1	Tilkomst via Fv614 Gulevegen, via kommunal veg (Skulevegen/Naustvegen). Nærleik til Svelgen sentrum gjer at fleire kan gå/sykle til båthamna. Parkering kan løysast i sentrum ved å utnytte ledig kapasitet på ettermiddag/kveld.
Folkehelse	1/2	-1/-2	-1	Negativ verknad at strandsona vert meir opparbeidd, men positivt at det vert etablert tilgang til sjøen så nær sentrum og meir samanhengande gangsamband langs sjø – nøytral verdi totalt.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	2	-1	0/-1	Potensielt negativ verknad, føresett at konkret opparbeiding og løysingar vert gjort med tanke på også denne målgruppa er samla verknad vurdert nøytral.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Ingen aktsemdssoner registrert i eller ved vurdert område. (*Fylkesatlas, DOK Snø og steinsprang, DOK jord og flaumskred aktsomhetssoner.)* Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling.	Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i framtidig detaljregulering.
Flaum			Deler av det vurderte området kan vere utsett for flaumfare/stormflo.	

			 *(https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)*	
Klima-sårbarheit	X		Strandsona i det vurderte området vil vere påverka av havnivå og bølger. Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruk-sjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger.
Trafikk-tryggleik		X	Båthamna går ut i sjøområde som blir brukt til farled og manøvreringsarealet for skipstrafikken til og frå Elkem Bremanger.	Avgrensing mot farlei og manøvreringsareal for skipstrafikk må sikrast gjennom detaljregulering.
Ureining		X	Ingen registrerte område i eller ved vurdert område. (grunnforurensning.miljodirektoratet.no)	Det vil vere viktig å forhindre at utfylt masse kan utvaskast slik at det vert avsett sprengeslam i områda rundt.
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området *(Dekningskart. Telenor Radio.no)*	Mindre relevant for denne typen bruk.
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Kort utrykkingstid frå Svelgen brannstasjon.	

Samandrag

Det vil vere krav om detaljregulering for å gjennomføre dei ønska tiltaka. Det er ein føresetnad at den naturlege standsona vert vidareført inne i bukta ved eksisterande naust. Fare for kvikkleire må

utgreiast nærare i framtidig detaljregulering. I samband med opparbeiding av området bør det leggast til rette for betre samband frå Naustneset og vidare vestover. På denne måten kan ein oppnå at dette friområdet vert ein meir tilgjengeleg del av strandsona og ein attraktiv del av miljøet i sentrum. Havnivå er sett til kote +3 og ein må ta omsyn til dette ved plassering av bygningar og anlegg.


Det er lite høve til å utvide kapasiteten med naust i området. Ein ser at for bruken av hamna vil det vere viktig å finne plass til ei båtstød i tilknyting til biltilkomst.

Bilar inn til området må kome via ein variant av eksisterande traktorveg. Parkeringskapasiteten i sentrum er god på ettermiddag og helg og ein legg opp til at parkering i tilknyting til båthamna i hovudsak skal skje på eksisterande plassar. Småbåthamna må ikkje komme inn i farleia eller manøvreringsarealet til skipstrafikken til og frå Elkem Bremanger.

Konklusjon

Det vert lagt inn eit område for framtidig småbåthamn (6230) i sjø, kalla VS19 og andre typar nærare angitt utbygging og anlegg (1500) på land, kalla BAB146, med avgrensing som vist under. Landarealet er på 2243m². Føresegner/detaljregulering må setje krav i høve farlei og manøvreringsareal for skipstrafikken.

For å sikre samband til områda omkring er det lagt inn ei linje for framtidig turveg/turdrag (1140) vidare vestover i LNF føremålet langs sjøen.



3.1.16 Byggjeområde for bustader Naustneset, Svelgen, B72



Del av byggjeområde på Naustneset sett frå sørvest, utsikt mot sentrum.

Konsekvensutgreiing er utarbeidd av Bremanger kommune etter politisk gjennomgang av saka.

Formål/bruk i dag	Utmark
Planstatus	Friluftsområde (FRL) i gjeldande reguleringsplan for Svelgen sentrum
Forslag til ny arealbruk	Byggjeområde for bustader
Arealstorleik	Ca 1,9 daa
Forslagsstillar	Bremanger kommune
Skildring	Tiltaksområdet ligg på gnr/bnr 38/255 på Naustneset i Svelgen, på tomt for tidlegare sjukeheim. Denne skal byggjast om til husvære, og det er ynskje om ytterlegare fortetting med fleirbustadbygg for å kunne utnytte tomten og den sentrumsnære plasseringa.



Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Grunnlendt lauvskog, jf. AR5. Ingen landbruksmessig verdi.
Landskap	1	-1	-1	Landskapsverdi (fylkesatlas): Nordgulen. Småfjord og storsund, lokal verdi, del av Gulen/Frøysjøen med regional verdi. Området er allereie utbygt, og sjølve neset vil bestå utan inngrep sjølv om byggjeområdet blir utvida. Utvidinga er avgrensa mot høgste punktet, slik at nye bygg ikkje skal bli unødig eksponert i landskapet. Dagens

				naturområde får eit meir urbant uttrykk, og ein får noko redusert landskapsverdi.
Naturmangfald	1	-1	0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller førekomst av raudlista artar i tiltaksområdet.
Strandsone	1	-1	-1	Strandsona har veldig stor helling/hammar (SSB), og er ikkje tilgjengeleg for opphald. Sjølv om tiltaksområdet kjem kun 15-20 m frå sjø ligg området over kote 20, og vil påverke strandsona sin verdi for landskapet, opphald, dyreliv og anna biologisk mangfald lite.
Vassmiljø	1	0	0	Vannforekomst Nordgulen, tilstand MODERAT. Tiltak vert tilknytt offentleg avløpsanlegg og handsama i samsvar med gjeldande regelverk, og får liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten. *(VannNett)*
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller SEFRAK-bygg eller andre objekt (steingardar etc.) i tiltaksområdet.
Mineralressursar	-	-	-	Det er ikkje registrert utnyttbare mineralressursar i tiltaksområdet.
Friluftsliv	2	-2	-2	Området har planstatus friluftsområde, men det er ikkje registrert særskilt bruk i dag. Ved eventuell etablering av småbåthamn på Naustneset (jf. KU kap 3.1.13), er det tenkt å leggje til rette for betre samband frå Naustneset og vidare vestover. Resterande del av friområdet vil då verte ein meir tilgjengeleg del av strandsona og ein attraktiv del av miljøet i sentrum. Bruksverdien av området til friluftsføremål kan såleis auke sjølv om arealet blir redusert. Det bør setjast krav i detaljregulering om open, gjennomgåande gangsti over tomten.
Overordna arealføring	2	+2	+2	Utdrag frå arealstrategien: Føring for bustader: Kommunen ynskjer ei fortetting av utbygde område i tettstadane og tilrettelegging for ulike bustadtypar. Bustadfelt skal leggjast i tilknyting til tettstadar og etablert infrastruktur.

				Tiltaket medfører fortetting i sentrumsnært område i Svelgen, og legg til rette for oppføring av fleirbustadbygg.
Teknisk infrastruktur	2	1	1	Kort avstand frå offentleg veg, og tilgang til kommunal vassforsyning og avløp.
Transportbehov	1	0	0	Sentrumsnært. Gang- og sykkelavstand til skule/barnehage og butikk.
Folkehelse	1	+1	0	Liten verknad. Positivt med eit styrka bustadmiljø nær sentrum. God tilgang til nærfriluftsliv, kort skuleveg og kommunal vassforsyning.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	+1	+1	Nærleik til skule, fritidsaktivitetar og idrettsanlegg gjer at tiltaket er vurdert å vere positivt for oppvekstvilkåra.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Tiltaksområdet ligg ikkje innanfor faresone for skred, jf. NVE/skrednett. Området ligg under marin grense, men er i hovudsak bart fjell, utan risiko for kvikkleireskred.	
Flaum		X	Ingen kjende elve- eller bekkeløp i området som vil kunne føre til flaum i dag.	
Klima-sårbarheit		X	Tiltaksområdet ligg høgt i terrenget, og vil ikkje vere utsett for havnivåendring og stormflo. Området kan vere utsett for vindpåverknad. Det er vidare ikkje kjennskap til negativ klimapåverknad knytt til overflatevatn,	


			skog- og lyngbrann.	
Trafikk-tryggleik		X	Det er ikkje gang-/sykkelveg langs Skulevegen, men det er liten trafikk langs vegen. Høve til å nytte ev. opparbeidd snarveg/gangsti mot sentrum.	Tiltaket vil gje minimal verknad på risikoen for trafikkulukker, og er vurdert til å vere akseptabel. Ved regulering av området bør det vurderast behov for fortau langs Skulevegen.
Ureining		X	Det er ikkje registrert grunnforureining eller utslepp i området.	
Digital kommunika-sjon		X	God DAB-dekning (Radio.no). 4G og 4G+ dekning i fylgje Telenor sitt dekningskart.	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Bratt hammar i bakkant av byggjeområdet kan medføre risiko for fallulukke ved utvida bruk av området. Utover dette vil ikkje tiltaket medføre auka ulukkesrisiko. Kort utrykkingstid for brannvesenet.	Krav om tilfredsstillande sikring av hammar i bakkant av byggjeområdet i detaljregulering/før utbygging.

Samla vurdering

Området ligg innanfor 100 m-beltet langs sjø, men i tilknyting til utbygt område. Tiltaket har ikkje vesentlege negative konsekvensar. Eventuelle negative konsekvensar ved reduksjon av friluftsareal vert redusert ved auka tilrettelegging av resterande friluftsområde og etablering av gangsti/samband mellom sentrum og friluftsområdet og resten av Naustneset. Fortetting av sentrumsnære område er i samsvar med vedteken arealstrategi, og tiltaksområdet ligg sentralt i kommunesenteret. Tomten er godt eigna for fleirbustadbygg, og utsikta vil gjere bustadane attraktive.



Flyfoto som viser tiltaksområdet på Naustneset




Konklusjon

Området er lagt inn i arealdelen med feltkode B72, byggjeområde for bustader, med krav om detaljregulering og konsentrert busetnad. Nye bygg skal tilpassast omgjevnadane når det gjeld volum og plassering. Byggjegrense mot sjø, detaljar om høgde på bygg og utnyttingsgrad (%-BYA) og eventuelt tal einingar må avklarast i detaljregulering. Detaljreguleringa må ivareta gjennomgåande gangsti og sikring langs hammar mot sjø, og det må vurderast behov for fortau langs Skulevegen.

3.1.17 Svelgen Sentrum – Næring, gbnr. 38/372, BN37. Endra etter 1.gongs offentleg ettersyn


Formål/bruk i dag	Deler av vurderingsområdet er brukt til næring og parkering knytt til næring.
Planstatus	Reguleringsplan for Svelgen sentrum. Forretning /kontor og Park.
Forslag til ny arealbruk	Næringsføremål, auka utnytting
Arealstorleik	2,8 daa
Forslagsstillar	LMK drift v/Bjørgulf Myklebust
Skildring	LMK drift ynskjer næringsføremål på heile sin eigedom, og høgare utnyttingsgrad. Utnyttingsgraden for arealet som ligg som Forretning /kontor i gjeldande reguleringsplan er sett til %BYA=70%.



Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Ikkje relevant problemstilling .

Landskap	1	-1	-1	Landskapsverdi: Nordgulen. Småfjord og storsund, lokal verdi, del av Gulen Frøyssjøen med regional verdi. Området er i dag urbant landskap. Arealet er planert grasslette med ei mindre trerekke langs fv.
Naturmangfald	1	-1	0	Registrert fiskemåse ved munninga av Riselva, ut over dette ingen registreringar i vurdert område. Dei endringane ein vurderer vil ha lite/ingen innverknad for eventuell måsebestand. (*Fylkesatlas, https://www.miljostatus.no/kart/)*
Strandsone	1	0	0	Inga naturleg strandsone, området er opparbeida med veg og småbåthamn.
Vassmiljø	1	0	0	Vannforekomst Nordgulen, tilstand MODERAT. Ein føreset at ev. tiltak vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten. *(VannNett)*
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registreringar i det aktuelle området *(Fylkesatlas).*
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar i *www.norgeskart.no/geoportal/*
Friluftsliv	2	-1	-1	Deler av det vurderte området er brukt som park. Avgrensa areal har lite/ingen bruk og tiltaket får liten/ingen verknad.
Overordna arealføring				*Bremanger kommune skal ha hovudfokus på å utvikle kommunesenteret Svelgen, ved å setje av areal til sentrumsfunksjonar, servicenæring og ulike typar bustader. Det skal setjast av bilfrie areal til uformelle møteplassar i tettstadane våre. Møteplassane skal ha universell utforming og kunne brukast av folk i alle aldrar.*
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Kun relevant for tilkomstforhold, det vil vere mest aktuelt å nytte eksisterande struktur.
Transportbehov	1	0	0	Som før.

Folkehelse	1	-1	0	Marginal reduksjon av parkarealet.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	-1	0	Reduksjon av parkareal vil kunne ha negativ verknad for barn og unge sin bruk av området. Endringa vil ikkje medføre at område som er særskilt tilrettelagt for denne gruppa vert fjerna/ får redusert kvalitet.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Ingen aktsemdssoner registrert i eller ved vurdert område. (Fylkesatlas, DOK Snø og steinsprang, DOK jord og flaumskred aktsomheitssoner.) Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling.	Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i framtidig detaljregulering. (ved relevante tiltak).
Flaum			Deler av det vurderte området kan vere utsett for flaumfare.  (https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)	
Klima-sårbarheit	X		Strandsona i den vurderte området vil vere påverka av havnivå og bølger. Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruk-sjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å

			Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	tole saltvatn/bølger.
Trafikk-tryggleik		X	Ingen endring.	
Ureining		X	Ingen registrerte problemstillingar i eller ved vurdert område *(grunnforurensning.miljodirektoratet.no)*	
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området *(Dekningskart. Telenor Radio.no)*	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Kort utrykkingstid frå Svelgen brannstasjon.	

Samandrag


Ein reduserer det store parkarealet ved å opne for industri på deler av arealet. Parkarealet har i dag dårleg utnytting, og relativt avgrensa bruk. Det er lokale arbeidsgrupper som ser på høvet til å utnytte parkarealet betre, og meir detaljert arealbruk bør avklarast gjennom detaljregulering.

Det er ei målsetjing for kommunen at det resterande parkarealet då kan bli meir hensiktsmessig arrondert og kan opparbeidast til auka bruk.

Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i framtidig detaljregulering, dersom det vert planlagt føremål som utløyser problemstillinga.

Havnivå er sett til kote +3 og ein må ta omsyn til dette ved plassering av bygningar og anlegg. Arealet vart avgrensa før 2.gongs offenleg høyring.

Konklusjon




Framlegg ved 1.gongs offentleg høyring

Etter handsaming i formannskapet er BN37 sletta, og føremålet endra til parkføremål GF47.


3.1.18 Kvelve – Bustader, B64



Kvelve ligg langs sørsida av eksisterande sentrumsbusetnad i Svelgen , markert med orange sirkel. Utklipp få Google Earth Pro.



Formål/bruk i dag	Utmark, delvis skogdekt.	
Planstatus	Reguleringsplan Svelgen 07.09.01:Jordbruk, friluftsområde (sjå utklipp t.h.)	
Forslag til ny arealbruk	Bustader (1110)	
Arealstorleik	17,3daa	
Forslagsstillar	Bremanger kommune	
Skildring	Kommunen har teke initiativ til å utgreie moglegheita for å innarbeide nokre bustadtomter i tilknyting til eksisterande bustadfelt på Kvelve i Svelgen sentrum. Bakgrunnen for dette er eit behov for sentrumsnære tomter. Omfang er tilpassa dei føringane som kjem fram i KU.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)

MILJØ				
Landbruksressursar	1	-1	-1	Ingen konflikt med kjerneområde for landbruk, ref. BK sine registreringar. Ein mindre del av arealet har vore nytta til jordbruk (om lag 200 m2). Tilkomst og plassering i lag med svært avgrensa utstrekning gjer at dette er eit areal med lite rasjonell drift.
Landskap 	1	-1	0	Kulturlandskap ligg på ei hylle/flate, med overgang til høgdedraga Kvelvehammaren og Kruna. Dyrkajord og beitemark saman med tunet er synleg frå sentrum. Utbygging kan gjerast utan store terrenginngrep og som ei naturleg utviding av etablerte bustadområde og vil vere lite synleg frå Svelgen sentrum, meir synleg frå øvre del av bustadområda nord for bukta.
Naturmangfald	1	0	0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller sårbare artar i området jf. Fylkesatlas, https://www.miljostatus.no/kart/
Strandsone	0	0	0	Avstand til sjø >100m, ikkje relevant problemstilling.
Vassmiljø	1	0	0	Vannforekomst Nordgulen, tilstand MODERAT. Ein føreset at ev. tiltak vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten. *VannNett.* Det går ein mindre bekk gjennom området, som ikkje må lukkast. Kantvegetasjon vert ivareteke gjennom byggjegrense og føresegner.
Kulturminne og kulturmiljø	1	-1	0	Ingen registreringar i Fylkesatlas. Endringa medfører redusert verdi av eit sentrumsnært kulturlandskap. Gardstunet på gbnr. 38/363 bør ivaretakast i størst mulig grad.
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar i www.norgeskart.no/geoportal/
Friluftsliv	1	-1	0	Område aust for det vurderte områder er nytta til aking og nærfriluftsliv av skule og barnehage. Ut over dette

				kjenner ein ikkje til at området er nytta til friluftsliv i særskilt utstrekning.
Overordna arealføring	2	+2	+2	*Kommunen ynskjer ei fortetting av utbygde område i tettstadane og tilrettelegging for ulike bustadtypar. Bustadfelt skal leggast i tilknyting til tettstader og etablert infrastruktur.* *Eksisterande og framtidige byggjeområde for bustad og næring skal ha tilfredsstillande mobil og breibanddekning.* Breibandutbygging i Svelgen er tilfredsstillande.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	-1	0	Offentlege anlegg har kapasitet til å handtere inntil 3 nye bustader i området.
Transportbehov	2	-1	0	Tilkomst via kommunal veg «Kvelve». Vegen er bratt, og går gjennom eksisterande byggjeområde og er difor vanskeleg å utbetre, dette er ein avgrensande faktor for utbygginga.
Folkehelse	1	+1	0	God tilgang til nærfriluftsliv, kort skuleveg og kommunal vassforsyning. Lite/ingen verknad. Positiv med eit styrka bustadmiljø nær sentrum.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	+1	0	Potensielt positiv verknad, ved at ein kan opparbeide gode bustadtilbod med tilhøyrande infrastruktur og leikeareal, dette føreset at nemnde akebakke aust for planområdet er tilgjengeleg for bruk også etter utbygging.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		

Skred 		X	I deler av det vurderte området er det registrert skredfaresoner. Avgrensinga av området som er innarbeidd i plankartet er tilpassa desse sonene, slik at det ikkje er konflikt. Som det går fram av utklippet t.v. er om lag halvparten av det oprinnelege vurderte området dekka av gul sone (Skredfaresone 5000år) (*Fylkesatlas, DOK Skredfaresoner).* Området ligg over Marin grense og kvikkleire er derfor ikkje ei relevant problemstilling.	
Flaum		X	Eit lite areal heilt i ytterkanten av vurdert område kan vere utsett for flaumfare. Avgrensinga av området som er innarbeidd i plankartet er ikkje i konflikt med denne  sona. (*https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)*	
Klima-sårbarheit		X	Ein kjenner ikkje til særskilte sårbarheitsforhold eller risikomoment med tanke på dei estimerte klimaendringane. Overflatevatn kan alltid vere ei problemstilling, særlig i tilfelle med ekstremnedbør.	Sikre at overvatn er handtert godt nok.
Trafikk-tryggleik	X		Det bør gjerast ei vurdering av tilkomsten, med tanke på kapasitet og moglege grep med tanke på forholda for mjuke trafikkantar til planområdet.	Forhold for mjuke trafikkantar
Ureining			Ingen registrerte ureiningsområde i eller ved vurdert område *(grunnforurensning.miljodirektoratet.no)*	
Digital kommunika-sjon			Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området *(Dekningskart. Telenor Radio.no)*	


Beredskap og ulukkesrisiko			Kort utrykkingstid frå Svelgen brannstasjon. Ingen særskilte problemstillingar knytt til vurdert område.	

Samandrag

Med bakgrunn i vurderinga gjort, spesielt belastninga på vegnettet, vert utbygginga avgrensa til inntil tre tomter for einebustader. På grunn av tilkomst og topografi er området lite eigna for meir enn 3 bustader. Byggjeområdet er vurdert som positivt med tanke på dei behov og føringar som kommunen har synleggjort. Avgrensinga er mellom anna gjort ved identifiserte skredfaregrenser, slik at dette ikkje skal vere ei problemstilling ved utbygging. Ein føreset at utbygging kan skje utan nærare planarbeid, utover bindande situasjonsplan som viser tilkomst og tomtedeling under eitt.




Til venstre: Bilde av planområdet sett frå nord, illustrerer det området som er aktuelt for plassering av bustadtomter (Foto Bremanger kommune).




Konklusjon

Området er innarbeidd i arealdelen med eit føremål kalla B64 – framtidig -bustader (1110) og avgrensing som illustrert t.v. Føremålet utgjer 7042m² og det er opna for inntil 3 bustadtomter.

3.1.19 Vestrebotnen - Deponiområde for masse, BAB141.



Formål/bruk i dag	Skogsterreng ved motorcrossbane, det går fleire kraftlinjer i og ved det aktuelle området.
Planstatus	Ikkje detaljregulert. I KPA er deler av området avsett til motorcross-bane medan resten ligg som LNF, sjå utklipp t.h.
Forslag til ny arealbruk	Andre typer nærmere angitt bebyggelse og anlegg (1500) – masselagring
Arealstorleik	Ca 50 daa
Forslags-stillar	Bremanger kommune





Vurdert område over flyfoto frå Fylkesatlas.


Skildring	Kommunen har behov for å identifisere eit definert område for mellomlagring og deponi av reine stein- og jordmassar med biologisk materiale for


	kompostering/permanent lagring. Eksempelvis renskemasse, torv, røter og jord som ikkje er eigna til landbruksføremål. Ein føreset at det er snakk om eit innegjerda anlegg, der anleggseigar har kontroll med kva massar som vert tilført til ei kvar tid.

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Ingen konflikt med kjerneområde for landbruk, ref. BK sine registreringar. Utmarksområde, delvis skogkledd.
Landskap	1	-1	0	Utfylling kan gjerast ved å fylle ut eit lite dalsøkk i terrenget opp til eller ev. litt over nivået på Hornelsvegen som passerer like ved. Tiltaket vil vere synleg få vegen i anleggsfasen med ferdig terreng kan formast på ein lik måte at dette ikkje framstår dominerande i landskapet på nokon måte
Naturmangfald	1	-1	0	Ingen registreringar som indikerer at dette er ei problemstilling for området per i dag. Fylkesatlas, https://www.miljostatus.no/kart/ Ved mellomlagring/deponering av jord med biologisk materiale vil spreiing av framande artar vere ei problemstilling som ein må handtere forsvarleg.
Strandsone	-	-	-	Avstand til sjø >100m og avstand til Svelgsvatnet er over 70 m, ikkje relevant problemstilling.
Vassmiljø	1	0	0	Vannforekomst, Svelgsvatnet, tilstand MODERAT (regulert, SMVF jf. www.vann-nett.no. Det må gjerast tiltak for å hindre avrenning frå massane til Svelgsvatnet. Ein føreset at ev. tiltak vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registreringar i Fylkesatlas som indikerer at dette er ei relevant problemstilling.
Mineralressursar				Ikkje relevant, ingen registreringar i www.norgeskart.no/geoportal/

Friluftsliv	1	-1/0	0	Ein kjenner ikkje til at området er nytta til friluftsliv i særskilt utstrekning.
Overordna arealføring	1	0	0	Kommunen har ingen arealføringar for denne typen føremål, men det er kommunen som stiller framlegget. Behovet er knytt til andre utbyggingstiltak (næringsareal, bustadareal etc.) som det i fylgje arealstrategien skal leggast til rette for.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1		0	Aktuell infrastruktur vil vere tilkomst frå fv 614 Hornelsvegen, avkøyring er etablert i samband med at tilliggande område er nytta til motorcross, men må truleg oppgraderast. Det går fleire kraftlinjer i og ved det vurderte området, og det er ei ny større linje under planlegging. Forholdet til denne funksjonen må avklarast nærare og det er truleg at det vil kome føringar for korleis deponering skal vere utforma/gjennomført med tanke på å unngå konflikt.
Transportbehov	0	+1	0	Denne arealbruken vil medføra auka transport til området, omfang vil variere mykje med sesong og ev. aktuelle anlegg/aktivitetar som medfører fraksjonar for deponering.
Folkehelse	1	0	0	Lite/ingen verknad.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Lite/ingen verknad.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 	X		I deler av det vurderte området er det registrert skredfaresoner. Som det går fram av utklippet t.v. er om lag halvparten av det vurderte området dekka av aktsomheitssone for snø og steinsprang) (*Fylkesatlas, DOK Snø- og steinsprang)*	Skredfare må avklarast i samband med detaljregulering.


			Området ligg over Marin grense og kvikkleire er derfor ikkje ei relevant problemstilling.	
Flaum	X		Vurdert område kan vere utsett for flaumfare. Denne problemstillinga er i konflikt med det ønska føremålet og det må truleg gjerast tiltak for å sikre at overfløyming ikkje fører til utvasking av deponert masse. Vatnet er regulert og kan dermed truleg tappast ned i ekstreme tilfelle  *(https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)*	Det må gjerast ei vurdering av flaumfare, ev sikringstiltak for å hindre utvasking i ekstremsituasjonar.
Klima-sårbarheit		X	Ein kjenner ikkje til særskilte sårbarheitsforhold eller risikomoment med tanke på dei estimerte klimaendringane.	
Trafikk-tryggleik	X			Det må gjerast ei vurdering av tilkomsten gjennom detaljregulering, med tanke på kapasitet og plassering.
Ureining		X	Ingen registrerte ureiningsområde i eller ved vurdert område (grunnforurensning.miljodirektoratet.no)	Deponi for reine massar og anlegg for handsaming av massar for gjenvinning vil krevje godkjenning etter forureiningslova.

Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området (Dekningskart. Telenor Radio.no)	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Kort utrykkingstid frå lokal brannstasjon. Ingen særskilte problemstillingar knytt til vurdert område.	

Samandrag

Før området kan nyttast til massehandtering og deponi må det gjerast nærare vurderingar i forhold til skredfare og flaumfare. Det kan vere ei utfordring at området ligg nær Fv 614 og fleire kraftlinjer, også dette må utgreiast nærare i samband med detaljregulering for området. Plasseringa er elles relativt god, med tanke på å oppnå god terrengtilpassing ved avslutta bruk og ved at den ligg relativt nær Svelgen, der ein stor del av den relevante aktiviteten går føre seg.

Konklusjon




Det er innarbeidd eit føremål kalla BAB141 -Andre typar nærare angitt bebyggelse og anlegg (1500), framtidig. Avgrensing er vist under. Føremålet utgjer 37 599m². Før området kan takast i bruk må det utarbeidast detaljreguleringsplan, og forholdet til, skred, flaum, kraftlinjer, tilkomst/fylkesveg og ev. ureining må vere avklara.

3.1.20 Stølsporden – Næring, BN52

Formål/bruk i dag	Kommunalteknisk anlegg, renovasjon v/Nomil (gjenbruksstasjon)
Planstatus	Ikkje detaljregulert. KPA: kommunalteknisk anlegg
Forslag til ny arealbruk	Næring/ Kommunalteknisk anlegg
Arealstorleik	Tilsvarar omr. i KPA 2004
Forslagsstillar	Veronica Ommedal






Skildring	Framlegg om å opne for næringsetableringar på området. (Same avgrensing som i KPA.) Særskilt nemnt at Forcit Norway kunne vore lokalisert her med leveranse av sprengstoff og tennmidlar m.a. til Bremanger Quarry. På denne måten kan ein unngå transport av farleg gods forbi skule og sentrum.


Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	1	0	0	Området for endringa er opparbeidd per i dag, nærområda er dekka av skog med høg bonitet. Det kan vere aktuelt å sikre tilkomst til skogen omkring. Ingen konflikt med kjerneområde for landbruk, ref. BK sine registreringar.
Landskap	1	0	0	Området for endringa er opparbeidd per i dag, omdisponering vil medføre lite/inga endring for landskapet.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar i Fylkesatlas eller https://www.miljostatus.no/kart/
Strandsone	1	-1	0	Stor høgdeforskjell til strandlinja gjer at endringar innanfor i vurdert område vil ha liten innverknad for korleis

				strandsona vert opplevd. Forutsett 50 m byggjegrense mot sjø gjev ikkje tiltaket negativ verknad for strandsona.  *Utklipp frå 3dkommunekart.com*
Vassmiljø	1	-1		Vannforekomst Nordgulen, tilstand MODERAT. Ein føreset at ev. tiltak vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten. *VannNett*
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registreringar i det aktuelle området (*Fylkesatlas).*
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar i www.norgeskart.no/geoportal/
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registrerte område av særskilt interesse i eller ved vurdert område.
Overordna arealføring	-	-	-	Kommunen har ingen føringar for det aktuelle føremålet. Positivt med tilrettelegging for næring.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	-1	0	Stor avstand til etablert offentleg infrastruktur medfører at desse funksjonane må løysast internt i det aktuelle området. Dette er kostnadskrevjande, og kan medføre arealinngrep også utanfor aktuelt område i form av grøfter.
Transportbehov	1	0	0	Tilkomst via eksisterande avkøyrsle frå Fv572 Nesbøvegen. Ein anslår at tiltaket i hovudsak vil medføre ei vidareføring av den trafikkmengda ein har til området i dag, men at ein kan unngå periodar med svært konsentrert trafikk slik det er ved avgrensa opningstider på anlegget i dag.
Folkehelse	1	0	0	Lite/ingen verknad for folkehelse.

Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	-1	0	Lite eller ingen innverknad for denne målgruppa. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	X		Aktsemdsområde for både snøskred og steinsprang i planområdet, sjå utklipp, over.  (*Fylkesatlas Aktsemdområde under «Skred»).* Hovuddelen av området ligg over Marin grense, skråningane omkring har berre tynn overdekning på fast fjell. Kvikkleire er derfor ikkje ei relevant problemstilling.	Ved vidare utvikling i planområdet må skredfare utgreiast av fagkyndige. Krav om detaljregulering for nye tiltak.
Flaum			Lokaliseringa gjer at flaum ikkje er ei aktuell problemstilling i det vurderte området.  (https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)	
Klima-sårbarheit		X	Ingen kjende sårbare punkt.	


Trafikk-tryggleik		X	Endringar i samband med tiltak vil vere minimale. Ein vektar det som positivt her at ved å plassere den aktuell bedrifta i dette området vil ein redusere ein potensiell risiko ved transport av farlege og brennbare materiale gjennom sentrumsområde/ forbi skule og barnehage.	
Ureining			Vurdert område er registrert i karttenesta grunnforurensning. miljodirektoratet.no. (sjå utklipp under)  Lilla farge indikerer mistanke om ureining og området er registrert med høgste tilstandsklasse.	Ved endra utnytting på arealet vil det vere nødvendig med nærare vurdering av ureiningsstatus, og ev. oppryddingstiltak kan tilkome.
Digital kommunika-sjon			Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området (Dekningskart. Telenor Radio.no)	
Beredskap og ulukkesrisiko	X		Utrykking frå Svelgen – om lag 7 km langs smal fylkesveg, ca 15 minutt køyretid.	Ved eventuell etablering av storulukkeverksemd må risiko for denne aktiviteten avklarast nærare gjennom ROS-analyse i samband med detaljregulering

Samandrag

Det vert vurdert som ei god løysing å omdisponere arealet til avfallsstasjonen med ein type næring (lagring av eksplosivar) som med fordel kan ha stor avstand til øvrig utbygging og infrastruktur. Det må gjerast ei fagleg vurdering av skredfare ved detaljregulering med konkrete krav til sikkerheitsklasse (Tek 17 § 7.3) Uavhengig av ev. reguleringsprosess vil det vere viktig å understreke at det må gjerast ei vurdering av miljøfaglege risikofaktorar før området kan takast i bruk til andre

søknadspliktige tiltak. (Fortrinnsvis i samband at eksisterande aktivitet vert avslutta.) Også risiko knytt til ny bedrift må avklarast nærare.

Konklusjon




Dette området er vidareført med same avgrensing og nytt føremål BN52 – noverande næringsbebyggelse (1300) på 8871m², det vert også opna for vidareføring av eksisterande bruk til gjenbruksstasjon. Plankrav ved ny aktivitet/næring.

3.1.21 Hessvika – Fritidsbustader, BFR17



Utsikt frå hytteområdet i Hessvika, retning Svelgen, foto: Nordplan 04.03.19.


Formål/bruk i dag	Delvis utbygd hyttefelt
Planstatus	Ikkje detaljregulert, men ligg inntil Reguleringsplan for Dyrstad Hyttefelt (2005), langs sjøen. KPA: LNF-område
Forslag til ny arealbruk	Hyttefelt med utviding langs nordsida av regulert område
Arealstorleik	Ca 11 500 m²
Forslagsstillar	Veronica Ommedal
Skildring	Innspelet peikar på eksisterande hyttefelt og kommunen foreslår at ein legg til rette for ei utviding av det feltet som er regulert per i dag. Ein har sett på moglegheita for å utvide med inntil fire einingar.



Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	1	0/-1	0/-1	Fylkesatlas, markslagskart, Området er dekka av skog med høg bonitet og er del av eit relativt samanhengande skogsområde som er registrert som kjerneområde for skogbruk. Ingen konflikt med kjerneområde for landbruk, ref. BK sine registreringar.
Landskap	1	0	0	Utvidingsområdet er dekka av open furuskog som i seg sjølv gjev ein kvalitet til landskapet. Avskoging på tomtene vil gi noko redusert landskapsverdi . Lite verknad totalt sett på landskapet, vil framstå som ei utviding fortetting av eksisterande inngrep.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar i vurdert område (Fylkesatlas og https://www.miljostatus.no/kart/). Like vest forvurdert område ligg ei myr, framlegg til utvidingsområde er lagt utanom myrarealet.
Strandsone	1	-1	0	Strandsona i området er i stor grad privatisert i samband med eksisterande plan. Framlegget om å utvide hytteområdet gjeld areal langs nordsida av eksisterande plan, og vil ikkje medføre nye inngrep i strandsona.
Vassmiljø	1	0	0	VannNett Vannforekomst Nordgulen, tilstand MODERAT. Ein føreset at ev. tiltak vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassførekomsten
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registreringar i det aktuelle området (Fylkesatlas).

Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar i www.norgeskart.no/geoportal/
Friluftsliv	1	0	0	Det er ikkje registrert viktige friluftsområde som blir påverka av endringa.
Overordna arealføring	-	-	-	*Hovudvekta av framtidige fritidsbustader skal leggjast i hyttefelt og i tilknyting til etablert infrastruktur.* Ut over dette har kommunen ingen føringar for det aktuelle føremålet.
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Stor avstand til etablert offentleg infrastruktur medfører at desse funksjonane må løysast internt i det aktuelle området. Detter er kostnadskrevjande, og kan medføre arealinngrep også utanfor aktuelt område i form av grøfter m.m.
Transportbehov	1	0	0	Tilkomst via eksisterande avkøyrsle frå kommunal veg, Nesbøvegen. Nesbøvegen har nokre utfordrande punkt og ein smal veg med *ei* køyrebane.
Folkehelse	1	0	0	Det er registrert eit borehol for grunnvatn i tilknyting til eksisterande hyttefelt. Ved planlegging av ev. utvida utbygging må ein identifisere nøyaktig plassering og nødvendige omsyn for denne funksjonen. Ut over dette er ev. utbygging ikkje venta å ha innverknad på folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	-1	0	Lite eller ingen innverknad for denne målgruppa, litt redusert tilgang på «leikeskog» for dei som brukar hyttene i området, men rikeleg å ta av. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		

Skred		X	Ingen faresoner i vurderingsområdet. *(Fylkesatlas, DOK Skredfaresoner.)* Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Innfor planområdet er det fast fjell, med berre tynn overdekning av jord, dette er dermed ikkje vurdert som ei relevant problemstilling.	
Flaum		X	Ingen faresoner i vurderingsområdet.  *https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet*	
Klima-sårbarheit		X	Ingen kjende sårbare punkt.	
Trafikk-tryggleik		X	Endringar i samband med tiltak vil vere minimale. Mest sårbart er trafikkauken på sjølve tilkomstvegen, som har enkelte smale/farlege punkt. Eit avgrensa tal nye einingar vil ikkje medføre stor trafikkauke.	
Ureining		X	Ingen registrerte problemstillingar i eller ved vurdert område (*grunnforurensning.miljodirektoratet.no)*	
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området (*Dekningskart. Telenor Radio.no).*	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking frå Svelgen – om lag 15 km langs smal fylkesveg. Om lag 15 minutt køyretid. Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt for fritidsbustader.	Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og


				eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging.

Samandrag



Til venstre: Opprinneleg vurderingsområde, avgrensing av eksisterande reg. plan for Hessvika, vist med stipla linje.

Etter dei observasjonane som er gjort gjennom KU og synfaring foreslår ein ei noko endra avgrensing av området og utviding, med sikte på å oppnå mest mogleg attraktive tomter, sjå utklipp i neste avsnitt. Det vil vere krav om detaljregulering før det kan gjerast søknadspliktige tiltak i dette området. Tilkomsten til området framstår i dag litt uryddig, i samband med detaljregulering vil ein oppmode om at vegplassering vert vurder på nytt, også med sikte på å utnytte dette vakre området best mogleg.



Konklusjon


Det er innarbeidd eit område kalla BFR17- framtidig Fritidsbebyggelse (1120) med inntil 8 einingar og avgrensing som i utklippet til venstre. Føremålet utgjer 8 476m2. Krav om detaljregulering.

3.1.22 Nesbø. Spreidde bustader og fritidsbustader, LS20, revidert etter 2.gongs offentleg høyring



Bustadområde mellom gnr/bnr 35/3 og 35/42 på Dyrstad. Foto Nordplan 04.03.19.

Formål/bruk i dag	Ikkje utbygd
Planstatus	Ikkje detaljregulert. KPA, LNF-område, og del av LNF spreidde bustader, SB-7, sjå utklipp t.h.
Forslag til ny arealbruk	LNF spreidd bustad og fritidsbustad (5200)
Arealstorleik	Vurdert utviding 8393 m² utvida/flytta gjennom planarbeidet
Forslagsstillar	Veronica Ommedal
Skildring	Mogleg område for spreidde bustader, ikkje drøfta med grunneigar. SB7 opnar per i dag for inntil 4 bueiningar. Det er framlegg om klatrepark på deler av SB7, noko som vil redusere tilgjengeleg areal.






Bakkemurar og kulturlandskap nordaust for vurdert område. Foto Nordplan 04.03.19.

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	-1	0	Fylkesatlas, markslagskart. Hovudsakleg open skrinn fastmark, noko skog. Ikkje areal som er eigna til landbruk eller skogsdrift. Ingen konflikt med kjerneområde for landbruk, ref. BK sine registreringar.
Landskap	1	-1	0	Området er avgrensa mot aust i høve vassdrag og kulturlandskap med
Naturmangfald  Utklipp frå miljostatus.no	1	-1	0	Ingen registreringar innanfor vurderingsområdet, Viktig slåttemark på austsida av elva. *(Fylkesatlas og https://www.miljostatus.no/kart/*)
Strandsone	2	-1	0	Utviding av vurderingsområdet gjennom første del av planarbeidet har ført tiltak noko nærare strandsona. Føremålet ligg om lag 30 m frå sjø, og på linje med eksisterande bustadtomtar mot vest. Funksjonell strandsone er avgrensa av kraftlina, og eventuelle bygg i dette området vil måtte plasserast ovanfor kraftline. Verknaden på landskap, naturmangfald og allmenn ferdsel og friluftsliv i strandsona vil såleis vere liten.
Vassmiljø	1	0	0	Det er ikkje elvar/bekkar som renn gjennom tiltaksområdet. Det har truleg vore ein eldre bekk gjennom tiltaksområdet, jf. eigedomsgrense mellom gbnr. 35/3 og 35/4, men denne ser ikkje ut til å ha årssikker vassføring i dag. Bekkeløpet må takast omsyn til ved plassering av tomtar. Avløp frå tre bustadeiningar med tilfredsstillande reinsing vil ikkje påverke sjøresipienten i vesentleg grad.


Kulturminne og kulturmiljø	1	-1	-1	Tre bygg i eksisterande tun på gnr/bnr er SEFRAK-registrerte, eldhus 184X, løe 184X og bustadhus 184X. Gardstun og kulturlandskap aust for området skal ikkje endrast.
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar i www.norgeskart.no/geoportal/
Friluftsliv	1	0	0	Endringa er ikkje i konflikt med registrerte friluftslivsinteresser.
Overordna arealføring	1	+1	0	*For å sikre eit variert tomtetilbod i kommunen skal ein opne for spreidd bustadbygging i område der dette ikkje er konfliktfylt.* – Framlegget er lite konfliktfylt, og i samsvar med denne intensjonen.
Teknisk infrastruktur	1	-2	-1	Stor avstand til etablert offentleg infrastruktur medfører at desse funksjonane må løysast internt i det aktuelle området. Dette er kostnadskrevjande, og kan medføre arealinngrep også utanfor aktuelt område i form av grøfter.
Transportbehov	1	-2		Området ligg utanfor gang- og sykkelavstand frå skule- og barnehage. Gang-/sykkelavstand til Bremanger Quarry og Hennøy Vindpark.
Folkehelse	1	+1	0	Etablering av bustader i dette området kan vere positivt med tanke på oppretthalde busetnad i distriktet og dermed auke trivselen for innbyggarane. Området har god tilgang til nærfriluftsliv, men ikkje gang og sykkelveg og relativt langt til skule og barnehage, som ligg i Svelgen.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Lite eller ingen innverknad for denne målgruppa. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn. Klatrepark i nærområdet.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Ingen faresoner i vurderingsområdet. Skredfare langs tilkomstveg «Nesbøstigen». *(Fylkesatlas, DOK Skredfaresoner.)* Området nedanfor vegen ligg delvis under marin grense, men i fylgje Nasjonal løsmassedatabase (NGU) er det i hovudsak bart fjell i området (<50 % fjell i dagen). Det er såleis ikkje risiko for kvikkleireskred.	
Flaum	X		Flaumfare/stormflo på området nedanfor vegen. Eventuelt bekkeløp i eigedomsgrense mellom gbnr. 35/3 og 35/4 må oppretthaldast og takast omsyn til ved utbygging.  *https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet*	
Klima-sårbarheit		X	Ingen kjende sårbare punkt. Bygg må trekkjast opp mot vegen, og kjem såleis over stormflosikker byggjehøgde.	
Trafikk-tryggleik		X	Tilkomsten til området er relativt smal, kommunal veg, med stadvis dårleg standard. Tilkomst via eksisterande avkøyrsle frå kommunal veg Nesbøvegen har nokre utfordrande punkt.	
Ureining		X	Ingen registrerte problemstillingar i eller ved vurdert område (*grunnforurensning.miljodirektoratet.no)*	

Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området *(Dekningskart. Telenor Radio.no)*	
Beredskap og ulukkesrisiko	X		Brannutrykking frå Svelgen, 17 km langs smal fylkesveg. Utrykkingstid under 30 minutt. Ingen særskilte problemstillingar i vurdert område. Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt for spreidde bustader/ fritidsbustader.	Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging.

Samandrag

Område for spreidde bustadar i KPA er avgrensa på grunn av klatrepark (BFT20). Området er difor utvida med areal nedanfor vegen. Dette området ligg nærare strandsona, men fungerer som ei meir naturleg vidareføring av etablert utbyggingsstruktur. Funksjonell strandsone er avgrensa av kraftline, og byggjegrense mot sjø vert sett til 50 m slik at bygg kjem ovanfor kraftlina. Terrengforma gjer også at utbygging kan gjerast utan at strandsona vert opplevd som privat.




Utklipp frå 3d kommunekart.com, som viser det aktuelle byggeområdet.

På denne måten tek ein omsyn til registrerte kvalitetar i landskap, kulturminne og kulturlandskap.




Bilde viser utsikt frå tiltaksområde. Foto Nordplan 04.03.19.



Konklusjon

Det er lagt inn eit LNF område kalla LS20 med høve til spreidde bustader eller fritidsbustader (5200), med inntil 5 nye einingar. Etter 2.gongs høyring er areal ovanfor kommunal veg (LSB95 på skissa til venstre) avgrensa og innlemma i LS20. Tal einingar er likevel ikkje auka, då forventa behov i planperioden er vurdert å vere maks 5 einingar. Føremålet har eit areal på ca 18 300 $m^{2.}$ inkl. areal for kommunal veg. Det er stilt krav om bindande situasjonsplan for heile området før frådeling og bygging, der tomtestruktur og tilkomst skal gå fram.




Kartutsnittet viser nytt areal for LS20 etter 2.gongs offentleg høyring.

3.1.23 Nesbø 35/4, Klatrepark, BFT20





Utklipp frå innspelet til venstre og frå Flyfoto i Fylkesatlas over.


Formål/bruk i dag	Skogsområde med klatrepark, enkelt opparbeidd parkering langs veg fleire stader	
Planstatus	Ikkje detaljregulert. KPA :LNF-område - sjå t.h.	
Forslag til ny arealbruk	Fritids og turistformål (1170)	
Arealstorleik	15 629 m²	
Forslagsstillar	Linda Leirvik	
Skildring	Mestringsgården klatrepark ynskjer arealavklaring for sin aktivitet, med tilhøyrande tilkomst og parkering. Området er til ei viss grad etablert og teke i bruk til det ønska føremålet. Innspelet legg til rette for at denne bruken vert avklara og at det er gode rammer for å utvikle konseptet vidare.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	-1	-1	Fylkesatlas, markslagskart; Uproduktiv skog og skog med middels bonitet. Ingen konflikt med kjerneområde for landbruk, ref. BK sine registreringar.

Landskap	1	0	0	 I tillegg til dei inngrepa som kjem fram av utklippet over frå 3dkommunekart.com er det gjort endringar på vegen som er vist gjennom området, ved at det er etablert tilkomst til ny Ro-ro kai for vindpark. Inngrep til parkering går fram av flyfoto over.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar innanfor vurderingsområdet. *(Fylkesatlas og www.miljostatus.no/kart)*
Strandsone	-	-	-	Ikkje relevant pga. plassering
Vassmiljø	1	0	0	Ikkje relevant pga. plassering
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registreringar i det aktuelle området. *(Fylkesatlas).*
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar i www.norgeskart.no/geoportal/
Friluftsliv	1	0	0	BK har registrert turområde og friluftslivområde nær det vurderte arealet men ein ser ikkje at endringa skaper konflikt med desse interessene.
Overordna arealføring	1	+1	0	*Arealdelen skal legge til rette for at etablerte turistverksemder skal ha naudsynt areal for å oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Det skal også leggast til rette for nye etableringar og aktørar.* Ein vurderer den planlagde aktiviteten til å vere turistretta, og dermed eit positivt tiltak i samsvarmed denne føringa.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Stor avstand til etablert offentleg infrastruktur medfører at desse funksjonane ev. må løysast internt i det aktuelle området. Dette vil vere kostnadskrevjande, og kan medføre

				arealinngrep også utanfor aktuelt område i form av grøfter.
Transportbehov	1	0	0	Tilkomst via eksisterande avkøyrsle frå kommunal veg. Nesbøvegen stadvis smal og har nokre utfordrande punkt. Samla verknad for vegen er vurdert til å vere relativt avgrensa, ettersom området er i bruk per i dag.
Folkehelse	1	1	1	Utvikling av fritidstilbod og klatrepark kan vere med på auke aktiviteten og trivselen til innbyggarane- positivt.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	+2	+1	Positiv innverknad for denne målgruppa. Kan skape tilbod om aktivitetar som er spesielt tilrettelagt for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Vurderingsområdet er ikkje omfatta av aktsomheitssoner som gjer at ein oppfattar skred som ei aktuell problemstilling.  Området ligg over Marin grense og kvikkleire er derfor ikkje ei relevant problemstilling.	
Flaum		X	Ikkje indikasjonar for at området er flaumutsett.https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet	
Klima-sårbarheit		X	Området er ikkje spesielt sårbart for dei aktuelle klimafaktorane.	

Trafikk-tryggleik		X		Ønska etablering kan medføre noko auka trafikk og parkeringsbehov i det vurderte området.
Ureining		X	Det er ikkje registrert ureina lokalitetar i eller ved vurderingsområdet.	Ønska etablering medfører ikkje ureiningsrisiko.
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, men dårlig DAB-dekning i området (Dekningskart. Telenor Radio.no)	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking frå Svelgen, om lag 30 min. Elles ingen særskilte problemstillingar i vurdert område. Utrykking for ambulanse ved t.d. klatreulukke vil vere frå Svelgen.	Utviding av klatreparken medfører ikkje særskilte problemstillingar i forhold til beredskap.

Samandrag



Ein ser at det kan vere noko utfordring knytt til tilkomst via Nesbøvegen dersom klatreparken oppnår ei vesentleg auka bruk og dermed stor trafikk. Dette vil i tilfelle vere eit tema for kommunen å vurdere i samanheng med øvrig vegdrift. Ut over dette er klatreparken si tilrettelegging vurdert til å vere eit tilbod som medfører positiv verknad både for lokalmiljøet og kommunen.

Konklusjon




Det er innarbeidd eit areal kalla BFT20 med noverande Fritid og turistføremål (1170) og avgrensing som i utklippet på føregåande kapittel. Føremålet utgjer 15 123m².


3.1.24 Fureneset – Akvakultur, VA5, endra etter 2. gongs ettersyn

Formål/bruk i dag	Sjøområde, farlei, hovudlei	
Planstatus	Ikkje detaljregulert. KPA Akvakultur (AK) i ei sone langs land, sjø	

	og vassdrag for allmenn fleirbruk (FFNF), i fjorden	 *Over: Venstre: frå merknad frå Mowi ASA, 19.04.2020. Høgre: godkjend anleggsplassering, som ligg nær land*  *AK-område i gjeldande kommuneplan, arealdelen (KPA)*
Forslag til ny arealbruk	Akvakultur	
Arealstorleik		
Forslagsstillar	Marine Harvest AS, no Mowi ASA Kystverket, motsegn om av-grensing av VA5, ved 2. gongs ettersyn	
Skildring	Utviding av eks. areal for akvakultur, mot fjorden. Det er ikkje etablert anlegg her per i dag, men det er 21.08.2019 gjeve konsesjon for akvakulturanlegg for matfisk av laks, 3120 MTB (total biomasse per år). Det er godkjent plassering innanfor Ak-området over, men plasseringa er ikkje optimal for drifta. Difor ligg det føre merknad om endra anleggsplassering og utvida område i ny arealdel.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	-	-	-	Ikkje relevant i sjø.
Landskap	2	-	-1	Landskapsverdi – lokalt nivå, Frøysjøen, breie Fjordar, del av Gulen/Frøysjøen, med regional verdi. Flytting lenger ut i fjorden vil gje meir eksponert anlegg

Naturmangfald  Gytefelt grå skravur. www.fiskeridir.no	1	-1	0	Gyteområde for torsk i store deler av sjøarealet, uvisst korleis flytting av anlegg vil verke inn på denne funksjonen. Biologisk mangfald bør undersøkjast nærare ved søknad om endring av konsesjon. Elles er det ingen registreringar i Fylkesatlas eller https://www.miljostatus.no/kart/ .
Strandsone 	0	0	0	Samanhengande område med tilgjengeleg strandsone langs heile det aktuelle området. Eventuell utbygging vil ha liten direkte verknad for strandsona, det skal ikkje gjerast tiltak på landområda. Tiltak i sjø vil likevel endre eit elles urørt område.
Vassmiljø	1	0	0	Frøysjøen, miljøtilstand GOD. Registrert gyteområde for fisk langs/i sørvestre del av vurderingsområdet, nært samanfallande med fiskeplass for passiv reiskap. *VannNett*
Kulturminne og kulturmiljø  www.fylkesatlas.no	3	-1	0	Fire automatisk freda arkeologiske minne registrert langs stranda, i området Storesteinane - Slåtteneset. Gravrøyser frå jernalder. Lonskjerstranda Fetts fk. Nr 3, 4, 5 og 6. Lokalitetane vert ikkje direkte råka av aktivitet i sjøområda, men opplevinga av området kan bli noko redusert ved store tiltak i sjøen.
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar i www.norgeskart.no/geoportal/
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registrerte område av særskilt interesse i eller ved vurdert område, men noko fritidsfiske langs land.
Overordna arealføring	1	0	0	*Viktige gytefelt og område for kystfiske skal ivaretakast og vektleggast i arealdelen. Kommunen skal tilrettelegge for utvikling av eksisterande næringsverksemd i kommunen.*

SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur  Illustrasjon, fiskeridir.no	1	0	-1	Flytting av anlegget slik at det kjem lenger frå land, vil gjere at det kjem lenger inn i farleiarealet til hovudleia Stabbeleia – Frøysjøen, farleinummer 1518. Utviding av akvakulturområdet vil gje konflikt med kvit fyrsektor og referanseruter for navigasjon.
Transportbehov	1	0	0	Båttilkomst. Endra plassering vil ikkje gje meir båttrafikk.
Folkehelse	1	0	0	Liten verknad på folkehelse, då det er snakk om utviding av område for akvakultur.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Lite eller ingen innverknad for denne målgruppa. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagde for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgings-tiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Ingen faresoner i vurderingsområdet. (Fylkesatlas, DOK Skredfaresoner.) Det er ikkje lagt opp til installasjonar på land, kvikkleire er derfor ikkje ei relevant problemstilling.	
Flaum		X	Ikkje relevant. Fylkesatlas, DOK Flaum.	Problemstillinga er ikkje relevant for område i sjø.
Klima-sårbarheit		X	Det er ikkje lagt opp til konstruksjonar på land. Anlegg i sjø vil vere vèrutsett	Anlegg lenger frå land vil vere meir vèrutsett, og krev forsvarleg anlegg og vedlikehald. Følgjast opp i interne system,

				og gjennom lovverk.
Trafikk-tryggleik, sjå og land		X	Relevant for sjøtrafikk, då endring av anlegget kjem lenger ut mot hovudskipsleia, men området er avgrensa slik at det ikkje kjem i konflikt med kvit fyrsektor og referanseruter for navigasjon. Anlegg må vere innretta slik at småbåttrafikk kan passere uhindra på landsida av anlegget.	Anlegget kjem lenger ut i farleia, og det er ein føresetnad at småbåttrafikk kan passere på landsda av anlegget
Ureining		X	Når lokaliteten er etablert vil den vurderte utvidinga ikkje i seg sjølva ha innverknad på den ureiningsmengda.	Regulert av utsleppsløyve, og skal følgjast opp med interne rutinar jfr lovverk
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området (Dekningskart. Telenor Radio.no)	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Sjå *Trafikktryggleik*	Flytting av anlegget kan gje noko auka fare for hendingar i skipstrafikken. Krev gode interne rutinar


Samandrag

Utvidinga som Mowi ASA ynskjer, medfører ei endring i forhold til det området som er lagt ut til AK-føremål i eksisterande KPA. For å ha god styring med arealbruken i sjø, ynskjer kommunen å konsentrere næringa i dette området, arealet vert derfor korta inn langs stranda. Det er merknad i saka vedkomande kulturminne på land, og fritidsfiske langs stranda, frå Ospeneset og nordover. Akvakulturområdet er avgrensa slik at det ikkje medfører konflikt med hovudlei for sjøtrafikk i Frøysjøen.

Konklusjon

Det vurderte området vert innarbeid i arealdelen kalla VA5 - framtidig akvakultur (6400), med den avgrensinga som er skissert, understående til høgre. Dette gjev noko større akvakulturområde ut i fjorden, i høve gjeldande KPA, men området er korta inn, av omsyn til andre arealbruksinteresser, og av omsyn til kvit fyrsektor og referanseruter for navigasjon. Det tilrådde arealet er og avgrensa slik at det legg til rette for å flytte det konsesjonsgjevne anlegget, på 800X100 m, cirka 90 m lenger ut i fjorden. Fortøyingar ned til minus kote 25 skal inngå i dette arealet. Fortøyingane som går djupare, inngår i *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, då dei er vurderte til ikkje å ha nemnande konsekvensar for andre omsyn. Under til høgre er VA5 jfr konklusjon.


Byggjegrense innanfor VA5 skal vere minst 50 m frå føremålsgrense og til anleggsråme i vassoverflata.




Til venstre VA5 ved 2. gongs høyring, til høgre VA5 ved 3. gongs høyring

3.1.25 Næringsareal ved Hennøy Vindpark, BN60





Oppdatert situasjonsplan for vindpark, datert 08.06.2018. Mellomlagringsplassen som endringa omfattar er markert med blåstrek, til høgre i utsnittet.

Formål/bruk i dag	Hennøy Vindpark er under etablering.	
Planstatus	Konsesjon for vindparken ligg føre.	
Forslag til ny arealbruk	Næringsverksemd	
Arealstorleik		
Forslagsstillar	Fjordalg AS	
Skildring	Fjordalg AS foreslår at eit område ved masseuttaket/mellomlagringsplassen som er etablert i samband med utbygginga av vindparken vert regulert for å gjere det mogleg med framtidig etablering av næringsverksemd. Fjordalg har drøfta saka med grunneigarane (v/Frank Ommedal) og Bremanger Næringsråd og har fått positiv tilbakemelding frå begge partane. Området er allereie nytta til vesentleg industri-aktivitet i form av vindpark som er under utbygging og steinbrot. Kommunen si tilbakemelding er positiv.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Endringa vil ikkje vere i konflikt med landbruksinteresser.
Landskap	1	-1	0	Landskapet er allereie prega av store inngrep, både i samband med vindparken og innanfor området som er regulert til masseuttak. Det synest rasjonelt å etablere ein etterbruk som også vil skape ein del terrenginngrep på det aktuelle arealet, men det vil vere viktig at området likevel vert tilstelt slik at varig verknad vert minst mogleg.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar i vurderingsområdet i Fylkesatlas eller https://www.miljostatus.no/kart/, ein legg også til grunn at dette er forhold som er handsama gjennom konsesjonssaka. Areala er mykje prega av industrielle inngrep i dag, negativ verknad vert dermed liten.
Strandsone	-	-	-	Ikkje relevant pga. plassering
Vassmiljø	1	-1	0	Om endringa til næring har innverknad for vassmiljøet vil i stor grad avhenge av kva type næring som vert etablert. Ein føreset at alle etableringar må gjerast i samsvar med gjeldande rammer og regelverk og at innverknad for denne problemstillinga skal vere på eit minimum.
Kulturminne og kulturmiljø	1	-1	0	Registrerte kulturminne/interesser ved det vurderte området er knytt til sjøområda og Dyrstadsetra. Dei endringane som det er ønske om er ikkje i direkte kontakt med desse lokalitetane. Det vil likevel vere viktig å vise omsyn ved utvikling av prosjektet.
Mineralressursar	-	--	-	Ikkje relevant.
Friluftsliv	1	0	0	BK har registrert nærområda til vindpark og massetak som turområde. Endringa vil ikkje medføre større inngrep enn det som er gjort i samband med vindparken og

				medfører ikkje negativ verknad for friluftsliv i området.
Overordna arealføring	1	-1	0	Endringa er delvis i strid med overordna føring om at nærleik til busetnad, men kvalitetar som gjer plasseringa eigna for denne typen næring tilseier at dette er ei rasjonell løysing.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	2	0	0	Tilkomstveg er etablert gjennom anleggsvegen til vindparken, ein legg til grunn at denne er dimensjonert for lang levetid, og at vegen skal vere vinterbrøyta. Med desse føresetnadene ligg forholda til rette for at arealet kan nyttast som omsøkt utan nye inngrep.
Transportbehov	1	-2	-1	Transportbehov er vanskeleg å vurdere utan at ein kjenner den aktuell næringa, med tanke på tilkomstvegen ut til Nesbø-området er smal og har nokre utfordrande punkt, vil det truleg vere aktuelt å vurdere om Ro-ro kai som er etablert i samband med vindparken kan nyttast som supplerande tilkomst også for ev. næringsverksemd på det vurderte området.
Folkehelse	1	0	0	Lite ingen verknad av den ønska endringa.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	-1	0	Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.


SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Det er ikkje registrert aktsomheitssoner for skred i det vurderte området. *(Fylkesatlas, DOK jord- og flaumskred, og snø- og steinsprang, Skredfaresoner.)*	Risiko for steinsprut må takast omsyn til ved utbygging av næringsarealet.

			Nærleik til steinbrotet kan medføre risiko for steinsprut ved sprenging. Området ligg over Marin grense og kvikkleire er derfor ikkje ei relevant problemstilling.	ROS-analyse i byggjesak.
Flaum		X	Det er ikkje indikasjonar for at flaum er ei problemstilling som vil krevje særskilt omsyn, verken med dagens bruk eller ved vurdert utvikling av området.	
Klima-sårbarheit		X	Av dei aktuelle klimafaktorane som vert vurdert er overvatn og vind relevant for dette området. Mellom anna lagring av avfall kan krevje ekstra tiltak mot vind, for å unngå unødig ureining i terrenget.	Ved etablering av utbygging må ein sikre at alle tiltak er dimensjonerte i samsvar med realistiske forhold for vind og overvatn.
Trafikk-tryggleik		X	Tilkomst vil vere vi anleggsvegen som er etablert til området. Ikkje kjende problemstillingar knytt til trafikktryggleik.	Framlegget medfører lite eller ingen endring i situasjonen.
Ureining		X	Ingen lokalitetar registrerte med ureiningsproblematikk i det vurderte området.	Ureining frå ønska aktivitet må ev. avklarast nærare.
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området *(Dekningskart. Telenor Radio.no)*	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking frå Svelgen, om lag 40 min køyretid. Innsatstid er vurdert som akseptabel.	Det bør ikkje etablerast næring med særskild risiko for brann. Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging.



Bilde til venstre mot sørvest: Tilkomsten frå Nesbø kjem inn frå venstre. Bilde til høgre/mot vest: Begge frå synfaring i området 04.03.2019. Foto: Bremanger kommune.


Konklusjon



Ein finn små/ingen negative verknader ved vurdering av endringa. Med bakgrunn i at dei fysiske terrenginngrepa allereie er gjennomført i samsvar med konsesjon for vindkraft er det innarbeidd eit føremål for framtidig Næringsbebyggelse (1300) kalla BN60, med avgrensing om lag som i revidert situasjonsplan. Føremålet utgjer om lag 7324m².


3.1.26 Steinbrot Aksla, BRU5, BN61 og BN62



Formål/bruk i dag	Friluftsliv
Planstatus	LNF-føremål
Forslag til ny arealbruk	Industri/steinuttak, hamneområde i sjø
Arealstorleik	Ca 1160 daa landareal Ca 500 daa i sjø
Forslagsstillar	Bremanger Quarry/ Bremanger kommune
Skildring	Nytt steinbrot i Aksla med utskipingsområde ved inste Bårdvikneset, Hennøya. Bremanger Quarry fremja i 2018 planframlegg for Steinbrot på Aksla. Dette kom motsegn til, i hovudsak knytt til landskapsverknadane frå Vingen og naturmangfald. Tiltaksområdet og -omfanget er redusert for å avbøte landskapsverknadane frå Vingen/Skatestraumen.





Visualisering som viser tiltaksområdet sett frå Hornelen.

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Blandingsskog med middels bonitet. Liten verdi på grunn av manglande tilgjenge.
Landskap	2	-2	-2	Influensområdet til steinbrotet består av tre landskapstypar, kystlandskap (middels/stor verdi), indre- kyst og fjordlandskap (middels verdi) og fjellandskap (middels verdi). Utstrekning mot Aksla er redusert for å avbøte landskapsverknadane mot Skatestraumen og Vingen. Deler av området er registrert som inngrepsfrie, og tiltaket vil medføre bortfall av INON.  *Inngrepsfrie område, utsnitt frå Fylkesatlas*

Naturmangfald	3	-2	-2/-3	 *Viktig naturtype, utsnitt frå Fylkesatlas* Ved inste Bårdvikneset er det registrert naturtypen rik boreonemoral regnskog som er vurdert som svært viktig. Det er også registrert fleire raudlista planteartar. Området er vurdert som lokalt viktig viltområde, m.a. som vinterbeite for hjort. Naturmangfaldet vert påverka gjennom arealbeslag, menneskeleg aktivitet og støy, steinstøv. Tiltaket vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for det marine økosystemet, forutsett at det vert gjort avbøtande tiltak (sedimentasjonsbasseng og våtmarksfilter, driftsrutinar og beredskap). Utskipingsområdet er avgrensa for å unngå skade på den viktige naturtypen og raudlista artar, og dette bør fylgjast opp gjennom byggjesak/konsesjon. Konsekvensen er for tiltaksområdet samla sett vurdert til å vere middels negativ.
Strandsone	1	-1	0	 *Tilgjengeleg strandsone, utsnitt SSB Kart* Utskipingsområdet ligg i hovudsak innanfor 100 m-sona langs sjø, og vil medføre tap av strandsone. Strandsona i størstedelen av tiltaksområdet har stor til veldig stor helling, og er lite tilgjengeleg. Etter dei statlege retningslinene for

				differensiert strandsoneforvaltning kan det i sone 3 (område med mindre press på areala) vere grunnlag for å tillate næringstiltak nær sjøen, og behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal vektleggjast i vurderinga. Utskipingsområde må ligge i strandsona, og alternative område vil også medføre nedbygging av strandsone.
Vassmiljø	1	-1	0	Skorabovatnet med vassdrag er ein del av bekkefelt frå Ospeneset til Vingepollen. Bekkefeltet er vurdert til å ha god økologisk tilstand, jf. Vann-nett.no. Frøysjøen er også vurdert til god økologisk tilstand. Steinuttaket vil kunne medføre steinstøv og tilførsel av sprengstoffrestar til Skorabovatnet og til Frøysjøen. Forutsett avbøtande tiltak som sedimentasjonsbasseng og våtmarksfilter, samt grøfter for å leie avrenning frå steinbrotet vekk frå vassdraget, er tiltaket vurdert til å ha liten negativ konsekvens for vassførekomstane.
Kulturminne og kulturmiljø	3	-2	-2/-3	 Det er registrert eit automatisk freda kulturminne frå yngre steinalder på inste Bårdvikneset. Vestre del av lokaliteten vert råka av utskipingsområdet, og det må søkjast om frigjeving før eventuelt tiltak. Utover dette er det registrert ti definerte kulturmiljø i influensområdet: gards- og jordbrukslandskap langs fjorden, automatisk freda kulturminne som gravrøyser frå bronsealder/jarnalder, steinalderbuplassar og helleristningsfeltet Vingen. Konsekvensane er knytt til kor synleg tiltaket er, og korleis det forstyrrar eit relativt uberørt fjordområde med eit særleg viktig kulturmiljø.

				 *Illustrasjonen viser tiltaket sett frå Vingen* Landskapsmessig god utforming av utskipingsområdet, og avslutning av uttaksområdet på toppen vil redusere omfanget. Samla sett vil tiltaket få middels negativ konsekvens for dei registrerte kulturminna.
Mineralressursar	2	2	2	Det aktuelle området på Aksla er ikkje registrert i NGU sin grus- og pukkdatabase, men tilgrensande område Sætrefjellet er vurdert som ein nasjonalt viktig ressurs i denne databasen. Bergmassane på Aksla består av sandstein med same struktur, kornstørrelse, kornform og mineralsamansetning som på Sætrefjellet. (Multiconsult AS, 2015). Tiltaket legg til rette for uttak av 350000000 tonn stein for eksport.
Friluftsliv	2	-2	-2	Turtrasé gjennom planområdet, området er brukt til jakt og fiske. Tiltaket beslaglegg avgrensa areal, men risiko for steinsprut ved sprenging i steinbrotet kan medføre redusert bruk av heile området.
Overordna arealføring	2	2	2	Utdrag frå arealstrategien vedk. industri: Kommunen skal i størst mulig grad legge til rette for at etablerte industriaktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Utdrag frå arealstrategien vedk. råstoffutvinning: Arealdelen til kommuneplanen skal ikkje opne for nye store område for råstoffutvinning. I dette tilfellet gjeld det område som allereie er opna for råstoffutvinning. Bremanger Quarry ynskjer at anlegget på Sætrefjellet og nytt anlegg på Aksla kan drivast samanhengande for å utnytte fleksibiliteten dette vil gje med omsyn til effektiv drift.

SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Det er ikkje offentleg infrastruktur i området. Det må etablerast ny tilkomstveg og ny hamn innanfor planområdet. Straum, vatn og avløp til arbeidsbrakker i steinbrotet og til utskipingsområdet må løysast.
Transportbehov	1	-1	0	Utskiping av pukk skal skje over sjø. Tiltaket gjev auka fleksibilitet i høve til utskiping. Auka tal tilsette og transport av varer/sprengstoff til steinbrotet vil auke trafikken på vegen til Dyrstad/Nesbø, som er smal og med utfordrande punkt.
Folkehelse	1	-1	0	Verknadane for folkehelsa er i hovudsak knytt til friluftsliv.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	-1	0	Verknadane for born og unge sine oppvekstvilkår er i hovudsak knytt til friluftsliv.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	X		Deler av området er skredutsett. Det er utarbeidd faresonekart som viser område med reell fare og som må sikrast. Risiko for steinsprut som fylgje av tiltaket.	Utskipingsområdet må skredsikrast. Rutinar for å kommunisere risiko for steinsprut til allmenta.
Flaum	X		Deler av tiltaksområdet kan vere utsett for flaum.	Tiltak for sikring mot flaum må avklarast gjennom detaljregulering.
Klima-sårbarheit	X		Auka nedbør kan skape problem med overvasshandtering i steinbrot/lagringsområde. Redusert verknad av sedimenteringsbasseng kan forårsake ureining til sjø og vassdrag. Framtidig havnivåstigning og stormflo for utskipingsområdet.	Havnivåstigning/ ekstremflo og bølgepåverknad må takast høgde for ved bygging av ny kai.

Trafikk-tryggleik	X		Tiltaket kan medføre noko trafikkauke på vegen til Dyrstad/Nesbø, som berre har ei køyrebane og fleire utfordrande punkt. Faren for trafikkuhell er i hovudsak knytt til anleggsgjennomføring	Det må vere ein føresetnad at drift og vedlikehald av utstyr vert forsvarleg utført.
Ureining	X		Risiko for partikkel- og sprengstoff ureining i vassdrag/sjø. Støy frå sprenging og massehandtering. Olje- og drivstoffutslepp frå køyretøy/tankar.	Tiltak for å redusere risiko for ureining (sedimentbasseng, filter mm.) vert innarbeidd i detaljregulering.
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko	X		Brannutrykking frå Svelgen, innsatstid til Aksla vil vere nærare 1 time pga tilkomsten til fjellet. Ikkje særskilt risiko knytt til brann, men kan vere auka ulukkesrisiko knytt til verksemda. Avgrensa risiko for ureining av drikkevasskjelde.	Risiko knytt til verksemda er ivareteke gjennom konsesjon, gjeldande regelverk og krav til internkontroll.

Samla vurdering

Tiltaket har negative konsekvensar knytt til landskap, naturmangfald og friluftsliv, og det må gjennomførast avbøtande tiltak (avgrense tiltaket ved utskipingsområde, god utforming/tilpassing av uttaksområdet, tilrettelegging for friluftsliv) for å redusere dei negative konsekvensane så langt som råd.

Tiltaket har positive verknader for utnytting av mineralressursar og næringsutvikling. Tiltaket vil styrkje ei allereie etablert verksemd og lokalt næringsliv, og er i samsvar med arealstrategiane til kommunen.

ROS-analysen viser at det er uakseptabel risiko for skred og ulukke i anleggsgjennomføringa. Dette må avklarast nærare gjennom meir detaljert ROS-analyse for reguleringsplan med tiltak for å redusere risikoen (skredsikring, utforming av anleggsområdet etc.). Risikoen for flaum, ureining, ulukker er vurdert å vere akseptabel, men det må leggjast vekt på HMS-arbeid og gode rutinar for drift av sedimentasjonsbasseng og andre avbøtande tiltak.

Konklusjon

I kommunen sin arealstrategi står det at kommunen i størst mulig grad skal leggje til rette for at etablerte industriaktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Ved vurdering av nye industriareal vil transportbehov, miljøomsyn som ureining og fjernverknad, samt nærleik til etablerte bustadområde, vere viktige tema for konsekvensutgreiing.


Det står også at arealdelen til kommuneplanen skal ikkje opne for nye store område for råstoffutvinning. Planprosessen for Aksla-planen var i gang då arealstrategien vart fastsett, og var ikkje omfatta av denne. Aksla ligg i tilknyting til eksisterande steinbrot på Sætrefjellet (Dyrstad), og ein opnar ikkje for nye store område for råstoffutvinning. Tiltaket er såleis i samsvar med arealstrategien til kommunen.

Det er lagt inn tre nye føremål: BN61 framtidig Næringsbebyggelse (1300) for anleggsområdet, BN62 framtidig Næringsbebyggelse (1300) for utskipingsområdet g BRU5 – framtidig Råstoffutvinning. Omfanget av steinbrot og utskipingsområde er redusert i høve til dei opprinnelege planane for å redusere ulempene m.a. i høve kulturmiljø, landskap og naturmangfald, og avbøtande tiltak for å redusere ulemper knytt til ureining, naturskade og friluftsliv vil vere ein føresetnad for at tiltaket kan gjennomførast.

Det er behov for nye arbeidsplassar i kommunen, og tiltaket vil både utløyse nye arbeidsplassar og vere med å styrke eksisterande næringsliv som leverer tenester til verksemda.

Tiltaket vert lagt inn i arealdelen, som bandlagt i påvente av detaljregulering. Detaljreguleringsplan har vore hos Kommunal- og moderniseringsdepartementet til avgjerd, grunna motsegner frå Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune på utskipingsområdet og motsegn frå Riksantikvaren for steinbrotet. Kommunal- og distriktsdepartementet godkjende detaljreguleringsplanen for Aksla med utskipingsområde 05.02.2024.

Bandleggingssone H710_5 Steinbrot Aksla er endra til detaljeringssone (område der reguleringsplan skal gjelde vidare), planid. 201804 etter 3.gongs offentleg høyring.




3.2 Ålfoten-Davik


3.2.1 Myklebust, Ålfoten, gbnr. 115/4, 11, 18, – Bustader, LSB91, revidert areal




Foto: Nordplan 04.03.19.




Vurdert avgrensing av området.

Formål/bruk i dag	Fulldyrka/overflatedyrka jord	 *Utklipp frå KPA*
Planstatus	Ikkje detaljregulert. KPA: LNF-område Detaljregulering, Bråtane hyttefelt (1991) i aust.	
Forslag til ny arealbruk	LNF med høve til spreidd bustadbygging (5210)	

Arealstorleik	Ca 19 000m²	
Forslagsstillar	Bremanger kommune	
Skildring	Med bakgrunn i ulike innspel til planarbeidet har Bremanger kommune bede om at ein vurderer eit område for spreidd bustadbygging, med inntil 3 einingar sentralt i Ålfoten. Vurdert avgrensing går fram av utklippet over. Like vest for området ligg Ålfoten kyrkje.	


Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	2	-2	-2	Illustrasjonen til venstre viser markslagskart, over flyfoto for området. Det vurderte området er hovudsakleg fulldyrka jord (orange) med litt innmarksbeite i øvre del (lys gul). *Fylkesatlas.* Området ligg delvis innanfor definert kjerneområde landbruk i BK sine registreringar. Synfaring viser at området ikkje har vore intensivt drive på fleire år, overflata er tuete og gjengrodd og ein kan sjå at terrenget er vått og lite opparbeidd.
Landskap	2	-1	0	Ev. utbygging vil framstå i landskapet som ei fortetting i relativt nær tilknyting til tettbygd område i Ålfoten aust. Dette gjer at utbygging ikkje vil medføre store nye inntrykk i landskapet. Utbygging kjem aust for eksisterande bustad nær Ålfoten kyrkje, og kyrkja er omkransa av ein kyrkjegard med tydelege murar som er med på sikrar at denne ikkje vil misse sin plass i landskapsbildet.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar i vurderingsområdet i Fylkesatlas eller https://www.miljostatus.no/kart/ .

Strandsone	1	-1	0	Området ligg i relativt tettbygd strøk og utbygginga vil ev. skje på oppsida av Ålfotevegen, innverknad på bruken av strandsona er dermed svært liten.
Vassmiljø	1	0	0	Ålfoten, økologisk tilstand: GOD. Sanitærløysing må sikre at vurdert tiltak vil ha lite eller ingen innverknad på førekomsten. (*VannNett)*
Kulturminne og kulturmiljø	3	-2	-2	Det ligg ein kyrkjegard frå middelalderen like vest for det vurderte området. Denne er tydeleg avgrensa ved steinmurane som omkransar heile kyrkjegarden. Det vil vere viktig at utbygging og tilkomst til byggeområdet vert planlagt med omsyn til kyrkjegarden. Mange av husa i «klyngetunet» i utklippet under er SEFRAK registrerte, i lag med fleire naust ved sjøen. 
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar i www.norgeskart.no/geoportal/
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registrerte område av særskilt interesse i eller ved vurdert område.
Overordna arealføring				*Eksisterande og framtidige byggjeområde for bustad og næring skal ha tilfredsstillande mobil og breibanddekning.* Det er etablert god breibanddekninga i området Ålfoten-Bortne. *For å sikre eit variert tomtetilbod i kommunen skal ein opne for spreidd bustadbygging i område der dette ikkje er konfliktfylt.* – Framlegget er lite konfliktfylt, og i samsvar med denne intensjonen.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Avstand til etablert offentleg drikkevatn er liten og ein legg til grunn

				at einingane vert tilknytt. Det må ev. etablerast privat avløpsanlegg Dette må samordnast med eksisterande private avløpsanlegg med utsleppsleidning til sjø.
Transportbehov	1	0	0	Tilkomst via Fv614 Hjortefaret og kommunal veg Ålfotevegen. Området ligg i gangavstand til skule, barnehage og butikk.
Folkehelse	1	+1	0	Eit auka tilbod av attraktive byggeområde kan veremed å sikre busetnad og trivsel i distriktet – positiv verknad. Området har god tilgang til nærfriluftsliv, ikkje gang og sykkelveg men kort veg langs lite trafikkert strekning til skule og barnehage.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	2	+2	+2	Gode høve til leik i utmark og strandsone gjer området godt eigna for born. Gangavstand til skule (1.-7. klasse), med nærmiljøanlegg. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	X		Det er berekna ei skredfaresone med sannsyn >1/5000 (gul skravur) på deler av området. Dette tilsvarer sikkerheitsklasse S3 i Tek 17 § 7.3, og er dermed ikkje til	Lommar med marin leire kan forekomme og fundamenteringsforhold må avklarast i byggjesak.

			hinder for utbygging med bustader.  *Fylkesatlas, DOK Skredfaresoner.* Området ligg under marin grense, og området er ikkje detaljkartlagt for mogleg marin leire (NGU kart «Mulighet for marin leire», MML). I fylgje lausmassekart (Nasjonal løsmassedatabase, NGU) er grunnen morenemateriale, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen (normalt mindre enn 0,5 m). Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikkje fare for at det vil utløysast områdeskred (NVE veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», jf. Tabell 3.1 Prosedyre for utredning av områdeskredfare punkt 2.	
Flaum		X	Det er ikkje indikasjonar for at flaum er ei problemstilling i det vurderte området, verken av ferskvatn eller frå sjø. https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.	
Klima-sårbarheit	X		Av dei aktuelle tema er det overflatevatn som er relevant i dette området.	Ved utbygging må forholdet til overflatevatn ha ekstra fokus.
Trafikk-tryggleik		X		
Ureining		X	Ingen lokalitetar registrerte med ureiningsproblematikk i det vurderte området.	
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området (Dekningskart. Telenor Radio.no)	


Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Davik, med om lag 15 min køyretid, langs god veg med god regularitet. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området. Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt for spreidde bustader/ fritidsbustader.	Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging. Krav om tilfredsstillande sløkkjevassforsyning før utbygging.

Samandrag

Ein ser av opplysningane over at vurdert avgrensing vil gje små ulemper for landbruk, landskap og kultur. Også overvatn er eit tema som må vurderast i utviklinga av området. Området vart ytterlegare avgrensa etter 1.gongs offentleg høyring etter merknad frå grunneigar av gbnr.115/4,18.

Ålfoten har hatt ei positiv utvikling dei siste åra, med tilflytting av fleire barnefamiliar. Tilgang på attraktive tomtar fleire stader i grenda er viktig for å stimulere til busetting. Ålfoten er også med i «Liv og lyst»-prosjektet i regi av Vestland fylkeskommune, og det blir arbeidd for å gjere bygda enda meir attraktiv for busetnad. Sidan området ligg inntil eksisterande bustadtomt vert det berre opna for bustadbygging.

Konklusjon



Det vert innarbeidd eit LNF- føremål for spreidd bustadbygging (5210), framtidig, kalla LSB91 på ca 5 daa, med inntil 2 nye einingar. I samband med byggesak skal det lagast bindande situasjonsplan som syner tomteinndeling, tilkomst og anna informasjon som er relevant for fleire bueiningar. Krav om tilfredsstillande sløkkjevassforsyning før utbygging.

3.2.2 Ålfoten Brotane – Bustader gbnr. 115/54 og 115/11, B61



Utklipp frå www.bremanger360.no

Formål/bruk i dag	10 bustader og ei hytte. Austre del av området er tilrettelagt for utbygging.
Planstatus	Reguleringsplan for bustadfelt frå 1991 (KST-127/91). Byggjeområde og friområde. Arealet mot vest er LNF i KPA 2004.
Forslag til ny arealbruk	Byggjeområde bustader
Arealstorleik	Ca 98 daa
Forslagsstillar	Ålfoten grendeutval, Bremanger kommune, Lillian Myklebust
Skildring	Vurdert område omfattar regulert byggjeområde for bustadfelt og friområde, med utviding mot vest. Innspelet frå Ålfoten grendeutval påpeikar at dei gode tomtane i eksisterande byggefelt i området er utbygde. Dei ser difor behov for nye bustadtomter, enten ved utviding av eksisterande felt, eller ved etablering av nytt felt. Lillian Myklebust (jf. innspel 19.04.22) er interessert i å selje bustad- og hyttetomtar i det vurderte området på gbnr 115/1.





Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	2	-1	0	Tiltaksområdet omfattar ikkje fulldyrka jord, kun om lag 6 daa overflatedyrka jord som ikkje er i drift. Arealet ligg i hovudsak utanfor kjerneområde for landbruk, kun om lag 20 daa innanfor kjerneområdet, med bonitet overflatedyrka jord (3,7 daa) og blandingsskog .
Landskap	1	0	0	Deler av området er prega av utbygging, og fortetting/vidare utbygging med fleire bustadhus vil ikkje påverke landskapet vesentleg.
Naturmangfald	2	-1	0	Ikkje registrert viktige eller utvalde naturtypar eller truga artar, jf. naturbase/fylkesatlas. Statsforvaltaren peikar i sin merknad 22.09.2022 på at det er lauvskog med ask (sterkt trua) i tiltaksområdet. Store deler av lauvskogen i området vart rydda i 2022, og eldre ask i dette området er hogge. Ved eventuell plassering av nye tomtar vest for hogstområdet bør det takast omsyn til ask. Ask er relativ vanleg førekommande i tilknyting til gardstuna i Ålfoten, og det er viktig at grunneigar er bevisst statusen til arten for å unngå hogging.
Strandsone	1	0	0	Deler av området ligg innanfor 100 m-sona langs sjø, men tomterekkja nærast sjø, rett ovanfor kommunal veg, er allereie utbygt. Tiltaket medfører ikkje nye inngrep i strandsona.
Vassmiljø	1	0	0	Det går kun ein mindre bekk gjennom tiltaksområdet. Byggjegrense langs bekken vil ivareta kantvegetasjon. Tomtane blir tilknytt eksistende avløpsanlegg med utslepp til Ålfotfjorden. Vassførekomsten er registrert med god økologisk tilstand, jf. vann-nett.no. Auka utslepp med 3-4 einingar vil ikkje påverke miljøtilstanden.


Kulturminne og kulturmiljø		1	0	0	-
Mineralressursar		1	0	0	-
Friluftsliv		1	0	0	-
Overordna arealføring					I samsvar med føringane: Tomtar for spreidd bustadbygging skal vere tilgjengeleg i alle bygdene, for å sikre eit variert tomtetilbod og gje høve til tilbakeflytting til dei som ynskjer det. Tomtar bør leggjast i område med eksisterande avkøyrsle frå fylkesveg og etablert infrastruktur.
Teknisk infrastruktur		1	+1	0	Offentleg vassleidning går gjennom området og offentleg avløpsanlegg i kort avstand. Tilknytast kommunal veg Brotane.
Transportbehov		1	+1	0	Gang-/sykkelavstand til skule/barnehage og butikk. Kort avstand til busstopp.
Folkehelse		1	+1	0	Auka tilbod av attraktive bustadtomtar kan vere med å sikre busetnad og trivsel i området. God tilgang til nærfriluftsliv.
Barn og unge sine oppvekstvilkår		1	+1	+1	Gode høve til leik i utmark og strandsone. Ikkje i konflikt med registrerte verdiar. Område for leik må ivaretakast.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS					
HENDING	Potensiell fare		Vurdering		Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei			
Skred		X	Området er kartlagt for skred, og tryggleiken for stein- og snøskred er tilstrekkeleg, S3 eller betre, jf. NVE temakart. For bustadhus er tryggleiksklasse S2 tilstrekkeleg, jf. TEK17. Deler av området ligg under Marin grense, og området er ikkje		Lommar med marin leire kan forekomme og

			detaljkartlagt for mogleg marin leire (NGU kart «Mulighet for marin leire», MML). I fylgje lausmassekart (Nasjonal løsmassedatabase, NGU) er området i hovudsak bart fjell, med tynt lausmassedekke. Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikkje fare for at det vil utløysast områdeskred (NVE veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», jf. Tabell 3.1 Prosedyre for utredning av områdeskredfare punkt 2.	fundamenteringsforhold må avklarast i byggjesak.
Flaum		X		Byggjegrense langs bekk.
Klima-sårbarheit	X			Overflatevatn må ivaretakast ved utbygging.
Trafikk-tryggleik		X		
Ureining		X		
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Davik, med om lag 15 min køyretid, langs god veg med god regularitet. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området. Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt for spreidde bustader.	Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging. Sløkkevassforsyning er tilfredsstillande.

Samla vurdering

Området er delvis utbygt med infrastruktur og godt eigna for utbygging av fleire bustadtomtar. Terrenget er sørvendt og området solrikt. Tomtane ligg i gang- og sykkelavstand til skule/barnehage (ca 2 km) og butikk (ca 1 km).

Konklusjon




Heile området vert lagt inn som byggjeområde for bustader, B61, og det vert opna for 4 nye bustadar i planperioden. Krav om detaljregulering ved utbygging av område vest for regulert område. Byggjegrense mot sjø for bustader samsvarar med byggjegrense langs Ålfotevegen (15 m frå senterline veg). Kommuneplanen sin arealdel vert gjeldande framfor reguleringsplan for Bråtane bustadfelt. Utnyttingsgrad og krav til utforming av bustader blir fastsett i føresegnene.

3.2.3 Ålfoten – Småbåthamn, BAB170 og VS25



Utklipp frå Fylkesatlas.

Formål/bruk i dag	Sjøareal	
Planstatus	Ikkje detaljregulert. KPA :Anna byggeområde langs sjøen Sjø og vassdrag for allmenn fleirbruk (FFNF) i sjø.	

Forslag til ny arealbruk	Andre typer nærmere angitt bebyggelse og anlegg – Småbåtanlegg (1500)	
Arealstorleik		
Forslagsstillar	Ålfoten grendeutval	
Skildring	Ålfoten grendeutval ynskjer mellom anna attraktive bustadtomter (sjå førre innspel) areal til campingplass, marina/småbåthamn, badeplass, utleige-leiligheiter og næringshage. Bremanger kommune foreslår at ein vurderer marina/småbåthamn i tilknyting til nærbutikken i Ålfoten (115/57). Vurdert område er illustrert i utklippa over. Det ein bør også får på plass sanitærfunksjon tilknytt område for småbåthamn. I samband med konsesjon for Bredvatn kraftverk er det avklara at overskotsmasse frå anlegget kan deponerast på dei to eksisterande tippar i fjorden. Kommunen legg til grunn at det kan bli tilgjengeleg masse dersom Bredvatn -utbygginga vert realisert. (sjå også 1.4.9)	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar		0	0	Ikkje relevant pga. plassering og utforming på landområda, sjå flyfoto. Ingen konflikt med kjerneområde for landbruk, ref. BK sine registreringar.
Landskap	1	-2	-2	Visuell verknad inne i bukta. Anlegget vil primært vere synleg frå nærområda på land og frå sjøsida. Dette er ikkje vurdert til å vere særskilt konfliktfylt.
Naturmangfald	2	-1	0	Ved området er det gjort observasjonar av den sterkt truga arten Makrellterne. Ein kjenner ikkje til at ternene hekkar i det vurderte området og kan ikkje sjå at utbygginga vil skade ein ev. ternebestand. Elles ingen registreringar i vurdert område *(Fylkesatlas og https://www.miljostatus.no/kart/)*
Strandsone	1	-2	-1	Strandsona er allereie prega av utbygging, med fylling i fjæra, og

				strandsoneverdiane er reduserte. Tiltaket vil påverke landskap og naturmiljøet i fjæra og på sjøbotnen.
Vassmiljø	1	0	0	Ålfoten, økologisk tilstand: GOD. Tiltaket vil ha liten innverknad på vassforekomsten. *(VannNett).*
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	SEFRAK registrert godsekspedisjon Myklebust.
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registrerte ressursar i vurdert område. *www.norgeskart.no/geoportal/*
Friluftsliv	1	+1	0	Per i dag ingen registreringar av særskilt verdi for friluftsliv, men plassering sentralt i Ålfoten gjer at dette kan bli ein god tilgang til fjorden og dei opplevingane som er knytt til den. Anlegget vil vere fellesanlegg med allmenn tilgjenge.
Overordna arealføring	-	-	-	Kommunen har ikkje overordna føringar knytt til denne typen arealbruk.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	0	0	
Transportbehov	1	0	0	Tilkomst via Fv614 Hjortefaret og kommunal veg Ålfotevegen. Det ligg til rette for å etablere tilkomst og parkering i tilknyting til eksisterande trafikkareal.
Folkehelse	1	0	0	Ev. endring vil vere marginalt negativ for folkehelse ved at strandsona vert meir opparbeidd og privatisert, men også marginalt positiv ved at tilgangen til å bruke sjøen vert betra. Samla verdi nøytral.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Relevante verknader er kommentert under andre emne. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS			
HENDING	Potensiell fare i dag		

	Ja	Nei	Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
Skred	X		I deler av det aktuelle området er det registrert aktsomheitssone for jord og flaumskred. Denne er avklara gjennom *«Skredfarekartlegging i bremanger kommune» 2017.»* og krev ikkje nærare utgreiing. Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Ønska føremål medfører lite konflikt i forhold til dette. Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling.	Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i detaljregulering.
Flaum		X	Ikkje relevant.	
Klima-sårbarheit			Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruk-sjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger.
Trafikk-tryggleik	X		Dei mest risikofylte situasjonane i området er i tilfelle med mange bilar på parkeringsplassen og trafikk langs Ålfotevegen. Dette er eit typisk sommarscenario.	Ved auka bruk av trafikkareala omkring området bør det gjerast tiltak for å styre dei ulike trafikkantane til tydelege soner.
Ureining	X		Ingen lokalitetar registrerte med ureiningsproblematikk i det vurderte området. Ønska føremål medfører ikkje særskilt ureiningsfare.	Ved ev. utfylling i samband med tiltaket vil det vere viktig å forhindre at utfylt masse kan utvaskast slik at det vert avsett t.d. sprengeslam i områda rundt.

Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området (Dekningskart. Telenor Radio.no)	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Davik, med om lag 16 min køyretid langs god veg, med god regularitet. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området.	

Samandrag

I følgje kart og flyfoto som ligg tilgjengeleg er det ikkje etablert felles småbåthamn eller offentleg sjøtilkomst i Ålfoten. Dette er likevel eit område der båtbruk er ein naturleg del av dagleglivet. Ved å etablere denne typen tilbod lokalt kan ein gjere området meir attraktivt både som buområde og som fritidsdestinasjon. Dette vert vurdert som eit positivt tiltak, noko som til ei viss grad veg opp for ev. visuell ulempe ved tiltaket. Det er også positivt at aktivitet vert samla omkring butikken, som allereie er eit naturleg samlingspunkt i grenda.

Konklusjon

Området vert lagt inn i arealdelen som BAB170 - Framtidig andre typer nærmere angitt bebyggelse og anlegg (1500) på land. Dette føremålet utgjer 2131m$^{2.}$ I sjø har ein nytta føremålet VS25 - framtidig Småbåthamn (6230), med avgrensing som vist i utklippet under. Krav om detaljregulering for småbåthamna, med nærare vurderingar i forhold trafikksituasjon og ev. skredfare/kvikkleiresituasjon.




Utsnitt frå plankart


3.2.4 Sigdestad – Spreidde bustader, LSB93, revidert areal etter 3.gongs offentleg ettersyn



Oversikt over vurdert område på Sigdestad, Utklipp frå 3dkommunekart.com.


Formål/bruk i dag	Lite utbygd
Planstatus	Ikkje detaljregulert. KPA: LNF-område
Forslag til ny arealbruk	LNF med spreidd bustadbygging (5200)
Arealstorleik	Ca 44 000 m²
Forslagsstillar	Tore Myklebust, Bremanger kommune og Ålfoten grendeutval






Skildring	Vurdert område er utheva med lilla i utklippet over, og ein legg opp til 5-6 nye bustadeiningar i området. Det vert også påpeika at det er viktig å få etablert hyttetomter, slik at bustadhus som i dag vert nytta til feriebustader kan bli frigjort til bustader. Opprinneleg vurdert område var Bremanger kommune sitt framlegg for å

	imøtekome dette innspelet, innspelet er endra etter merknad frå grunneigarar.

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	-1	0	Innanfor det vurderte området er det litt overflatedyrka jord i aust og noko innmarksbeite, elles er arealet skog med særs høg bonitet (mørk grøn). Ikkje innanfor definert kjerneområde for landbruk.
Landskap	1	0	0	Det vurderte området ligg delvis inntil område som er utbygd med fleire bueiningar. Terrenget i området er kupert og utbygging må plasserast på ein gjennomtenkt måte slik at utbygging ikkje reduserer kvalitetane i eksisterande busetnad.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar i vurdert område i Fylkesatlas. eller https://www.miljostatus.no/kart/ .
Strandsone	-	-	-	Ikkje relevant pga. plassering
Vassmiljø	1	0	0	VannNett: Ålfoten, økologisk tilstand: GOD. Sanitærløysing må sikre at vurdert tiltak vil ha lite eller ingen innverknad på førekomsten.
Kulturminne og kulturmiljø	2	0	0	Fleire bygg i tunet på Sigdestad er SEFRAK registrerte. Det er så vidt ein kan sjå no ikkje lagt opp til endringar som er i konflikt med bevaring av desse bygningsmiljøa. 

Mineralressursar 	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar innanfor vurdert område i www.norgeskart.no/geoportal/. Ein mindre grusressurs like aust for vurdert område, vurdert som lite viktig.
Friluftsliv	1	-1	-1	I turkart for Bremanger er det vist ein tursti som startar på Sigdestad og går opp til Sigdestadnakken langs vurdert område. Det ligg eit lokalt viktig friluftsområde på deler av det vurderte området.
Overordna arealføring	1	0	0	*Eksisterande og framtidige byggjeområde for bustad og næring skal ha tilfredsstillande mobil og breibanddekning.* *For å sikre eit variert tomtetilbod i kommunen skal ein opne for spreidd bustadbygging i område der dette ikkje er konfliktfylt.* – Framlegget er lite konfliktfylt, og i samsvar med denne intensjonen.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Det er etablert nyare privat vassverk som forsyner det aktuelle området (Sigdestad vassverk). Stor avstand til etablert offentleg avløpsløysing medfører at denne funksjonen må løysast internt i det aktuelle området. Dette er kostnadskrevjande, og kan medføre arealinngrep også utanfor aktuelt område i form av grøfter.
Transportbehov	1	0	0	Tilkomst via Fv614 Hjortefaret og kommunal veg Ålfotevegen/Sigdestadvegen. Tilkomsten til området er stadvis smal og ved full utbygging kan det vere aktuelt å gjere tilpassingar i traséen.
Folkehelse	1	0	0	Det er registrert to borehol for grunnvatn i nedkant av det vurderte området. Området har god tilgang til nærfriluftsliv, ikkje gang og sykkelveg men kort veg langs lite trafikkert strekning til skule og barnehage.

				Eit auka tilbod av attraktive byggeområde kan vere med å sikre busetnad og trivsel i distriktet – positiv verknad.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	2	2	2	Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn. Litt redusert «leikeskog», men rikeleg å ta av.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Det er ingen indikasjonar for at skred er ei aktuell problemstilling i det vurderte området (Fylkesatlas, DOK Skredfaresoner.) Utbygging vil ikkje endre denne statusen. Deler av området ligg under Marin grense, og området er ikkje detaljkartlagt for mogleg marin leire (NGU kart «Mulighet for marin leire», MML). I fylgje lausmassekart (Nasjonal løsmassedatabase, NGU) er området i hovudsak bart fjell, med tynt lausmassedekke. Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikkje fare for at det vil utløysast områdeskred (NVE veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», jf. Tabell 3.1 Prosedyre for utredning av områdeskredfare punkt 2. Lommar med marin leire kan forekomme og fundamenteringsforhold må avklarast i byggjesak.	Trygg byggjegrunn må avklarast gjennom byggjesøknad.
Flaum		X	Det er ingen elvar eller større bekkar i tiltaksområdet. Det er ikkje indikasjonar for at flaum er ei problemstilling i det vurderte området. *https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet*	
Klima-sårbarheit	X		Av dei aktuelle tema er det overflatevatn som er relevant i dette området.	
Trafikk-tryggleik	X		Siktproblematikk ved vegutløysing frå Sigdestadvegen.	Eit kort parti i tunet på Sigdestad har svært dårleg sikt, og ein bør vurdere

				ei alternativ løysing ved auka trafikk.
Ureining		X	Ingen lokalitetar registrerte med ureiningsproblematikk i det vurderte området.	
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området (Dekningskart. Telenor Radio.no).	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Davik, med om lag 20 min køyretid, langs fylkesveg. Sløkkjevatn frå Sigdestad vassverk. Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt for spreidde bustader. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området.	Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging. Krav om tilfredsstillande sløkkjevassforsyning før utbygging.


Samandrag

Eit auka tilbod av attraktive byggeområde kan vere med å sikre busetnad og trivsel i distriktet. Dette er ein overordna målsetnad for kommunen. Området er stort, slik at ein ved plassering av tomtar kan ta omsyn til terreng og kulturlandskap, og unngå bygging i nærleiken av kraftlinja som går tvers gjennom vurdert område. Trygg byggjegrunn må avklarast i byggjesak.


I utgangspunktet vert det sett ei grense på inntil 3 einingar i området. Fleire einingar vil gje auka behov for avklaringar knytt til infrastruktur etc. og bør avklarast gjennom detaljregulering.

Konklusjon

Det vert innarbeidd eit område i KPA kalla LSB93, med føremålet framtidig LNF med spreidd busetnad (5200) for inntil 3 bustader. I samband med byggesak skal det lagast bindande situasjonsplan som syner tomteinndeling, tilkomst og anna informasjon som er relevant for fleire bueiningar. Krav om tilfredsstillande sløkkjevassforsyning før utbygging. Dersom det vert aktuelt med ei samla utbygging og ynskje om meir enn 3 einingar kan dette gjerast gjennom detaljregulering. Avgrensing går fram av utklippet under, området utgjer 44 000 m².



LSB93 til 3.gongs høyring




Endra etter 3.gongs høyring

Arealet er ytterlegare avgrensa etter 3.gongs offentleg høyring, for å redusere totalt tap av landbruksareal.


3.2.5 Øyretangen Gnr/Bnr 115/24 m.fl, BFT 18, BFT19, VS17 og VS18, revidert areal til 2.gongs offentleg høyring.



Foto teke frå vegen, på vestsida av elva, med Øyretangen litt i bakgrunnen (foto, Nordplan 04.03.19).




Kartutsnitt til venstre: Utklipp frå innspelet. Aktuelle tomter er merka med raudt og blått omriss. Ny molo og framlegg til plassering av hytter for utleige er vist med grønt. Planlagt hovudhus er merka med lilla og båthamn med gult (i sjø).

Formål/bruk i dag	Området vest for elva har vore tenkt som næringsareal i samband med fiskefarm som låg i Ålfoten. Etter at drifta vart avslutta har området stått ubrukt. Området aust for elva har vore sagbruk.	
Planstatus	Ikkje detaljregulert. KPA – Erverv, noverande	
Forslag til ny arealbruk	Turisme/næring	
Arealstorleik	23 417 m²	
Forslagsstillar	Stian Osmundsen/ Asbjørn Midthjell	
Skildring	Kombinere føremål næring/turisme om område for småbåthamn. Bearbeide tomten, bygge molo og tilhøyrande småbåthamn (10-15 båtplassar) og 2-3 hytter for utleige på kvar tomt. Neste steg vil vere å utvide med tenester til besøkande. Dette kan t.d. vere jakthytte/sjøbod/hovudhus med matservering og overnatting. Som ein del av prosjektet ynskjer ein å samarbeide med NVE for å sikre elvebreidda på begge sider.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Ikkje relevant problemstilling, pga. reguleringsstatus og bruk i dag. Ingen konflikt med kjerneområde for landbruk, ref. BK sine registreringar.
Landskap	2	-2	-2	Vidare utvikling av området vil ha ein visuell verknad for omgjevnadene, spesielt småbåthamn vil kunne endre inntrykket omkring elveosen. Det har stått ei sag på området som er markert med blå avgrensing, denne er no fjerna. Det ligg framleis ein del materiale omkring som er skjemmande for omgjevnadene. Det ligg eit stort potensiale i å få rydda opp på området og tilføre ny aktivitet. Plassering og god utsikt gjer dette til ein attraktiv stad. (J.f. illustrasjon på førige side.)

				For området markert med raud farge er det relevant at dette deler av arealet har vore nytta til riggplass i samband med utbygging av kraftverk. Området er i ferd med å bli opprydda, men dette medfører at overflatene er maskinelt preparerte, med lausmasse eller grusdekke. Konfliktar ved å nytte areala vidare til utbygging er dermed minimale. Bygg må trekkjast vekk frå tangane på begge sider av elva. Byggjegrense på minimum 20 m frå sjø, og minst 10 m frå elv vil hindre utbygging yst på tangane. Detaljreguleringa må sikre ei god utforming av arealet, og at det vert teke omsyn til landskap ved plassering/utforming av eventuelle bygg. Når det gjeld område for småbåthamn og molo er også dette opparbeiding som i stor grad er gjort, slik at verknaden av inngrepa vert meir dempa enn ved ei heilt ny etablering.
Naturmangfald	2	-1	0	Ingen registreringar i vurdert område, *(Fylkesatlas og https://www.miljostatus.no/kart/)* Strandsone/elveos har ofte stort biologisk mangfald, men i dette tilfellet er det gjort tekniske inngrep tidlegare som kan ha redusert verdien. Småbåthamn ligg aust og vest for elva, og medfører ikkje inngrep i sjølve elveosen. Ålfotfjorden er lokalt viktig gytefelt for torsk, men inngrepa i sjø har ikkje slikt omfang at dei vil påverke gytefeltet. Det er ikkje registrert viktige marine naturtypar. Elva er laks- og sjøaureførande i nedre del, men det er ikkje planlagt fysiske inngrep i elva utover eventuell førebygging, som vil vere nødvendig uavhengig av tiltak. Elva er regulert (Sigdestad kraftverk).
Strandsone	2	-1	0	Tiltaka vil påverke landskapet i strandsona, sjølv om dette er prega av tekniske inngrep frå tidlegare. Det skal ikkje utførast nye fyllingar i strandsona, og byggjegrense er av omsyn til landskap og strandsone sett



				til minst 20 m frå sjø og minst 10 m frå elv. Meir detaljert byggjegrense må vurderast gjennom reguleringsarbeidet. Naturmangfald i strandsona vert ikkje vesentleg påverka dersom det vert sett føringar for utfylling og det vert etablert kantvegetasjon langs elva. Dette må avklarast gjennom detaljregulering. Området er privatisert ved lang tids bruk til sag og næringsaktivitet. Ved å legge til rette for turisme og båthamn, som det er framlegg om, vil fleire av dei negative verknadene av denne bruken bli erstatta med ein aktivitet som er meir tilgjengeleg for fleire. Område tilrettelagt for turisme har ein allmenn karakter, og dette vert vurdert til å vere ein positiv effekt for friluftsliv. Ut frå dei statlege retningslinene for differensiert strandsoneforvaltning kan det i sone 3 vere grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som t.d næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Felles bryggjer bør prioriterast, og det er her lagt opp til felles bruk av småbåthamn.
Vassmiljø	1	0	0	Ålfoten, økologisk tilstand:GOD. Tiltaket vil ha liten innverknad på sjøvassforekomsten. *(VannNett)* Elvevassførekomsten, Sagelva nedstrøms inntak Sigdestad kraftverk, er vurdert å ha god økologisk tilstand. Kjemisk tilstand er udefinert. Tiltaka medfører ikkje utslepp eller inngrep i elva, utover eventuell førebygging. Behovet for førebygging vil vere uavhengig av planlagde tiltak, og evt. førebygging må planleggjast og utførast i samsvar med gjeldande føringar. Det er lite kantvegetasjon langs elva i tiltaksområdet, kun ei strekning på ca 50 m på vestsida av elva og ei strekning på ca 30 m på austsida. Ved planlegging av nye tiltak er det viktig at kantvegetasjon vert ivareteken, og at det vert tilrettelagt for etablering av kantvegetasjon.

Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registrerte kulturminne/interesser i det vurderte området *(Fylkesatlas)*
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar innanfor vurdert område i www.norgeskart.no/geoportal/. Ein mindre grusressurs like aust for vurdert område, vurdert som lite viktig. 
Friluftsliv	1	+1	0	Det ligg eit lite, lokalt viktig friluftsområde på nordaust for det vurderte arealet. Området elles har i dag lite/ingen bruk til friluftsliv, men ved opprydding og endra bruk ligg det eit potensiale for bruk både for lokale og turistar. Ein vurderer tiltaket til å vere positivt for bruken av området.
Overordna arealføring				*Turisme: Det skal leggast til rette for nye etableringar/aktørar. Sjøretta turisme skal kunne etablerast i strandsona i område der det er tekniske inngrep frå før, og tiltaket ikkje er i konflikt med allmenne interesser.*
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Stor avstand til etablert offentleg infrastruktur medfører at desse funksjonane må løysast internt i det aktuelle området. Kostnadskrevjande, og kan medføre arealinngrep også utanfor aktuelt område i form av grøfter. Nærleik til sjø kan vere utfordrande med tanke på å finne gode avløpsløysingar – særskilt fokus i planleggingsfasen.

Transportbehov	1	0	0	Tilkomst via Fv614 Hjortefaret og kommunal veg Ålfotevegen/Øyrevegen, som i dag på begge sider av elva.
Folkehelse	1	0	0	Ev. endring vil vere marginalt negativ for folkehelse ved at strandsona vert meir opparbeidd og privatisert. Det kan samtidig vere ein positiv verknad at det vert skap aktivitet og arbeidsplassar i området, samla verknad vert om lag nøytral.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Relevante verknader er kommentert under andre emne. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred			Det er ikkje registrert potensiell fare for steinsprang eller snøskred i det vurderte området. Eit aktsemdsområde for jord- og flaumskred langs elva nord for det vurderte området indikerer at flaumskred langs elveeløpet på nordsida kan vere eit aktuelt tema. Tilfredsstillande nivå for fritidsbustad/turisme vil vere i Sikkerheitsklasse S2 (ref. tek 17 § 7-3). Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling.	Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i framtidig detaljregulering.

			 *(Fylkesatlas.no)*	
Flaum			Flaum er ei problemstilling på det aktuelle arealet, både frå elva og frå sjøsida. Tilfredsstillande tryggleik for flaum for fritidsbustad/turisme vil vere Sikkerheitsklasse F2 (ref. tek 17 § 7-2)  https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet	Ved detaljregulering må det gjerast ei fagleg vurdering av flaumfaren i området. Det må også gjerast ei nærare vurdering av byggehøgde i forhold til flaumfare.
Klima-sårbarheit		X	Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm. Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruk-sjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger.

Trafikk-tryggleik		X	Ingen særskilte problemstillingar.	
Ureining		X	Ingen lokalitetar registrerte med ureiningsproblematikk i det vurderte området.	
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G+, og DAB-dekning i området (Dekningskart. Telenor Radio.no)	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Davik, med køyretid om lag 19min, langs fylkesveg. God tilgang på sløkkjevatn frå tilgrensande elv. Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området.	Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging.

Samandrag

Området ligg i nær tilknyting til etablert utleigehytte, og til ein lokal, almenn samlingsplass, kalla «Krokettplassen» som er delvis opparbeidd. Det må utarbeidast ein reguleringsplan før området vert utvikla vidare til fritids- og turistformål.

Seinast i samband med planarbeidet må det utarbeidast løysing for vatn og avløp. Det må også utarbeidast ei flaumvurdering og ev. skredfarevurdering som dokumenterer at tryggleiken i utbyggingsområda er tilfredsstillande. Havnivå er sett til kote +3 og ein må ta omsyn til dette ved plassering av bygningar og anlegg. Byggegrense er vurdert til minimum 20 meter mot sjø, og minimum 10 m mot elv og forutsett tilstrekkeleg tryggleik mot flaum. Nærare detaljert byggjegrense må avklarast gjennom reguleringsplan, der naturmangfald, strandsone og landskap må leggjast særleg vekt på ved plassering og utforming av tiltak.

Konklusjon

Området er innarbeidd i KPA med to føremål på land, kalla BFT 18 og 19 - Framtidig fritids og turistformål (1170), samla areal for desse: 17 491m². I sjø ligg to område kalla VS16 og VS17 - framtidig Småbåthamn (6230). Avgrensing går fram av utklippet i slutten av førre kapittel. Før området kan opparbeidast, må det lagast detaljreguleringsplan. Fare for kvikkleire må utgreiast nærare i framtidig detaljregulering. For BFT-områda er byggjegrense mot sjø minimum 20 meter og mot elv minimum 10 m. Endeleg byggjegrense mot elv må byggje på flaumfarevurdering og avklarast gjennom detaljregulering. Kantvegetasjon skal takast vare på, og det skal leggjast til rette for reetablering av vegetasjon langs elva.






Føremåla ved 3.gongs høyring

Endring etter 3.gongs høyring

VS17 er teke ut etter 3.gongs offentleg høyring, og føremåla BT18 og BT19 er avgrensa slik at føremålsgrensa samsvarar med byggjegrense mot elv og sjø.

3.2.6 Førde – Hytter Gnr/Bnr 117/7, LSF39



Utklipp frå Fylkesatlas, vurdert område er markert med blå firkant.

Formål/bruk i dag	Skog og fulldyrka mark	
Planstatus	Ikkje detaljregulert. KPA, LNF	
Forslag til ny arealbruk	LNF område med høve til spreidd utbygging med fritidsbustader (5220)	
Arealstorleik	Ca 900 m2	
Forslagsstillar	Karl Vidar Førde	

Skildring	Ynskjer rom for å bygge to eller tre hytter i det vurderte området ved at arealet vert lagt ut som LNF med høve til spreidd fritidsbusetnad.

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar 	2	-1	0	Det vurderte området omfattar ein del fulldyrka mark på nedsida av skogsvegen som går gjennom området. I overkant ligg det skog med svært høg bonitet (markslagskart, sjå utklipp til venstre). Dersom det skal gjerast byggetiltak bør desse vere lokalisert langs skogsvegen slik at ein unngår nedbygging av dei dyrka områda.
Landskap	1	0	0	Føresett at ev. hytter kan nytte eksisterande skogsveg som tilkomst vil det ikkje medføre store langskapsinngrep å gjennomføre ønska utbygging.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar i vurdert område. (*Fylkesatlas og https://www.miljostatus.no/kart/*)
Strandsone	0	0	0	Ikkje relevant pga. plassering.
Vassmiljø	1	0	0	Ingen registrerte elvar eller bekkar i tiltaksområdet.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte kulturminne/interesser i det vurderte området *(Fylkesatlas)*
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registrerte ressursar i vurdert område. *www.norgeskart.no/geoportal/*
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registrering frå BK, ein kjenner heller ikkje til særskilte interesser/hyppig bruk slik situasjonen er i dag.
Overordna arealføring				*Fritidsbustadar:* *Hovudvekta av framtidige fritidsbustader skal leggjast i hyttefelt og i tilknyting til etablert infrastruktur. I område for spreidd bygging skal det*

				opnast for både bustad og fritidsbustadbygging. (...) *Næring/turisme:* Arealaldelen skal leggje til rette for at etablerte turistverksemder skal ha naudsynt areal for å oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Det skal også leggjast til rette for nye etableringar/- aktørar. Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d. satsing på reiseliv og turisme, skal vektleggjast ved vurdering av tiltak i 100 m-beltet. Sjøretta reiselivsanlegg, som t.d. rorbuer for utleige, bør samlast og lokaliserast i tilknyting til anna utbygging, i område som er regulert til føremålet eller der det ikkje er i konflikt med allmenne interesser
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Stor avstand til etablert offentleg infrastruktur medfører at desse funksjonane må løysast internt i det aktuelle området. Dette kan vere kostnadskrevjande, og kan medføre arealinngrep også utanfor aktuelt område i form av grøfter. Infrastruktur kan eventuelt samordnast med eksisterande hytte i området.
Transportbehov	1	0	0	Tilkomst via Fv614 Hjortefaret og kommunal veg Ålfotevegen. Det vil vere behov for å oppruste om lag 250 m av eksisterande landbruksveg som tilkomstveg til utbyggingsområdet.
Folkehelse	1	0	0	Ingen verknad for folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Relevante verknader er kommentert under andre emne. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		

Skred	X		Heile det vurderte området ligg i eit aktsomheitsområde for snø og steinsprang. Det er utarbeidd skredfarekartlegging for området. (Multiconsult, dok 417184-RidBerg-NOT-002, 17.02.2015,)  *Utklipp frå kap. 5 «Resultater» i den aktuelle rapporten. Dei ulike faresonene er vist slik: sannsyn <1/5000=oransje, <1/1000=raud, <1/100=brun.* Tilfredsstillande nivå for fritidsbustad/turisme vil vere i Sikkerheitsklasse S2 (ref. tek 17 § 7-3) d.v.s. raud sone, eller betre. Av dette ser ein at for den delen av vurdert område som ligg i brun sone, er det ikkje tilfredsstillande tryggleik mot skred. Tiltak må plasserast innanfor raudt område, jf. kartutsnitt over.	
Flaum		X	Det er ikkje indikasjonar for at flaum er ei problemstilling i det vurderte området. https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet	
Klima-sårbarheit			Ingen kjende problemstillingar.	
Trafikk-tryggleik			Ingen kjende problemstillingar.	
Ureining		X	Ingen lokalitetar registrerte med ureiningsproblematikk i det vurderte området.	Ønska føremål medfører ikkje ureiningsfare.
Digital kommunika-sjon			Ikkje dekning – Telenor, og ikkje/lite DAB-dekning.	Ikkje avgjerande for føremålet.
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Davik, med om lag 25min køyretid langs fylkesveg og	Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne

			kommunal veg. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området. Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt for fritidsbustader.	i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging. Krav om tilfredsstillande sløkkjevassforsyning før utbygging.

Samandrag

Omsynet til dyrka jord er lagt vekt på ved plassering og utforming av byggjeområdet. Trygg plassering av tiltak i høve skredfare vil vere nedanfor eller på eksisterande skogsveg (ved evt omlegging av denne). Ved omlegging av skogsvegen kan vegarealet nyttast til bygging. Å trekkje området lenger ned vil vere i konflikt med landbruksareal. Gbnr. 117/7 har etablert verksemda Hjortegarden, og driv med oppdrett av hjort på eigedommen, kombinert med besøksnæring/turisme. Verksemda har ei positiv utvikling, og det er behov for overnattingsplassar i tilknyting til aktiviteten.




Vurdert område er markert med raud strek i utklipp frå 3d kommunekart, for å gje eit inntrykk av plasseringa i landskapet.

Konklusjon



Ved eventuell omlegging av skogsvegen vil det vere råd å plassere 2 hyttetomtar, utan at dette går på bekostning av dei jordbruksareala som er i aktiv drift.

Området er kalla LSF39, og lagt inn som LNF med spreidd fritidsbusetnad (5220), området utgjer 912m². Føremålet er avgrensa til det arealet som har tilfredsstillande tryggleik mot skred (S2). Tilkomst og plassering av tomtane gjer dei ueigna for fast busetnad, og det vert difor berre opna for spreidd hyttebygging. I samband med byggesak skal det lagast bindande situasjonsplan som syner tomteinndeling, tilkomst og annan informasjon som er relevant for fleire bueiningar. Krav om tilfredsstillande sløkkjevassforsyning før utbygging.



LSF39

3.2.7 Førde – Sjøbu Gnr/Bnr 117/7, BFT22



Utklipp frå 3d.kommunekart.com, vurdert område er markert med orange sirkel.



Formål/bruk i dag	Innmarksbeite, brygge og sjøareal
Planstatus	Ikkje detaljregulert. KPA, LNF-område.
Forslag til ny arealbruk	Turisme
Arealstorleik	0,5daa
Forslagsstillar	Karl Vidar Førde



Utklipp frå KPA, det vurderte området ligg ved sjøen, nord for det øvste av elveløpa som er visst i plankartet.



Skildring	Område for sjøbu til utleige/føremål turisme. Det ligg to sjøbuer på same gnr/bnr, like ved det aktuelle området i dag, desse står omtrent til nedfalls. SF-9, som er vist i gjeldande plankart, over vert ikkje vidareført.

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	-1	0	Ikkje lokalisert på areal som er nytta i aktivt landbruk, men tilkomst vil gå over dyrka mark, ref. flyfoto og markslagskart. Ingen konflikt med

				kjerneområde for landbruk, ref. BK sine registreringar.
Landskap	1	0	0	Ombygging av sjøbu innanfor eksisterande rammer vil ha liten påverknad på landskapet. Det same gjeld flytebryggje, som også vil vere eit reversibelt tiltak.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar i vurdert område. (fylkesatlas og https://www.miljostatus.no/kart/). Tiltaket medfører ikkje ny utbygging i fjæra, utover etablering av landgang for flytebryggje, og påverkar mangfaldet i randsona mellom land og sjø lite.
Strandsone 	2	-1	0	Strandsona har visuell verdi, og kan også vere nytta som leikeområde.  *Foto: Nordplan 04.03.19.* Strandsona i området er påverka av eksisterande utbygging og kraftlinje forbi området. Konsekvensen ved å etablere sjøbu for utleige vil vere ytterlegare privatisering og ev. tiltak i samband med tilkomst/infrastruktur.
Vassmiljø	1	0	0	Ålfoten, økologisk tilstand: GOD. Tiltaket vil ha liten innverknad på vassforekomsten. *VannNett:*
Kulturminne og kulturmiljø  *Foto: Nordplan 04.03.19.*	1	-1	0	Naustet som står i området i dag er SEFRAK registrert og tidfesting/byggeår er 18oX. Ved bruksendring/ombygging er det viktig å ivareta karakteren til bygget i størst mulig grad. Gjennom dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona er det opna for at det i sone 3 kan vere grunnlag for å tillate bruksendring av verneverdige naust og sjøbuer til næringsføremål.
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registrerte ressursar i vurdert område. www.norgeskart.no/geoportal/

Friluftsliv	1	0	0	Per i dag ingen registreringar av særskilt verdi for friluftsliv, men plasseringa gjer at dette kan bli ein god tilgang til fjorden og dei opplevingane som er knytt til den.
Overordna arealføring	1	+2	+1	*Turisme: Det skal leggast til rette for nye etableringar/aktørar. Sjøretta turisme skal kunne etablerast i strandsona i område der det er tekniske inngrep frå før, og tiltaket ikkje er i konflikt med allmenne interesser.* Endringa er positiv med tanke på denne føringa
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	1	-1	0	Stor avstand til etablert offentleg infrastruktur medfører at desse funksjonane må løysast internt i det aktuelle området. Dette kan vere kostnadskrevjande, og kan medføre arealinngrep også utanfor aktuelt område i form av grøfter og anlegg. Nærleik til sjø kan også vere utfordrande med tanke på å finne gode avløpsløysingar – særskilt fokus i planleggingsfasen.
Transportbehov	1	-1	0	Tilkomst via Fv614 Hjortefaret og kommunal veg Ålfotevegen/Lundavegen. Ein legg til grunn at endringane kan utførast utan nye vegtiltak ut over opprusting av eks. tilkomst/landbruksveg og ev. parkeringsplass. Avgrensing av arealet inkluderer areal for tilkomst.
Folkehelse	1	0	0	Ev. endring vil vere marginalt negativ for folkehelse ved at strandsona vert meir opparbeidd og privatisert.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Relevante verknader er kommentert under andre emne. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		

Skred			Det er ikkje registrert aktsomheitssoner for nokon skredtype i det vurderte området.  Tilstrekkeleg tryggleik mot skred vil vere S2 (sannsyn mindre enn 1/1000), jf. TEK17. Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire.	Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om kvikkleire er ei relevant problemstilling.
Flaum		X	Deler av det vurderte området kan vere utsett for flaum.  Tilstrekkeleg tryggleik mot flaum vil vere F2 (sannsyn mindre enn 1/200), jf. TEK17.	Ved plassering av sjøbu må det gjerast ei nærare vurdering av korleis bygg skal vere plassert med tanke på flaumfare frå elva.
Klima-sårbarheit			Strandsona i det vurderte området vil vere påverka av havnivå og bølger. Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm.	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruk-sjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å

			Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.	tole saltvatn/bølger.
Trafikk-tryggleik			Lite trafikk og få mjuke trafikkantar gjer problemstillinga mindre relevant.	
Ureining		X	Ingen lokalitetar registrerte med ureiningsproblematikk i det vurderte området. Ønska føremål medfører ikkje ureiningsfare.	Det vil vere viktig å forhindre at utfylt masse kan utvaskast slik at det vert avsett sprengeslam i områda rundt.
Digital kommunika-sjon			Ikkje dekning – Telenor, og ikkje DABdekning	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Davik, med køyretid på om lag 25 min langs fylkesveg. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området. Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt for spreidde hytter.	Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging. Krav om tilfredsstillande sløkkjevassforsyning før utbygging.

Samandrag

Det er innspel om etablering av sjøbu/rorbu for utleige som supplement til næringsverksemda Hjortegarden på gnr/bnr 117/7 og tilrettelegging for sjøretta aktivitet. Flaumfare må vurderast nærare. Havnivå er sett til kote+3 og ein må ta omsyn til dette ved plassering av bygningar og anlegg.

Konklusjon

Det er innarbeidd eit område kalla BFT22 med Framtidig fritids og turistformål (1170), med eit areal på 216m². I sjø er det lagt inn eit område kalla VS26 – framtidig Småbåthamn. Det er opna for ei utleige-eining, og areal for flytebrygge i sjøområdet. Det er stilt krav om tilfredsstillande sløkkjevassforsyning før utbygging. Det må vere plankrav for området, då naturfare kvikkleire er for strandsone er vanskeleg å vurdere på overordna nivå.




BFT22 og VS26

3.2.8 Ålfoten – Åskora, næringsareal (SFE), BN70, revidert areal etter 2.gongs offentleg høyring



Flyfoto over området


Formål/bruk i dag	Strandsone med slipp, flytebryggje og kai. Utløpstunnel frå Åskora kraftstasjon.	


Planstatus	Sjø og vassdrag for allmenn fleirbruk, FFNF (KPA 2004).	
Forslag til ny arealbruk	Næringsareal, hamneføremål i sjø.	
Arealstorleik	Ca 11 daa	
Forslagsstillar	Sogn og Fjordane Energi	
Skildring	Vurdert område omfattar sjøområdet utanfor Åskora kraftstasjon med driftsbygg for SFE Produksjon AS. Tiltaket gjeld fylling i sjø for framtidig næringsutvikling. I konsesjon for regulering av Øvre Bredvatn og bygge Bredvatn kraftverk 13.10.2017 (NVE/OED), er det gjeve løyve til deponering av overskotsmasse (360 000 m³) i to sjøtippar, jf. utklipp under.  Utklipp frå konsesjonssøknad SFE, 19.11.2013 Det er ynskjeleg å bruke desse overskotsmassane til etablering av nytt landareal. Området er avgrensa mot aust i høve SFE sitt innspel, for å unngå fylling nær elveosen til Åskorelva.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	-	-	-	
Landskap	2	-1	0	Området er prega av dei tekniske inngrepa knytt til kraftutbygging og vegbygging. Tiltaksområdet ligg inst i fjordbotnen, og vil sjøfyllinga ha små fjernverknader for landskapet. Utstrekning av fyllinga er redusert, for å redusere landskapsverknaden.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert viktige eller utvalde naturtypar eller truga artar i tiltaksområdet, jf. naturbase/fylkesatlas. Søraust for tiltaksområdet er det registrert ein

				lokalitet «Nordvendte kystberg og blokkmark», Åskåra. Lokaliteten er verdsett som svært viktig. Tiltaket vil ikkje påverke lokaliteten. Ålfotfjorden er gyteområde for torsk, og utfylling i sjø bør unngåast i gyteperioden. Naturmangfaldet på sjøbotnen vil bli påverka på same måte gjennom konsesjonsgjeve deponi av steinmasse.
Strandsone	1	-2	-1	Området ligg i sjø, og medfører utfylling av eksisterande strandsone. Kraftverksområdet og området ved Ålfoten industribygg er etablert på tidlegare fylling. Ny fylling vil kun påverke ei naturleg strandsone i ei strekning på om lag 100 m. I denne sone er strandsona svært bratt og lite tilgjengeleg. Strandsona er prega av inngrep knytt til kraftstasjon og drift. Etter dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona er Bremanger område med mindre press på areala (sone 3). Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal leggjast vekt på ved vurdering av tiltak i 100 m-sona langs sjø, og utbygging bør lokaliserast til område som er utbygt frå før.
Vassmiljø	1	0	0	Åskorelva, som er regulert og sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) ligg aust for tiltaksområdet. Sjøvassførekomsten Ålfoten er registrert med god økologisk tilstand, jf. vann-nett.no. Det må takast omsyn til vassmiljø ved fylling i sjø.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	-
Mineralressursar	1	0	0	-
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registrerte verdiar. Tursti til Ålfotbreen går opp frå Lundavegen sør for tiltaksområdet, men fylling i sjø vil ikkje påverke denne.
Overordna arealføring				I samsvar med føringane: *Kommunen skal i størst mogleg grad leggje til rette for at etablerte industriaktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Ved vurdering av nye industriareal vil transportbehov, miljøomsyn som*

				ureining og fjernverknad, samt nærleik til etablerte bustadområde, vere viktige tema for konsekvensutgreiing (KU). I tillegg: *Anna aktivitet knytt til fornybar energi, som t.d. bølgjekraft og vasskraft, skal vurderast opp mot KU-tema der verknad for naturmangfald og strandsone er særleg viktig.*
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Privat veg fram til tiltaksområdet. Privat vatn og avløp. Behovet for infrastruktur må avklarast gjennom detaljregulering.
Transportbehov	1	-1	0	Avstand til næraste busetnad er ca 2 km. Tilkomst med bil og båt.
Folkehelse	1	0	0	Tiltaket har lite verknader for folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Tiltaket har lite verknader for denne gruppa.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 	X		Det er potensiell fare for jord- og flaumskred (NVE) og stein- og snøskred (aktsemdskart for stein- og snøskred (NGI) i tiltaksområdet. Området ligg under Marin grense, og området er ikkje detaljkartlagt for mogleg marin leire (NGU kart «Mulighet for marin leire», MML). Lausmassar på sjøbotnen er ikkje kartlagt, marine grunnkart går ikkje inn i Ålfotfjorden.	Reell skredfare og risiko for kvikkleire må avklarast gjennom detaljregulering.
Flaum	X		Aktsemdssone for flaum rundt Åskorelva.	Byggjegrense langs elv må avklarast gjennom detaljregulering.


				
Klima-sårbarheit	X			Stormflofare og overflatevatn må ivaretakast gjennom detaljregulering.
Trafikk-tryggleik		X		
Ureining		X		
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Davik, med om lag 25 min køyretid. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området.	Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging. Sløkkevassforsyning er tilfredsstillande.

Samla vurdering


Tiltaket har negative konsekvensar for strandsone og transportbehov. Sjøfyllinga går inn i ein registrert låssettingsplass (Brisling, sild). Området vil framleis kunne nyttast til føremålet, og det er også fleire andre låssettingsplassar i denne fjorden. Behovet er knytt til utvikling av SFE si verksemd, og må ligge i tilknyting til eksisterande verksemd. Utviding oppover på land er konfliktfylt i høve skredfare, og topografien gjer at planering av næringsareal vil medføre vesentlege skjeringar/fyllingar som vil ha større verknader for landskapet. Området er avgrensa mot aust for å unngå fylling utanfor/nær elveosen for Åskorelva, og ytterlegare avgrensa etter 2.gongs offentleg høyring. Avhengig av aktiviteten vil transportbehovet kunne verte stort, sidan området er usentralt plassert. Avstand til næraste busetnad i Ålfoten er 2 km, og området er i sykkelavstand frå bygda elles. Tiltaket er knytt opp mot eksisterande vasskraftutbygging og tilgang på overskotsmassar, og plasseringa er avgjort av denne. Næringsareal i tilknyting til kraftstasjonar vil vere viktig for framtidig næringsetablering av energikrevjande industri. Omsynet til landskap og strandsone må ivaretakast gjennom detaljregulering. Konsesjon etter energilova medfører overskotsmasse som er godkjent deponert i sjø, og samla sett vil det vere størst samfunnsmessig gagn i at massane vert nytta til opparbeiding av næringsareal.

Konklusjon

Området vert lagt inn som næringsareal BN70, med avgrensing som vist under (ca 11,1 daa). Det vert krav om detaljregulering. Byggjegrense mot sjø, byggjehøgde, tryggleik mot naturfarar, omfang og utforming av tiltak, må avklarast gjennom detaljregulering.



´Utstrekning ved 2.gongs offentleg høyring.



BN70

3.2.9 Ålfoten – Yksnelvane næringsareal og hamn (SFE), BN69 og HOS1



Flyfoto over området


Formål/bruk i dag	Utmark og strandsone, eksisterande byggjeområde.
Planstatus	Reguleringsplan for anleggsveg Åskora-Yksnevane-Bjørndalen (Planid.1438.2003.03) LNF føremål rundt regulert område og «sjø og vassdrag for allmenn fleirbruk» (KPA 2004).
Forslag til ny arealbruk	Næringsareal, hamneføremål i sjø.
Arealstorleik	Ca 370 daa
Forslagsstillar	Sogn og Fjordane Energi
Skildring	Vurdert område omfattar eksisterande byggjeområde med tre bustadhus og trafostasjon, i tillegg til småbåtanlegg, privat veg og kraftstasjon i fjell. Fylling i sjø for framtidig næring, nytt areal til ny kraftstasjon og fortøyingsanlegg i sjø til vassforsyning.




Regulert område er vist med svart omriss.

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Tiltaksområdet er i hovudsak skogdekt (barskog, grunnlendt).

Landskap	2	-2	-2	Fjordlandskapet er prega av høge fjell som går bratt ned mot sjøen, og har stor opplevingsverdi frå sjøsida. Området er prega av dei tekniske inngrepa knytt til vegbygging og kraftutbygging, men framstår elles som vilt og urørt. Fjernverknad på landskapet er i hovudsak knytt til fylling i sjø og hamneanlegg.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert viktige eller utvalde naturtypar eller truga artar, jf. naturbase/fylkesatlas.
Strandsone	1	-2	-1	Området ligg innanfor 100 m-sona langs sjø. Strandsona er prega av inngrep knytt til vegbygging, trafostasjon, bustader og båtanlegg. Tiltaket vil medføre nedbygging av ytterlegare strandsone. Etter dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona er Bremanger område med mindre press på areala (sone 3). Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal leggjast vekt på ved vurdering av tiltak i 100 m-sona langs sjø.
Vassmiljø	1	0	0	Ei elv (frå Lundavatnet) og to mindre bekkar renn gjennom tiltaksområdet. Desse er del av vassførekomsten «Tilløp Hundvikfjorden sør», med antatt god økologisk tilstand. Vassførekomstane i høgfjellet sør for tiltaksområdet er i hovudsak sterkt modifiserte (SMVF) gjennom kraftutbygging. Sjøområdet er delt i vassførekomsten Hundvikfjorden, med moderat økologisk tilstand, men der det er forventa å nå målet om god økologisk tilstand i perioden 2022-2027. I vest er vassførekomsten Ålfoten registrert med god økologisk tilstand, jf. vann-nett.no. Det er ikkje planlagt tiltak som vil påverke vasskvaliteten i vesentleg grad.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	-
Mineralressursar	1	0	0	-
Friluftsliv	2	-2	-2	Molo og båthamn er registrert som eit lokalt viktig friluftsområde. Tiltak som

				hindrar denne bruken vil vere negativt for friluftsomsyna.
Overordna arealføring				I samsvar med føringane: *Kommunen skal i størst mogleg grad leggje til rette for at etablerte industriaktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Ved vurdering av nye industriareal vil transportbehov, miljøomsyn som ureining og fjernverknad, samt nærleik til etablerte bustadområde, vere viktige tema for konsekvensutgreiing (KU).* I tillegg: *Anna aktivitet knytt til fornybar energi, som t.d. bølgjekraft og vasskraft, skal vurderast opp mot KU-tema der verknad for naturmangfald og strandsone er særleg viktig.*
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Privat veg fram til tiltaksområdet. Privat vatn og avløp. Behovet for infrastruktur må avklarast gjennom detaljregulering.
Transportbehov	1	-2	-2	Lang køyreavstand til busetnad i Ålfoten (min. 10 km). Plasseringa kan vere gunstig for transport med båt.
Folkehelse	1	0	0	Tiltaket har lite verknader for folkehelse, forutsett at friluftsområdet ikkje vert råka.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Tiltaket har lite verknader for denne gruppa, forutsett at friluftsområdet ikkje vert råka.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	X		Det er potensiell fare for jord- og flaumskred (NVE) og stein- og snøskred (aktsemdskart for steinsprang, og	

			aktsemdskart for snøskred). Området ligg under Marin grense, og området er ikkje detaljkartlagt for mogleg marin leire (NGU kart «Mulighet for marin leire», MML). I fylgje lausmassekart (Nasjonal løsmassedatabase, NGU) er området bart fjell (meir enn 50 % fjell i dagen). Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikkje fare for at det vil utløysast områdeskred (NVE veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», jf. Tabell 3.1 Prosedyre for utredning av områdeskredfare punkt 2.	Reell skredfare må avklarast gjennom detaljregulering. Risiko for kvikkleire må utgreiast for eventuelle tiltak i sjø.
Flaum 	X		Aktsemdssone for flaum rundt Lundaelva.	Byggjegrense langs elv og bekkar må avklarast gjennom detaljregulering.
Klima-sårbarheit	X			Overflatevatn må ivaretakast gjennom detaljregulering.
Trafikk-tryggleik		X		
Ureining		X		
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Davik, med om lag 30 min køyretid. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området.	Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging.


				Sløkkevassforsyning er tilfredsstillande.

Samla vurdering

Tiltaket har størst negative konsekvensar for landskap, strandsone, friluftsliv og transportbehov. Ved å avgrense området mot vest til eksisterande byggjeområde, unngår ein inngrep i molo og fjære som er registrert som viktig friluftsområde. Transportbehovet vil vere stort, sidan området er usentralt, og om lag 10 km frå næraste busetnad i Ålfoten. Tiltaket er knytt opp mot eksisterande vasskraftutbygging, og plasseringa er avgjort av denne. Næringsareal i tilknyting til kraftstasjonar vil vere viktig for framtidig næringsetablering av energikrevjande industri. Området ved kraftstasjonen er bratt og det er kun mulig å etablere næringsareal ved utfylling i sjø. Omsynet til landskap og strandsone må ivaretakast gjennom detaljregulering og kva tiltak som vert opna for. Tiltak må ikkje vere til hinder for navigasjonsrettleiing i området, særskilt omsyn til Ålfoten lykt.

Konklusjon

Tiltaksområdet vert avgrensa mot vest, slik at det vert avslutta ved eksisterande byggjeområde. Området på land vert lagt inn som næringsareal BN69 (72 daa), og i sjø som hamneareal HOS1 (180 daa). Det vert krav om detaljregulering. Byggjegrense mot sjø er minimum 10 m. Tryggleik mot naturfarar, omfang og utforming av tiltak må avklarast gjennom detaljregulering.





3.2.10 Juvika, Dombestein – Akvakultur, VA10. Endra etter 2. og 3. gongs ettersyn



Flyfoto frå 2015, med innteikna tiltaksområde.

Formål/bruk i dag	Akvakultur, lakseoppdrett
Planstatus	Akvakultur (AK) og sjø og vassdrag for allmenn fleirbruk i KPA frå 2004
Forslag til ny arealbruk	Akvakultur
Arealstorleik	Ca. 880 daa
Forslagsstillar	MOWI AS Kystverket, fråsegn ved 2. gongs ettersyn, med råd om reduksjon av VA10, mot leia Merknad frå Mowi ved 2. gongs ettersyn
Skildring	Aktuelt område ligg i Juvika, vest for Dombestein. Det er ynskje om utviding av eksisterande, konsesjonsgjeve anlegg for lakseoppdrett. Området er utvida til å omfatte framtidig utviding, og endra





KPA 2004 syner akvakulturområde (AK)

	anleggsstruktur. Området vil omfatte fortøyingar ned til 25 m djupne. Området har god straum og botntopografi (bratt og djupt).

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	-			
Landskap	2	-1	0	Området er ikkje omfatta av «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke», Rapport 07-2009. Ytre del av Nordfjorden er klassifisert som landskapstype Breide fjordar (LT21-8), Nordfjorden. Landskapsverdien for denne landskapstypen er sett til «Representative/vanleg førekommande landskap» (verdi C) i kartlaget for lokal og regional (Fylkesatlas). Eksisterande akvakulturanlegg har nær- og fjernverknad for landskapet i område, og utviding vil ikkje gje vesentleg endra påverknad.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert viktige marine naturtypar i det aktuelle område. (Miljøstatus Norge). Det er registrert ein førekomst av leddormen Owenia borealis (flatbørstemark) og fleire førekomstar av blautdyret Axinulus eumyarius (skjell) innanfor tiltaksområdet. Begge artane er av særleg stor forvaltningsinteresse, men bestanden er livskraftig, jf. artsdatabanken.no. Det er tidlegare registrert laks i nedre del av Storelva som ligg om lag 100 m aust for tiltaksområdet, jf. fylkesatlas. Elva er ikkje registrert som anadromt vassdrag. Del av Nordfjorden m.a frå Hamneneset til Nordfjordeid, er definert som nasjonal laksefjord (om lag 5 km aust for tiltaket).
Strandsone	1	0	0	Tiltaksområdet ligg i sjø. Fylkesvegen går langs fjæra i dette området, og strandsona er prega av vegfylling/tekniske inngrep. Tiltaket vil ikkje beslaglegge ytterlegare strandsone.
Vassmiljø	1	-1	0	Sjøområdet er del av vassførekomsten Nordfjord-indre med antatt moderat miljøtilstand (Vann-nett.no). Miljømål er

				forventa oppnådd i perioden 2022-2027. Undersøking av miljøforholda (MOM-C) ved lokaliteten (C-undersøkelse for Juvika B, Havbrukstenesten AS på vegne av Marine Harvest 09.05.2016) viser at lokaliteten (nærstasjonen) ser ut til å bere lite preg av oppdrettsverksemda (klassifisert med Miljøtilstand 1 «Meget god», jf. NS9419:2016). Samla belastning vil auke ved utviding av anlegget, men for aktive lokalitetar er det krav til undersøkingar og tiltak for å fylgje med på tilstanden. Det er ikkje noko som tyder på at utsleppa frå produksjonen vil endre vassførekomsten sin miljøtilstand eller at miljømåla etter vassforskrifta ikkje vert oppfylt.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet.
Mineralressursar	1	0	0	Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette område.
Friluftsliv	1	-1	-1	Ikkje del av regionalt viktig eller kommunalt kartlagt friluftsområde. Ikkje registrert lokal bruk. Anlegget vert plassert slik at det skal vere råd å ferdast langs land med småbåt.
Overordna arealføring	2	+2	+2	Kommunen har ikkje ein spesifikk strategi for akvakultur, men generelt ynskjer kommunen å legge til rette for at etablerte aktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Endra anleggsstruktur/-utforming er positivt i høve miljøet, og auka sjømatproduksjon er positivt ut frå berekraftsperspektiv.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	-	0	0	
Transportbehov	Båt og bil	-1	-1	Anlegget ligg i gangavstand frå Dombestein og sykkelavstand frå Davik og Isane.
Folkehelse	-	0	0	Ingen verknad.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å ha vesentleg verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko, og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 	X		I fylgje aktsemdskart for jord- og flaumskred (NVE) og aktsemdskart for stein- og snøskred (NGI) er det potensiell skredfare i området. I samband med bygging av kai om lag midt i tiltaksområdet vart det utført skredfarevurdering for eit mindre parti (Skredfarevurdering for deler av gbnr. 107/6 i Juvika, Bremanger kommune, Sunnfjord Geo Center, 01.06.2021). Rapporten konkluderte med at sannsynet for skred i det området var mellom 1/100 og 1/100 (tryggleiksklasse S1, jf. TEK17).	Det er allereie gjeve konsesjon og etablert akvakulturanlegg innanfor aktsemdsområdet for skred. Krav i plan- og bygningslova/bygg-teknisk forskrift er ikkje gjeldande.
Flaum		-	Ikkje relevant. Anlegget ligg i sjø. Ved tiltak på land må trygg byggjegrunn dokumenterast.	
Klima-sårbarheit-	x		Anlegg må tilpassast for framtidig havnivåendring og stormflo. Ingen andre kjende tema som er aktuelle knytt til klimasårbarheit, utover sterk vind og styrtregn.	
Trafikk-tryggleik, land og sjø		x	Dårleg sikt i avkøyrsle. Utviding av arealføremålet vil ikkje medføre vesentleg auka trafikk. Skipstrafikken seglar inn Nordfjorden på sørsida, og vil kome nær anlegget. Mindre tryggleik for småbåtar, dersom farvatnet langs land blir stengt av aoppdrettsanlegget.	Akvakulturområdet må avgrensast ut mot leia, slik at det blir tryggare sjøferdsel på Nordfjorden Det må leggjast til rette for uhindra passasje på landsida av anlegget, for småbåtar.
Ureining		x	Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utslepp til vatn er rekna som største potensielle forureiningsfare. Verksemda	Det er lang avstand til naboar og andre som kan bli sjenert av støy og lys. Tiltak må ha løyve etter ureiningslova, og sektor-

			pliktar å nytte beste tilgjengelege teknologi for å redusere alle sine utslepp, og fylgje krav i regelverket for å hindre ureining.	styresmakta vurderer kva som er forsvarleg å tillate av utslepp og set krav til oppfølging etc.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Mest aktuelle ulukkesscenario vil vere skade på anlegget som kan medføre rømming av fisk. Dette må primært vere handtert gjennom verksemda sin internkontroll og sektorlovverk for næringa. Elles ingen særskilde problemstillingar knytt til vurdert område.	

Samla vurdering

Tiltaksområdet er delvis i samsvar med område for akvakultur i KPA frå 2004, men området går lenger mot aust og lenger ut i sjø enn tidlegare føremål. Utstrekninga av området langs land er i avgrensa for å ta høgde for fortøyingar. Akvakulturområdet går inn i registrert farleiareal, og grensar til delen av farleiarealet der båttrafikken stort sett går. Lokaliteten er vurdert som god, og ønska utviding er ikkje vurdert til å gje vesentleg negativ verknad for sjøarealet eller tilgrensande landområde.

Konklusjon

Utvida område er lagt inn i plankartet med føremål akvakultur (VA10), totalt om lag 880 daa.

Ein har valt å ikkje spesifisere art/avgrense arealformålet, då ny teknologi og endra rammevilkår kan opne for oppdrett av andre artar utan auka miljøbelastning.

Fortøyingar djupare enn 25 m er vurdert å ikkje påverke den allmenne bruken av sjøområda, og for å unngå at akvakulturområda legg beslag på unødig store areal vert det opna for at fortøyingar under 25 m djupne kan gå ut i område «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» (V), der det ikkje er merka natur eller fiske eller kombinert føremål fiske og ferdsel.


For å unngå at anleggsråme kjem for langt ut i fjorden, og kjem i konflikt med leia, bør det vere byggjegrense for anleggsråme. Denne bør vere minst 50 m frå grense for planføremål.

Avgrensing av VA10 jfr konklusjon er vist nede til høgre.



Til venstre VA10 ved 2. gongs høyring, og til høgre er VA10 ved 3. gongs høyring.



Området er avgrensa etter 3.gongs høyring, etter merknader frå Kystverket og grunneigarar, jf. utklipp under.



3.2.11 Svartekari – Akvakultur, VA12. Ny vurdering etter 2. gongs ettersyn




Flyfoto frå 2015, med innteikna tiltaksområde.

Formål/bruk i dag	Akvakultur, torskeoppdrett	  KPA 2004
Planstatus	Akvakultur (AK) og sjø og vassdrag for allmenn fleirbruk i KPA frå 2004	
Forslag til ny arealbruk	Akvakultur	
Arealstorleik	Ca. 650 daa	
Forslagsstillar	Gadus Group Kystverket 2. gongs ettersyn; merknad om å halde av Davika til ankringsplass, og redusere VA12 Søknad frå Ode (tidl. Gadus) om utviding av lokaliteten på Svartekari	
Skildring	Aktuelt område ligg i på Svartekari, aust for Davik. Det er ynskje om utviding av eksisterande, konsesjonsgjeve anlegg for torskeoppdrett. Området er utvida til å omfatte framtidig utviding, og endra anleggstruktur. Området vil omfatte fortøyingar ned til 25 m djupne. Davikbukta har i nord god djupne og stort vassvolum, god straum og botntopografi (bratt og djupt).	

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	-			
Landskap	2	-1	0	Området er ikkje omfatta av «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke», Rapport 07-2009. Ytre del av Nordfjorden er klassifisert som landskapstype Breide fjordar (LT21-8), Nordfjorden. Landskapsverdien for denne landskapstypen er sett til «Representative/vanleg førekommande landskap» (verdi C) i kartlaget for lokal og regional (Fylkesatlas). Eksisterande akvakulturanlegg har nær- og fjernverknad for landskapet i område, og utviding vil ikkje gje vesentleg endra påverknad.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert truga artar eller viktige marine naturtypar i det aktuelle område. (Miljøstatus Norge). Om lag 1,5 km mot vest ligg Storelva som er registrert som anadromt vassdrag, men ikkje har status som viktig . I same området er det også ein ålegrasførekomst som er registrert som lokalt viktig. Del av Nordfjorden m.a frå Hamneneset til Nordfjordeid er definert som nasjonal laksefjord (om lag 8 km aust for tiltaket). Ved handsaming av utsleppsløyve for eksisterande lokalitet vurderte Statsforvaltaren i Vestland at det ikkje var behov for kartlegging av sårbart naturmangfald ved lokaliteten, jf. Vedtak om løyve til utslepp for Nordfjorden Torsk AS for akvakultur på lokaliteten Svartekari i Bremanger kommune, datert 20.05.2021 (ref. 2021/1940). Statsforvaltaren skriv at tilhøva ved lokaliteten Svartekari er grunnare, slakare og har svakare straum enn eit nyleg undersøkt område utan korallfunn på vestsida av Davika, og er difor eit mindre sannsynleg habitat for korallar.

Strandsone	1	0	0	Tiltaksområdet ligg i sjø. Fylkesvegen går langs fjæra i dette området, og strandsona er prega av vegfylling/tekniske inngrep. Tiltaket vil ikkje beslaglegge ytterlegare strandsone.
Vassmiljø	1	-1	0	Sjøområdet er del av vassførekomsten Nordfjord-indre med antatt moderat miljøtilstand (Vann-nett.no). Samla belastning vil auke ved utviding av anlegget, men for aktive lokalitetar er det krav til undersøkingar og tiltak for å fylgje med på tilstanden. Det er ikkje noko som tyder på at utsleppa frå produksjonen vil endre vassførekomsten sin miljøtilstand eller at miljømåla etter vassforskrifta ikkje vert oppfylt.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet.
Mineralressursar	1	0	0	Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette område.
Friluftsliv	1	-1	-1	Ikkje del av regionalt viktig eller kartlagt friluftsområde. Ikkje registrert lokal bruk. Anlegget vert plassert slik at det skal vere råd å ferdast langs land med småbåt. Avstand til badeplass (Haugesanden, Davik båthamn) er meir enn 1 km, og desse vert ikkje påverka av tiltaket.
Overordna arealføring	2	+2	+2	Kommunen har ikkje ein spesifikk strategi for akvakultur, men generelt ynskjer kommunen å legge til rette for at etablerte aktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Lokaliteten er vurdert som svært god, og etter ynskt utviding vil det vere 12-15 arbeidsplassar knytt til lokaliteten. Endra anleggsstruktur/-utforming er positivt i høve miljøet, og auka sjømatproduksjon er positivt ut frå berekraftsperspektiv.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	-	0	0	Tilknytt landstraum.
Transportbehov	Båt og bil	-1	-1	Anlegget ligg i gangavstand frå Davik sentrum.

Folkehelse	-	0	0	Ingen verknad.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å ha vesentleg verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 	X		Området er ikkje kartlagt for skred. I fylgje aktsemdskart for jord- og flaumskred (NVE) og aktsemdskart for stein- og snøskred (NGI) er det potensiell skredfare i området. Aktsemdsområdet for stein- og snøskred går langt ut i sjø, medan aktsemdsområde for jord- og flaumskred kun går om lag 70 m ut frå land.	Det er allereie gjeve konsesjon og etablert akvakulturanlegg innanfor aktsemdsområdet for skred. Krav i plan- og bygningslova/byggte knisk forskrift er ikkje gjeldande.
Flaum		-	Ikkje relevant. Anlegget ligg i sjø	
Klima-sårbarheit-	x		Anlegg må tilpassast for framtidig havnivåendring og stormflo. Ingen andre kjende tema som er aktuelle knytt til klimasårbarheit, utover sterk vind og styrtregn.	
Trafikk-tryggleik, land og sjø		x	Tilkomst til anlegget skjer via båt, og anlegget påverkar ikkje trafikktryggleiken på fylkesvegen. Anlegget kan gje konflikt med ankringsområdet på Davika, som er naudhamn i den djupe fjorden. Anlegg må innrettast slik at småbåttrafikk kan gå uhindra på landsida av anleggsråma. Det gjev tryggare forhold for småbåtar/kajakkar	Området bør ikkje utvidast, men heller minskast, for å ivareta ankringsplassen Davika. Akvakultur-fortøyingar må tilpasssast best muleg i høve ankringsplassen.
Ureining		x	Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utslepp til vatn er rekna som største potensielle forureiningsfare. Verksemda	Det er lang avstand til naboar og andre som kan bli sjenert av støy og lys. Tiltak må ha løyve etter ureiningslova,

			pliktar å nytte beste tilgjengelege teknologi for å redusere alle sine utslepp, og fylgje krav i regelverket for å hindre ureining.	og sektor-styresmakta vurderer kva som er forsvarleg å tillate av utslepp og set krav til oppfølging etc.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Mest aktuelle ulukkesscenario vil vere skade på anlegget som kan medføre rømming av fisk. Dette må primært vere handtert gjennom verksemda sin internkontroll og sektorlovverk for næringa. Elles ingen særskilde problemstillingar knytt til vurdert område.	

Samla vurdering

Tiltaksområdet går litt lenger vest enn område for akvakultur i KPA frå 2004, men området går vesentleg lenger ut i sjø enn tidlegare føremål. Akvakulturområdet grensar inn mot ein registrert låssettingsplass (sei, brisling og sild), jf. Kystinfo, og vil kunne påverke bruken av denne. Arealet for låssettingsplassen er stort, og auka utstrekning av akvakulturanlegget ut i sjø vil ikkje gje ytterlegare restriksjonar i bruken av plassen i høve til eksisterande anlegg. Davika er registrert som naudhamn, som det er lite av i den djupe Nordfjorden. Endra anlegg skal detaljplanleggjast slik at fortøyingar ikkje blir til ulempe for ankringsplassen Davika. Grunna dei registrerte hamne- og fiskeriinteressene på Davika, er det ikkje ønskje om å leggje til rette for ytterlegare utviding av VA12.

Utstrekninga av akvakulturområdet langs land er avgrensa slik at totalareal til føremål akvakultur ved Svartekari og i Juvika akvakulturområdet frå KPA 2004. Lokaliteten er vurdert som svært god, og ønska utviding er ikkje vurdert til å gje vesentleg negativ verknad for sjøarealet eller tilgrensande landområde.

Konklusjon

Utvida område er lagt inn i plankartet med føremål akvakultur (VA12), totalt om lag 650 daa (utanom del av VA12 som inngår i planområdet for kommunedelplan Davik). Dvs arealet til VA12 blir ikkje endra til 3. gongs ettersyn.

Ein har valt å ikkje spesifisere art/avgrense arealformålet til kun torskefisk, då ny teknologi og endra rammevilkår kan opne for oppdrett av andre marine artar utan auka miljøbelastning.

Fortøyingar djupare enn 25 m er vurdert å ikkje påverke den allmenne bruken av sjøområda, og for å unngå at akvakulturområda legg beslag på unødig store areal vert det opna for at fortøyingar under 25 m djupne kan gå ut i område «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» (V), der det ikkje er merka natur eller fiske eller kombinert føremål fiske og ferdsel.

For å hindre framtidig etablering av anleggsråme nærare føremålsgrensa enn føresett i konsekvensutgreiinga, skal det vere byggjegrense minst 50 m, frå planføremålsgrense til anleggsråme. Føresegnene må setje krav til forankring som ikkje hindrar bruken av naudhamna Davika







Figur til venstre syner VA12, eksisterande og framtidig. Arealet er uendra etter 2.gongs høyring, men retta slik at eksisterande anlegg og framtidig utviding er vist. Området er avgrensa mot plangrensa for kommundelplan Davik i vest.

3.2.12 Endal vest – akvakultur, VA9. Endra etter 2. og 3. gongs høyring



Flyfoto frå 2015, med innteikna tiltaksområde.

Formål/bruk i dag	Akvakultur, lakseoppdrett	
Planstatus	Akvakultur (AK) og sjø og vassdrag for allmenn fleirbruk i KPA frå 2004	
Forslag til ny arealbruk	Akvakultur	
Arealstorleik	Ca. 800 daa	
Forslagsstillar	Mowi ASA	

	Kystverket, merknad ved 2. gongs høyring: råd om avgrensing mot leia Mowi, ASA, merknad ved 2. gongs høyring, minske området mot leia	 KPA 2004  Godkjent anlegg  Planlagt anlegg, 100 m mot nordvest, og endra og forlenga fortøyingar, i hovudsak i same retning
Skildring	Området ligg på Endal. Det er ønskje om å flytte anlegg 100 m nordvestover, og endre plassering av forflåte. Endringa vil gje betre tilkomst til kaia på land. Arealet omfattar plass til merder, forflåte og fortøyingar ned til 25 m djupne. Sjøen har god djupne, stort vassvolum og gode straumforhold.	

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	-			
Landskap	2	-1	0	Området er ikkje omfatta av «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke», Rapport 07-2009. Ytre del av Nordfjorden er klassifisert som landskapstype Breie fjordar (LT21-8), Nordfjorden. Landskapsverdien for

				denne landskapstypen er sett til «Representative/vanleg førekommande landskap» (verdi C) i kartlaget for lokal og regional (Fylkesatlas). Eksisterande akvakulturanlegg har nær- og fjernverknad for landskapet i området, men endring vil ikkje gje nemnande endra påverknad.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert truga artar eller viktige marine naturtypar i det aktuelle område. (Miljøstatus Norge). Om lag 770 m mot aust ligg Storelva på Endal, som er registrert som anadromt vassdrag, men ikkje har status som viktig. Del av Nordfjorden; Eidsfjorden, er definert som nasjonal laksefjord (om lag 14 km aust for tiltaket). Jfr Mareano.no er det ikkje gjort vudering av sannsyn for korallar i området. På bestilling frå Mowi ligg det no et ligg føre rapport frå Åkerblå 17.01.2023, frå visuell undersøking av Endal vest. Undersøkinga kartlegg naturtypar og sårbare artar, og avdekka ein sårbar korall; kvit hornkorall, og naturtypane blomkålkorallskog på hardbotn, hardbotnskorallskog og svampskog. Det bør vurderast slamoppsamling som tiltak for bevaring av biologisk mangfald på sjøbotnen. Det er elles avgrensa kunnskap om skadeverknader og eigna tiltak
Strandsone	1	0	0	Tiltaksområdet ligg i sjø. Fylkesvegen går langs fjæra i dette området, og strandsona er naturområde prega av vegfylling/tekniske inngrep. Tiltaket vil ikkje beslaglegge ytterlegare strandsone.
Vassmiljø	1	0	0	Sjøområdet er del av vassførekomsten Nordfjord-indre med antatt svært god miljøtilstand (Vann-nett.no). Samla belastning vil ikkje auke ved endring av av anlegget.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet.
Mineralressursar	1	0	0	Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette området.

Friluftsliv	2	-1	-1	Ikkje del av regionalt viktig eller kartlagt friluftsområde. Ikkje registrert lokal bruk. Anlegget vert plassert slik at det skal vere råd å ferdast langs land med småbåt. Avstand til strandsone som er godt eigna til opphald, er cirka 900 m, og blir ikkje påverka av tiltaket.
Overordna arealføring	2	+2	+2	Kommunen har ikkje ein spesifikk strategi for akvakultur, men generelt ynskjer kommunen å legge til rette for at etablerte aktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Endra anleggsutforming er positiv i høve miljøet.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	-	0	0	Kai på landsida, tilknytt med privat veg til fylkesvegen.
Transportbehov	Båt og bil	-1	-1	Anlegget ligg vèl 6 km frå Davik
Folkehelse	-	0	0	Ingen verknad.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å råke barn- og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 	X		Området er ikkje kartlagt for skred. I fylgje aktsemdskart for jord- og flaumskred (NVE) og aktsemdskart for stein- og snøskred (NGI) er det potensiell skredfare i området. Aktsemdsområdet for stein- og snøskred går noko ut i sjøen der det er fortøyingar, medan aktsemdsområde for jord- og flaumskred går om lag 75 m ut frå land.	Det er allereie gjeve konsesjon og etablert akvakulturanlegg innanfor aktsemdsområdet for skred. Krav i plan- og bygningslova/byggte knisk forskrift er ikkje gjeldande.
Flaum		-	Ikkje relevant. Anlegget ligg i sjø	
Klima	x		Anlegg må tilpassast for framtidig havnivåendring og stormflo.	

			Ingen andre kjende tema som er aktuelle knytt til klima, utover sterk vind og styrtregn.	
Trafikk-tryggleik, sjø og land 		x	Tilkomst til anlegget skjer via båt og kai. Endring av anlegget vil ikkje gje endra trafikkforhold. Tiltaksområdet strekkjer seg inn i farleiområdet i nordvestre del. Her skal fortøyingar liggje djupare enn 25 muh. Det kan vere konflikt med leia, der trafikken går langs sørsida av fjorden, tett på Otteren.	Området bør avgrensast mot leia, slik både Mowi og Kystverket har merknader om Ein føreset at endra anlegg legg til rette for uhindra passasje for småbåtar langs land
Ureining		x	Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utslepp til vatn er rekna som største potensielle forureiningsfare. Verksemda pliktar å nytte beste tilgjengelege teknologi for å redusere alle sine utslepp, og fylgje krav i regelverket for å hindre ureining. Endring av anlegget påverkar ikkje ureining frå anlegget.	Det er lang avstand til naboar og andre som kan bli sjenert av støy og lys. Tiltak må ha løyve etter ureiningslova, og sektor-styresmakta vurderer kva som er forsvarleg å tillate av utslepp og set krav til oppfølging etc.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Mest aktuelle ulukkesscenario vil vere skade på anlegget som kan medføre rømming av fisk. Dette må primært handterast gjennom verksemda sin internkontroll, og sektorlovverk for næringa. Elles ingen særskilde problemstillingar knytt til vurdert område.	

Samla vurdering

Tiltaksområdet er flytta vestover i høve gjeldande arealplan frå 2004, der det var vist med ei svært avgrensa AK-sone for eksisterande anlegg. Plasseringa var konfliktfylt i høve lokalmiljøet i grenda på Endal. Plassering av anlegget slik det ligg i dag, er gjort etter dispensasjon frå arealplanen, planføremål allmenn fleirbruk i sjø FFNF. Tiltaket med endring av anlegget vil gje betre tilkomst til kaia på landsida. Endringa av anlegget er liten, og vil ikkje ha verknader for sjøareal eller

tilgrensande landområde. Endra utstrekning langs landsida, gjev betre plass til fortøyingar innanfor planføremålet. Minska utstrekning av VA9 mot leia gjev tryggare ferdsel for skipstrafikken.

Lokaliteten er vurdert som svært god, og det er difor viktig å leggje til rette for ei best muleg drift på lokaliteten.

Konklusjon

Området for akvakulturlokaliteten VA9 er lagt inn i planen med cirka 885 daa, for forflåte, merder, og fortøyingar ned til 25 m djupne.

Fortøyingar djupare enn 25 m er vurdert å ikkje påverke den allmenne bruken av sjøområda, og for å unngå at akvakulturområda legg beslag på unødig store areal vert det opna for at fortøyingar under 25 m djupne kan gå ut i område «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» (V), der det ikkje er merka natur eller fiske eller kombinert føremål fiske og ferdsel.

For å unngå at det i framtida blir etablert anleggsråme tettare opptil planføremålsgrense enn føresett i KU, bør det vere byggjegrense minst 50 m frå anleggsråme til føremålsgrense.

VA9 jfr konklusjon er synt under til høgre.




Til venstre VA9 ved 2. gongs høyring, og til høgre VA9 ved 3. gongs høyring.

Området er avgrensa etter 3.gongs høyring på grunn av motsegn frå Kystverket, jf. utklipp under.




3.3 Kalvåg

3.3.1 Akvakultur i Frøysjøen



Innsendt avgrensing frå forslagsstillar Marine Harvest Norway AS

Formål/bruk i dag	Sjøareal brukt til friluftsformål, fiske og skipslei.	 *Om lag omriss av innsendt avgrensing*
Planstatus	Ikkje del av reguleringsplan. I eldre KPA (2004): Delvis innanfor fikseområde (FI) og sjø og vassdrag for ålmenn fleirbruk (FFNF). Delvis innanfor skipslei (stipla line i sjø på kart til høgre).	
Forslag til ny arealbruk	Nytt areal til akvakulturanlegg (inkl. fortøying).	
Arealstorleik	Om lag 11 km²	
Forslagsstillar	Marine Harvest Norway AS	
Skildring	Nytt område for akvakultur frå Fiskholmen til Tjuvnesflua. Tilgrensande landareal er i hovudsak urørt og her er fleire holmar/mindre øyer. Det er delvis innanfor AK-formål i eldre KPA (2004), men det er ikkje akvakultur i dette område i dag.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)

MILJØ				
Landbruksressursar	0	0	0	Ikkje relevant. Ønska tiltak er i sjø.
Landskap	3	-2	-2	Det er eit større areal som er skissert som ønska tiltaksområde. Anlegg i sjø er vurdert til å ha negativ verknad på opplevinga av fjordlandskapet i det aktuelle området. Del av landskapstype «Fjordbasseng» i Fylkesatlas (LT20-07), samt del av område som er vurdert med «stor regional verdi».
Naturmangfald	3	-2	-2	Arealet ved Smørhamn, Smørhamnsundet, Rotaskjera og Rotaflua er registrert viktig naturtype (naturbeitemark, verdi «viktig»(Miljøstatus Norge). Dette arealet er delvis innanfor ønska tiltaksområdet (vestleg del). Store deler av området ligg innanfor registrert fiskeplassar både for aktiv og passiv reiskap, rekefelt og gyteområde (Fiskeridirektoratet).
Strandsone 	2	-1	-1	Tiltaket vil ligge inntil store areal med potensielt tilgjengeleg strandsone (SSB).
Vassmiljø	2	-1	-1	God økologisk tilstand (vann-nett). Data knytt til akvaovervaking i overgangssonene til aktive anlegg er ikkje med i vurderinga av tilstanden som ligg på Vann-nett-portalen. Omfang er sett til -1, då det ikkje er drift her i dag og framtidig tiltak kan føre til negativ verknad på den økologiske tilstanden av vassmiljøet.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ingen kjende kulturminne eller kulturmiljø i området (SEFRAK, Fylkesatlas).
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant tema. Området ligg i sjø.
Friluftsliv	1	-1	-1	Ikkje registrert som lokalt eller regionalt viktig friluftsområde (Fylkesatlas og kommunen). Området er likevel truleg viktig for lokale båtfolk, då det er eit sjøareal i nærleiken av Kalvåg som har større og

				mindre holmar. Verdi er difor sett til 1 (vekta som lokalt viktig).
Overordna arealføring	-1	-2	-2	Kommunen har vedteke føringar som går på at dei ikkje ønskjer fleire anlegg i sjø, men at det skal vurderast aktuelle areal for landbasert akvakultur. Dette innspelet er ikkje retta mot behov for landareal.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Ikkje etablert	0	0	Vi har ikkje innspel om at ønska tiltak vil føre til behov for etablering av teknisk infrastruktur.
Transportbehov	Båt	-1	-1	Frakt og tilkomst vil føregå sjøvegen. Etablering av anlegg vil føre til auka transport i sjøarealet.
Folkehelse	1	-1	-1	Det aktuelle sjøområde ligg eit område som har lokal verdi for rekreasjon.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Ikkje relevant tema for dette området.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		x	Tilgrensande landareal er ikkje innanfor aktsemdområder for skred. Sjølve tiltaksområde er i sjø.	
Flaum		x	Ikkje relevant, då tiltaket er i sjø.	
Klima-sårbarheit-	x		Området ligg på kysten og i periodar vil her vere sterk vind og høge bølgjer. Ikkje behov for krav til sikring mot klima i KPA. Sjå vurdering av beredskap og ulukkesrisiko.	Akvakulturanlegg må følgje gjeldande lovverk knytt til beredskap og dimensjonering av fortøying.
Trafikk-tryggleik	x		Trafikk til og frå området vil hovudsakleg skje i sjø. Det er gode moglegheiter for tilkomst via sjøvegen.	Må vise omsyn til skipslei.
Ureining	x		Ønska tiltak er eit nytt akvakulturanlegg i eit område det i dag ikkje er liknande tiltak.	Akvakulturanlegg må følgje gjeldande

			Det er fare for ureining i tilknyting til drift av akvakulturanlegg.	lovverk knytt til sikring mot ureining.
Digital kommunika-sjon		x	God mobildekning for 4G+ (dekningskart/Telenor). Det er vidare god DAB-dekning i området (Radio.no).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Mest aktuelle ulukkestype vil vere skade på anlegget som kan før til rømming av fisk. Dette må primært vere handtert gjennom bedrifta sitt interne system og sektorlovverk for næringa. Elles ingen særskilte problemstillingar knytt til vurdert område.	

Samandrag

Omfang av ønska tiltak er vurdert å ha betydeleg omfang, og gje negativ verknad for fjordlandskapet, fiskeriinteresser og lokalt friluftsliv. Tiltaket vil føre til inngrep i eit sjøareal som i stor grad er urørt, og gå på tvers av kommunen sitt mål om å begrense arealbruken til sjøbaserte anlegg. Fjordlandskapet i det aktuelle område er vurdert med «stor regional verdi».

Konklusjon


Innspelet blir ikkje imøtekome. Det er ikkje ønskjeleg å legge til rette for eit større framtidig akvakulturområde som omsøkt. Tiltaksområdet framstår som eit urørt fjordlandskap med fleire holmar og skjær, som mellom anna har stor verdi for fiskeriinteresser og lokal verdi for friluftsliv og rekreasjon. Ønska tiltaksområde blir del av sjøareal i ny arealdel. Det er elles allereie lagt til rette for fleire større areal til akvakultur anlegg andre stadar i kommunen.

3.3.2 Næring/industri vest for Kvernavika, ved FV 616, BN8




Tiltaksområdet sett frå vest – fotoretning mot søraust (foto Nordplan, 04.03.19).

Formål/bruk i dag	Naturområde.	

Planstatus	Delvis innanfor eksisterande erverv (blå farge)) og LNF-formål. Området er ikkje regulert.	
Forslag til ny arealbruk	Næring	
Arealstorleik	Ca. 58 daa	
Forslagsstillar	Bremanger kommune	
Skildring	Føreslått tiltaksområde ligg på austsida av FV 616 Smørhamnsvegen . Det er ingen tiltak i området i dag. Arealet framstår som opent og urørt med kupert terreng. Her er to mindre ferskvatn og tilhøyrande myr. Ønska tiltaksområde grensar til eit regulert næringsområde i nord, der det i dag er eit aktivt steinbrot.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	0	0	0	Ikkje del av kommunen sin registrering av kjerneområde for landbruk. Det er ingen landbruksressursar i området, sett vekk frå eit mindre område med skog. Ikkje relevant. (Fylkesatlas)
Landskap 	2	1	-2	Del av landskap er registrert med stor regional verdi. Er vidare registrert med landskapstype «Våg og småsundlandskap» (LT20-05). Landskapet er i stor grad urørt og består hovudsakleg av open grunnlendt fastmark. I aust er eit mindre område dekka av skog. Aktuelt område har òg to mindre ferskvatn, samt myr i vest som følgjer fylkesvegen. (Fylkesatlas). Utbygging vil føre til tap av myrområde og ferskvatn, og vil bli visuelt svært synleg og eksponert i det store opne landskapet. Det vil gje verknad på den regionale landskapsverdien, og gje ein redusert verdi.
Naturmangfald	2	-2	-2	Eit mindre område i aust har barskog med middels bonitet, men her er ikkje registrert viktige naturtypar. Nord for tilgrensande veg, ligg eit areal med

				viktig naturtype. Ingen registrerte truga, freda eller prioriterte artar. (Miljøstatus Norge). Liten negativ verknad, då dette er i dag urørt areal med to ferskvatn, samt eit myrområde. Størst negativ verknad for ferskvatn og myr, grunna utfylling og drenering. Ved detaljregulering bør område som skal planerast avgrensast mot myrområda i aust og vest. Dei to ferskvassførekomstane har ikkje registrerte naturverdiar. Det er sannsynleg at dette er kartlagt i samband med registreringa i 2003, der det vart kartlagt verdiar (Einstapflata, buntsivaks) nord for tiltaksområdet i 2003. Det er store areal med naturtypen kystlynghei i Bremanger, men dette området er ikkje verdsett som kystlynghei.
Strandsone	0	0	0	Ligg utanfor 100-metersbeltet og potensielt tilgjengeleg strandsone.
Vassmiljø	2	-1	0	Del av område Frøysjøen som har god økologisk kvalitet. Det er på dette tidspunkt usikkert korleis framtidig aktivitet i området kan ha verknad på vassmiljø. Avrenning til sjø kan føre til forringing av vasskvaliteten, men eventuelle utslepp må vere i samsvar med gjeldande regelverk.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ikkje relevant. Ingen bygg i dag og ingen registrerte lokalitetar. (Fylkesatlas).
Mineralressursar 	1	+1	+1	Kvartsdioritt, tonalitt, trondhjemitt (NGU Bergrunn N250). Ligg tett opp til registrert grus- og pukkførekomst (rosa sone på kart ligg rett nord for tiltaksområde – innanfor eksisterande tilgrensande reg.plan, NGU).
Friluftsliv	1	-1	-1	Ikkje del av lokalt eller regionalt viktig friluftsområde (Fylkesatlas). Området ligg ikkje i nærleiken av bustadområde, men vatnet området grensar mot i sør, Storevatnet, blir brukt til skøyteis om vinteren.

Overordna arealføring	2	+2	+2	Det er låg trafikkmengde på FV 616 (ÅDT 450) i Smørhamnvegen i nord (ÅDT 50). Tiltaket er i samsvar med kommunen si føring om ønske om å legge til rette for nye næringsareal, men føreslått areal har utfordringar knytt til transportbehov og miljø. Positivt at det ligg i nærleiken av eit regulert industriområde.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Etablert tilkomst	-1	-1	FV 616 har ikkje tilfredsstillande standard i dag. Vegen er smal og det manglar midtstripe. Auka trafikk grunna framtidig næringsaktivitet kan gje negativ verknad. Næringsareal vil ha behov for interne vegar. Kommunal hovudvassleidning går rett forbi området, og det er god kapasitet for vassforsyning. Det er ikkje offentleg avløpsleidning i området, og det må etablerast privat enkeltanlegg for avløp, dimensjonert ut frå kva type næring som er aktuell.
Transportbehov	Bil	0	0	Det er om lag 5 km til næraste tettbygde område, Kalvåg. Etablering av næring kan med dette skape fleire arbeidsplassar i nærleiken av Kalvåg, men det vil vere behov for bruk av bil.
Folkehelse	1	-1	-1	Det er ikkje kjennskap til at næringsareal i dette område vil ha verknad på folkehelse, men tilgrensande areal har rekreasjonsverdi (Storevatnet). Sjå kommentar under.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	-1	-1	Det er ikkje kjennskap til at sjølve tiltaksområdet blir nytta av barn og unge i dag, men vise til at Storevatnet er nytta til skøyteis om vinteren.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	x		Ikkje innanfor aktsemdkart jordskred/snø-, og steinsprang. Ingen registrerte	Fare for kvikkleire må utgreiast

			skredhendingar, men innanfor marine grense (NVE/NGI).	nærare i framtidig detalj.plan.
Flaum	x		Flaumsone er vist i tilknyting til eine ferskvatnet i området (aktsemdkart, NVE). Det er ikkje kjennskap til større flaumar i dette området (jf. kommunen). Ved utbygging av større flater der det i dag er naturleg drenering i form av ferskvatn og myrområde, vil det kunne føre til problem med overflatevatn.	Krav om reguleringsplan. Flaumfare vil vere eit viktig ROS-tema i framtidig detaljplan.
Klima-sårbarheit-	x		Området har ein klimasårbarheit knytt konsekvensar ved styrtregn og sterk vind. Det er gode avrenningsmoglegheiter både til ferskvatn og fjord.	Viktig ROS-tema i framtidig detaljplan.
Trafikk-tryggleik	x		Det er låg ÅDT i området. Det er ingen kjende trafikkulukker i tilgrensande vegstrekningar, men nord for planområdet på FV 616 har det vore utforkøyring i 2003 (lettare skadd). (Vegkart, Statens vegvesen). Utbygging som føre til framtidig auke av trafikk vil alltid ha ein potensiell fare knytt til trafikktryggleik.	Det er ikkje grunnlag til å tru at trafikk knytt til framtidige tiltak vil føre til uakseptabel risiko for trafikktryggleik.
Ureining		x	Ingen kjende ureiningskjelder (Miljøstatus Norge) Det er på dette tidspunkt ikkje kjennskap til kva type næringsaktivitet som vil komme på dette området.	Framtidig risiko er uvisst. Ureining skal alltid kommenterast i reg.plan.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for 4G (Telenor dekningskart) og god DAB-dekning i området (Radio.no).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Det er ingen tiltak i området i dag. Framtidig risko er usikkert. Vegbredde på FV 616 er 5 meter (Vegkart, Statens vegvesen), men det er låg ÅDT og det er god framkommelegheit til området. Køyretid frå Kalvåg brannstasjon er 10-15 minutt og frå Hauge brannstasjon i Struen (tankbil) 25 minutt.	Uvisst kva type næring som vil bli etablert. Ulukkesrisiko bør følgast opp i reguleringsplan. Tilstrekkeleg sløkkjevatn frå kommunalt nett. Brannhydrant bør setjast opp ved utbygging.

Samandrag




ferskvatnet som ligg innanfor avgrensing, samt steinbrotet som ligg nord for aktuelt næringsareal. I alt to mindre ferskvatn vert del av framtidig utbyggingsområde. (Foto Nordplan, 04.03.2019).

Området er ikkje regulert, men grensar til ein reguleringsplan for Smørhamn næringsområde massetak i nord. Planen er frå 2014 og blir vidareført i arealdelen, men er i dag ikkje utbygd.

KU viser at ønska utbyggingsareal vil ha ein liten til middels negativ verknad for landskap og, liten på naturmangfald. Etablering av næring vil føre til utbygging av areal der det er ferskvatn og grunne myrområde. Lokaliseringa er elles lite konfliktfylt, og det blir difor lagt inn i arealdelen som framtidig næringsareal.

Det er i endeleg tilråding vurdert som positivt at nye større næringsområde blir lagt i tilknyting til eksisterande regulerte næringsareal. Det er i dag mangel på næringsareal i kommunen. Det aktuelle arealet er godt eigna på grunn av nærleik til fylkesveg og regulert industriområde og god avstand til busetnad.

Konklusjon



Området er lagt inn i arealdelen som framtidig næringsformål på om lag 58 daa, feltkode BN8 (SOSI-kode 1300), med krav om detaljregulering. Delvis myrområde, kvikkleire, ferskvatn og flaumfare er tema som må vurderast nærare i ein framtidig planprosess. Evt avgrensing mot myr skal gjerast i detaljreguleringsplan. I tillegg må ein følgje opp vurdering av ulukkesrisiko ved opning for næringsmessige tiltak, mellom anna med bakgrunn i utrykkingstid. Sidan utbygging av regulert næringsareal nord for det vurderte området er avhengig av framdrifta i masseuttaket vil det vere ynskjeleg med areal til framtidige næringsetableringar i område BN8.



3.3.3 Naust/småbåthamn ved Jakobshamn, del av gbnr. 32/57 og 32/7, BAB11 og VS2



Jakobshavn (Foto Nordplan, 04.03.2019). Eksisterande tiltak ligg til venstre på bildet.

Formål/bruk i dag	Vik ved FV 616 med kai, eit mindre bygg og ei mindre småbåthamn. Beiteareal for sauer.	
Planstatus	Ikkje del av reguleringsplan. I eldre KPA (2004) eksisterande Naturområde (i sjø). Landareal er del av LNF.	
Forslag til ny arealbruk	Naust og småbåthamn	
Arealstorleik	Om lag 10,5 daa	
Forslagsstillar	Bremanger kommune	
Skildring	Jakobshavn ligg inst i ei vik, skjerma av omkringliggande holmar. Det er etablert ein tilkomstveg frå FV 616 ned til det aktuelle området, der det i dag er ei mindre kai og lagerbygg, samt ei småbåthamn. Under synfaring var det teikn på at delar av området nyttast òg til beiteareal for sauer, då her er inngjerding og port (sjå midtre bilete under «Samandrag»).	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	-1	-1	Ikkje del av kommunen sin registrering av kjerneområde for landbruk. Området blir nytta til beiteareal (om lag 1,8 daa).

Landskap 	3	0	0	Del av landskapstype «Fjordbasseng» (LT20-07», samt landskap som har stor regional verdi (Fylkesatlas). Ved å tillate etablering av bygg i tilknyting til eksisterande tiltak i området, er tiltaket vurdert å ha små fjernverknader på landskapet og konsekvensen for landskap vurdert til å vere liten/ubetydeleg.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registrerte truga, freda eller prioriterte artar på land eller i sjøarealet i vika (Miljøstatus Norge og Fiskeridirektoratet).
Strandsone 	2	-1	-1	Strandsoneareal er registrert som potensielt tilgjengeleg (SSB, jf. kart). Småbåthamn har liten privatiserande verknad, og gjev ikkje redusert tilgjenge for allmenta. Utbygging bør i hovudsak skje ved utlegging av flyteelement, som medfører mindre innngrep i fjæra og på sjøbotnen.
Vassmiljø	2	0	0	Del av området Frøysjøen som har god økologisk kvalitet. Det er på dette tidspunkt usikkert korleis framtidig aktivitet knytt til småbåthamn kan ha verknad på vassmiljø. Med bakgrunn i at det i dag er småbåthamn i området og målingar i Frøysjøen vise at tilstanden er god, er det ikkje grunnlag å tru at ei evt. noko auka aktivitet vil ha vesentleg negativ verknad. Sjå kommentar under tema «Ureining».
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ikkje relevant. Ingen SEFRAK-registrerte bygg i dag og ingen registrerte lokalitetar.(Fylkesatlas).
Mineralressursar	0	0	0	Kvartsdioritt, tonalitt, trondhjemitt (NGU Bergrunn N250). Ikkje eit aktuelt område for uttak av mineralressursar, og her er ikkje førekomstar av grus eller pukk (NGU).
Friluftsliv	1	0	0	Ikkje del av kartlagt lokalt eller regionalt viktig friluftsområde (DOK). Det er ikkje kjennskap til at sjølve Jakopshamn er brukt som badeplass.
Overordna arealføring	0	0	0	Kommunen har ingen overordna føring knytt til føreslått tiltak.
SAMFUNN				

Teknisk infrastruktur	Delvis etablert	-1	-1	Det er etablert ein grusa veg til området i dag som ikkje er tilfredsstillande. Vegtilkomst bør utbetrast i samband med framtidig utbygging av naust og vidareføring av etablert småbåthamn. Høve til tilknyting til kommunalt vassleidningsnett, med god kapasitet. Det er ikkje offentleg avløpsanlegg i området, og det må eventuelt etablerast privat enkeltanlegg for avløp dersom det skal tilretteleggast med sanitæranlegg.
Transportbehov	Bil og båt	0	0	Det er om lag 3,5 km til næraste tettbygde område, Kalvåg.
Folkehelse	-	0	0	Det er ikkje kjennskap til at tiltak i område vil ha vesentleg verknad på folkehelse, utover at betre tilrettelegging kan føre til lettare tilgjengeleg hamneområde.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Det er ikkje kjennskap til at området blir nytta av barn og unge i dag.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		x	Ikkje innanfor aktsemdkart jordskred/snø-, og steinsprang. Ingen registrerte skredhendingar (NVE/NGI). Området ligg innanfor marin grense, men truleg ikkje fare for kvikkleire då det er fjell i dagen her.	
Flaum	x		Ikkje kjennskap til flaumfare i området, utover i samband med stormflo. Sjå punkt nedanfor. Her er ingen kjende elvar og bekkar.	
Klima-sårbarheit-	x		Området har ein klimasårbarheit knytt konsekvensar ved styrtregn og sterk vind. Det er gode avrenningsmoglegheiter både til ferskvatn og fjord.	Tiltak må vere dimensjonert for framtidig havnivåendring,

			Framtidig havnivåstigning og stormflo, men dette er ikkje kritisk med tanke på at det bygningstiltaket er naust.	stormflo og bølgjepåverknad
Trafikk-tryggleik	x		Det er låg ÅDT for veg område grensar til (ÅDT 450 på FV 616). Det er registrert ei trafikkulukke rett aust for avkøyrselen til småbåthamna (2004, lettare skadd, utforkøyring). (Vegkart, Statens vegvesen).	Før oppføring av nye tiltak, må avkøyrsel frå FV 616 utbetrast og vere i samsvar med gjeldande vegnormer.
Ureining		x	Ingen kjende ureiningskjelder i ønska tiltaksområde (Miljøstatus Norge).	Ved ev. utfylling i samband med tiltaket vil det vere viktig å forhindre at utfylt masse kan utvaskast slik at det vert avsett t.d. sprengeslam i områda rundt. Ureining knytt til småbåtanlegg må vurderast i framtidig detaljregulering.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for 4G (Telenor dekningskart) og god DAB-dekning i området (Radio.no).	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Vegbredde på FV 616 er 5 meter (Vegkart, Statens vegvesen), men det er låg ÅDT og det er god framkome til området. Køyretid frå Kalvåg brannstasjon er 10-15 minutt og frå Hauge brannstasjon i Struen (tankbil) 25 minutt. Med bakgrunn i ønska tiltak, er dette vurdert som akseptabelt.	

Samandrag

Tiltak medfører få negative verknader for natur og miljø utover ei mindre utvida inngrep i strandsona. Då det alt er etablert tiltak her, er det vekta positivt at nye tiltak ved sjø blir knytt til eksisterande.


Då det i dag er dårleg tilkomst til område, er det vurdert som naudsynt å krevje betring av tilkomst og avkøyrsel frå fylkesvegen. Knaus innanfor område bør vurderast fjerna mellom anna grunna sikt (jf. bildet til venstre). Vidare bør knaus aust for tiltaksområde òg bli vurdert fjerna i ein framtidig reguleringsplan (jf. bildet til høgre under).

Ved planlegging av framtidige naust og parkeringsplass må det visast omsyn til terrenget.



Bildet til venstre vise sikt nordvest frå avkøyrsel til tiltaksområde. Bildet til høgre vise sikt mot søraust. Bildet i midten vise eksisterande tiltak i Jakobshavn. (Foto Nordplan, 04.03.2019).

Konklusjon



Arealet i sjø er vist som framtidig småbåthamn, feltkode VS2 (SOSI-kode 6230). Området er på om lag 6 daa. På land, innanfor feltkode BAB11 (SOSI-kode 1500), er det opning for 2 naust og parkeringsplass for småbåthamna. BAB11 er på om lag 5,1 daa. P

Naust skal etablerast i tilknyting til eksisterande tiltak i området. Det blir sett krav om utarbeiding av detaljregulering. Vurdering av framtidig ureining ved etablering av ønska tiltak må avklarast i framtidig detaljregulering.



3.3.4 Småbåthamn og nausttomtar ved Kalvåg, BAB8 og BAB9



Føreslått planavgrensing for vurdering av fortetting av naust og småbåthamn (flyfoto frå Fylkesatlas).

Formål/bruk i dag	Variert bruk: Naust, bustader, utleigebygg, camping og moloar. Beiteareal.	
Planstatus	Ikkje regulert	
Forslag til ny arealbruk	Næring, turisme og småbåthamn	
Arealstorleik	-	

Forslagsstillar	Bremanger kommune	
Skildring	Den aktuelle strandsona er i dag i stor grad bygd ut med mindre private moloar og naust. I tillegg omfattar området deler av Kalvåg Camping Frøyen som har mindre oppstillingsplass for bubilar og campingvogner (gbnr. 3/14), samt utleigebygg.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	1	0	0	Aktuelt areal er bygd eller open fastmark (Fylkesatlas). Konsekvens er difor sett til ubetydeleg. Lenger nord er det definert kjerneområde for landbruk.
Landskap 	3	-1	-1	Området er registrert som del av eit samanhengande kulturlandskap – austleg del (Fylkesatlas). Registrert som landskapstype «fjordbasseng» (LT20-07), samt landskap med stor regional verdi. Ønska tiltak som småbåthamn og ei mindre fortetting av naust i tilknyting til eksisterande tiltak, vil ikkje ha vesentleg verknad på landskapet.
Naturmangfald	2	-1	-1	Registrert dvergdykker, storspove og vipe i nærområdet, som er truga artar (Miljøstatus Norge). Omfanget er sett til -1, då det er snakk om mindre tiltak.
Strandsone	1	-1	-1	Ein større del av arealet ved sjøen er definert som potensielt tilgjengeleg strandsone (SSB temakart). Nedbygging av strandsona kan gi ein redusert rekreasjonsverdi som naturoppleving.

				Fortetting av naust bør avgrensast til areal der det allereie er gjort inngrep. Småbåthamn bør lokaliserarast ved campingen der det er etablert tilkomstveg frå FV616 til sjøen.
Vassmiljø	2	-1	-1	Del av området Frøysjøen som har god økologisk kvalitet (portalen Vann-nett). Opning for småbåthamn kan gje verknad for vassmiljø. Sjå kommentar på «Ureining».
Kulturminne og kulturmiljø	2	0	0	Fleire SEFRAK-registrerte bygg i strandsona (Fylkesatlas). Fortetting av naust vil etter vår vurdering ikkje ha vesentleg verknad på eksisterande naustmiljø, så lenge ein set klare krav til at nye bygg skal tilpasse seg eksisterande byggeskikk.
Mineralressursar	1	0	0	Hovudbergart: Kvartsitt (NGU Bergrunn N250). Ikkje registrert grus- og pukkførekomstar (NGU). Ikkje eit aktuelt for uttak av mineralar.
Friluftsliv	1	0	0	Ikkje del av lokalt eller regionalt viktig friluftsområde (Fylkesatlas).
Overordna arealføring	0	0	0	Ingen overordna føring for naust og småbåthamner, men positivt at det opnast for tiltak i tilknyting til eksisterande inngrep i strandsona.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etablert	-1	-1	Tiltak blir vurdert i områder som har etablert infrastruktur. Etablering av småbåthamn vil føre til behov for etablering av ny infrastruktur.
Transportbehov	Båt og bil	0	0	Ønska tiltak vil ikkje medføre til stor endring av transportbehov. Positivt å legge til rette for småbåthamn i nærleiken av Kalvåg.
Folkehelse	+1	+1	+1	Området kan få positiv innverknad ved at det blir fleire sosiale møtestadar, og auka friluftsaktivitarar knytt til sjøen.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	+1	0/-1	0/-1	Nedbygging av strandsone kan føre til redusert tilgang til leikeareal for barn.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	x		Gjennomført skredfarekartlegging i området, jf. NVE rapport «Skredfarekartlegging i Bremanger kommune» (28/2017). Ønska tiltaksområde ligg utanfor faresone.	Innanfor marin grense og vurdering av stabilitet må føreligge ved byggesøknad. Erosjonsfare må avklarast.
Flaum		x	Ikkje kjennskap til at areal er utsett for flaum, utover stormflo.	
Klima-sårbarheit-	x		Vind og styrtregn, samt havnivåendring og stormflo er aktuelle klimafaktorar.	Ein må vise omsyn til framtidig havnivåendring og flaumsone ved planlegging av nye tiltak.
Trafikk-tryggleik	x		Fylkesvegen har dårleg standard og ikkje tilfredsstillande vegbreidde. Planlagde tiltak vil ikkje ha vesentleg verknad på trafikktryggleiken.	
Ureining		x	Ikkje kjennskap til at det er forureining i området i dag verken i luft eller i grunn (Miljøstatus Norge, grunnforureining). Det er vidare ingen kjende kjelder for ureining i nærområdet. Ved etablering av småbåthamn, bør ein sette krav om miljøtiltak i området for å unngå framtidig ureining.	Ved etablering av småbåthamn må det stillast krav til at ved etablering av vaskestasjon skal den ha lukka vass-system og oppsamlingskummar for miljøfarleg stoff. Det skal også dokumenterast at det er etablerte rutinar for oppsamling av miljøfarleg avfall. Det tillatast ikkje større reperasjonar som t.d. sandblåsing innafor planområdet.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (dekningskart til Radio.no og Telenor).	
Beredskap og ulukkesrisiko			Kort utrykkingstid frå Kalvåg brannstasjon. Køyretid for tankbil frå Struen er om lag 20 minutt. Med bakgrunn i ønska tiltak, er dette vurdert som akseptabelt.	

Samandrag

Ønska tiltak føre til inngrep i strandsone. Større delar av den aktuelle strekninga er definert som potensielt tilgjengeleg strandsone og ein mindre del i aust er registrert som viktig naturtype. Under synfaring vart areal på gbnr. 3/353 vurdert som lite eigna for fortetting med naust. Området lengre

aust vart vurdert som betre eigna areal for fortetting, med tanke på tilkomst og naudsynt terrenginngrep for tilrettelegging for nye naust.

Fortettingsareal er markert med rosa linje på flyfoto på neste side og omfattar mellom anna gbnr. 2/19, 3/11, del av 3/8 , 3/287 og 3/13. Arealressurskart vise at desse areala er registrert som open fastmark og vi vurdera dei ikkje som ein del av kjerneområde for landbruk.

For å redusere privatisering og nedbygging av strandsone, må framtidige naust/sjøbuer plasserast i tilknyting til eksisterande bygningsmiljø. Gjerne i rekke. Det er òg viktig å sette klare føringar på storleik og tal på nye bygg i føresegnene.


Areal til framtidig småbåthamn er tilrådd lokalisert i tilknyting til eksisterande utfylt område for campingplass. Strandsona på gbnr. 3/14 dette område er i dag bygd ned (sjå blå stipla linje flyfotoet). Aktuelt sjørareal ligg utanfor sone for viktig naturtype.



Aktuelt fortettingsareal for naust (panoramabilde, foto Nordplan, 04.03.2019). Foto teke frå molo på gbnr. 3/8. Gamleskulen ligger til venstre, bak naust med blå farge. Arealdelen opnar for fortetting ved blått naust (del av BAB8) og vidare til venstre på bildet. Det er i tillegg lagt inn eit areal for fortetting heilt til høgre på bildet, del av gbnr. 3/1-7. Mellom desse to fortettingsareala er det ikkje opna for bygningsmessige tiltak i strandsona.

Konklusjon

Framtidig småbåthamn er lagt inn arealdelen med feltkode VS1 og er på om lag 8,8 daa. VS1 ligg i tilknyting til eksisterande tiltak på gbnr. 3/14 (oppstillingsplass for bubilar og campingvogner, vist med feltkode BFT1 i arealdelen).




Vidare er det opna for fortetting av naust i to noverande områder med naust i dag. Innanfor BAB8, på om lag 2,9 daa, er det opna for fortetting av 3 naust. Innanfor BAB9, på om lag 3,9 daa, er det opna for fortetting 4 naust.

Nye bygg vil ligge i tilknyting til eksisterande tiltak, der det er lett å få etablert tilfredsstillande tilkomst. Vidare er lagt vekt på å sikre at det etter fortetting framleis vil vere opne areal frå fylkesvegen og ned mot fjorden.

Vurdering av stabilitet av grunnforholda for areal som ligg innanfor marin grense, må føreligge ved byggesøknad.

Fortetting av naust vil etter vår vurdering ikkje ha vesentleg verknad på eksisterande naustmiljø, så lenge ein set klare krav til at nye bygg skal tilpasse seg eksisterande byggeskikk og vise omsyn til bygningsvolum. Dette er følgt opp i føresegnene.

3.3.5 Spreidde bustader på Frøyalandet, LSB1, redusert areal etter 2.gongs offentleg ettersyn.

Formål/bruk i dag	Frittliggjande bustader og landbruksareal	 Vurdert område
Planstatus	LNF-område	
Forslag til ny arealbruk	LNF-område med opning for spreidd bustadbygging.	
Arealstorleik	Ca 43 daa, redusert til ca 18 daa etter 2.gongs offentleg ettersyn.	
Forslagsstillar	Bremanger kommune	
Skildring	Område med eksisterande bustader langs Gamlevegen, like aust for Kalvåg sentrum. Fortetting med nye bustadtomter.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	2	-1	-1	Hovudsakleg overflatedyrka mark og innmarksbeite, med utbygde område imellom. Grensar mot kjerneområde for landbruk mot aust, jf. kommunen si temaregistrering.
Landskap	2	-1	-1	Landskapstype Fjordbasseng (LT20-07). Vanleg (representativt) førekommande landskap lokalt, men registrert med stor regional verdi, jf. Fylkesatlas. Fortetting/opning for 7 nye tomter i tilknyting til eksisterande vegsystem og bygningsmiljø er vurdert til å ha liten negativ verknad for landskapet. Terrenget er forholdsvis bratt, det medfører at tiltak vil blir synlege. Deler av det opne kulturlandskapet vil bli nedbygd.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registrerte viktige naturtypar eller raudlista artar. Den viktige naturtypen lynghei nord for tiltaksområdet vert ikkje råka.
Strandsone	1	0	0	Tiltaksområdet ligg minst 70 m frå strandlinja, og det er to offentlege vegar og eksisterande bustader mellom området og sjøen.

Vassmiljø	1	0	0	Frøysjøen er vurdert til god økologisk tilstand, jf. vann-nett.no. Avløp må handterast etter gjeldande regelverk.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø, jf. fylkesatlas. Det ser ut til å vere strekningar med steingard innanfor tiltaksområdet. Desse må ivaretakast.
Mineralressursar	1	0	0	
Friluftsliv	1	0	0	Ikkje registrert særskilde friluftsverdiar.
Overordna arealføring	2	3	+2/+3	Utdrag frå arealstrategien: Kommunen ynskjer ei fortetting av utbygde område i tettstadane og tilrettelegging for ulike bustadtypar. Bustadfelt skal leggjast i tilknyting til tettstadar og etablert infrastruktur. Tiltaksområdet ligg nær tettstad og etablert infrastruktur. Det er stort behov for bustadtomter i Kalvåg-området.
Teknisk infrastruktur	2	2	+2	Offentleg veg og vatn. Det må etablerast eigne, private avløpsanlegg.
Transportbehov	2	2	+2	Området ligg i gåavstand til Kalvåg oppvekst og sentrumsfunksjonar.
Folkehelse	2	2	+2	Gode tilhøve for nærfriluftsliv både på land og til sjøs.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	2	2	+2	Gode tilhøve til nærfriluftsliv, gangavstand til leikeområde knytt til oppvekstsenteret.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X		
Flaum		X	Ikkje registrert flaumfare. Det går ein mindre bekk i ytterkant av tiltaksområdet.	Avstand til bekk må vurderast i samband med deling- og byggjesøknader.

Klima-sårbarheit		X	Området har ein klimasårbarheit knytt konsekvensar ved styrtregn og sterk vind.	Overflatevatn/risiko for ekstremnedbør må ivaretakast ved utbygging.
Trafikk-tryggleik	X		Ikkje eigen gang- og sykkelveg, men det er mindre trafikk på den kommunale vegen.	Det bør etablerast fortau på nordsida av kryss ved fylkesvegen for tryggare skuleveg.
Ureining		X		
Digital kommunika-sjon		X	Tilfredsstillande mobilnett og breibanddekning i Kalvåg.	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking frå Kalvåg brannstasjon, om lag 5 minutt køyretid.	Tiltaket vil ikkje ha verknad på ulukkesrisikoen i området.


Samla vurdering

Tiltaket har lite negative konsekvensar, med unntak for kulturlandskapet og tap av landbruksjord. Jordlova vil vere gjeldande i høve plassering av tomtar og bygg. Ei utbygging er svært positivt i høve folkehelse, born og unge sine oppvekstvilkår, transportbehovet og tilgangen til teknisk infrastruktur. Tiltaket er i samsvar med kommunen sin arealstrategi og ein vil styrke eksisterande byggestruktur i området. Det er stort behov for bustadtomter i Kalvåg-området, og tiltaksområdet ligg i nær avstand til Kalvåg sentrum. Tiltaket vil bidra til å oppretthalde tenestetilbodet lokalt.

Konklusjon

Området har fått redusert utstrekning etter 2.gongs offentleg ettersyn, og ligg inne i arealplanen som noverande LNF-område for spreidd bustadbygging, med opning for fortetting med inntil 5 nye einingar.

Området er på om lag 18 daa og feltkode er LSB1 (SOSI-kode 5200).



Utstrekning av området LSB1 ved 1. og 2.gongs offentleg høyring (til venstre) og LSB1 til 3.gongs offentleg høyring (til høgre)




Føremålet er endra til byggjeområde bustader, B104, etter 3.gongs høyring.

3.3.6 Hyttefelt på Liset gbnr. 1/4, 1/83 m.fl., BFR3





Bilde viser sørvestleg del av ønska tiltaksområde, samt eksisterande busetnad som område grensar mot i søraust. Foto er teke frå hyttetomt gbnr. 1/64 i eksisterande hyttefelt i nordleg grense (Foto Nordplan v/M-B.D. Bakke, 04.03.2019).

Formål/bruk i dag	Jordbruksareal med frittliggande busetnad i nærområde. Grensar inntil etablert hyttefelt.
Planstatus	Ikkje del av reguleringsplan. Eldre KPA (2004): Formål SBF
Forslag til ny arealbruk	Fritidsbustader/hyttefelt
Arealstorleik	Ca. 35,5 daa
Forslagsstillar	Bremanger kommune
Skildring	Liset er ei lita grend som ligg vendt mot sørvest og her er i dag få fastbuande. Tiltaksområde grensar til eksisterande og delvis utbygd hyttefelt i nord, og strekk seg mot sjø i sør.



	Arealet består delvis av skog, medan resterande er beiteareal.

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	1	-1	-1	Ikkje del av kjerneområde for landbruk (jf. kommunen). Er delvis registrert som innmarksbeite (lys gul farge). Ein mindre del er overflatedyrka jord (sørvest, mørkegul farge), elles skog og beiteareal (Fylkesatlas).
Landskap	3	-1	-1	Del av landskapstype «Fjordbasseng» (LT20-07», samt landskap som har stor regional verdi (Fylkesatlas). Ei utviding av hyttefeltet vil ha verknad på opplevinga av landskapet, som i dag har eit bygningsmiljø som i stor grad framstår som frittliggande. Det er derimot positivt for landskapet i sin heilskap at ny utbygging skjer i tilknyting til eksisterande utbygde område.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert sårbare eller truga artar eller viktige naturtypar på det aktuelle arealet (Miljøstatus Norge).
Strandsone 	2	-1	0	Kun ein mindre del av føremålet, nordaustleg del, ligg innanfor 100 m-sona langs sjø. Hyttefeltet ligg på eit høgre nivå, og er naturleg avskilt frå strandsona. Naturmiljø og friluftsliv i strandsona vert ikkje påverka. Hyttene vil bli liggande i bakkant av høgdedraget, og blir ikkje eksponert i landskapet. Sti som går frå eksisterande hyttefelt og ned til sjø må ivaretakast i detaljreguleringsplan.
Vassmiljø	2	0	0	Del av området Frøysjøen som har god økologisk kvalitet (portalen Vann-nett). Det er ikkje grunnlag til å tru at fritidsbustader vil ha verknad på vassmiljøet i tilgrensande sjøareal.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen kjende kulturminne eller -miljø (Fylkesatlas). På gbnr. 1/4 går ein steingard, men denne vert ikkje råka av utbygginga.

Mineralressursar	0	0	0	Hovudbergart: Kvartsitt (NGU Berggrunn N250). Ikkje registrert grus- og pukkførekomstar (NGU). Ikkje eit aktuelt område for uttak av mineralar.
Friluftsliv 	2	0	0	Hyttefeltet grensar mot nord mot eit kartlagt friluftsområde, Flona, vurdert som svært viktig (DOK). Hyttefeltet ligg ved eksisterande utbygt felt, og vil ikkje påverke bruken av friluftsområdet.
Overordna arealføring	2	+2	+2	Kommunen ønskjer at nye områder for hytter skal leggast i tilknyting til eksisterande felt. Føreslegne er i samsvar med overordna arealføring.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etablert	0	0	Det er allereie etablert vegtilkomst til eksisterande hyttefelt. Nye tilkomstvegar til framtidige tomter vil vere naudsynt. Eksisterande hytter i området har vassforsyning frå borehol med avgrensa kapasitet, og tomtane har privat fellesanlegg. Ved utviding av hyttefeltet må det vurderast framføring av kommunal vassleidning, og det må etablerast privat fellesanlegg for avløp for det nye hyttefeltet.
Transportbehov	Bil og til fots	0	0	Under 1,5 km til Kalvåg sentrum.
Folkehelse	-	0	0	Tiltak er vurdert til å ikkje påverke folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Ikkje kjennskap til at området har verdi for barn og unge sine oppvekstvilkår. Vurdert til å ikkje ha verknad på dette tema.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		x	Tiltaksområdet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred (NGI, NVE	

			Skrednett). Det er vidare ikkje vurdert til å vere erosjons- eller kvikkleirefare, då framtidig utbyggingsområde ligg i god avstand til kystlinja og utanfor marin grense.	
Flaum		x	Det er ikkje elv eller bekk i området. Vi har vurdert eksisterande fare for flaum til å vere låg. Avrenning av overflatevatn vil skje mot fjord.	
Klima-sårbarheit-	x		Området ligg ikkje utsett til for havnivåstiging og stormflo. Det er ikkje grunnlag til å vurdere området som særleg utsett for sterk vind, utover at det ligg ved kysten der det i periodar er sterk vind opp mot orkan styrke. Hyttene vil vidare ligg på austsida av Flofjellet, og i ly for vest- og nordavind. Her er ikkje skog i dag og lyngbrann er vurdert som lite sannsynleg i dette området.	
Trafikk-tryggleik		x	Hyttefeltet vil ha tilkomst frå ein kommunal veg som i dag har låg årleg døgntrafikk.	Det er ikkje grunnlag til å tru at trafikktryggleiken på den kommunale vegen vil bli vesentleg endra ved utbygging av fritidsbustader.
Ureining		x	Ikkje kjennskap til at det er forureining i området i dag verken i luft eller i grunn (Miljøstatus Norge, grunnforureining). Det er vidare ingen kjende kjelder for ureining i nærområdet.	Framtidige ønska tiltak er vurdert til å ikkje auke faren for ureining.
Digital kommunika-sjon		x	Dekningskart for DAB-radio vise at det er meget god dekning på Liset. Telenor sitt dekningskart vise vidare at det er god 4G dekning.	
Beredskap og ulukkesrisiko	x		Tiltaket føre ikkje til auka ulukkesrisiko. Kort utrykkingstid frå Kalvåg brannstasjon (utan tankbil).	Krav om tilfredsstillande sløkkjevass-forsyning før utbygging.

Samandrag

Utbygging av hytter i ønska tiltaksområde vil ha størst negativ konsekvens for landskap og strandsone Det vil òg føre til tap av om lag 7 daa landbruksareal (beiteareal og dyrka jord). Det er likevel vurdert som positivt at ein opnar for utviding av eit eksisterande hyttefelt og at ein med dette får konsentrert utbygginga til eit klårt avgrensa område i grenda.


Under synfaring vart det vurdert som naudsyn å legge til rette for eit stort nok areal for at det skal vere mogleg å etablere ny tilkomstveg frå kommunalveg til nye hytter. Eksisterande veg i etablert hyttefelt er ikkje tilfredsstillande til å vidareføre til nye hytter. Den er særleg bratt ned mot gbnr. 1/64.

For å minimere verknad på landskap og strandsone tilrår vi å trekke ønska avgrensing lengre nord. Ein får då større avstand til fjord, samt ein unngår utbygging på eit høgdedrag som strekk seg ut mot havet (del av gbnr. 1/4, sjå bilete til høgre nedanfor). Bygg på høgdedraget vil gje stor fjernverknad og konsekvens for landskapsbildet. Det går òg ein steingard på gbnr. 1/4 som det bør visast omsyn til og i stor grad ivaretakast (jf. syne på bildet til høgre nedanfor).



Bilde til venstre vise framtidig hytteområde aust for tilgrensande hyttefelt. Bildet i midten vise hytteområde i sør. Bilete til høgre vise eit høgdedrag i sørvest og ein steingard som ligg på gbnr. 1/4. (Foto Nordplan v/M-B.D. Bakke, 04.03.2019).






Konklusjon

Areal for framtidig hyttefelt er lagt inn i arealdelen, formål BFR3 SOSI-kode 1120). Opning for inntil 12 einingar. Ønska tiltaksområde er redusert med bakgrunn i vurderingar gjort under synfaring og i KU (vekting av strandsone og landskap). Område BFR3 er på om lag 24,5 daa.

Det er sett krav om detaljregulering. Det er krav om at framtidig plan skal legge til rette for ny tilkomstveg til nye hyttetomter frå kommunal veg. I framtidig plan skal god terrengtilpassing vektleggast.

Kommunen krev òg at ved framtidig regulerings-planarbeid, skal ein òg sjå på moglegheita for å betre stien til Kongstjenna. Den er i dag nytta til friluftsformål/ badeplass (vist med raud sirkel på kartet til høgre). Dette betyr at delar av eksisterande hyttefelt bør bli vurdert inkludert i framtidig detaljregulering.



Utklippet viser eksisterande hyttefelt, BFR8o og framtidig føremål BFR3.


3.3.7 Hyttefelt ved Steinset, gbnr. 3/366, BFR1




Tiltaksområdet sett frå nordaust, mot Steinset i vest (til høgre på bildet) og fjellrygg i sør som vise til venstre på bildet (Foto Nordplan v/M-B.D. Bakke, 04.03.2019).

Formål/bruk i dag	Tidlegare utmarksbeite, elles i stor grad urørt natur.	
Planstatus	Ikkje regulert. Grensar i nordaust til reguleringsplan for Steinset bustadfelt. Eldre KPA (2004): LNFR	
Forslag til ny arealbruk	Hyttefelt/fritidsbustader	
Arealstorleik	197,8 daa	
Forslagsstillar	Frøyen ytre nedre felleseige	
Skildring	Ønska tiltaksområde består i hovudsak av eldre beiteareal. Området er kupert og strekk seg frå fjellryggen i aust mot	

	strandsone og havet i vest. Det går eit dalføre ned mot eit flatare parti i strandsona. Ved synfaring var det spor etter trakk/sti.

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	0	0	0	Ikkje del av kjerneområde for landbruk (jf. kommunen) og heller ikkje registrert som dyrka jord eller beiteareal (Fylkesatlas).
Landskap	3	-1	-2	Del av landskapstype «Klippekyst» og er registrert som landskap som har stor regional verdi (Fylkesatlas). Ønska utbygging er i eit område som i dag framstår i stor grad som urørt. Grensar òg til eit vedteke utbyggingsområde i nord, Steinset bustadfelt. Dvs. at det i framtida vil kunne skje større utbygging i eit område som har stor regional landskapsverdi. Den totale belastninga for landskapet, med framtidig bustadfelt og eit evt. hyttefelt, vil vere negativt for landskapet. Tiltaksområdet er avgrensa for å redusere landskapsverknadane.
Naturmangfald	1	-1	-1	Ikkje registrert sårbare eller truga artar eller viktige naturtypar på det aktuelle arealet (Miljøstatus Norge). Større utbygging vil kunne få verknad på naturmangfaldet innanfor avgrensa areal, då det vil kunne skape store terrenginngrep (kjem ikkje fram av innspel tal på einingar).
Strandsone 	2	-1	-1	Ønska utbyggingsområde strekk seg frå fjellområde i nordaust til sjø i vest. Framtidige hytter vil i vest ligge innanfor potensielt tilgjengeleg strandsone, samt i 100-metersbeltet. Dette vil føre til utbygging i det som i dag er i stor grad urørt strandsone, samt føre til auka privatisering.
Vassmiljø	2	0	0	Del av området Frøysjøen som har god økologisk kvalitet (portalen Vann-nett). Ønska utbygging er hytter og er

				vurdert til å ikkje ha vesentleg verknad på vassmiljø.
Kulturminne og kulturmiljø 	0/-1	0/-1	0/-1	Ingen kjende kulturminne eller -miljø (Fylkesatlas). I eksisterande bygningsmiljø på Steinset, som ligg utanfor ønska tiltaksområde, er det fleire SEFRAK-registrerte bygningar. Deriblant ved grensa for området i Langevågen (naustbygg). Viss behov for utbetring av veg i dette bygningsmiljøet, vil det føre til negativ verknad.
Mineralressursar	1	0	0	Hovudbergart: Kvartsitt (NGU Bergrunn N250). Ikkje eit aktuelt område for uttak av mineralar, og her er ikkje registrert grus- og pukkførekomst (NGU).
Friluftsliv	1	-1	-1	Ikkje del av lokalt eller regionalt viktig friluftsområde (Fylkesatlas og kommunen). Sti/trakk er vurdert som teikn på at delar av arealet blir nytta til nærturområde og rekreasjon.
Overordna arealføring	2	-2	-2	Ønska tiltak føre til behov for etablering av nytt vegnett og omfattar etablering av eit nytt hyttefelt som ikkje ligg i tilknyting til eksisterande hytteområde. Dette er ikkje i samsvar med overordna arealføring.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Ingen	-2	-2	Vegen frå Kalvåg til Steinset har dårleg standard, særleg siste del som går tett opp mot eksisterande bustader på Steinset. Ønska tiltak vil føre til belastning på vegnettet. Kommunal vassforsyning i Kalvåg har tilstrekkeleg kapasitet, og hyttefeltet kan bli tilknytt kommunalt nett. Det må etablerast privat fellesanlegg for avløp. Løysing må avklarast i detaljregulering.
Transportbehov	Bil-basert	-2	-2	Hyttefelt lengst vest, ved Steinset, vil føre til behov for bruk av bil t/r Kalvåg.
Folkehelse	1	-1	-1	Vil kunne føre til trafikk langs kommunal veg (Steinsetvegen), frå

				Kalvåg til badeplass/friluftsområde ved Steinset.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	Ingen	0	0	Ingen verknad.


SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		x	Ikkje del av aktsomhetsområde for skred (NVE/NGI, skrednett). Området er i hovudsak bart fjell, og over marin grense.	
Flaum		x	Ikkje kjennskap til bekkar, elvar eller ferskvatn som vil føre til flaumfare i området. Terrenget hellar hovudsakleg mot vest og vil gje naturleg avrenning mot fjord.	
Klima-sårbarheit-	x		Området ligg delvis utsett for havnivåstiging og stormflo i vest ved sjø, men det er ikkje aktuelt å opne for fritidsbustader i flaumsone. Arealet ligg vestvendt og det vil i periodar kunne vere sterk vind opp mot orkan styrke. Her er ikkje skog i dag og fare for skogbrann er dermed liten. Ikkje kjennskap til fare for lyngbrann.	
Trafikk-tryggleik	x		Det er eit større areal innspelet omfattar, men det er på dette tidspunkt usikkert kor mange fritidsbustader det er ønskje om å etablere. Behov for utbetring av eksisterande vegnett må vurderast ved ei større utbygging.	Krav til ytterlegare vurdering av vegtilkomst og utbetring av eksisterande veg frå Kalvåg til Steinset (Steinsetvegen).
Ureining		x	Ikkje kjennskap til at det er forureining i området i dag verken i luft eller i grunn (Miljøstatus Norge, grunnforureining). Det er vidare ingen kjende kjelder for ureining i nærområdet.	
Digital kommunika-sjon		x	Dekningskart for DAB-radio vise at det er meget god dekning i området. Telenor sitt	

			dekningskart vise vidare at det er god 4G dekning.	
Beredskap og ulukkesrisiko			Tiltaket vil ikkje føre til auka ulukkesrisiko. Kort utrykkingstid frå Kalvåg brannstasjon (utan tankbil).	Krav om tilfredsstillande sløkkjevass-forsyning før utbygging.

Samandrag

Ønska tiltaksområde strekk seg over eit større utmarksområde som òg er omfatta av strandsone. Vurderingar gjort i KU vise at dette vil føre til større inngrep i eit landskap med stor regional verdi. I tillegg har grenda Steinset i dag eit vegnett som allereie har dårleg kapasitet, med smal vegbreidde og hus som står tett inntil eksisterande veg. For å imøtekomme ønska utvikling i dette område, har vi valt å sjå mot eksisterande planar for bustadfelt ved Steinset.



Vedteken plan frå 2013 (PlanID 201303) vise at det er planlagt to bustadfelt ved Steinset. For å redusere dei negative verknadane for landskap og strandsone, samt belastning på vegnettet, er det vurdert som fordelaktig å knyte eit framtidig hyttefelt opp mot planlagt bustadfelt i aust.

Kartutsnittet til venstre vise oversikt over ønska tiltaksområde (om lag innanfor raud sirkel), samt vedteken plan for bustadfelt ved Steinset som er vist med formålsfargar (utsnitt frå kommunekart).






Grenda Steinset har fleire eldre bygningar som ligg i klynger (bilde til venstre). Smal tilkomstveg går tett opp til busetnaden. Bilde til høgre vise areal i vest, sør for busetnaden på Steinset (del av strandsone som var i ønska tiltaksområde). (Foto Nordplan v/M-B.D. Bakke, 04.03.19)

Arealet ligg delvis innanfor LNF-formål i gjeldande reguleringsplan for Steinset bustadfelt. Området er stort for 20 einingar, men det er viktig å ha tilstrekkeleg areal for å oppnå best mulig plassering av veg og tomtar i det kuperte området. Nedbygging av myrparti og tiltak som kan drenere myra må unngåast.

Konklusjon



Areal som blir lagt inn i arealdelen til framtidig hyttefelt er blitt redusert i forhold til skissert område i innspelet, med bakgrunn i gjennomført KU. Framtidig hyttefelt er vist med feltkode BFR1 og er på om lag 75,9 daa. Maks 20 einingar.



Det er krav om detaljregulering, der tilkomst skal vere tilknytt planlagde vegløysingar i planen for bustadfelt ved Steinset. Landskapstilpassing skal vektleggast i framtidig plan.


3.3.8 Spreidd utbygging av bustader og fritidsbustader på Novelandet Øvre Tuftene, gbnr. 29/7-10, LS5



Flyfoto over delar av Novelandet (Fylkesatlas). Ønska lokalisering for fritidsbustader er markert med blått polygon. I tillegg ønskjer kommunen å vurdere avgrensing til eit større areal for LNFR-formål med opning for spreidd utbygging av bustader og fritidsbustader. Kommunen sitt innspel er markert med raud farge.

Formål/bruk i dag	Grend med spreidd utbygging og landbruksareal	
Planstatus	Ikkje del av reguleringsplan.	

	Eldre KPA (2004): LNFR	
Forslag til ny arealbruk	Spreidd utbygging av fritidsbustader og bustader. Fortetting.	
Arealstorleik	KU-vurdert område er på om lag 28 daa. Eigedomane er ca. 1,7 daa (Innspel Jon Bakke, blått omriss).	
Forslagsstillar	Jon Bakke for gbnr. 29/8-10 (blått polygon). Bremanger kommune for eit større område for LNFR-formål med opning for spreidd utbygging.	
Skildring	Ønska tiltaksområde ligg på Novelandet. Her er det landbruksareal med spreidd busetnad. Ønska tiltaksområde til Jon Bakke består i dag av eit gardstun, der forslagsstillar ber om at arealdelen opnar for fortetting.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar 	-1	-1	-1	Ikkje del av kjerneområde for landbruk (jf. kommunen). Frådelt tomt i nordvest, gbnr. 29/8, er delvis del av innmarksbeite (Fylkesatlas). Elles i stor grad innmarksbeite og noko lauvskog ifølgje areal-ressurskartet. Vil føre til eit mindre tap av innmarksbeite.
Landskap	2	0	0	Er registrert som landskapstype «Småfjord og storsund» (LT20-06). Er vidare innanfor sone for landskap med stor regional verdi (Fylkesatlas). Ønska tiltaksområde innsendt av Jon Bakke omfattar eit areal som i stor grad utbygd i dag. Ei mindre fortetting i grenda i tilknyting eksisterande

				bygningsmassar er vurdert til å ikkje ha konsekvens for landskap.
Naturmangfald	1	0	0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller truga/sårbare artar i det aktuelle området (Miljøstatus Norge).
Strandsone	0	0	0	Ikkje del av potensielt tilgjengeleg strandsone eller 100-metersbeltet (jf. SSB).
Vassmiljø	-	0	0	Har ikkje kjennskap til eksisterande økologiske tilstand på vassmiljøet i sjø ved Novelandet. Ikkje vurdert til å gje verknad på vassmiljøet.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Det er ingen registrert lokalitetar eller kulturminne/miljø i området, utover SEFRAK-registrerte bygg. Ingen som er meldepliktige i samsvar med kulturminnelova. (Fylkesatlas)
Mineralressursar	1	0	0	Hovudbergart: Kvartsitt (NGU Bergrunn N250). Ikkje registrert grus- og pukkførekomst (NGU). Ikkje aktuelt å ta ut mineralar.
Friluftsliv	1	0	0	Ligg ikkje innanfor område som er registrert som lokalt eller regionalt viktig friluftsområde (Fylkesatlas og kommunen).
Overordna arealføring	0	0	0	Ved opning av fritidsbustader utanfor etablerte hyttefelt, ønskjer kommunen at det òg leggast til rette for at det kan bli etablert bustader for heilårsbruk (kombinert formål).
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Etablert	0	0	Smal veg frå Smørhamsvegen (FV 616) ut mot Novelandet. Tiltak vil ikkje føre til behov for etablering av ytterlegare teknisk infrastruktur, då det er tilkomstveg til dei aktuelle eigedomane. Det er ikkje offentleg vass- og avløpsanlegg i området. Kapasitet på private vassforsyningsanlegg er ukjent. Det må dokumenterast tilfredsstillande vassforsyning og etablerast privat avløpsanlegg ved bygging av nye fritidsbustader.

Transportbehov	Bil-basert	-1	-1	Ønske om mindre tiltak som vil føre til bruk av bil grunna avstand til tenestefunksjonar ved Kalvåg og Svelgen.
Folkehelse	-	0	0	Ingen verknad.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	0	0	0	Ingen verknad.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS


HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 	x		Del av skredfarekartlegging i Bremanger kommune gjennomført av Sweco (rapport datert 17.03.2017). Området ligg innanfor skredfaresone med sannsyn for skred <1/1000 (gul sone, S2) og S3 (sannsyn for skred mindre enn 1/5000).	Akseptabelt å opne for fritids- og heilårsbustader innanfor sikkerheitsklasse 2, jf. TEK17.
Flaum		x	Ikkje kjennskap til at området ligg flaumutsett til (NVE) eller at her er problem med overflatevatn i dag.	Framtidig utbygging av 3 buieiningar er vurdert til å ikkje gje verknad for flaum.
Klima-sårbarheit-	x		Vil vere i periodar sterk vind og styrtregn. Ikkje kjennskap til andre relevante forhold som vil ha verknad på klimasårbarheit i dette området. Ikkje vurdert som sårbart område for lyng- og skogbrann.	
Trafikk-tryggleik	x		Det er på strekninga registrert ei trafikkulukke (2010) med ein alvorleg skadd person. Vegstandarden er i dag ikkje tilfredsstillande og ein bør ikkje tillate større utbygging på Novelandet.	Ønska tiltak vil ikkje ha vesentleg verknad på trafikksituasjonen på tilkomstveg til Novelandet.
Ureining		x	Ikkje registrert med ureining i grunnen, og det er vidare ikkje kjennskap til kjelder som føre til ureining i luft (Miljøstatus Norge, grunnforureining).	

Digital kommunika-sjon	x		God 4G+ dekning (Telenor). Kart over DAB-dekning vise at det er ingen dekning for DAB-radio. Akseptabelt, då det er 4G dekning og ein har tilgang på radio ved bruk av mobilnettet.	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Køyretid frå Kalvåg brannstasjon er 15-20 minutt og frå Hauge brannstasjon i Struen (tankbil) 35 minutt. Spreidde fritidsbustader medfører ikkje auka ulukkesrisiko.	Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt for spreidde hytter. Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt sløkkeanlegg ved utbygging. Krav om tilfredsstillande sløkkjevass-forsyning før utbygging.

Samandrag

Innspel frå Jon Bakke er i samsvar med intensjonen bak tomteinndelinga som har blitt gjennomført i det aktuelle området. Sidan den gang har det blitt større fokus på å unngå å bygge i sårbare områder og det var ikkje gjort skredvurdering i samband med utskiftinga. Skredrapporten frå 2017 vise at ønska tiltaksområde er innanfor faresone for både 1000 og 5000 års skred. Endeleg konklusjon har vektlagt risiko for skred.

Konklusjon



Det er i arealdelen opna for fortetting med inntil 3 nye fritids- og/eller heilårsbustader innanfor noverande LNFR-formål for spreidd utbygging, feltkode LS5 (SOSI-kode 5200). Området er på om lag 26 daa. Nye bygg skal vere i tilknyting til eksisterande vegnett og busetnad.

Innspel frå Jon Bakke er med dette delvis imøtekome med bakgrunn i faresonekart for skred. Gbnr. 29/9 og 29/10 er ikkje del av utbyggingsområde i arealdelen, då desse eigedomane er innanfor 1000 års skred/tryggleiksklasse S1. Gbnr. 29/8 og 29/7 er innanfor 5000 års skred, og kan med dette nyttast til fritids- eller heilårsbustad.


Området er avgrensa etter 3.gongs offentleg høyring, for å redusere tap av landbruksareal.



3.3.9 Fritidstomtar ved Frøynes, gbnr. 6/1-2, LS2, revidert etter 2.gongs høyring



Ønska tiltaksområde markert med blått omriss (flyfoto frå Fylkesatlas). Innspel frå Stig Melheim omfattar gult polygon (trekant).

Formål/bruk i dag	Ingen kjent bruk i dag.	
Planstatus	Ikkje del av reguleringsplan. Eldre KPA (2004): LNF-areal.	
Forslag til ny arealbruk	To tomter til fritidsbustader	
Arealstorleik	Ca. 7,1 daa, redusert til 3,3	
Forslagsstillar	Stig Melheim (gult polygon) og Bremanger kommune (blå avgrensing)	


Skildring	Innspel frå Stig Melheim gjeld areal vest for fylkesveg 616 og nord for ein etablert tilkomstveg til eit kaiområde ved Oldersundet. Aktuelt område for fritidsbustader er i dag eit jordbruksareal og nærliggande busetnad består i hovudsak av frittliggande einebustader, sett vekk frå ein eigedom i sør (hyttetomt på gbnr. 6/11) og nemnte kaiområde. Aktuelt utbyggingsareal er ifølgje innsendar ikkje del av garden si daglege drift og har ikkje vore det dei siste 10-20 åra. Er planlagt avløp via septiktank med utslepp til sjø.

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	2	-1	-1	Del av område er registrert som full- og overflatedyrka jord (ca. 3,9 daa). Resterande areal er utbygt eller innmarksbeite. Deler av arealet er kupert og består av synleg berg i dagen. Arealet ligg utanfor registrert kjerneområde for landbruk i BK. Det er drift i området i dag (synleg slåttemark). Området er avgrensa etter 2.gongs offentleg høyring, og omfattar no kun areal med bonitet innmarksbeite og om lag 200 m2 overflatedyrka jord. Jordlova er gjeldande, og skal leggjast til grunn ved deling av tomtar/utbygging.
Landskap  	3	-1	0	Heile tiltaksområdet ligg innanfor registrert område for kulturlandskap (Fylkesatlas). Del av landskapstype «Småfjord og storsund (LT20-06) og vidare del landskap som har stor regional verdi. Landskapet er prega av store tekniske inngrep (Oldersundbrua, kraftline, kai mm.) og ønska tomter ligg i tilknyting til eksisterande vegar og vil framstå som frittliggande bygningar – i likskap med omkringliggande eine- og fritidsbustader. Ei fortetting med 2 bustader/fritidsbustader, der terreng- og landskapstilpassing er vektlagt, er vurdert til å ha ubetydeleg konsekvens for landskapet.

Naturmangfald	1	0	0	Ingen registrerte sårbare artar eller viktige naturtypar (Miljøstatus Norge).
Strandsone 	1	-1	-1	Del av området ligg innanfor 100 m-sona langs sjø. Formålsområdet ligg minst 60 m frå sjø. Området ligg på eit høgre nivå i terrenget enn den funksjonelle strandsona, og naturmiljø og høvet til friluftsliv i den nære strandsona vert ikkje påverka av tiltaket. Landskapet er prega av tekniske inngrep, og ei utbygging med god terreng- og landskapstilpassing vil ikkje påverke landskapet i strandsona vesentleg.
Vassmiljø	2	0	0	Del av området Frøysjøen som har god økologisk kvalitet. Tiltak er vurdert til å ikkje ha gje verknad på vassmiljø.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ingen kulturminne eller -miljø i området. To SEFRAK-registrerte bygg i nærleiken (i sør og i vest, jf. Fylkesatlas).
Mineralressursar	1	0	0	Hovudbergart: Kvartsdioritt, tonalitt, trondhjemitt, samt kvartsitt (feltholdspaltig) (NGU Bergrunn N250). Ikkje eit aktuelt område for uttak av mineralar, og her er ikkje registrert grus- og pukkførekomstar (NGU).
Friluftsliv	1	0	0	Ikkje del av lokalt eller regionalt viktig friluftsområde (Fylkesatlas), men sjøområdet Oldersundet-Vågane er registrert som lokalt viktig område (DOK). Med bakgrunn i omfanget av tiltaket, er konsekvensen sett til 0.
Overordna arealføring	1	0	0	Kommunen ønskjer at hovudvekta av framtidige fritidsbustader skal leggjast i hyttefelt og i tilknyting til etablert infrastruktur. Ved å opne for både bustad og hytter, vil ein følgje opp kommunen si overordna føring.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etablert	0	0	Område har etablert vegtilkomst og tiltak vil ikkje føre til vesentleg belastning av eksisterande infrastruktur. Det er ikkje offentleg vass- og avløpsanlegg i området.

				Kapasitet på private vassforsyningsanlegg er ukjent. Det må dokumenterast tilfredsstillande vassforsyning og etablerast privat avløpsanlegg ved bygging av nye fritidsbustader.
Transportbehov	Bil	-1	0	Området ligg om lag 2 km frå næraste bygd med funksjonar som t.d. daglegvarehandel. Det vil vere behov for bruk av bil både til Kalvåg og Svelgen (ca. 58 km frå planområdet), men ingen vesentleg negativ verknad då det er snakk om ei mindre utbygging.
Folkehelse	-	0	0	Ingen verknad for folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Ingen verknad ved opning for hyttetomter. Lite positivt omfang, viss ein opnar for bustadtomter – då det kan føre til etablering av småbarnsfamiliar i området.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred  *Flyfoto over området*		x	Gjennomført skredfarekartlegging i området, jf. NVE rapport «Skredfarekartlegging i Bremanger kommune» (28/2017). Ønska område ligg utanfor faresone. Deler av området ligg under Marin grense, og området er ikkje detaljkartlagt for mogleg marin leire (NGU kart «Mulighet for marin leire», MML). I fylgje flyfoto er deler av området grunnlendt, med mykje fjell i dagen. Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikkje fare for at det vil utløysast områdeskred (NVE veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», jf. Tabell 3.1 Prosedyre for utredning av områdeskredfare punkt 2.	Lommar med marin leire kan forekomme og fundamenteringsforhold må avklarast i byggjesak.

Flaum		x	Ikkje kjennskap til at område er sårbart for flaum (NVE).	
Klima-sårbarheit-	x		Overflatevatn er ikkje vurdert til å vere eit problem i dette området. Mest aktuelt tema er sterk vind. Vi vurderer det ikkje som naudsynt å sette krav til sikring av bygg utover gjeldande lovverk og forskrifter.	Bygg vil ligge over kote 3 og det er med dette ikkje fare for stormflo og havnivåstiging.
Trafikk-tryggleik		x	Ingen kjende trafikkulukker ved aktuelle tomter (vegkart, SVV).	Utbygging vil ikkje føre til auka fare for trafikkulukker, då legg til rette for to bustader.
Ureining		x	Ikkje kjennskap til at det er forureining i området i dag (Miljøstatus Norge, grunnforureining). Det er ikkje kjennskap til forureining i luft og det er ingen kjende kjelder for ureining i nærområdet.	
Digital kommunika-sjon		x	God DAB-dekning i området (Radio.no). Veldig god 4G+ dekning (Telenor dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko			Lav/ingen ulukkesrisiko knytt til etablering av sjølve tiltaket (hyttetomter). Kort utrykkingstid frå Kalvåg brannstasjon. Køyretid med tankbil frå Struen er om lag 30 minutt.	Innsatstid er vurdert som akseptabel for spreidde hytter. Krav om tilfredsstillande sløkkjevass-forsyning før utbygging.

Samandrag

Tiltaket kan etter ny avgrensing føre til tap av 0,2 daa overflatedyrka og noko innmarksbeite. Ønska tiltaksområde ligg i nærleiken av etablerte vegar, og utbygging er vurdert til å ikkje føre til oppstykking av dyrkbar jord. Arealet ligg utanfor skredsone. Det er vidare ein del av eit større område som i dag har spreidd utbygging av bustader og hytter.

Konklusjon

Framtidig utbyggingsareal er lagt inn med feltkode LS2 (SOSI-kode 5200). Området er avgrensa etter 2.gongs offentleg høyring, og har no eit areal på om lag 3,3 daa.



Område LS2 ved 1. og 2.gongs høyring

For å følgje opp overordna arealføring er det opna for både fritids- og bustadbygging, og ikkje berre fritid slik som innspelet føreslår. Ingen krav til reguleringsplan, då ein opnar for inntil 2 nye bustader- og/eller fritidsbustader innanfor formålet




LS2 med avgrensa areal til 3.gongs offentleg høyring.

3.3.10 Trongesundet/Nybø – LNF med spreidde fritidsbustader gbnr. 32/2 m.fl., LSF3



Utklipp frå www.bremanger360.no

Formål/bruk i dag	Innmarksbeite, skog og vatn.	
Planstatus	LNF-område med spreidde fritidsbustader –	

	framtidig (SF22), i KPA 2004.	
Forslag til ny arealbruk	LNF-område med spreidde fritidsbustader	
Arealstorleik	Ca 23 daa	
Forslagsstillar	Vidareføring frå KPA2004, Judith Ekerhovd	
Skildring	Vurdert område ligg på Nybø ved Trongesundet, aust tidlegare avfallsplass på Nybø. Det er tidlegare frådelt tre hyttetomtar innanfor tiltaksområdet. På grunn av endra føringar for strandsoneforvaltning vert området konsekvensvurdert på nytt.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	1	0	0	Området omfattar om lag 15 daa innmarksbeite og om lag 6 daa skog, jf. AR5. Resten av arealet er vatn.
Landskap	2	-2	-2	Landskapstypen Småfjord og storsund er vurdert til å ha stor lokal og regional verdi. Tiltaksområdet ligg på ein nes i eit elles ope landskap. Området er småkupert, og ved å ta omsyn til landskap og terreng ved plassering og utforming kan ein unngå at fritidsbustadane blir eksponert i landskapet.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert viktige eller utvalde naturtypar eller sårbare artar, jf. naturbase/fylkesatlas.
Strandsone	2	-2	-2	Tiltaksområdet ligg i hovudsak innanfor 100 m-sona langs sjø, kun om

				lag 10 m frå sjøen på det næraste. Med unntak av to naust sør for neset er strandsona utan inngrep. I fylgje dei statlege planretningslinene for differensiert strandsoneforvaltning bør areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling prioriterast framfor fritidsbustadar i område med mindre press på areala (sone 3). Eksponering i landskapet kan vere negativt for strandsoneomsyna, og fritidsbustadane må plasserast og utformast med omsyn på landskapet.
Vassmiljø	1	0	0	Det ligg ein vassdam i tiltaksområdet, truleg brakkvatn, elles går det ingen bekkar gjennom området. Vassførekomsten Bremangerpollen er registrert med god økologisk tilstand, jf. vann-nett.no, og tiltaket vil ikkje påverke denne i særleg grad.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø, jf. fylkesatlas.
Mineralressursar	1	0	0	-
Friluftsliv	2	0	0	Sjøområdet er registrert som viktig friluftsområde for padling og småbåtutfart, men tiltaket vil ikkje påverke dette.
Overordna arealføring	2	-1	0	Overordna arealføringar for fritidsbustader: Hovudvekta av framtidige fritidsbustader skal leggjast i hyttefelt og i tilknyting til etablert infrastruktur
Teknisk infrastruktur	2	0	0	Tilknytast offentleg vassleidning. Avløpsanlegg må etablerast privat, enten med tett tank eller slamavskiljar med infiltrasjon i grunnen/våtmarksfilter for å unngå sprenging i strandsona og rør ut i sjø. Tilknytast eksisterande avkøyrsle frå Smørhamnsvegen.
Transportbehov	1	-1	-1	Ingen sentrumsfunksjonar i gangavstand.
Folkehelse	1	0	0	Ingen verknader for folkehelse.

Barn og unge sine oppvekstvilkår			1	0	0	Lite eller ingen innverknad på denne gruppa.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS					
HENDING	Potensiell fare		Vurdering		Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei			
Skred		X	Det er ikkje skredfare i tiltaksområdet, jf. aktsemdskarta for stein- og snøskred (NGI) og jord- og flaumskred (NVE). Området ligg under marin grense, og området er ikkje detaljkartlagt for mogleg marin leire (NGU kart «Mulighet for marin leire», MML). I fylgje lausmassekart (Nasjonal løsmassedatabase, NGU) er grunnen bart fjell, stadvis med tynt dekke. Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikkje fare for at det vil utløysast områdeskred (NVE veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», jf. Tabell 3.1 Prosedyre for utredning av områdeskredfare punkt 2.		Lommar med marin leire kan forekomme og fundamenteringsforhold må avklarast i byggjesak.
Flaum		X			
Klima-sårbarheit	X				Overflatevatn må ivaretakast ved utbygging.
Trafikk-tryggleik		X			
Ureining		X			Tidlegare avfallsplass, med ureina grunn, nordaust for tiltaksområdet, men denne drenerer mot nord og vest og påverkar ikkje tiltaksområdet.


Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Kalvåg brannstasjon med om lag 10 min køyretid. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området.	

Samla vurdering

Tiltaket har negative konsekvensar for landskap og strandsone, og utstrekninga av føremålet må avgrensast mot sjø for å redusere verknadane på landskap og strandsone. Av to område for spreidde fritidsbustader i Trongesundet vert dette vurdert som minst konfliktfylt, og vidareført med avgrensing. Området ved Rotaneset (Skutevika sør, LSF24 i KPA2004) vert teke ut av planen, då dette er meir eksponert i landskapet, påverkar ein viktig/utvald naturtype (jf. naturbase) og ligg i større avstand frå etablert infrastruktur. Tilrettelegging for bruk av området er viktig for å oppretthalde kulturlandskapet og hindre attgroing, og gode, attraktive hyttetomtar er viktig for å oppretthalde teneste- og kulturtilbod i kommunen.

Konklusjon

Området vert avgrensa i storleik og mot sjø, og lagt inn som LNF område for spreidde fritidsbustader, framtidig (LSF3, om lag 8 daa), med opning for inntil 4 einingar. Ved utbygging skal det lagast felles plan for tilkomst, vassforsyning, overvatn og avløp. Byggjegrense mot sjø skal fylgje formålsgrensa. Føresegnene må setje krav til plassering og utforming av fritidsbustadane, for å unngå at dei blir unødig eksponerte i landskapet.



LSF3

Arealet er redusert etter 3.gongs offentleg høyring, og maks. storleik på fritidsbustader redusert for å imøtekomme motsegn frå Statsforvaltaren knytt til strandsone og landskap. Det skal ikkje byggjast veg fram til hyttene eller etablerast avløp med utslepp til sjø.



3.4 Bremangerlandet




Utsikt mot Grotle og Hauge (Foto Nordplan v/M-B. D. Bakke, 04.03.2019).

3.4.1 Fritidsbusetnad i Fagredalen, LSF8



Flyfoto henta frå Fylkesatlas. Om lag plassering av ønska tiltak er markert med blått polygon.

Formål/bruk i dag	Fjellområde med elveløp, vatn og eldre stølar.
Planstatus	Ikkje regulert. Eldre KPA (2004): Innanfor LNF og sone for vindkraft. Vindkraft er ikkje vidareført- Delvis innanfor KDP for Bremangerbygda (2007): Noverande LNF-område (plan er ikkje vidareført)
Forslag til ny arealbruk	LNF med opning for spreidd bygging av fritidsbusetnad.
Arealstorleik	Ca. 326 daa omkrets
Forslagsstillar	Steinar Ryland
Skildring	Området ligg ved Middagshaugen, vest for Langevasshornet i Fagredalen. Ønska areal for fritidsbustader strekk seg frå eit mindre vatn i sør, langs eit myrområde og elveløp i Fagredalen. Det er i dag 5 bygg innanfor forslagsstillar si føreslåtte avgrensing, der det i innspelet blir opplyst at desse er sel og fritidsbustader. Ikkje kjennskap til at det er seterdrift i dag.



Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	0	0	0	Fjellareal som er registrert om open fastmark som er lite produktivt (arealressurskart, Fylkesatlas).
Landskap	3	0/-1	0/-1	Kystfjellvidde (landskapstype LT20-12), registrert som representativt/vanleg førekommande landskap på lokalt nivå. Men på regionalt nivå er landskapet markert med stor regional verdi (verdi B). (Fylkesatlas). Det er innspel om frittliggande bygg, ikkje hyttefelt. Verknad er vurdert til å vere ubetydeleg til liten negativ, men er avhengig av tal nye bygg det blir opna for.


Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert truga, prioriterte eller freda arta i det aktuelle område. Heller ikkje del av verna område eller viktige naturtypar. (Miljøstatus Norge). Eit mindre myrområde sørvest i tiltaksområdet, men med føringar som er gjeve vil ein unngå utbygging i myrområdet eller tiltak som kan medføre drenering av myrområdet.
Strandsone	0	0	0	Ikkje relevant tema.
Vassmiljø	-	0	0	Ikkje kjennskap til kvalitet på vatn i område. To mindre våtdrag i søre del av området. Tiltak som påverkar våtdraga/myrområdet skal unngåast.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Eksisterande bygg i område er ikkje registrert som freda eller SEFRAK. Det er vidare ikkje vist lokalitetar som er freda. (Fylkesatlas)
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje aktuelt tema for dette området.
Friluftsliv	1	0	0	Ikkje del av eit registrert lokalt eller regionalt viktig friluftsområde (Fylkesatlas og kommunen). Det er stiar i dette fjellområde, mellom anna grunna sel som er oppført. Område blir nytta til friluftsliv, men tiltak er vurdert til å ikkje ha vesentleg verknad for friluftsliv.
Overordna arealføring	-	-2	-2	Ønska utbygging vil ligge i eit område der det er sel og fritidsbustader, men kommunen har i overordna arealføring fastsett at nye hytter bør ligge i tilknyting til eksisterande hyttefelt.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	-	0	0	Det er i dag sti til område. Det er ikkje etablert vatn og avløpssystem i dalen. Framtidige bygg må ha alternative løysingar for VA og straum.
Transportbehov	-	0	0	Det er ikkje aktuelt å opne for at det kan etablerast veg opp til det aktuelle fjellområde. Ved utbygging må materiale fraktast til fots eller ved bruk av helikopter.
Folkehelse	-	0	0	Ingen verknad på folkehelse.

Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Tiltak vil ikkje ha verknad på barn og unge. Dette er eit rekreasjonsområde som òg vert nytta av unge.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	x		Ein mindre del er innanfor aktsemdområde for snøskred (NVE). Vurdert som lite sannsynleg for snøskred, då det er lite snø ved kysten.	Nye bygg skal ligge utanfor aktsemdområdet for snøskred.
Flaum		x	Vurdera det som ikkje fara for framtidig flaum langs bekkar/elveløp og vatn, viss bygg har ein avstand på minimum 20 meter i samsvar med NVE si tilråding (rettleiar Flaum- og skredfare i arealplanar, 2/2011, revidert 22. mai 2014)	Tiltak vil ikkje føre auka fare for flaum.
Klima-sårbarheit-		x	Tiltaksområde ligg i ein dal, der topografien skape ein naturleg le for sterk vind. Myrområde, opne bekkar og elveløp, ferskvatn gjev gode avrenning ved styrtregn. Vidare er området i dag open fastmark og her er ikkje tresatt, og det er med dette ikkje fare for skogbrann. Vi har ikkje kjennskap til at det er lyng i området i dag og vi vurderer faren for lyngbrann til å vere låg.	Tiltak vil ikkje føre til nedbygging av større grøne areal og lukking av bekkar/elveløp som ville ført til større sårbarheit ved styrtregn.
Trafikk-tryggleik		x	Tiltak vil ikkje føre til auka trafikk, sett vekk frå ved bygging.	
Ureining		x	Ingen kjende ureiningskjelder i område i dag eller registrerte funn (Miljøstatus Norge). Ved framtidig utbygging vil ureining i hovudsak vere knytt til byggefasen. Det vil òg vere naudsynt å sette krav til løysing for toalett, då det ikkje kan etablerast septiktank i område.	Støy viss bruk av helikopter i byggefasen. Ved etablering av toalett skal dette vere biotoalett eller liknande miljøvenleg løysing.

Digital kommunika-sjon	x		Delar av dalføret er vist som soner utan DAB-dekning, men aktuelt tiltaksområde ser ut til å dekning (Radio.no). Det skal vidare vere 4G dekning (dekningskart frå Telenor).	
Beredskap og ulukkesrisiko	x		Ingen særskilte problemstillingar knytt til vurdert område og ønska tiltak. Ved brann vil det ikkje vere mogleg for utrykking til område. Det er i Fagredalen god tilgang på vatn, då her er fleire elveløp samt Fagredalsvatnet. Enkle, spreidde bygg for fritidsbruk medfører ikkje vesentleg auka risiko for brann ved oppføring av framtidig tiltak.	Krav om tilfredsstillande sløkkjevass-forsyning og løysing for brannslukking før utbygging.

Samandrag



Stor utbygging i Fagredalen vil ha verknad på landskapet og etablering av hyttefelt er ikkje tilrådd i eit fjellområde som i dag manglar infrastruktur som VA og tilfredsstillande vegtilkomst. Ved å avgrense tiltaket til 3 nye enkle bygg som ligg i tilknyting til etablert stisystem og med strenge krav til utforming (materialbruk, volum og form) og infrastruktur, er omfanget vurdert til å vere akseptabelt og vil ikkje til vesentleg negativ verknad for landskapet.

Det er vidare viktig å gje klare føringar på kva som tillatast på uteareal for å unngå privatisering og terrenginngrep, som t.d. at det ikkje skal tillatast inngjering, muring ved bruk av betong, asfaltering eller etablering av plen/hageanlegg. I tillegg skal det ikkje tillatast bygging nær vatn og elveløp, og det er krav om biotoalett.

Konklusjon


Det er i arealdelen lagt inn som eksisterande LNFR-formål med frittliggande fritidsbusetnad, med opning for fortetting av 3 mindre hytter. Arealet er på om lag 44,2 daa og har feltkode LSF8 (SOSI-

kode 5220). Sjå kartutsnitt under «Samandrag». Føresegner følgjer opp anbefalingar gjort i KU m.o.t krav til utforming og tilpassing til terreng. Utbygging på myr skal unngåast, og det skal ikkje gjerast tiltak som kan medføre drenering av myrområdet sørvest i føremålsområdet.



3.4.2 Naust indre Hauge ved Struen, del av gbnr, 16/15, BAB23



Ønska tiltaksområde ligg mellom Struen og Blåhella (markert med blå linje). Flyfoto frå Fylkesatlas.

Formål/bruk i dag	Landbruksområde og ei sjøbud.	
Planstatus	Del av KDP for Bremangerbygda 2007-2019. Vist som LNF-område m/spreidt fritidsbusetnad – framtidig (raud skravur) og grønt areal er LNF-område.	
Forslag til ny arealbruk	Byggeområde for fritidsbustader kombinert med naust og fritidsbustad. Tal bygg framkjem ikkje av innspelet.	
Arealstorleik	Ca. 5,5 daa	
Forslagsstillar	Tommy Hauge	
Skildring	Det er ingen tiltak innanfor det aktuelle område i dag, utover ei eldre sjøbud. Område ligg mellom eit mindre hytteområde i aust ved Struen og ved Blåhella i vest. Strandsona innanfor avgrensa areal er i stor grad urørt.	

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)

MILJØ				
Landbruksressursar 	1	0	0	Ikkje del av kjerneområde for landbruk (kommunen). Arealressurskart vise at ønska utbyggingsområde er registrert som innmarksbeite i sør. I tillegg er eit mindre areal i nord dekka av blandingsskog og fulldyrka jord. Tiltak omfattar i hovudsak areal rett ved sjø, bestående av berg og tynt vegetasjonsdekke. Vil ikkje føre til vesentleg inngrep i landbruksareal.
Landskap	3	-1	-1	Landskapstype LT20-06 (småfjord og storsund), registrert som representativt/vanleg førekommande landskap på lokalt nivå. Men på regionalt nivå er landskapet markert med stor regional verdi. (Fylkesatlas). Det aktuelle område framstår som opent kulturlandskap i nordleg del, medan det er kupert terreng med knausar og berg ned mot sjøen. Utbygging vil endre karakteren til landskapet ved sjøen.
Naturmangfald	1	-1	-1	Ikkje registrert truga eller, prioriterte eller freda arta i det aktuelle område. Heller ikkje del av verna område eller viktige naturtypar (Miljøstatus Norge). Aust for område, i Førdspollen, er det registrert fleire truga fugleartar, og ein del er verna og registrert som viktig naturtype. Utbygging vil kunne føre til tap av areal som vert nytta av truga artar, men vi vurderer ikkje at ei framtidig utbygging vil ha vesentleg verknad på aktuelle truga fugleartar som t.d. fiskemåke, storspove og krykkje. Men dette er likevel viktig å ha med i vurderinga av ønska tiltak.
Strandsone 	1	-1	-1	Ønska tiltak ligg i potensielt tilgjengeleg strandsone og 100-metersbeltet (SSB). Ønska tiltak er kombinert naust og fritidsbustad. Fritidsbustad vil ha særleg negativ verknad i form av privatisering av strandsona.
Vassmiljø	-	0	0	Det er ingen tilgjengeleg data for vasskvaliteten i Bremangerpollen, men det økologiske tilstanden er antatt å vere generell god (låg presisjonsnivå, Vann-nett.no).

Kulturminne og kulturmiljø 	1	0	0	Det er i dag ei sjøbud i område som er meldepliktig i hht. Kulturminnelova. Ved vurdering av plassering og utforming av nye tiltak, må ein vise omsyn til eksisterande sjøbud.
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant tema.
Friluftsliv 	1	0	0	Ikkje del av registrert soner for lokalt- og regionalt viktige område for friluftsliv (Fylkesatlas og kommunen). Ønska tiltak vil ligge i nærleiken av eit område i vika som framstår som lett tilgjengeleg badeområde (markert med gul sirkel, vest for 3 hytter). Tiltaksområdet ligg til venstre for gul sirkel.
Overordna arealføring	-	-1	-1	Ønska tiltak er vurdert til å ikkje vere i samsvar med overordna arealføring.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Ikkje etablert	-1	-1	Det er ingen teknisk infrastruktur i område, utover ein gjenngrodd traktorveg frå landbruksarealet i nord til eksisterande sjøbud. Tiltak vil føre til behov for utbygging av infrastruktur for å mellom anna sikre tilkomst. Tomtane kan knytast til privat vassverk, Hauge vassverk, som har tilstrekkeleg kapasitet. Det er ikkje offentleg avløpsanlegg i området, og det må eventuelt etablerast privat enkeltanlegg for avløp dersom det skal bli tilrettelagt med sanitæranlegg.
Transportbehov	Båt og bil	-1	-1	Område ligg i avstand til tenestefunksjonar på Bremangerlandet. Det vil vere behov for bruk av transportmiddel til og frå område.
Folkehelse	-	0	0	Tiltak vil ikkje ha verknad på folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		

Skred	x		Del av analyseområde for skredfare (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger kommune, NVE- rapport 28/2017). Tiltaksområde ligg ikkje faresone for skred.	Tiltaksområdet ligg innanfor marin grense og ved sjø. Fare for kvikkleire og erosjon må vurderast i ei framtidig byggesak.
Flaum		x	Ingen kjende elve- eller bekkeløp i område som vil føre til flaum. Sjå vurdering av klimasårbarheit for vurdering av flaum ved sjø.	
Klima-sårbarheit-	x		Bygg ligg ved sjø og her vil det vere fare for flaum, havnivåendring og stormflo. Ingen andre kjende tema som er aktuelle knytt til klimasårbarheit, utover perioder med sterk vind i område. Under synfaring framstod området som opent og her er ikkje tett med lynkg og skog. Vi vurderer difor faren for brann i denne type vegetasjon som låg. Området har naturleg avrenning av overflatevatn mot sjø.	Akseptabelt for naust, men fritidsbustader må vise særleg omsyn til framtidig havnivåendring og stormflo. Framtidig utbygging vil ikkje føre til større, nedbygde flater og er ikkje vurdert til å skape problem for handtering av framtidig overflatevatn.
Trafikk-tryggleik		x	Tiltak vil ikkje ha verknad på trafikktryggleik.	
Ureining		x	Det er ikkje kjennskap til ureining i område.	Ønska tiltak vil ikkje ha verknad på ureining.
Digital kommunika-sjon		x	God DAB-dekning (Radio.no). Det skal vidare vere og 4G dekning (dekningskart frå Telenor).	
Beredskap og ulukkesrisiko			Ønska tiltak vil ikkje ha verknad på ulukkesrisikoen i område. Kort utrykkingstid frå Hauge brannstasjon i Struen med tankbil.	

Samandrag

Ønska tiltak om kombinert naust og fritidsbustader er etter vår vurdering ikkje i samsvar med eksisterande bruk av område i dag. Det er vidare ikkje i tråd med overordna arealføring. Gjennomført KU vise òg at tiltaket er vurdert til å ha negativ verknad for strandsona. Ved å opne for fritidsbustader, vil ein få inngrep i strandsona og auka privatisering. Ei utbygging vil også krevje etablering av forholdsvis lang tilkomstveg gjennom delvis dyrkamark, som gir uheldige terrenginngrep.

Det er vidare vurdert som ikkje naudsynt å legge inn nytt areal til framtidig fritidsbustader. Her er allereie god dekning, då areal for fritidsbustader som er vist i eldre kommunedelplan for Bremangerlandet er delvis vidareført i ny arealdel og vist med formål LS26. Føresegner opnar for etablering av både fritids- og heilårsbustader i innanfor LS26 (delvis vidareført frå KDP).



Foto til venstre vise 3 etablert fritidsbustader i strandsona aust for ønska tiltaksområde (ved tilgjengeleg badeområde). Bildet i midten vise det aktuelle område og eldre sjøbud. Bildet til høgre er vestleg del av ønska tiltaksområde og ein ser vidare utover mot Blåhella og Iglandsvik. (Foto Nordplan v/M-B.D. Bakke, 04.03.19).




Eksisterande sjøbud til høgre på bildet. Aktuelt areal for nytt bygg ligg til venstre for sjøbuda. Her er det i dag ei stø (Foto Nordplan v/ M-B.D. Bakke, 04.03.19).

Konklusjon

Med vektlegging i vurderingar gjort under synfaring, samt verknad på strandsone, terrenginngrep og overordna arealføring er innspelet ikkje imøtekomme når det gjeld fritidsbustader og sjøbuder.


Området kan fortettast med 2 naust/sjøbud aust for eksisterande sjøbud (jf. foto til venstre). Det er i føresegnene for formålet anna bygg og anlegg (framtidig), feltkode BAB23, lagt inn opning for fortetting av 2 naust/sjøbud på gbnr. 16/15. Det må ved byggesøknad dokumenterast at framtidig bygg blir plassert på stabil grunn.



Framtidig utbyggingsareal er på om lag 1,1 daa og vil føre til omdisponering av om lag 0,8 daa landbruksareal. Arealdelen opnar ikkje for bygging av køyreveg til BAB23.

3.4.3 Fortetting av bustader på Torvanger, B16 eksisterande og framtidig, endra etter 2.gongs offentleg ettersyn

Formål/bruk i dag	Bustader, hytter og landbruk
Planstatus	LNF-område, LNF-område med eksisterande spreidd bustad og fritidsbustad, byggjeområde (framtidig).
Forslag til ny arealbruk	Eksisterande byggjeområde med opning for fortetting
Arealstorleik	Ca 40 daa
Forslagsstillar	Bremanger kommune
Skildring	Utbygt bustadområde på Torvanger, med enkelte fritidsbustader og noko landbruksareal. Området ligg langs fylkesvegen, om lag 500 m vest for Hauge sentrum.





KDP2007

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	2	-2	0	Tiltaket medfører omdisponering av knapt 5 daa dyrka jord, i tillegg til om lag 6 daa dyrka jord som er omdisponert til byggjeområde tidlegare (del av B1, KDP Bremangerbygda). Tiltaket ligg innanfor kjerneområde for landbruk etter kommunen si temaregistrering, men arealet er mykje oppdelt og utbygt frå før. Deler av dyrka mark framstår som restareal imellom allereie utbygde område.
Landskap	2	0	0	Landskapstypen Småfjord og storsund (LT20-06) er vurdert til å ha stor lokal og regional verdi.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registrerte viktige naturtypar eller raudlista artar, jf. Fylkesatlas.
Strandsone	1	0	0	Tiltaksområdet ligg minst 70 m frå strandlinja, og det er offentlege veg og

				eksisterande bustader mellom området og sjøen.
Vassmiljø	1	0	0	Bremangerpollen (kystvatn) er registrert med god økologisk tilstand, jf. vann-miljø.no.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø, jf. fylkesatlas. Det ser ut til å vere strekningar med steingard innanfor tiltaksområdet. Desse må ivaretakast.
Mineralressursar	1	0	0	Ikkje relevant.
Friluftsliv	1	0	0	Ikkje registrert særskilde friluftsverdiar.
Overordna arealføring	2	3	+2/+3	Utdrag frå arealstrategien: Kommunen ynskjer ei fortetting av utbygde område i tettstadane og tilrettelegging for ulike bustadtypar. Bustadfelt skal leggjast i tilknyting til tettstadar og etablert infrastruktur. Tiltaksområdet ligg nær tettstad og etablert infrastruktur. Det er stort behov for bustadtomtar i Bremangerbygda.
Teknisk infrastruktur	2	2	+2	Offentleg veg, og privat vassverk. Høve til framføring av offentleg vatn. Det må etablerast eigne, private avløpsanlegg.
Transportbehov	2	2	+2	Området ligg i gåavstand til Hauge oppvekst- og sentrumsfunksjonar.
Folkehelse	2	2	+2	Gode tilhøve for nærfriluftsliv både på land og til sjøs.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	2	2	+2	Gode tilhøve til nærfriluftsliv, gangavstand til leikeområde knytt til oppvekstsenteret.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare		**Vurdering**	**Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak**
	Ja	Nei		
Skred		X	Området er avgrensa for å unngå skredfare.	


Flaum		X		
Klima-sårbarheit		X	Området har ein klimasårbarheit knytt konsekvensar ved styrtregn og sterk vind.	Overflatevatn/risiko for ekstremnedbør må ivaretakast ved utbygging.
Trafikk-tryggleik	X		Ikkje eigen gang- og sykkelveg til Hauge sentrum.	Det bør etablerast gang- og sykkelveg på nordsida av fylkesvegen for tryggare skuleveg. Evt. snarveg gjennom nytt bustadområde.
Ureining		X		
Digital kommunika-sjon		X	Tilfredsstillande mobilnett og breibanddekning.	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking frå Hauge brannstasjon, om lag 5 minutt køyretid.	Tiltaket vil ikkje ha verknad på ulukkesrisikoen i området.

Samla vurdering

Tiltaket har lite negative konsekvensar, utover reduksjon av dyrka mark. Det er svært positivt i høve folkehelse, born og unge sine oppvekstvilkår, transportbehovet og tilgangen til teknisk infrastruktur. Tiltaket er i samsvar med kommunen sin arealstrategi. Det er etterspørsel etter bustadtomter i Bremangerbygda, og tiltaksområdet ligg i nær sentrumsfunksjonar. Tiltaket vil bidra til å styrkje sentrumsfunksjonar og tenestetilbod.

Konklusjon

Vestre del av området blir lagt inn i arealplanen som noverande byggjeområde for bustader (B16 eksisterande), og austre del av området blir lagt inn som nytt byggjeområde (om lag 16,2 daa), med plankrav., med opning for fortetting med inntil 7 nye einingar. Området er på om lag 42,8 daa og er vist med feltkode B16 (SOSI-kode 1110).



3.4.4 Igland – Bustader gbnr. 14/15, B99, endra etter 2.gongs offentleg ettersyn



Utklipp frå www.bremanger360.no

Formål/bruk i dag	Dyrka jord og innmarksbeite, arealet er ute av drift . Der står ei gammal lade som skal rivast.	
Planstatus	LNF-område i kommunedelplan Bremangerbygda	
Forslag til ny arealbruk	LNF-område med spreidde bustader	
Arealstorleik	Ca 2,1 daa, revidert etter 2.gongs off. ettersyn.	

Forslagsstillar	Jan og Reidun Torvanger/Anne Torvanger, utvida mot aust etter forslag frå kommunen	
Skildring	Vurdert område ligg på Igland/Torvanger, aust for regulert hyttefelt, Igland hyttegrend. Avstand til Hauge sentrum med skule, barnehage og butikk er om lag 700 m. Grunneigar av gbnr 14/15 ynskjer å selje to bustadtomtar. Området vart utvida mot aust etter forslag frå kommunen.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar 	2	-1	0	Området omfattar etter ny avgrensing om lag 0,4 daa fulldyrka jord og 1,7. daa overflatedyrka, jf. AR5. Areala er ikkje i drift (verken slått eller beite). Tiltaksområdet ligg utanfor definert kjerneområde for landbruk. Deler av arealet er bratt <1:5), det fulldyrka arealet er dårleg drenert og lite eigna for maskinell hausting med moderne utstyr. Det kan vere negativt med bustadtomtar inntil dyrka jord, men det er allereie bygt bustad vest for tiltaksområdet.
Landskap	2	-2	-2	Landskapstypen Småfjord og storsund er vurdert til å ha stor lokal og regional verdi. Tiltaksområdet ligg på ein knaus i eit elles ope landskap, og bustadhus kan bli eksponert i landskapet. Det vil vere viktig med god landskapstilpassing ved plassering og utforming av bustadane for å unngå negativ påverknad på landskapet. Området er

				avgrensa for å hindre bygging øvst på knausen.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert viktige eller utvalde naturtypar eller sårbare artar, jf. naturbase/fylkesatlas.
Strandsone	2	-1	-1	Tiltaksområdet ligg i hovudsak innanfor 100 m-sona langs sjø, om lag 50 m frå sjøen på det næraste. Tilgjengeleg/funksjonell strandsone i området er avgrensa til dei næraste 10 m langs fjæra før ein kjem inn på dyrka mark. Mot aust er det frådelte hyttetomtar heilt i strandkanten, og området mot vest er regulert og utbygt med bustader og fritidsbustader. Avstanden frå sjø og inngrepa i strandsone gjer at arealet har avgrensa verdi i høve strandsoneomsyna. Eksponering i landskapet kan vere negativt for strandsoneomsyna, og bustadane må plasserast og utformast med omsyn på landskapet. Omfanget er redusert til to einingar, og arealet avgrensa for å redusere landskapsverknaden.
Vassmiljø	1	0	0	Det går ingen elvar/bekkar i tiltaksområdet. Vassførekomsten Bremangerpollen er registrert med god økologisk tilstand, jf. vann-nett.no, og tiltaket vil ikkje påverke denne i særleg grad.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø, jf. fylkesatlas.
Mineralressursar	1	0	0	-
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registrerte verdiar. Det går gardsveg ned til sjøen, og det kan tenkjast at strandsona, med fine svaberg og sandstrand er nytta lokalt.
Overordna arealføring	2	3	+2/+3	I samsvar med føringane: Tomtar for spreidd bustadbygging skal vere tilgjengeleg i alle bygdene, for å sikre eit variert tomtetilbod og gje høve til tilbakeflytting til dei som ynskjer det. Tomtar bør leggjast i område med eksisterande avkøyrsle frå fylkesveg og etablert infrastruktur. Det skal leggjast til rette for attraktive tomtar i sjønære område.

				Byggjegrense mot sjø skal fastsetjast etter nærare vurdering av omsynet til naturmiljø, landskap og friluftsliv.
Teknisk infrastruktur	2	1	1	Tilknytast offentleg vassleidning. Avløpsanlegg må etablerast privat, enten slamavskiljar med infiltrasjon i grunnen/våtmarksfilter for å unngå sprenging i strandsona og rør ut i sjø, eller tilknyting til felles privat avløpsanlegg på naboeigedom. Tilknytast eksisterande avkøyrsle frå Grotlevegen. Avkøyrsle må truleg utbetrast.
Transportbehov	1	1	0	Gang-/sykkelavstand til skule/barnehage og butikk. Kort avstand til busstopp.
Folkehelse	1	1	0	Auka tilbod av attraktive bustadtomtar kan vere med å sikre busetnad og trivsel i området. God tilgang til nærfriluftsliv.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	1	0	Gangavstand til Hauge med skule, fritidstilbod er positivt.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Området er kartlagt for skredfare, og tryggleiken er tilfredsstillande for bustadhus (S2) i heile området Området ligg under marin grense, og området er ikkje detaljkartlagt for mogleg marin leire (NGU kart «Mulighet for marin leire», MML). I fylgje lausmassekart (Nasjonal løsmassedatabase, NGU) er grunnen tynne hav- og strandavsetningar. Deler	Lommar med marin leire kan forekomme og fundamenteringsforhold må avklarast i byggjesak.

			av tiltaksområdet er bart fjell, og lausmasselaget er tynt. Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikkje fare for at det vil utløysast områdeskred (NVE veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», jf. Tabell 3.1 Prosedyre for utredning av områdeskredfare punkt 2.	
Flaum	X			
Klima-sårbarheit	X			Overflatevatn må ivaretakast ved utbygging.
Trafikk-tryggleik		X		
Ureining		X		
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Hauge brannstasjon, med om lag 10 min køyretid. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området.	Sløkkevassforsyning er tilfredsstillande.

Samla vurdering

Tiltaket har negative konsekvensar for landskap og strandsone, men er positivt i høve til dei overordna arealføringane. Dei negative konsekvensane for landskapet er redusert ved å avgrense arealet og krav til utbygginga. Strandsona i området er utbygt , både mot aust og vest, tidlegare. Tomtane vil vere attraktive, utan at ny strandsone vert nedbygt. Området er delvis utbygt med infrastruktur og godt eigna for utbygging av fleire bustadtomtar. Området ligg i gang-/sykkelavstand til sentrumsfunksjonar, og vil bidra til å styrke sentrumsfunksjonar og tenestetilbod. Felles avløpsleidning som går gjennom området må ivaretakast.

Konklusjon

Det er eit politisk ynskje om attraktive bustadtomtar i strandnære område. Området vert lagt inn som byggjeområde bustader, B99 - framtidig, med opning for inntil 2 nye bustadar i planperioden.

Ved utbygging skal det lagast felles plan for tilkomst, vassforsyning, overvatn og avløp. Byggjegrense mot sjø er 50 m. Føresegnene må setje krav til plassering og utforming av bustadhusa, for å unngå at dei blir unødig eksponerte i landskapet.




Formål i plankartet ved 2.gongs offentleg ettersyn til venstre, nytt formål/avgrensing er vist til høgre.

3.4.5 Hauge – bustader gbnr. 16/3 og 16/6, B19 (framtidig)



Utklipp frå www.bremanger360.no

Formål/bruk i dag	Dyrka jord, deler av arealet er ute av drift	

Planstatus	LNF-område i kommunedelplan Bremangerbygda	
Forslag til ny arealbruk	Byggjeområde bustader	
Arealstorleik	Ca 20 daa	
Forslagsstillar	Svein Olav Senneset (Venstre)	
Skildring	Vurdert område ligg mellom Haugeelva og regulert bustadfelt i Bakkane på Hauge. Forslagsstillar skriv at areala ikkje har vore i bruk som slåttemark eller beite på mange år. Arealet er godt eigna for bustadtomtar, og ligg i gangavstand til skule/barnehage og sentrumsfunksjonar.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	2	-2	-2	Området omfattar 8 daa fulldyrka jord og 12 daa innmarksbeite, jf. AR5. Areala er ikkje i drift (verken slått eller beite). Tiltaksområdet ligg utanfor definert kjerneområde for landbruk. Deler av arealet er bratt <1:5), og lite eigna for maskinell hausting med moderne utstyr.
Landskap	2	0	0	Landskapstypen Småfjord og storsund er vurdert til å ha stor lokal og regional verdi. Området rundt er prega av utbygging, og fortetting/vidare utbygging med fleire bustadhus vil ikkje påverke landskapet vesentleg.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert viktige eller utvalde naturtypar eller sårbare artar, jf. naturbase/fylkesatlas.
Strandsone	1	0	0	Tiltaksområdet ligg utanfor 100 m-sona langs sjø.
Vassmiljø	1	0	0	Haugeelva går aust for tiltaksområdet. Byggjegrense langs bekken vil ivareta

				kantvegetasjon. Tomtane blir tilknytt eksistende offentleg avløpsanlegg med utslepp til Bremangerpollen. Vassførekomsten er registrert med god økologisk tilstand, jf. vann-nett.no.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø, jf. fylkesatlas.
Mineralressursar	1	0	0	-
Friluftsliv	1	0	0	Utmarka nord for busetnaden er registrert som viktig friluftsområde. Det ser ut til å gå tursti over området for tilkomst til utmarka. Tilkomsten til må ivaretakast ved detaljregulering av området.
Overordna arealføring	2	3	+2/+3	I samsvar med føringane: Ha fokus på fortetting i tettstadane for å redusere transportavstandar og auke høvet til gang- og sykkeltransport mellom bustad og private og offentlege tenester.
Teknisk infrastruktur	2	2	+2	Tilknytast offentleg vassleidning og avløpsanlegg. Tilknytast kommunal veg Stasjonsvegen.
Transportbehov	1	+1	0	Gang-/sykkelavstand til skule/barnehage og butikk. Kort avstand til busstopp.
Folkehelse	1	+1	0	Auka tilbod av attraktive bustadtomtar kan vere med å sikre busetnad og trivsel i området. God tilgang til nærfriluftsliv.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	2	+2	Kort avstand til nærmiljøanlegg ved skule og barnehage.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Området er kartlagt for skredfare, og tryggleiken er tilfredsstillande for	


			bustadhus (S2), jf. byggteknisk forskrift §7-3, i heile området	
Flaum	X		Del av området ligg innanfor aktsemdssone for flaum langs Haugeelva.	Byggjegrense langs elva må avklarast gjennom detaljregulering.
Klima-sårbarheit	X			Overflatevatn må ivaretakast ved utbygging.
Trafikk-tryggleik		X		
Ureining		X		
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Hauge brannstasjon, med om lag 5 min køyretid. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området.	Sløkkevassforsyning er tilfredsstillande.

Samla vurdering

Tiltaket har lite negative konsekvensar, med unntak av reduksjonen av dyrka jord. Tiltaket er positivt i høve til folkehelse, born og unge sine oppvekstvilkår. Området er delvis utbygt med infrastruktur og godt eigna for utbygging av fleire bustadtomtar. Området ligg nær sentrumsfunksjonar, og vil bidra til å styrke sentrumsfunksjonar og tenestetilbod.

Konklusjon

Området vert lagt inn som byggjeområde for bustader – framtidig (B19_f), med opning for 6 nye bustadar i planperioden, og krav om detaljregulering. Byggjegrense mot elv må avklarast i detaljregulering. Ivaretaking av tilkomst til tursti til utmark må også sikrast gjennom detaljregulering.



Føremål i plankartet



Føremålet er teke ut etter 3.gongs offentleg høyring etter merknader frå grunneigarar og for å redusere tap av landbruksareal.

3.4.6 Hauge – sentrumsføremål, gbnr. 16/3, 6, 41 m.fl., BS2, revidert etter 2.gongs offentleg ettersyn



Utklipp frå www.google.no/maps

Formål/bruk i dag	Dyrka jord.	
Planstatus	Føremål landbruk og offentlege bygg (helsesenter) i reguleringsplan for Hauge (1993).	
Forslag til ny arealbruk	Sentrumsføremål	
Arealstorleik	Ca 36 daa	


Forslagsstillar	Svein Olav Senneset (Venstre)	  Regplan 1993
Skildring	Vurdert område ligg sentralt på Hauge, vest for Haugeelva, og omfattar m.a helsesenter og aktivitetsbase. Forslagsstillar skriv at området bør kunne leggjast til rette for handel- og servicenæringar, og for sentrumsnære bustader lokalisert og bygd i eit livsløps- og miljøperspektiv, gjerne rekkjehus bygd som miljøhus eller passivhus, med gangavstand til barnehage, skule, fritidsaktivitetar, helsetilbod, butikk, osv.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	3	-2	-2/-3	Området omfattar om lag 26 daa fulldyrka jord, jf. AR5. Det er ikkje jordbruksdrift på eigedommane, men deler av areala vert hausta av andre. Tiltaksområdet ligg innanfor definert kjerneområde for landbruk, men i ytterkant av kjerneområdet. Arealet er flatt og godt eigna for grøntforproduksjon.
Landskap	2	0	0	Landskapstypen Småfjord og storsund er vurdert til å ha stor lokal og regional verdi. Området rundt er prega av utbygging, og fortetting/vidare utbygging vil ikkje påverke landskapet vesentleg. Tillaten byggjehøgde må vurderast i detaljregulering.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert viktige eller utvalde naturtypar eller sårbare artar i

				tiltaksområdet, jf. naturbase/fylkesatlas. Sør for fylkesvegen ligg ein lokalitet sand- og grusstrand (Hauge, BN00031468) verdsett som viktig. Tiltaket råkar ikkje lokaliteten.
Strandsone	2	0	0	Deler av tiltaksområdet ligg innanfor 100 m-sona langs sjø, men det går fylkesveg langs strandsona i området og strandsona er prega av utbygging.
Vassmiljø	1	0	0	Haugeelva går aust for tiltaksområdet. Byggjegrense langs bekken vil ivareta kantvegetasjon. Området blir tilknytt eksistende offentleg avløpsanlegg med utslepp til Bremangerpollen. Vassførekomsten er registrert med god økologisk tilstand, jf. vann-nett.no.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø, jf. fylkesatlas.
Mineralressursar	1	0	0	-
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registrerte verdiar. Haugssanden som ligg sør for tiltaksområdet er registrert som friluftsområde, og vert nytta til bading. Tiltaket er ikkje i konflikt med friluftsområdet.
Overordna arealføring	2	3	+2/+3	I samsvar med føringane: Leggje til rette for ulike bustadtypar i tettstadane og i tettbygde område for å fremje integrering og redusere sosial ulikskap. Det skal leggjast til rette for gode grøntareal i sentrum og andre bustadområde, for å skape attraktive, uformelle møteplassar. Fokus på å utvikle tettstadane i kommunen, ved å setje av areal til sentrumsfunksjonar, servicenæring og ulike typar bustader. Behovet for areal til bustad og næring i tettstadane skal vurderast.
Teknisk infrastruktur	2	2	+2	Tilknytast offentleg vassleidning og avløpsanlegg. Tilknytast kommunal veg Stasjonsvegen eller eventuell stikkveg frå Grotlevegen.

Transportbehov	1	+1	0	Gang-/sykkelavstand til skule/barnehage og butikk. Kort avstand til busstopp.
Folkehelse	1	+1	0	Godt eigna for utbygging av ulike bustadtypar med universell utforming. Høve til tilrettelegging for uformelle møteplassar mm.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	2	+2	Kort avstand til nærmiljøanlegg ved skule og barnehage.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 		X	Området er kartlagt for for stein-, snø-, jord- og flaumskredfare, og tryggleiken er tilfredsstillande. Heile området ligg under marin grense, og i vestre del av området er det tynn hav-/strandavsetning jf. nasjonal løsmassedatabase (NGU)	Risiko for kvikkleireskred må utgreiast og avklarast gjennom detaljregulering.
Flaum 	X		Del av området ligg innanfor aktsemdssone for flaum langs Haugeelva.	Flaumfare må utgreiast og byggjegrense langs elva må avklarast gjennom detaljregulering.
Klima-sårbarheit	X			Overflatevatn må ivaretakast ved detaljregulering.
Trafikk-tryggleik		X		
Ureining		X		
Digital kommunika-sjon		X		

Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Hauge brannstasjon, med om lag 5 min køyretid. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området.	Sløkkevassforsyning er tilfredsstillande.

Samla vurdering

Tiltaket er i samsvar med føringar i samfunnsdelen og arealstrategi. Negative konsekvensar er få, med unntak av reduksjonen av dyrka jord. Tapet av dyrka jord av god kvalitet er vesentleg, men gardsbruka i området har avgrensa ressursgrunnlag for eiga drift, og deler av areala er ute av drift. For areala som blir slått er det lang transportavstand for fòret, og jordvernet må vurderast opp mot behovet for/ynskjet om å utvikling av lokalsenteret/tettstaden. Tiltaket gjev høve til å satse på sentrumsutvikling og sentrumsnær bustadutvikling med kort avstand til dei kommunale tenestene, og bidra til å skape eit aldersvenleg samfunn, som er eit av delmåla i samfunnsdelen til kommuneplanen. Området skal nyttast intensivt, til privat og offentleg tenesteyting og publikumsretta næring som må ligge sentralt.

Konklusjon


Området vert lagt inn med sentrumsføremål, BS2, og krav om detaljregulering. Føremål skal spesifiserast i føresegnene. Trygg byggjegrunn, flaumfare og byggjegrense mot elv må avklarast i detaljregulering.




3.4.7 Bustader og fritidsbustader på Hauge, del av gbnr. 16/7, LS25



Ønska tiltaksområde er på om lag 1,5 daa og ligg sør for fylkesvegen på Hauge og er markert med blå linje på flyfotoet (Flyfoto henta frå Fylkesatlas). KU-vurdert område omfattar eit større areal (sjå kart nedanfor).

Formål/bruk i dag	Landbruksområde med gardstun og ein frittliggande einebustad (gbnr. 16/136, omringa av gbnr. 16/7).	
Planstatus	Noverande LNF-område i KDP for Bremangerbygda 2007-2019 (planen blir ikkje vidareført)	
Forslag til ny arealbruk	Område for bustad/fritidsbustad søraust på eigedomen	
Arealstorleik	Ca. 1,5 daa (innsendt tiltaksområde). KU-vurdert område på om lag 12,7 daa.	
Forslagsstillar	Ivar Qvale Hauge	
Skildring	Ønska tiltaksområde ligg i grenda Hauge, om lag 100 meter sør for fylkesvegen. Busetnad langs fylkesveg 571 (Grotlevegen) på Hauge framstår i hovudsak som spreidt, og her er større landbruksområde. KU-vurdert område består i hovudsak av landbruksareal og ei etablert bustadtomt på gbnr, 16/163. Arealet i nordaust er i hovudsakleg skog og bygd areal.	

	På søraustre del av eigedomen er det eit område som forslagsstillar meiner har ueigna slåttemark. Innteikna ønska tiltaksområde (sjå første bilete før KU-tabell). Ønskjer at to av etterkomarane skal kunne føre opp bustad/ fritidsbustad i dette området (dvs. ønskjer opning for to tomter/bueiningar). Innsendar har teikna inn to tomtar søraust for eksisterande tun (sjå første bilete) og vil legge om vegen til hovudhuset, slik at dette blir ein felles veg. Vegen i dag må forlengast med ca. 25 meter

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	2	-1	-1	Arealet er i hovudsak registrert som fulldyrka jord, men ikkje del av kjerneområde for landbruk (arealressurskart/Fylkesatlas og kommunen). Omsøkt tomteareal består i hovudsak av fulldyrka jord og ligg omkransa av landbruksjord i drift (slåttemark). Ikkje vurdert til å gje vesentlege driftsulemper.
Landskap	3	0	0	Landskapstype LT20-06 (småfjord og storsund), registrert som representativt/vanleg førekommande landskap på lokalt nivå. Landskapet har på regionalt nivå stor verdi Fylkesatlas). Ønska tiltak ligg i tilknyting til eksisterande busetnad/tun, og er vurdert til å ha ubetydeleg verknad på landskapsverdien. Kan vere avbøtande å trekke framtidig bygg mot nord - ved etablert hovudveg.
Naturmangfald 	1	0	0	Vest for tiltaksområde er eit areal i sjø/strandsona registrert som viktig naturtype (sand- og grussand, verdi «svært viktig»). Ikkje registrert truga eller, prioriterte eller freda arta i det aktuelle område. Heller ikkje del av verna område eller viktige naturtypar i sjølve tiltaksområde. (Miljøstatus Norge) Ønska tiltak er vurdert til å ikkje gje vesentleg verknad på naturmangfaldet i område.

Strandsone	1	-1	-1	Tiltaket vil ligge i 100-metersbeltet, men ligg på ei høgd og framstår ikkje som i direkte tilknyting til sjølve strandsona. Er ikkje del av potensielt tilgjengeleg strandsone (SSB).
Vassmiljø	-	0	0	Det er ingen tilgjengeleg data for vasskvaliteten i Bremangerpollen, men det økologiske tilstanden er antatt å vere generell god (låg presisjonsnivå, Vann-nett.no). Tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på vasskvaliteten.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte lokalitetar eller verneverdige bygg (Fylkesatlas).
Mineralressursar	-	0	0	Del av felt med gneis (minerressurskart, NGU). Ikkje aktuelt område å ta ut minerala og er her ikkje registrert førekomst av grus og pukk (NGU).
Friluftsliv 	2	-1	-1	Del av eit større område som er registrert som lokalt viktig friluftsområde (Fylkesatlas). Utbygging vil føre til privatisering og nedbygging av denne sona.
Overordna arealføring	-	-1	-1	Kommunen har i overordna arealføring fastsett at nye hytter bør ligge i tilknyting til eksisterande hyttefelt. Negativ verknad er derimot sett til liten, grunna omfang og del av eit område som i dag har spreidd busetnad.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Etablert	-1	-1	Blir del av eit etablert område. Tomtane kan knytast til privat vassverk, Hauge vassverk, som har tilstrekkeleg kapasitet. Det er ikkje offentleg avløpsanlegg i området, og det må eventuelt etablerast privat avløpsanlegg før utbygging av nye bustader/fritidsbustader. Fellesanlegg for avløp bør vurderast.
Transportbehov	Bil	0	0	Nærleik til skule og butikk.

Folkehelse	-	0	0	Vurdert til å gje ingen verknad på folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Ingen kjend verknad.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		x	Del av analyseområde for skredfare (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger kommune, NVE- rapport 28/2017). Tiltaksområde ligg ikkje faresone for skred, men er innanfor marin grense. Ligg i god avstand til kystlinja og er vurdert til å ikkje vere erosjonsfare.	Vurdering av stabilitet må føreligge ved byggesøknad.
Flaum		x	Ingen kjende elve- eller bekkeløp i område som vil kunne føre til flaum i dag. Sjå vurdering av klimasårbarheit for vurdering av flaum ved sjø.	
Klima-sårbarheit-		x	Tiltaksområde ligg på ei høgd og er ikkje utsett for havnivåendring eller stormflo. Det er vidare ikkje kjennskap til klimasårbarhet knytt til overflatevatn, skog- og lyngbrann (dyrka jord i dag).	
Trafikk-tryggleik	x		Det er ikkje tilrettelagt for gåande- og syklande langs Grotlevegen, og vegen er smal. Det vidare ikkje kjennskap til ulukker ved ønska tiltaksområde (vegkart, SVV).	Ønska tiltak vil gje minimal verknad på risikoen for trafikkulukker og er vurdert til å vere akseptabel.
Ureining		x	Det er ikkje registrert ureining i område (Miljøstatus Norge).	
Digital kommunika-sjon		x	God DAB-dekning (Radio.no). Det skal vidare vere og 4G dekning (dekningskart frå Telenor).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Tiltaket vil ikkje gje auka ulukkesrisiko i område. Kort utrykkingstid frå Hauge brannstasjon i Struen med tankbil.	

Samla vurdering

For landskapsverdi, landbruk, verknad på strandsone, samt friluftsliv er det vurdert som viktig å trekke framtidige bygg mot nord - ved etablert hovudveg, og dermed utanfor omsøkt areal (jf. innsendt avgrensing, sjå skisse ovanfor). Framtidig tiltaksområde er framleis innanfor gbnr. til forslagsstillar. Framtidig byggeareal som blir føreslått lagt inn i arealdelen er i stor grad kuppert og har mindre landbruksverdi. Det bidreg òg til fortetting og ein unngår uheldig oppsplitting og fragmenterte restareal.

Elles har ikkje ønska tiltak blitt vurdert til å ha vesentleg verknad på utvalde KU-tema.




Bildet syner delar av fortettingsarealet som er lagt inn i arealdelen (foto Nordplan/v M-B.D. Bakke 04.03.2019).

Konklusjon

Dersom søkjer akseptere å legge tomtene lengre nord mot fylkesvegen – innanfor eit eksisterande belte av eit meir utbygd område, kan innspelet imøtekomast. Dette med bakgrunn i KU-vurderinga og synfaring.

Området er lagt inn i arealdelen med feltkode LS25. LNFR-område er på om lag 6,3 daa og føresegnene opnar for spreidd utbygging av inntil 3 fritids- eller einebustader.

Nye bygg skal vise omsyn til nærliggande busetnad når det gjeld volum og plassering. Krav i føresegner er sett til byggehøgd og %-BYA. Vidare må det føreligge stabilitetsvurdering ved byggesøknad, grunna potensiell fare for kvikkleire. Det er med dette lagt inn framtidig utbyggingsområde som føre til omdisponering av om lag 2,5 daa landbruksareal (fulldyrka- og overflatedyrka jord).



3.4.8 Bustader og fritidsbustader på ytre Grotle, del av gbnr, 11/7 m.fl., LS28



Kommunen har vurdert at det berre er arealet aust for vegen (vist med kvit pil) som er aktuelt. Flyfoto frå Fylkesatlas.


Formål/bruk i dag	Landbruksareal med ein bustad.	*Innsendar har ikkje avgrensa området utover å vise til gbnr.* *Sjå flyfoto ovanfor.*
Planstatus	Ikkje del av reguleringsplan. Noverande LNF-område i KDP for Bremangerbygda 2007-2219 (plan skal ikkje vidareførast).	
Forslag til ny arealbruk	Endre planføremål til byggjeområde bustader/fritidsbustader. Framgår ikkje av innspel antal tomter.	
Arealstorleik	-	
Forslagsstillar	Walter Høivik for gbnr. 11/7	
Skildring	Ytre Grotle består av einebustader og gardstun som i hovudsak ligg spreidd langs fylkesveg 571 (Grotlevegen). Aktuelt område for bustader og fritidsbustader er vurdert til å gjelde arealet aust for Grotlevegen. Dette område består av landbruksareal.	

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	3	-1	-1	Fulldyrka jord som er del av kjerneområde for landbruk (kommunen og fylkesatlas). Usikkert omfang, då ein ikkje har fått opplyst ønska tal på

				tomter. Utbygging vil kunne gje oppstykking av landbruksareal.
Landskap	3	-1/0	-1/0	Landskapstype LT20-06 (småfjord og storsund), registrert som representativt/vanleg førekommande landskap på lokalt nivå. Landskapet har på regionalt nivå stor verdi Fylkesatlas). For å minimere verknaden på landskap bør det berre tillatast 2 tomter og desse må ligge i tilknyting av eksisterande hovudveg. Dette vil òg harmonere med utbyggingsmønsteret som er i område i dag.
Naturmangfald 	2	-1/0	-1/0	Nordaust, i fjellsida, er det registrert rik edellauvskog (svært viktig naturtype). Det er ikkje skog i det aktuelle område. Arealet aust for vegen er ikkje del av viktig naturtype, men her er registrert fleire truga artar i område: Storspove, vipe, krykkje, stær, svartand og fiskemåke (Miljøstatus Norge). Ei større utbygging kan gje negativ verknad på truga artar.
Strandsone	0	0	0	Ikkje aktuelt tema for ønska tiltaksområde.
Vassmiljø	-	0	0	Det er ingen tilgjengeleg data for vasskvaliteten i Bremangerpollen, men det økologiske tilstanden er antatt å vere generell god (låg presisjonsnivå, Vann-nett.no). Tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på vasskvaliteten.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte kulturminne eller lokalitetar. (Fylkesatlas)
Mineralressursar	-	0	0	Område er del av eit felt som består av gneis med gneis (minerressurskart, NGU). Ikkje registrert grus- og pukkførekomst (NGU), og ikkje aktuelt å ta ut mineralar her.
Friluftsliv	3	-1	-1	Ønska tiltaksområde er del av eit større område som er registrert som regionalt viktig friluftsområde (Fylkesatlas). Utbygging vil føre til privatisering og nedbygging av sone for friluftsliv, men verknaden vil vere liten dersom ein berre opnar for fortetting med to tomter langs fylkesvegen.

Overordna arealføring	-	0	0	Ønske om fritidsbustader er delvis i samsvar med overordna føring (del av LNF-område for spreidd bygging).
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Ja	-1	-1	Blir del av eit etablert område. Det er ikkje offentleg vass- og avløpsanlegg i området. Kapasitet på private vassforsyningsanlegg er ukjent. Det må bli dokumentert tilfredsstillande vassforsyning og etablerast privat avløpsanlegg ved bygging av nye fritidsbustader. Fellesanlegg for avløp bør bli vurdert.
Transportbehov	Bil	-1	-1	Ingen tenester som skule og butikk i gåavstand.
Folkehelse	-	0	0	Vurdert til å gje ingen verknad på folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Ingen kjend verknad.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	x		Gbnr. 72/5 er del av reell skredfarevurdering for Bremanger. Skredfarevurderinga vise at aktuelt tiltaksområde ligg utanfor sone for skred (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger kommune, NVE-rapport 28/2017, og faresonekart). Området er i tillegg innanfor marin grense. Lausmasse er vindavsetningar, og djupne er ikkje undersøkt. Det er såleis risiko for marin leire. 	Ved å legge tiltak utanfor skredfaresoner, vil risikonivået vere akseptabelt for skred – utanom potensiell fare for kvikkleireskred. Krav om detaljregulering og avklaring av stabil byggjegrunn.
Flaum		x	Ingen kjende elve- eller bekkeløp i område som vil kunne føre til flaum i dag. Sjå	

			vurdering av klimasårbarheit for vurdering av flaum ved sjø.	
Klima-sårbarheit-		x	Tiltaksområde ligg på ei høgd og er ikkje utsett for havnivåendring eller stormflo. Det er vidare ikkje kjennskap til klimasårbarhet, utover sterk vind. Her er større flater og gode avrenningsmoglegheiter ved styrtregn. Her er dyrka mark i dag og det er etter vår vurdering ikkje fare for lyng- og skogbrann.	
Trafikk-tryggleik	x		Det er ikkje tilrettelagt for gåande- og syklande langs Grotlevegen, og vegen er smal. ÅDT er 500 og det er ikkje kjennskap til ulukker ved ønska tiltaksområde (vegkart, SVV).	Ønska tiltak vil gje minimal verknad på risikoen for trafikkulukker og er vurdert til å vere akseptabel.
Ureining		x	Det er ikkje registrert ureining i område (Miljøstatus Norge). Tiltak er vurdert til å ikkje føre til auka risiko for ureining.	
Digital kommunika-sjon		x	Ikkje DAB-dekning på Grotle ifølgje Radio.no sitt dekningskart. Det skal vidare god 4G dekning (dekningskart frå Telenor), og vi vurdera difor digital kommunikasjon som tilfredsstillande.	
Beredskap og ulukkesrisiko			Tiltaket vil ikkje gje auka ulukkesrisiko i område. Køyretid 10-15 minutt frå Hauge brannstasjon i Struen med tankbil.	Innsatstid er vurdert som akseptabel for spreidde bustader/ fritidsbustader.

Samla vurdering


Tiltaket er vurdert til å ha størst negativ verknad på landskap og landbruk, samt at det vil kunne ha verknad på naturmangfald då her er registrert fleire truga fugleartar.

Etter gjennomført vurdering av KU-tema og synfaring har vi vurdert det som svært negativt å omdisponere fulldyrka jord som er lett drivbart (lite helling) og innanfor kjerneområde for landbruk.

Det er likevel vurdert som mogleg å opne for ei mindre utbygging på delar av gbnr. 11/7, samt gbnr. 12/1 og 12/13. Gbnr. 12/1 ligg som eit restareal mellom eksisterande bygg, fjellknaus og veg. Sjå konklusjon for avgrensing.



Austleg del av gbnr. 11/7, foto teke frå Grotlevegen (foto Nordplan v/M-B.D. Bakke 04.03.2019). Bustad på bilete er del av 11/19. Areal til høgre for bustad omfattar gbnr. 17/1.



Konklusjon

Justert tiltaksområde blir avsett til LNFR-føremål med opning for spreidde fritids- og heilårsbustader - inntil 3 einingar, vist med feltkode LS28 (SOSI-kode 5200). Arealet er på om lag 1,6 daa og det er med dette opna for omdisponering av om lag 1 daa fulldyrka jord. Det vert sett krav om detaljregulering, sidan det er mogleg marin leire i grunnen.

3.4.9 Hytter og marine føremål på Langeneset ved Dalevatnet, gbnr. 16/17, BFR13 og BAB24




Ønska tiltaksområde ligg ved Dalevatnet og er markert med blå linje (flyfoto frå Fylkesatlas).

Formål/bruk i dag	Landbruksområde	
Planstatus	Ikkje del av reguleringsplan Eldre KPA (2004): Noverande landbruksområde	
Forslag til ny arealbruk	Ønsker hytter og marine føremål ved Dalevatnet, gbnr. 16/17	
Arealstorleik	Ca. 3,9 daa	
Forslagsstillar	Jostein Martin Grotle	
Skildring	Ønska tiltaksområde ligg ved fylkesveg 616 Dalavegen. Ønska tiltaksområde ligg både på ei høgd og ved vatnet, i eit område som er heiter Langenes. Det er ingen bustader som grensar til sjølve eigedomen, men om lag 35 meter sør før område er det eit bustadhus (gbnr. 16/72). Aktuelt utbyggingsområde har i dag ingen direkte tilkomst utover FV som går gjennom området og ligg tett opp til ein sving.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Kons e-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar 	1	-1	-1	Gbnr. 18/3 er i stor grad registrert som jorddekt innmarksbeite (om lag 4,3 daa) (arealressurskart, fylkesatlas). Ikkje del av kjerneområde for landbruk. Delar er i dag dekka av skog. Areal aust for veg er registrert som open fastmark.
Landskap	2	0/-1	0/-1	Er del av landskapstype «Kystfjelldalar» (LT20-13) og registrert som representativt/vanleg førekommande landskap på lokalt nivå. Landskapet har på regionalt nivå stor verdi Fylkesatlas). Omfang av ønska tiltak er på dette usikkert. Området ligg på ei høgd og ute på eit nes – og vil vere godt synlege.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registrerte sårbare artar eller viktige naturtypar (Miljøstatus Norge). Vanlege førekomande artar. Grunna tiltaket sitt omfang er verknad er sett til 0.
Strandsone	0/1	0/-1	0/-1	Ligg i nærleiken av Dalevatnet, men hytter vil ligge på oppsida av hovudvegen som følgjer vatnet. Tiltak på nedsida av vegen, der ein ønskjer lagringsplass og flytebrygge, vil føre til inngrep i strandsone.

Vassmiljø	2	0	0	Økologisk tilstand i Dalevatnet er vurdert til å vere svært god (Vann-nett-no). Ønska tiltak er vurdert til å ikkje ha vesentleg verknad på vassmiljø ved etablering av enkel flytebrygge.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte verna/freda bygg eller lokalitetar for kulturmiljø eller arkeologiske funn (Fylkesatlas).
Mineralressursar	0	0	0	Område består hovudsakleg av gneis og her er ikkje grus- og pukkførekomstar (NGU). Det er ikkje aktuelt for kommunen å opne for uttak av mineralressursar i dette område.
Friluftsliv	0	0	0	Ikkje kjennskap til at område er nytta til friluftsliv. Ikkje del av lokalt eller regionalt viktige friluftsområde. (Fylkesatlas).
Overordna arealføring	-	-1	-1	Kommunen ønskjer i hovudsak at nye hytteområde ligg i tilknyting til eksisterande etablerte felt.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Ingen	-2	-2	Det er ikkje etablert infrastruktur i område i dag, utover fylkesvegen. Tiltak vil krevje etablering av tilkomst både ned mot flytebrygge og på oppsida av vegen (hytter). Tomtane kan bli knytt til privat vassverk, Hauge vassverk, som har tilstrekkeleg kapasitet. Det er ikkje offentleg avløpsanlegg i området, og det må eventuelt bli etablert privat avløpsanlegg før utbygging.
Transportbehov	Bil og båt	0	0	På dette tidspunkt usikkert kva omfanget vil vere, då det manglar konkret informasjon om framtidige tiltak.
Folkehelse	-	0	0	Det er på dette tidspunkt ikkje grunnlag til å tru at tiltak vil ha verknad på folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Ikkje kjennskap til at aktuelt område har verdi for barn og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	x		Tiltaksområde er del av reell skredfarevurdering for Bremanger. Skredfarevurderinga vise at aktuelt område delvis innanfor sone for 5000 årsskred (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger kommune, NVE-rapport 28/2017, og faresonekart). Området er vidare delvis innanfor maring grense. 	Akseptabelt farenivå (5000 års skred). Innanfor marin grense og vurdering av fare for kvikkleire må følgast opp i detaljregulering. Erosjonsfare må òg avklarast for tiltak ved sjø.
Flaum		x	Ikkje kjennskap til at det er fare for flaum i område.	
Klima-sårbarheit-		x	Vind og styrtregn er klimafaktora som kan spele inn i det aktuelle område, men her er gode avrenningsmoglegheiter. Ikkje vurdert som særleg sårbart. Her er i dag lite skog og vi vurdera faren for skog- og lyngbrann til å vere låg.	
Trafikk-tryggleik	x		Det er registrert ei trafikkulukke rett sør for Langenes på fylkesveg 616 Dalavegen (år 1990, vegkart SVV). Det er ingen gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og tiltaksområde har ein ei siktutfordring ved etablering av avkøyrsel. Område ligg inntil vegen – som svingar seg rundt neset. Utbygging kan føre til ei uheldig fotgjengarkryssing av fylkesvegen for å kome mellom strandsona/vatnet og utbyggingsområdet. Kan auke fare for ulykker.	Vegtilkomst må etablerast i samsvar med gjeldande krav og normer. Ein må vise omsyn til fotgjengarkryssing i planlegginga.
Ureining		x	Ikkje kjennskap til ureining i dag (Miljøstatus Norge).	På dette tidspunkt er det ikkje kjennskap til at framtidige tiltak vil føre til ureining. Viss ein opnar for


				tiltak som reingjering og sandblåsing ved Dalevatnet, må framtidig ureninig avklarast.
Digital kommunika-sjon		x	God DAB- og 4G-dekning (Radio.no og Telenor sitt dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Ønska tiltak er vurdert til å ikkje auke ulukkesrisikoen i område. Kort utrykkingstid frå Hauge brannstasjon i Struen med tankbil.	

Samla vurdering

Ønska tiltaksområde ligg på eit høgd og ute ved eit nes, og vil med dette vere godt synleg for omkringliggande busetnad og langs fylkesvegen (fjernverknad). Ved gjennomgang av aktuelle KU-tema er tiltak vurdert til å gje liten eller ingen verknad på viktige tema som landskap, friluftsliv. Etablering av tilkomstveg vil verer utfordrande m.o.t sikt og gi vesentlege terrenginngrep i landskapet.

Tiltak ved Dalavatnet, på nedsida av fylkesvegen, vil føre til inngrep i strandsone. Arealet mellom fylkesvegen og stranda er smalt og delvis relativt bratt. Etablering av flytebrygge utløyse behov for tilrettelegging av tilkomstveg, areal for snuplass og parkering, samt ønska lagerplass. Etablering av avkøyrsel frå fylkesvegen til areal på nedsida av vegen, innanfor gbnr. 16/17, vil kunne skape farlege trafikksituasjonar. Det er i dag dårleg sikt på denne vegstrekninga.

Konklusjon



Vist i arealdelen som framtidig utbyggingsareal for fritidsbusetnad (ca. 4,8 daa) og anna bygg og anlegg (ca. 1,8 daa), feltkode BFR13 og BAB24. Nytt utbyggingsareal føre til omdisponering av om lag 4,3 daa innmarksbeite. For å sikre ei gode vegløysingar er det sett felles plankrav for ønska tiltaksområder (detaljregulering).

Det er i framtidig plan viktig å avklare fare for kvikkleire for dei delar av området som er innanfor marin grense. Det vil vidare vere naudsynt å vurdere erosjonsfare for framtidige tiltak ved sjø.


Føremåla er tekne ut av planen etter 3.gongs offentleg ettersyn.


3.4.10 Parkeringsareal i Svarstaddalen i tilknyting tursti, del av gbnr. 17/6, SPA12



Aktuelt parkeringsareal i Svarstaddalen i tilknyting tursti (foto Nordplan v/M-B.D. Bakke 04.03.2019).


Formål/bruk i dag	Delvis grusa areal ved veg. Elles landbruksareal.	
Planstatus	Ikkje del av reguleringsplan.	
Forslag til ny arealbruk	Parkeringsareal for om lag 10 bilar	
Arealstorleik	Ca. 0,8 daa	
Forslagsstillar	Bremanger kommune	
Skildring	Område ligg i dag ved eksisterande tilkomstveg. Dette er hovudsakleg landbruksareal, men eit mindre område er grusa – i tilknyting trafostasjon. Parkeringsareal er tiltenkt turgåarar.	

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	3	0	0	Registrert som innmarksbeite nord for grusa område, elles fulldyrka- og overflatedyrka jord (Fylkesatlas). Del av kjerneområde for landbruk (jf. kommunen). Delar er i dag grusa (sjå bilete frå synfaring (før KU-tabell).
Landskap	3	0	0	Er del av landskapstype «Kystfelldalar» (LT20-13) og registrert som representativt/vanleg førekommande

				landskap på lokalt nivå. Landskapet har på regionalt nivå stor verdi Fylkesatlas). Ønska tiltak sitt omfang, samt at det ligg i tilknyting til eksisterande infrastruktur føre ikkje til vesentleg verknad for landskap.
Naturmangfald 	1	0	0	Ikkje registrert truga eller, prioriterte eller freda arta i det aktuelle område. Heller ikkje del av verna område eller viktige naturtypar. (Miljøstatus Norge) Tiltak ligg i god avstand frå Dalevatnet og elv som renn ned til vatnet (viktig naturtype, brakkvannspoller).
Strandsone	0	0	0	Ikkje del av strandsone.
Vassmiljø	-	0	0	Tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på vassmiljø.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte verna/freda bygg eller lokalitetar for kulturmiljø eller arkeologiske funn (Fylkesatlas). Vest for tilkomstveg er ein steingard.
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje aktuelt tema.
Friluftsliv	2	+2	+2	Ikkje del av regionalt- eller lokalt viktig friluftsområde (jf. Fylkesatlas og kommunen). Vegen nordover dalen er vurdert til å ha rekreasjonsverdi for lokalbefolkning (gåtur på veg med låg trafikkmengd). Vidare er ønska tiltak vurdert til å ha ein positiv verknad for friluftsliv, då arealet skal nyttast til etablering av p-plass i samband med turruter i nærområde - mellom anna med Vetvika som destinasjon.
Overordna arealføring	-	+1	+1	Positivt å legge til rette for auka bruk av friluftsområde.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Etablert	0	0	Det er etablert veg opp til ønska areal til p-plass. Behov for mindre tiltak for tilrettelegging.
Transportbehov	Bil	0	0	Tiltak er vurdert til å ikkje føre til auka trafikk Dette er allereie eit etablert startpunkt for tur mot Vetvika.

Folkehelse	Positivt	+1	+1	Positivt å legge til rette for p-plass for besøkande som ønskjer å gå tur i område.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Ingen kjend verknad.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		x	Del av analyseområde for skredfare (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger kommune, NVE- rapport 28/2017). Tiltaksområde ligg ikkje faresone for skred. 	
Flaum	x		Område er innanfor aktsemdområde for flaum, som følgjer elveløpet i vest (NVE).	Akseptabel framtidig risiko, grunna tiltaket er ein parkeringsplass.
Klima-sårbarheit-		x	Ingen kjende aktuelle tema for klimasårbarheit for det aktuelle tiltaket. Vise til flaumvurdering ovanfor. Ved styrtregn vurderer vi at område har gode avrenningsmoglegheiter.	
Trafikk-tryggleik	x		Det er smal tilkomstveg frå Dalavegen opp til tiltaksområde, men område har god sikt.	Ved etablering av p-plass bør ein legge til rette for passeringslommer på strekninga frå fylkesveg til parkeringsplassen.
Ureining		x	Ikkje kjennskap til ureining i område (Miljøstatus Norge).	
Digital kommunika-sjon		x	God DAB-dekning og 4G i Svartedalen (Radio.no og Telenor sitt dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Ønska tiltak er vurdert til å ikkje auke ulukkesrisikoen i område.	

Samla vurdering

Tiltak vil føre til eit mindre tap av landbruksareal, men er vurdert til å vere ubetydeleg. Det er positivt at ein legg til rette for organsiert parkering i tilknyting attraktivt turområde. Ein vil med dette unngå at besøkande parkera langs tilkomsveg som er smal eller på landbruksområder.

Ved etablering av parkering, bør ein òg vurdere å etablere passeringslommer på strekninga frå fylkesvegen til parkeringsplassen – då vegen er svært smal.



Konklusjon


Arealdelen opnar for etablering av framtidig parkeringsareal på om lag 0,8 daa, vist med feltkode SPA12 (SOSI-kode 2080). Nytt parkeringsareal føre til ei omdisponering av om lag 0,7 daa landbruksareal.

3.4.11 Bustader og fritidsbustader (spreidde) på Svarstad/Varpe, del av gbnr. 18/3, LS1



Ønska tiltaksområde av innsendar er vist om blå strek, omfattar gbnr. 18/3 (flyfoto frå Fylkesatlas). Tilgrensande eigedomar er òg blitt vurdert i KU, sjå kart nedanfor, samråd med kommunen.


Formål/bruk i dag	Landbruksområde med spreidd utbygging	
Planstatus	Ikkje del av reguleringsplan Eldre KPA (2004): Noverande landbruksområde	
Forslag til ny arealbruk	Endring av del av gbnr. 18/3 til spreidd fritidsbusetnad og bustadbygging. Gbnr.	

	18/31 er òg inkludert i avgrensinga, samt 18/10 og 18/9.	
Arealstorleik	Om lag 10 daa	
Forslagsstillar	Arve Olav Førde Solbakken og Anita Solbakken Nygård for gbnr. 18/3	
Skildring	Nordsida av Dalavatnet er prega av landbruksområde med spreidd utbygging bestående av gardstun einebustader, samt fritidsbustader og naust. Området som er vurdert ligg nord for Dalavegen (FV 616) og består av frittliggande einebustader og gardstun.	

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	+2	-2	-2	Tiltaksområde innanfor gbnr. 18/3 er i stor grad registrert som bygd areal, samt eit mindre innmarksbeite og fulldyrka jord sør mot veg. Delar av område er registrert fulldyrka jord og innmarksbeite. (Fylkesatlas). Ved mindre fortetting i tilknyting til eksisterande bygde miljø er ikkje utbygging vurdert til å føre til tap av viktig driftsareal for landbruk.
Landskap	2	0/-1	0/-1	Er del av landskapstype «Kystfjelldalar» (LT20-13) og registrert som representativt/vanleg førekommande landskap på lokalt nivå. Landskapet har på regionalt nivå stor verdi Fylkesatlas). Ønska tiltak sitt omfang, samt at det ligg i tilknyting til eksisterande infrastruktur og bygde areal føre ikkje til vesentleg verknad for landskap viss omfanget blir avgrensa. Framtidig utbygging må legge vekt på god terrengtilpassing grunna bratt terreng.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registrerte sårbare artar eller viktige naturtypar (Miljøstatus Norge). Grunna tiltaket sitt omfang er verknad sett til 0.
Strandsone	0	0	0	Ligg i nærleiken av Dalevatnet, men på oppsida av hovudvegen som følgjer vatnet. Tiltak vil ikkje ha verknad på Dalevatnet.

Vassmiljø	2	0	0	Økologisk tilstand i Dalevatnet er vurdert til å vere svært god (Vann-nett-no). Ønska tiltak er vurder tå ikkje ha verknad på vassmiljø.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte verna/freda bygg eller lokalitetar for kulturmiljø eller arkeologiske funn (Fylkesatlas).
Mineralressursar	-	0	0	Diorittisk til granittisk gneis, migmatitt (NGU, berggrunn N250). Ikkje aktuelt område for uttak og her er ikkje registrert grus- og pukkførekomst (NGU).
Friluftsliv	0	0	0	Ikkje kjennskap til at området er nytta til friluftsliv. Ikkje del av lokalt eller regionalt viktige friluftsområde. (Fylkesatlas).
Overordna arealføring	-	0	0	Ingen vesentleg verknad. Opne for mindre fortetting er vurdert til å vere i samsvar med overordna arealføring.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Etablert	-1	-1	Det er ikkje offentleg vass- og avløpsanlegg i området. Kapasitet på private vassforsyningsanlegg er ukjent. Det må bli dokumentert tilfredsstillande vassforsyning og etablerast privat avløpsanlegg ved bygging av nye fritidsbustader. Fellesanlegg for avløp bør bli vurdert.
Transportbehov	Bil	0	0	Ingen vesentleg verknad.
Folkehelse	-	0	0	Ingen kjend verknad på folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Ingen vesentleg verknad. Kan føre til tilflytting av barnefamiliar, noko som er positivt.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	x		Tiltaksområde er del av reell skredfarevurdering for Bremanger. Skredfarevurderinga vise at aktuelt område delvis innanfor sone for 5000 årsskred (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger	

			kommune, NVE-rapport 28/2017, og faresonekart). Delar av området i sør er innanfor marin grense. 	Akseptabelt risikonivå for ønska tiltak. Skred omfattar hovudsakleg gbnr. 18/3 og 18/10. Ved etablering av tiltak innanfor marin grense, må fare for kvikkleire bli avklart.
Flaum		x	Ikkje del av aktsemdområde for flaum (NVE), men det går eit bekkeløp gjennom gbnr. 17/8 som må bli vist omsyn til.	Bekkeløp må visast omsyn til, for å unngå framtidig flaum.
Klima-sårbarheit-	x		Vind og styrtregn er klimafaktorar som kan spele inn i det aktuelle område. Her er gode avrenningsmoglegheiter, med opne flater og terreng som heller ned mot Dalevatnet. Ikkje kjennskap til skog- og lyng i området i dag, og fare for brann grunna tørke er vurdert som låg.	
Trafikk-tryggleik	x		Det er registrert ei utforkøyring ved avkøyrsel frå FV til tilkomstveg på gbnr. 18/3 (2002, vegkart SVV). Både fylkesveg og tilkomstveg er ikkje i samsvar med anbefalte vegnormer. Større utbygging er ikkje tilrådd i dette område.	Utbetring av avkøyrsel og tilkomstveg før opning for nye bygg.
Ureining		x	Ikkje kjennskap til ureining i dag (Miljøstatus Norge). Bygging av hytter/einebustader vil ikkje ha vesentleg verknad på ureining.	
Digital kommunika-sjon		x	God DAB- og 4G-dekning (Radio.no og Telenor sitt dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko			Tiltak vil ikkje føre til auka ulukkesrisiko.	

Samandrag

Ei mindre fortetting innanfor gbnr. 18/3 er vurdert til å ha liten verknad på landbruksareal, og ein er utanfor kjerneområde for landbruk si avgrensing. Elles er ønska tiltak vurdert til å ha ingen eller liten negativ verknad og det er ønskjeleg å legge til rette for tilflytting til Varpe.

Tiltak vil vere innanfor faresone for 5000 års skred, og kan tillatast i samsvar med TEK17 sine sikkerheitsklassar.

Avkøyrsel frå fylkesveg til gbnr. 18/3 må utbetrast før ein kan opne for ny utbygging.





Bilete til høgre vise delar av gbnr. 17/8 som er del av kjerneområde for landbruk. Bilde til venstre vise avkøyrsel til gbnr. 18/3. (Foto Nordplan v/M-B.D. Bakke 04.03.2019).

Konklusjon

Gbnr. 18/9 og 18/10 blir inkludert i føremålet, då dette er vurdert som lite konfliktfylt (bratt og tungdrive landbruksareal). I tillegg ser kommunen det som positivt å legge til rette for nye tomter i Svarstaddalen. Det kan òg gje positive ringverknader for planlagte tiltak ved grendahuset i nærområdet (vist med feltkode BOP13-14, sjå kartutsnitt og KU-vurdering). Arealdelen opnar for fortetting med inntil 3 fritids- og heilårsbustader på gbnr. 18/3, 18/9 og 18/10. Vist i arealdelen som noverande LNFR-formål med opning for spreidd utbygging, feltkode LS1 (SOSI-kode 5200). Området er på om lag 4,6 daa.

Nye bygg skal ligge i tilknyting til eksisterande busetnad og etablert infrastruktur. Ved utbygging på gbnr. 18/3 er det behov for utbetring av avkøyrsel til fylkesvegen. Ved utbygging innanfor marin grense, skal ein ved byggesøknad dokumentere om grunnen er stabil, herunder kvikkleire.




Til 3.gongs høyring



Endra etter 3.gongs høyring

Føremålet er avgrensa etter 3.gongs offentleg høyring, og endra til spreidde bustader, LSB105, for å redusere tap av landbruksareal og unngå bygging av fritidsbustader på dyrka mark, jf. motsegn frå Statsforvaltaren.

3.4.12 Leikeplass og parkanlegg på Varpe, gbnr. 18/18 og 25, BOP13 og BOP14

Formål/bruk i dag	Grendahus og tilgrensande LNF-areal.	
Planstatus	Ikkje del av reguleringsplan. Eldre KPA /(2004): Noverande LNF-område	
Forslag til ny arealbruk	Tilrettelegging av leikeplass og parkanlegg ved forsamlingshuset.	
Arealstorleik	Ca. 2,9 daa	
Forslagsstillar	Dalen Grendalag v/Ivar Varpe	
Skildring	På gbnr. 18/18 står det eit eldre forsamlingshus og uthus, samt eit mindre parkeringsområde. Det er ingen tiltak innanfor gbnr. 18/25. Området grensar til einebustad på naboeigedom i vest.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Kons e-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	0	0	0	Gbnr. 18/18 er registrert som bygd areal. Gbnr. 18/25 er delvis myr (organisk jordlag/ikkje tresett) og eit mindre areal i sørvest er innmarksbeitepå om lag 0,2 daa (arealbrukskart, Fylkesatlas). Ikkje del av kjerneområde for landbruk (kommunen).
Landskap	3	0	0	Er del av landskapstype «Kystfjelldalar» (LT20-13) og registrert som landskap med stor regional verdi (både for kartlaget «Lokalt nivå» og «regionalt nivå»). (Fylkesatlas). Ønska tiltak sitt omfang, samt at det ligg i tilknyting til eksisterande bygg føre ikkje til vesentleg verknad for landskap.
Naturmangfald	1	-1	-1	Ingen registrerte sårbare artar eller viktige naturtypar (Miljøstatus Norge). Grunna myrområde er verknad sett til -1.

Strandsone	0	0	0	Ligg i nærleiken av Dalevatnet, men på oppsida av hovudvegen som følgjer vatnet. Tiltak vil ikkje ha verknad på Dalevatnet.
Vassmiljø	2	0	0	Økologisk tilstand Dalevatnet er vurdert til å vere svært god (Vann-nett-no). Ønska tiltak er vurder tå ikkje ha verknad på vassmiljø.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte verna/freda bygg eller lokalitetar for kulturmiljø eller arkeologiske funn (Fylkesatlas).
Mineralressursar	-	0	0	Diorittisk til granittisk gneis, migmatitt (NGU, bergart N250). Ikkje aktuelt område for uttak og her er ikkje registrert førekomst av grus og pukk (NGU).
Friluftsliv	0	0	0	Ikkje kjennskap til at område er nytta til friluftsliv. Ikkje del av lokalt eller regionalt viktige friluftsområde. (Fylkesatlas).
Overordna arealføring	-	0	0	Kommunen har ingen overordna arealføring som omfattar ønska tiltak.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Etablert	0	0	Ikkje kjennskap til at ønska tiltak vil ha vesentleg verknad på teknisk infrastruktur
Transportbehov	Bil	0	0	Ingen vesentleg verknad.
Folkehelse	-	+1	+1	Etablering av parkanlegg og leikeplass kan skape ein sosial møteplass for både unge og eldre i område.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	+1	+1	Etablering av leikeareal og parkanlegg vil vere positivt for barn og unge.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	x		Skredfarekartlegging i Bremanger kommune (NVE-rapport 28/2017, og faresonekart) vise at område ikkje er utsett for reell skredfare.	Ved eventuell framtidig utbygging/utviding av eksisterande bygg, må ein

			Delar av området, der det i dag er bygg, er innanfor marin grense. Eksisterande uteområde er i stor grad grusa.	avklare om det er er reell fare for kvikkleire.
Flaum		x	Ikkje del av aktsemdområde for flaum og ikkje kjennskap til at område er utsett for flaumfare (NVE). Ingen kjende elve- eller bekkeløp i området.	
Klima-sårbarheit-	x		Ikkje kjennskap til at område er særleg utsett for klimasårbarheit, utover styrtregn og sterk vind. Her er gode avrenningsmoglegheiter, då terrenget heller mot Dalevatnet. Store delar av området er i dag eit myrområde og vi vurderer faren for lyng- og skogbrann til å vere låg.	
Trafikk-tryggleik		x	Ingen kjende ulukker i område (vegkart, SVV), men tilkomstveg har smal og dårleg standard.	Ønska tiltak vil ikkje ha vesentleg verknad på trafikktryggleik. Det er god sikt frå avkøyrsel til FV.
Ureining		x	Ikkje kjennskap til ureining (Miljøstatus Norge).	Ønska tiltak vil ikkje føre til auka risiko for ureining.
Digital kommunika-sjon		x	God DAB- og 4G-dekning (Radio.no og Telenor sitt dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko			Tiltak vil ikkje føre til auka ulukkesrisiko. Mindre enn 10 min køyretid frå Hauge brannstasjon i Struen med tankbil.	

Samandrag


Gjennomgang av KU vise at ønska tiltak vil ikkje ha vesentleg negative verknad for miljø og samfunn. Det er vurdert som positivt for barn, unge og vaksne i nærområde at ein legge til rette for parkanlegg på dei aktuelle eigedomane – i tilknyting til forsamlingshuset på gbnr. 18/18.





Bildet til venstre vise delar av forsamlingshuset og eksisterande tilhøyrande uteareal/parkeringsareal. Panoramabildet til høgre er gbnr. 18/25 som i dag ikkje har tiltak. (Foto Nordplan v/M-B.D. Bakke 04.03.2019).

Konklusjon



Tiltaksområde er vist i arealdelen som eksisterande og framtidig formål for offentleg og privat tenesteyting, feltkoder BOB13 og BOP14 (SOSI-kode 1160). BOP13 er om lag 1,8 daa og BOP14 er om lag 1,5 daa.


Tilhøyrande føresegner opnar for at det kan vere forsamlingshus og parkanlegg innanfor formåla. I tillegg er det etter innspel frå grenda innarbeidd opning for bubilplass i mindre omfang. Ved ei eventuell framtidig utviding av forsamlingshuset, må ein avklare om det er reell fare for kvikkleire – då denne delen av området ligg innanfor marin grense. Det er vidare sett krav om at ein skal vise omsyn til myr ved etablering av tiltak.

3.4.13 Spreidde bustader og fritidsbustader Eikeset, LS30, revidert etter 2.gongs offentleg ettersyn



Opprinneleg vurdert tiltaksområde (markert rosa) var om lag 16 daa og ligg sørvest for fylkesvegen på Eikeset.

Formål/bruk i dag	Landbruksareal, overflatedyrka mark og skog. Molo og naust i strandsona.
Planstatus	LNF-område
Forslag til ny arealbruk	Spreidde bustader og fritidsbustader
Arealstorleik	Ca 10 daa
Forslagsstillar	Bremanger kommune Området er avgrensa etter merknader ved 2. gongs høyring



Vurdert areal

Skildring	Tiltaksområdet ligg på Eikeset, i eit område med spreidd busetnad. Det er tidlegare godkjent deling av to bustadtomtar og ein hyttetomt lengst vest i området, og det ligg ein eksisterande tremannsbustad ved moloen. Sør for området er det 3 bustadhus i strandsona. Området er eigna for bustader/fritidsbustader, og strandsona er utbygt med naust og molo.

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	2	-2	-2	Tiltaket kan medføre nedbygging av overflatedyrka jord. Arealet er ute av drift i dag, og maskinell hausting er vanskeleg. Arealet ligg utanfor definert kjerneområde for landbruk. Formålsgrensa er sett slik at ein unngår nedbygging av fulldyrka jord. Området er avgrensa etter 2.gongs offentleg høyring, og arealet overflatedyrka jord som kan bli råka er om lag 8 daa. Arealet er ute av drift. Jordlova er gjeldande, og fritidsbustader skal ikkje plasserast på dyrka jord.
Landskap	3	0	0	Landskapstype LT20-06 (småfjord og storsund), registrert som representativt/vanleg førekommande landskap på lokalt nivå. Landskapet har på regionalt nivå stor verdi 221(Fylkesatlas). Spreidd utbygging av bustader/fritidsbustader er vurdert til å ha ubetydeleg verknad på landskapsverdien.
Naturmangfald	1	-1	0	Det er ikkje registert viktige naturtypar i tiltaksområdet eller i nærområdet. Det er registrert førekomst av oter på

				eit nes vest i tiltaksområdet (2009). Oter er raudlista og vurdert som sårbar art, men er relativt vanleg førekommande i kommunen. Tiltaket er vurdert til å ikkje gje vesentleg verknad på naturmangfaldet i området.
Strandsone	2	-1	0	Deler av strandsona er registrert som potensielt tilgjengeleg. Formålsgrensa mot sjø er sett etter ei nærare vurdering av strandsoneomsyna. Tiltaksområdet har jamt over om lag 30 m avstand frå sjø, og påverkar ikkje fjære og støer som er eigna for opphald. Der tiltaksområdet er trekt nærare sjø enn 30 m er dette av omsyn til terrenget.
Vassmiljø	1	-1	0	Tiltaksområdet ligg ved Rylandspollen, som er ein del av vassførekomsten Bremangerpollen. Økologisk tilstand er vurdert som god. Vassførekomsten er vurdert som ikkje følsam, jf. Forurensingsforskrifta, og avløp frå 6 nye fritidsbustader/bustader er ikkje vurdert å forringe eksisterande status.
Kulturminne og kulturmiljø	1	-1	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i eller i nærleiken av tiltaksområdet. Det er tre bygningar i strandsona sør for tiltaksområdet som er registrert i SEFRAK. To naust med byggjeår 1880-1890 og ein mindre landbruksbygg/ sjøhus bygt før 1850.  *Bygget i midten ved sjøen er registrert med byggjeår før 1850, og sjøhuset til høgre i biletet er registrert med byggjeår 1880-1890.* Tiltaket vil ikkje påverke sjøhusmiljøet eller SEFRAK-bygga.
Mineralressursar	-	-	-	Det er ikkje registrert utnyttbare mineralressursar i tiltaksområdet.

Friluftsliv	1	+1	0	Området er ikkje registrert med lokal eller regional verdi for friluftsliv, men strandsona i området har nok verdi for nærfriluftslivet. Verdien vert ikkje forringa, men bruken av området kan bli auka ved utbygging.
Overordna arealføring	2	+2	+2	Utdrag frå arealstrategien: Bustadfelt skal leggjast i tilknyting til tettstadar og etablert infrastruktur. For å sikre eit variert tomtetilbod i kommunen skal ein opne for spreidd bustadbygging i område der det ikkje er konfliktfylt. I områda for spreidd bygging kan det opnast for både bustad- og fritidsbustadbygging. Utsikt, nærleik til sjø og terrengutforming gjer at dette vil vere attraktive bustad- og fritidstomtar.
Teknisk infrastruktur	2	1	0	Kort avstand frå offentleg veg, og tilgang til kommunal vassforsyning. Private avløpsløysingar må etablerast. Avkøyrsle må utbetrast.
Transportbehov	1	-1	0	Avstand til skule/barnehage og butikk er 6-7 km, og transport vil i hovudsak måtte skje med bil. Vegen mot Hauge er smal med enkelte farlege parti for syklistar.
Folkehelse	1	0	0	Tiltaket er vurdert til å ikkje påverke folkehelsa. Tilgangen til turterreng og høvet til nærfriluftsliv i strandsona er god.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0		Tiltaket kan ha positiv verknad for born og unge i nærmiljøet ved tilflytting, men blir vurdert å ha liten påverknad på oppvekstvilkåra.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Tiltaksområde ligg ikkje faresone for	Lommar med marin leire kan forekomme og

			skred. Tiltaksområdet ligg under Marin grense, og området er ikkje detaljkartlagt for mogleg marin leire (NGU kart «Mulighet for marin leire», MML). I fylgje lausmassekart (Nasjonal løsmassedatabase, NGU) er grunnen morenemateriale i usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen, normalt mindre enn 0,5 m tjukkleik. Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikkje fare for at det vil utløysast områdeskred (NVE veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», jf. Tabell 3.1 Prosedyre for utredning av områdeskredfare punkt 2. Ligg i god avstand til kystlinja og erosjonsfaren er vurdert som liten.	fundamenteringsforhold må avklarast i byggjesak.
Flaum		X	Ingen kjende elve- eller bekkeløp i området som vil kunne føre til flaum i dag. Det går eit mindre bekkeløp gjennom tiltaksområdet.	Byggjegrense 20 m frå bekkeløpet, jf. føresegnene.
Klima-sårbarheit		X	Tiltaksområdet ligg i hovudsak over kote 3 og vil ikkje vere utsett for havnivåendring eller stormflo. Det er vidare ikkje kjennskap til klimasårbarhet knytt til overflatevatn, skog- og lyngbrann (dyrka jord i dag). Auka overflatevatn, særleg i tilfelle med ekstremnedbør, kan vere ei utfordring.	Bustadhus skal ikkje oppførast lågare enn kote 3,6. Løysing for handtering av overflatevatn må dokumenterast i byggjesak.


Trafikk-tryggleik	X		Det er ikkje tilrettelagt for gåande/syklande langs Smørhamnsvegen, og vegen er smal med enkelte farlege parti. Det er registrert fleire trafikk-ulukker (utforkøyring /møteulukker) på strekninga Eikeset-Hauge, jf. Vegkart (Statens vegvesen). Eksisterande avkøyrsle er dårleg, og må utbetrast.	Krav om utbetring/omlegging av avkøyrsle før utbygging av nye einingar. Tiltaket vil utover dette gje minimal verknad på risikoen for trafikkulukker, og er vurdert til å vere akseptabel.
Ureining		X	Det er ikkje registrert grunnforureining eller utslepp i området.	
Digital kommunika-sjon		X	God DAB-dekning (Radio.no). 4G og 4G+ dekning i fylgje Telenor sitt dekningskart.	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Tiltaket vil ikkje gje auka ulukkesrisiko i område. Kort utrykkingstid frå Hauge brannstasjon i Struen med tankbil.	

Samla vurdering


Tiltaket medfører ikkje vesentlege negative konsekvensar. Utbygging i samsvar med føremålet kan medføre omdisponering av inntil 8 daa overflatedyrka, men vurderingar etter jordlova gjeld ved deling- og bygging innanfor tiltaksområdet. Det er lite aktiv jordbruksdrift i området, og det overflatedyrka arealet er ute av drift. Området ligg innanfor 100 m-beltet langs sjø, men er trekt tilbake slik at dei ikkje påverkar naturmangfald eller høvet til friluftsliv i fjæra. Strekninga er utbygt med naust og molo frå tidlegare, og strandsone og landskap er påverka av tekniske inngrep. Nærleiken til sjø vil gjer tomtane attraktive, og kommunen treng tilgang på attraktive bustad- og hyttetomtar for å stimulere til tilflytting og auka aktivitet. Sidan tiltaksområdet ligg utanfor gå- og sykkelavstand frå sentrumsfunksjonar på Hauge ynskjer ein ikkje å leggje til rette for konsentrert bustadfelt.

Konklusjon

Området er lagt inn i arealdelen med feltkode LS30. Arealet er avgrensa til om lag 10 daa og føresegnene opnar for spreidd utbyggingav inntil 4 fritids- eller einebustader. Byggjengrense mot sjø bør vere 40 m, for å unngå privatiserande effekt. Nye bygg skal vise omsyntil nærliggande busetnad når det gjeld volum og plassering.
Føresegnene må setje grenser for høgde på bygg og utnyttingsgrad (%-BYA, stormflosikker byggjehøgde og avstand frå bekkeløp. Vidare må det føreligge stabilitetsvurdering ved byggesøknad.




LS30 avgrensa til 2.gongs offentleg ettersyn.



Etter 3.gongs ettersyn


Føremålet er ytterlegare avgrensa mot sjø etter 3. gongs offentleg ettersyn.


3.4.14 Byggjeområde for fritidsbustader Ryland, BFR76



Flyfotoet viser tiltaksområdet, som ligg vest for fylkesveg 616 på Ryland.

Formål/bruk i dag	Delvis utbygt område med noko landbruksareal.	
Planstatus	LNF-område	
Forslag til ny arealbruk	Byggjeområde for bustader og fritidsbustader	
Arealstorleik	Ca 5,5 daa	

Forslagsstillar	Bremanger kommune	
Skildring	Tiltaksområdet ligg på gbnr 26/2, 26/5 m.fl. på Ryland, og omfattar tre eksisterande bygg, eit næringsbygg, ein fritidsbustad og ei sjøbu. Strandsona er prega av tekniske inngrep, og området er eigna for fortetting.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	2	-1	0	Tiltaksområdet omfattar to mindre parsellar med overflatedyrka areal. Parsellen mot nord er allereie omdisponert, og parsellen i midten framstår som slåttemark (ca 0,7 daa).  Arealet ligg utanfor definert kjerneområde for landbruk.
Landskap	3	0	0	Landskapstype LT20-06 (småfjord og storsund), registrert som representativt/vanleg førekommande landskap på lokalt nivå. Landskapet har på regionalt nivå stor verdi

				Fylkesatlas). Landskapet er allereie påverka av fylling og utbygging, og ei fortetting av bustader/fritidsbustader er vurdert til å ha ubetydeleg verknad på landskapsverdien.
Naturmangfald	1	-1	0	Det er ikkje registert viktige naturtypar eller førekomst av raudlista artar i tiltaksområdet eller i nærområdet. Tiltaket er vurdert til å ikkje gje vesentleg verknad på naturmangfaldet i området.
Strandsone	1	-1	-1	 Kun ein liten del av strandsona (på fylling rundt eksisterande næringsbygg) er registrert som potensielt tilgjengeleg.  Strandsona er delvis utbygt og har liten verdi for opphald. Det er ikkje registrert særskilde biologiske kvalitetar.
Vassmiljø	1	-1	0	Tiltaksområdet ligg ved Rylandspollen, som er ein del av vassførekomsten Bremangerpollen Økologisk tilstand er vurdert som god. Vassførekomsten er vurdert som ikkje følsam, jf. forurensingsforskrifta. Avløp frå eit avgrensa tal nye fritidsbustader er

				ikkje vurdert å forringe eksisterande status.
Kulturminne og kulturmiljø	1	-1	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller SEFRAK-bygg i eller i nær avstand til tiltaksområdet.
Mineralressursar	-	-	-	Det er ikkje registrert utnyttbare mineralressursar i tiltaksområdet.
Friluftsliv	1	+1	0	Området er ikkje registrert med lokal eller regional verdi for friluftsliv.
Overordna arealføring	2	+2	+2	Utdrag frå arealstrategien: Rorbuer (kombinert naust og hytteformål) skal berre kunne etablerast i område som er regulert for formålet, der det ikkje bryt med eksisterande bygningsmiljø eller er i konflikt med allmenne interesser. Utsikt, nærleik til sjø og terrengutforming gjer at dette vil vere attraktive fritidstomtar.
Teknisk infrastruktur	2	1	0	Kort avstand frå offentleg veg, og tilgang til kommunal vassforsyning. Private avløpsløysingar må etablerast.
Transportbehov	1	-1	0	Avstand til skule/barnehage og butikk er om lag 7,5 km, og transport vil i hovudsak måtte skje med bil. Vegen mot Hauge er smal med enkelte farlege parti for syklistar.
Folkehelse	1	0	0	Tiltaket er vurdert til å ikkje påverke folkehelsa. Tilgangen til turterreng og til friluftsliv til sjøs er god.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0		Tiltaket blir vurdert å ha liten påverknad på oppvekstvilkåra.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Tiltaksområde ligg ikkje i aktsemdsområde for skred, men er innanfor marin grense.	Stabilitet/trygg byggjegrunn må vurderast gjennom detaljregulering.


			Fjæra er i hovudsak fast fjell, og erosjonsfaren er vurdert som liten.	
Flaum		X	Ingen kjende elve- eller bekkeløp i området som vil kunne føre til flaum i dag.	
Klima-sårbarheit	X		Tiltaksområdet ligg heilt i strandsona, og vil vere utsett for havnivåendring og stormflo. Det er vidare ikkje kjennskap til klimasårbarhet knytt til overflatevatn, skog- og lyngbrann (dyrka jord i dag).	Bustader/fritidshus skal ikkje oppførast lågare enn kote 3,6. Løysing for handtering av overflatevatn må dokumenterast i detaljregulering.
Trafikk-tryggleik		X	Det er ikkje tilrettelagt for gåande/syklande langs Smørhamnsvegen, og vegen er smal med enkelte farlege parti. Det er registrert fleire trafikk-ulukker (utforkøyring /møteulukker) på strekninga Ryland-Hauge, jf. Vegkart (Statens vegvesen).	Tiltaket vil gje minimal verknad på risikoen for trafikkulukker, og er vurdert til å vere akseptabel.
Ureining		X	Det er ikkje registrert grunnforureining eller utslepp i området.	
Digital kommunika-sjon		X	God DAB-dekning (Radio.no). 4G og 4G+ dekning i fylgje Telenor sitt dekningskart.	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Tiltaket vil ikkje gje auka ulukkesrisiko i område. Kort utrykkingstid frå Hauge brannstasjon i Struen med tankbil.	


Samla vurdering

Tiltaket medfører ikkje vesentlege negative konsekvensar. Området ligg innanfor 100 m-beltet langs sjø, men strandsona er i stor grad utbygt frå før, og har liten verdi for friluftsliv og biologisk mangfald. Nærleiken til sjø vil gjer tomtane attraktive, og kommunen treng tilgang på attraktive bustad- og hyttetomtar for å stimulere til tilflytting og auka aktivitet. Sidan tiltaksområdet ligg utanfor gå- og sykkelavstand frå sentrumsfunksjonar på Hauge ynskjer ein primært å leggje til rette for hyttetomtar.

Konklusjon

Området er lagt inn i arealdelen med feltkode BFR76, byggjeområde for fritidsbustader, med krav om detaljregulering før nybygg, bruksendring eller ombygging. Arealet er om lag 5,5 daa og ein opnar for fortetting med inntil 6 nye einingar. Eksisterande næringsbygg og sjøbu kan tillatast endra til fritidsbustader. Nye bygg skal vise omsyn til nærliggande busetnad når det gjeld volum og plassering. Byggjegrense mot sjø og detaljar om høgde på bygg og utnyttingsgrad (%-BYA), avkøyrsle og trygg byggjegrunn må avklarast gjennom detaljregulering.





Føremålet er avgrensa mot sjø etter 3.gongs offentleg høyring, slik at føremålsgrensa tilsvarar byggjegrensa.

3.4.15 Byggjeområde for fritidsbustader/rorbuer Nødset, BFR74



Byggjeområde for fritidsbustader på Nødset

Formål/bruk i dag	Sjøbuer, trafikk- og hageareal
Planstatus	LNF-område
Forslag til ny arealbruk	Byggjeområde for fritidsbustader/ rorbuer
Arealstorleik	Ca 2,4 daa
Forslagsstillar	Bremanger kommune
Skildring	Tiltaksområdet ligg på gbnr 27/26 m.fl på Nødset, og omfattar 4 eksisterande sjøbuer. Det er to bustadhus, garasje og naust i nærområdet. For å få vedlikehalde sjøbuene og få auka aktivitet i området er det tenkt å opne for ombygging til fritidsbustader/rorbuer og fortetting med nye einingar.



Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	-1	0	
Landskap	3	0	0	Landskapstype LT20-06 (småfjord og storsund), registrert som representativt/vanleg førekommande landskap på lokalt nivå. Landskapet har på regionalt nivå stor verdi

				221 Fylkesatlas). Området er allereie utbygt, og bruksendring/fortetting vil ha lite verknad på landskapet.
Naturmangfald	1	-1	0	Det er ikkje registert viktige naturtypar eller førekomst av raudlista artar i tiltaksområdet eller i nærområdet. Tiltaket er vurdert til å ikkje gje vesentleg verknad på naturmangfaldet i området.
Strandsone	1	-1	-1	Strandsona er utbygt med sjøbuer, naust og fyllingar. Det er lite tilgjengeleg strandsone, og tiltaksområdet er avgrensa mot austre del av neset som kan ha kvalitetar for friluftsliv og biologisk mangfald.  Området har allereie privat karakter på grunn av bustadhusa, og tiltaket vil ikkje medføre ytterlegare privatisering.
Vassmiljø	1	-1	0	Tiltaksområdet ligg ved Rylandspollen, som er ein del av vassførekomsten Bremangerpollen Økologisk tilstand er vurdert som god. Vassførekomsten er vurdert som ikkje følsam, jf. forurensingsforskrifta. Avløp frå eit avgrensa tal nye fritidsbustader er ikkje vurdert å forringe eksisterande status.
Kulturminne og kulturmiljø	1	-1	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i eller i nær avstand til tiltaksområdet. Naustet vest for tiltaksområdet er i SEFRAK registrert bygt rundt år 1900.

				
Mineralressursar	-	-	-	Det er ikkje registrert utnyttbare mineralressursar i tiltaksområdet.
Friluftsliv	1	+1	0	Området er ikkje registrert med lokal eller regional verdi for friluftsliv.
Overordna arealføring	1	0	0	Utdrag frå arealstrategien: I område for spreidd bygging skal det opnast for både bustad- og fritidsbustadbygging. Rorbuer (kombinert naust og hytteformål) skal berre kunne etablerast i område som er regulert for formålet, der det ikkje bryt med eksisterande bygningsmiljø eller er i konflikt med allmenne interesser. Utsikt, nærleik til sjø og terrengutforming gjer området attraktivt for rorbuer/turisme.
Teknisk infrastruktur	2	1	0	Kort avstand frå offentleg veg, og tilgang til kommunal vassforsyning. Private avløpsløysingar må etablerast.
Transportbehov	1	-1	0	Avstand til skule/barnehage og butikk er om lag 8 km, og transport vil i hovudsak måtte skje med bil. Vegen mot Ryland og vidare mot Hauge er smal med enkelte farlege parti for syklistar.
Folkehelse	1	0	0	Tiltaket er vurdert til å ikkje påverke folkehelsa. Tilgangen til turterreng og til friluftsliv til sjøs er god.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0		Tiltaket blir vurdert å ha liten påverknad på oppvekstvilkåra.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Tiltaksområde ligg ikkje i aktsemdsområde for skred, men er innanfor marin grense.	Stabilitet/trygg byggjegrunn må vurderast ved detaljregulering
Flaum		X	Ingen kjende elve- eller bekkeløp i området som vil kunne føre til flaum i dag.	
Klima-sårbarheit	X		Tiltaksområdet ligg i sjøkanten og deler av området vil vere utsett for havnivåendring og stormflo. Det er vidare ikkje kjennskap til klimasårbarhet knytt til overflatevatn, skog- og lyngbrann (dyrka jord i dag).	Krav til trygg byggjehøgde, sikringstiltak eller prosjektering/ utforming for å tole overfløyming må avklarast i detaljregulering.
Trafikk-tryggleik		X	Det er ikkje tilrettelagt for gåande/syklande langs Nødset eller vidare langs Smørhamnsvegen, og vegen er smal med enkelte farlege parti. Det er registrert fleire trafikk-ulukker (utforkøyring /møteulukker) på strekninga Ryland-Hauge, jf. Vegkart (Statens vegvesen).	Tiltaket vil gje minimal verknad på risikoen for trafikkulukker, og er vurdert til å vere akseptabel.
Ureining		X	Det er ikkje registrert grunnforureining eller utslepp i området.	
Digital kommunika-sjon		X	God DAB-dekning (Radio.no). 4G og 4G+ dekning i fylgje Telenor sitt dekningskart.	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Tiltaket vil ikkje gje auka ulukkesrisiko i området. Akseptabel utrykkingstid frå Hauge	

			brannstasjon i Struen med tankbil.	

Samla vurdering


Sjøbuene i området er prega av forfall, og gjennom plan vil ein opne for ny bruk for å få aktivitet i området. Tiltaket medfører ikkje vesentlege negative konsekvensar. Området ligg innanfor 100 m-beltet langs sjø, men strandsona er utbygt frå før. Nærleiken til sjø vil gjer tomtane attraktive for turisme og fritidsbruk og stimulere til auka aktivitet i eit område som ber preg av lite bruk.



Fire sjøbuer midt i tiltaksområdet

Konklusjon


Området er lagt inn i arealdelen med feltkode BFR74, byggjeområde for fritidsbustader/rorbuer med krav om detaljregulering. Arealet er om lag 2,4 daa og ein opnar for bruksendring av dei fire sjøbuene (vist på biletet over), og etablering av inntil 2 nye einingar. Ved bruksendring skal det leggjast vekt på å behalde sjøhuspreget, og nye bygg skal vise omsyn til sjøbuene når det gjeld volum og plassering. Byggjegrense mot sjø og detaljar om høgde på bygg og utnyttingsgrad (%-BYA), avkøyrsle og trygg byggjegrunn må avklarast gjennom detaljregulering.



3.4.16 Byggjeområde for fritidsbustader/rorbuer i Struen, BFR75




Nyare del av sjøhusmiljøet i Struen, del av tiltaksområdet sett frå aust

Formål/bruk i dag	Sjøbuer, fylling og trafikkareal	
Planstatus	LNF-område	
Forslag til ny arealbruk	Byggjeområde for fritidsbustader	
Arealstorleik	Ca 2,6 daa	
Forslagsstillar	Bremanger kommune	
Skildring	Tiltaksområdet ligg på gbnr 16/8 i Struen. Området omfattar sjøbu og fritidsbustad, samt utfylt/planert areal for framtidig utbygging. I forvaltnings- og utviklingsplanen for Stuen er det opna for bygging av 4 nye rorbuer/fritidsbustader innanfor tiltaksområdet.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	-1	0	Ikkje landbruksareal, utbygt areal i flg. AR5.

Landskap	3	0	0	Landskapstype LT20-06 (småfjord og storsund), registrert som representativt/vanleg førekommande landskap på lokalt nivå. Landskapet har på regionalt nivå stor verdi 221 Fylkesatlas). Området er allereie utbygt, og bruksendring/fortetting vil ha lite verknad på landskapet.
Naturmangfald	1	-1	0	Det er ikkje registert viktige naturtypar eller førekomst av raudlista artar i tiltaksområdet. Førdspollen naturreservat (brakk-/gruntvassområde med stor verdi for våtmarksfugl) ligg om lag 200 m søraust for tiltaksområdet. nærområdet. Tiltaket er vurdert til å ikkje ha vesentleg verknad for naturreservatet.
Strandsone	1	-1	-1	Det er ikkje registert funksjonell strandsone i tiltaksområdet (SSB).   *Bileta over viser strandsona i tiltaksområdet* Strandsona er utbygt med sjøbu og fyllingar, både nord og sør for vegen gjennom tiltaksområdet, og er vurdert til å ha liten verdi for opphald og biologisk mangfald. Ferdsel i strandsona vil i hovudsak fylgje dei etablerte vegane.
Vassmiljø	1	-1	0	Tiltaksområdet ligg ved vassførekomsten Bremangerpollen

				Økologisk tilstand er vurdert som god. Vassførekomsten er vurdert som ikkje følsam, jf. forurensingsforskrifta. Avløp frå eit avgrensa tal nye fritidsbustader/ bustader er ikkje vurdert å forringe eksisterande status.
Kulturminne og kulturmiljø	1	+1	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i eller i nær avstand til tiltaksområdet. Sjøhusmiljøet i Struen er særmerkt, og det er fleire SEFRAK-bygg i dette området. Sjøbuene i tiltaksområdet er av nyare dato. I forvaltnings- og utviklingsplanen for Struen (KST-045/06), utarbeidd av Siv.ark Rune Nordvik (Nordplan) er det opna for nye hytter nord og sør for moloen. Fleire buer på rekke i denne sona er vurdert å tilføre Struen ekstra kvalitet. Dette er i planen vurdert som uproblematisk historisk sett, då moloen er relativt ny og området er i utkanten av det verneverdige bygningsmiljøet. Tiltaket er vurdert til å gje eit funksjonelt løft for området. Utforminga av hytter bør vere i same «drakt» som eksisterande sjøhus.  *Kartutsnitt frå forvaltningsplanen, som viser plassering av nye hytter*
Mineralressursar	-	-	-	Det er ikkje registrert utnyttbare mineralressursar i tiltaksområdet.
Friluftsliv	1	-1	0	Området er ikkje registrert med lokal eller regional verdi for friluftsliv.
Overordna arealføring	1	0	0	Utdrag frå arealstrategien: Rorbuer (kombinert naust og hytteformål) skal berre kunne etablerast i område som er regulert for

				formålet, der det ikkje bryt med eksisterande bygningsmiljø eller er i konflikt med allmenne interesser.
Teknisk infrastruktur	2	1	1	Kort avstand frå offentleg veg, og tilgang til kommunal vassforsyning. Private avløpsløysingar må etablerast.
Transportbehov	1	-1	0	Sentrumsområde/butikk er i gang- og sykkelavstand (om lag 2 km).
Folkehelse	1	0	0	Tiltaket er vurdert til å ikkje påverke folkehelsa. Tilgangen til turterreng og til friluftsliv til sjøs er god.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0		Tiltaket blir vurdert å ha liten påverknad på oppvekstvilkåra.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		X	Tiltaksområde ligg ikkje i aktsemdsområde for skred, men er innanfor marin grense.	Stabilitet/trygg byggjegrunn må vurderast ved byggjesøknad.
Flaum		X	Ingen kjende elve- eller bekkeløp i området som vil kunne føre til flaum i dag.	
Klima-sårbarheit	X		Tiltaksområdet ligg i sjøkanten og vil vere utsett for havnivåendring og stormflo. Særskilt er området mot sør/sørvest utsett for vindpåverknad. Det er vidare ikkje kjennskap til klimasårbarhet knytt til overflatevatn, skog- og lyngbrann (dyrka jord i dag).	Fritidsbustader skal ikkje plasserast lågare enn kote 3,6 moh. Strandsone mot sør/sørvest må plastrast evt. murast for å unngå erosjon.

Trafikk-tryggleik		X	Det er ikkje tilrettelagt for gåande/syklande langs Struen eller vidare langs Grotlevegen, og vegen er smal. Det er registrert trafikkulukker (utforkøyring /møteulukker) på strekninga Struen-Hauge, jf. Vegkart (Statens vegvesen).	Tiltaket vil gje minimal verknad på risikoen for trafikkulukker, og er vurdert til å vere akseptabel.
Ureining		X	Det er ikkje registrert grunnforureining eller utslepp i området.	
Digital kommunika-sjon		X	God DAB-dekning (Radio.no). 4G og 4G+ dekning i fylgje Telenor sitt dekningskart.	
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Tiltaket vil ikkje gje auka ulukkesrisiko i området. Kort utrykkingstid frå Hauge brannstasjon i Struen med tankbil.	

Samla vurdering


Området ligg innanfor 100 m-beltet langs sjø, men strandsona er utbygt frå før. Tiltaket vil ikkje bryte med eksisterande bygningsmiljø eller vere i konflikt med allmenne interesser. Nærleiken til sjø vil gjere tomtane attraktive for fritidsbruk, og fortetting er vurdert til å vere positivt for sjøhusmiljøet i Struen.




Flyfoto som viser tiltaksområdet i Struen

Konklusjon

Området er lagt inn i arealdelen med feltkode BFR75, byggjeområde for fritidsbustader/rorbuer, med krav om detaljregulering. Arealet er om lag 2,6 daa og ein opnar for fire nye einingar. Nye bygg skal tilpassast eksisterande sjøbuer når det gjeld volum og plassering. Utforming og materialbruk må vere i samsvar med føringar i «Forvaltnings- og utviklingsplan for Struen», kap. 9.3. Byggjegrense mot sjø, detaljar om høgde på bygg og utnyttingsgrad (%-BYA), og trygg byggjegrunn må avklarast i detaljregulering.




3.4.17 Bakjet (lokalitet Bakjestranda) – Akvakultur, VA1. Endra etter 2. gongs høyring




Flyfoto av tiltaksområdet (2015)

Formål/bruk i dag	Akvakultur, lakseoppdrett
Planstatus	Akvakultur (AK) og sjø og vassdrag for allmenn fleirbruk i KPA frå 2004
Forslag til ny arealbruk	Akvakultur
Arealstorleik	Ca. 350 daa
Forslagsstillar	Eide Fjordbruk ved Nordfjord Forsøksstasjon AS. Merknad frå Eide Fjordbruk om endring, ved 2. gongs ettersyn: ønskje om utviding nord og sør, for betre plass til fortøyingar.
Skildring	Aktuelt område ligg ved Baket, nord for Nødset. Det er ynskje om utviding av eksisterande, konsesjonsgjeve anlegg for lakseoppdrett. Området er utvida til å omfatte framtidig utviding, og endra



Innspel, omtrentleg innteikna



KPA 2004

	anleggsstruktur. Området vil omfatte fortøyingar ned til 25 m djupne.

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	-			
Landskap	2	-1	0	Området er del av Bremangerlandet (20T12-04), landskapstype kystfjellplatå, registrert som og del av Bremangerpollen (LT20-06), landskapstype småfjord- og storsund, som er registrert med stor regional verdi (B). Utviding av akvakulturanlegget nord for Lyngneset vil auke synlegheita av anlegget (fjernverknad) ved ferdsel på sjø og til fjells. Eksisterande anlegg har nærverknad for landskapet i området, men ei utviding mot nord og sør vil ikkje gje vesentleg endra påverknad.
Naturmangfald  *Kartutsnitt Artsdatabanken* www.artskart.artsdatabanken.no	1	0	0	Ikkje registrert viktige marine naturtypar i det aktuelle område. (Miljøstatus Norge). Ein større tareskogførekomst går delvis inn i tiltaksområdet. Denne er registrert som svært viktig (A) på grunn av storleiken. Tiltaksområdet ligg i ytterkanten av tareskogområdet, og vil ikkje redusere førekomsten vesentleg. Det er registrert førekomst av leddormen «Owenia borealis», som er registrert som art av særleg stor forvaltningsinteresse, men ikkje er raudlista (vurdert som livskraftig LC for Norsk rødliste for arter 2021). Oktober 2021 ligg det føre KU-rapport om naturmangfald og naturressursar, frå Rådgivende Biologer, på oppdrag frå Nordforsk og Eide Fjordbruk. Rapporten avdekka ikkje korallar eller (andre) raudlista artar på sjøbotn. Det er registrert førekomst av raudlista artar, klassifiserte som sårbare (hønsehauk, krykkje, lomvi etc.) i nærområdet, jf. naturbase. Utviding av eksisterande anlegg er ikkje vurdert til å påverke dei sårbare artane.

Strandsone	1	0	0	Tiltaksområdet ligg i sjø. Sørleg del av strandsona er utbygt og prega av tekniske inngrep. Størstedelen av strandsona, frå Sjøsteinen til Lyngneset, er urørt. Eksisterande anlegg påverkar allereie strandsona i området, og ved ny anleggsstruktur vil anlegga verte trekt lenger ut frå land. Ytterlegare utviding av anlegget vil såleis ikkje beslaglegge strandsone.
Vassmiljø	1	-1	0	Sjøområdet er del av kystvassførekomsten Bremangerpollen med antatt svært god miljøtilstand (Vann-nett.no). Samla belastning vil auke ved utviding av anlegget, men for aktive lokalitetar er det krav til undersøkingar og tiltak for å fylgje med på tilstanden. Det er ikkje noko som tyder på at utsleppa frå produksjonen vil endre vassførekomsten sin miljøtilstand, eller at miljømåla etter vassforskrifta ikkje vert oppfylte.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet.
Mineralressursar	1	0	0	Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette området.
Friluftsliv	1	-1	-1	Ikkje del av regionalt viktig eller kartlagt friluftsområde. Ikkje registrert lokal bruk. Anlegget vert plassert og utforma slik at det skal vere råd å ferdast langs land med småbåt.
Overordna arealføring	2	+2	+2	Kommunen har ikkje ein spesifikk strategi for akvakultur, men generelt ynskjer kommunen å legge til rette for at etablerte aktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Endra anleggsstruktur/-utforming er positivt i høve miljøet, og auka sjømatproduksjon er positivt ut frå berekraftsperspektiv.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	-	0	0	
Transportbehov	Båt og bil	-1	-1	
Folkehelse	-	0	0	Ingen verknad.

Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	o	o	Tiltak er ikkje vurdert til å ha vesentleg verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 	X		Området er ikkje kartlagt for skred. På land er det potensiell fare for stein- og snøskred jf. aktsemdskart for stein- og snøskred (NGI). Aktsemdsområdet går ikkje ut i sjø.	
Flaum		-	Ikkje relevant. Anlegget ligg i sjø	
Klima-sårbarheit-	x		Anlegg må tilpassast for framtidig havnivåendring og stormflo. Ingen andre kjende tema som er aktuelle knytt til klimasårbarheit, utover sterk vind, bølgjepåverknad og styrtregn.	
Trafikk-tryggleik, sjøferdsel		x	Tilkomst til anlegget skjer via båt, og anlegget påverkar ikkje trafikktryggleiken. Det er lite næringsferdsel med båt i dette området, og difor ikkje risikofylt i så måte	
Ureining		x	Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utslepp til vatn er rekna som største potensielle forureiningsfare. Verksemda pliktar å nytte beste tilgjengelege teknologi for å redusere alle sine utslepp, og fylgje krav i regelverket for å hindre ureining.	Det er lang avstand til naboar og andre som kan bli sjenert av støy og lys. Tiltak må ha løyve etter ureiningslova, og sektor-styresmakta vurderer kva som er forsvarleg å tillate av utslepp og set krav til oppfølging etc.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	

Beredskap og ulukkesrisiko		x	Mest aktuelle ulukkesscenario vil vere skade på anlegget som kan medføre rømming av fisk. Dette må primært vere handtert gjennom verksemda sin internkontroll og sektorlovverk for næringa. Elles ingen særskilde problemstillingar knytt til vurdert område.	

Samla vurdering

Tiltaksområdet er delvis i samsvar med område for akvakultur i KPA frå 2004, men utstrekninga er auka. Området blir utvida ytterlegare nordover og sørover jfr merknad. Dette vil ikkje gjere anlegget meir eksponert frå Bremangerpollen, eller gje større verknader for landskap, føresett at det berre er fortøyingar som strekkjer seg nordom Lyngneset. Utvidinga er elles ikkje vurdert til å gje vesentleg negativ verknad for sjøarealet eller tilgrensande landområde.

Konklusjon


Området er lagt inn i plankartet med føremål akvakultur (VA1), totalt om lag 345 daa.

Ein har valt å ikkje spesifisere art, då ny teknologi og endra rammevilkår kan opne for oppdrett av andre marine artar utan auka miljøbelastning.

Fortøyingar djupare enn 25 m er vurdert å ikkje påverke den allmenne bruken av sjøområda, og for å unngå at akvakulturområda legg beslag på unødig store areal vert det opna for at fortøyingar under 25 m djupne kan gå ut i område «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» (V), der det ikkje er merka natur eller fiske eller kombinert føremål fiske og ferdsel.

Avgrensinga av akvakulturområdet er gjort med føresetnader om nok plass til fortøyingane som er grunnare enn –25 m. Ved detaljplanleggjing av anlegget, og ved muleg endra ankringsteknologi, vil ein kunne få søknader der anleggsråma ligg tettare opptil føremålsgrense enn føresett. Det er difor ønskjeleg med byggjegrense for å sikre at plassering av anleggsråma gjev endra verknader for landskap og ureining av lys, m.v. Byggjegrensa bør vere minst 50 m, og innarbeidast i føresegnene.

Under til høgre er VA1 jfr konklusjon.





Til venstre VA1 ved 2. gongs høyring. Til høgre VA1 ved 3. gongs høyring.


3.4.18 Struen – sjøhusmiljø, BAB20,21,22, ny KU etter 3.gongs offentleg høyring





Flyfoto over området *Utklipp frå www.bremanger360.no*

Formål/bruk i dag	Sjøbuer og naust, nokre fritidsbustadar	
Planstatus	LNF-område på landarealet, KDP Bremangerbygda 2007.	
Forslag til ny arealbruk	Byggjeområde naust og sjøbuer, med opning for bruksendring til nærings-, bustad- og fritidsbustad-føremål	
Arealstorleik	Ca 16 daa inkl. sjøareal	
Forslagsstillar	Bremanger kommune	

		
Skildring	Vurdert område er eit eldre sjøhusmiljø, med naust, sjøbuer og fritidsbustadar. Det er ein forvaltningsplan for sjøhusmiljøet i Struen frå 2006, som legg føringar for tiltak på eksisterande bygg og eventuell ny utbygging. Det er politisk ynskje om at sjøbuene skal kunne nyttast til næring-, bustad- og fritidsbustadføremål, for å sikre at dei vert ivaretekne.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	-	Området er i hovudsak utbygt, med unntak av ein mindre teig med innmarksbeite (om lag 650 m). Det er ikkje opna for bygging på denne. Fleire av sjøbuene/nausta er eigd av landbrukseigedommar, og bruksendring til næring/utleige turisme kan vere med å styrke driftsgrunnlaget for landbrukseigedommane.
Landskap	2	0	0	Sjøhusmiljøet utgjer eit viktig kulturlandskap, og karakteren på området må ikkje endrast. Eventuelle nye tiltak må vere i samsvar med dei føringane som er lagt for forvaltning av sjøhusmiljøet.
Naturmangfald  www.naturbase.no	3	-1	0	Sjøområdet er registrert som blautbotnsområde i strandsona (Struenhamn og Førdspollen), og vurdert som svært viktig, jf. naturbase. Området ligg i eit viktig funksjonsområde for truga fugl, og overlappar med ein annan viktig naturtype (brakkvassdelta), jf. naturbase faktaark. Det er ikkje registrert truga artar innanfor byggjeområdet.

				Det er registrert ei større ålegraseng (vurdert som svært viktig) sør for Struenhamn, og Førdspollen naturreservat ligg om lag 300 m vest for området. Del av sjøarealet ligg innanfor viktig gyteområde (Bremangerpollen). Fylling/mudring i sjø kan vere negativt for naturtypen, og bør ikkje tillatast. Eventuelle nye utslepp av avløpsvatn kan også vere negativt for naturtypen. Området er avsett som naturområde i sjø, på grunn av dei viktige naturverdiane.
Strandsone	2	-2	-2	Heile området ligg innanfor 100 m-sona langs sjø, men er i hovudsak utbygt frå før. Det er ikkje opna for ny utbygging som vil medføre landskapsmessige inngrep i strandsona, men endring til næring/utleigeverksemd og bustad/fritidsbustad vil kunne medføre behov for heving av bygg, som vil ha negativ visuell verknad på strandsona. Området med sjøbuer og naust har i dag ein allmenn karakter, og sjølv om det i dag er tre godkjende fritidsbustadar innanfor området vil ei ombygging av fleire sjøbuer/naust til bustadføremål gje området ein meir privat karakter. Eventuelle bruksendringar må vurderast gjennom detaljregulering av området, for å ivareta strandsoneomsyna, samtidig som det innanfor nokre område kan opnast for å endre bruken av sjøbuer.
Vassmiljø	1	0	0	Området ligg ved sjø, ved kystvassførekomsten «Bremangerpollen», som har god økologisk tilstand. Bruk av området som i dag, vil ikkje påverke vassførekomsten. Sjøområdet er grunt, og ligg skjerma slik at vassutskiftinga truleg ikkje er stor. Utslepp av avløpsvatn som fylgje av bruksendringar til opphald/bustad-føremål vil kunne ha lokal negativ verknad på vassførekomsten. Detaljregulering må sikre at eventuelle

				nye utslepp vert samordna og ført ut forbi gruntområdet.
Kulturminne og kulturmiljø  www.fylkesatlas.no  Foto:karin andal Utklipp frå kulturmiljø-planen.	2	-1	0	Det er registrert eit automatisk freda kulturminne vest for tiltaksområdet, jf. kulturminnesøk. Tiltaksområdet ligg utanfor sikringssona rundt kulturminne, og er allereie utbygt. Dei fleste av sjøbuene i området er SEFRAK-bygg, med byggjeår siste del av 1800-talet. Samla sett utgjer bygga eit viktig kulturmiljø, og karakteren til området bør ivaretakast, jf. kulturmiljøplanen for Bremanger kommune. Forvaltningsplanen for Struen set krav til nye tiltak, for å ivareta området sin karakter, og området vert avsett med omsynssone kulturmiljø. Detaljregulering må sikre at kulturmiljøet vert ivareteke, ved eventuelle nye tiltak og bruksendringar.
Mineralressursar	-	-	-	Det er ikkje registrert mineralressursar her.
Friluftsliv	2	-1	0	Det er ikkje kartlagde friluftsområde i nærleiken, men strandsona i tiltaksområdet har truleg lokal verdi for dei som bur i området, til rekreasjon og fisking. Ei eventuell privatisering gjennom bruksendringar kan vere negativt for friluftslivet, og allmenne interesser må ivaretakast gjennom detaljregulering.
Overordna arealføring Arealstrategi for friluftsliv, naturmiljø og kulturlandskap/kulturminne i samfunnsdelen til kommuneplanen (2021)	2	2	+2	• *Verdiane i kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne skal ivaretakast og i størst muleg grad gjerast tilgjengeleg for allment friluftsliv.* Må ivaretakast gjennom detaljregulering ved bruksendringar/nye tiltak. • *Viktige kulturminne skal visast med omsynssone i arealdelen.* Vert ivareteke. • *Det skal kunne opnast for bruksendring av naust og sjøbuer til andre føremål.* Planen opnar for at dette kan gjerast.

SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur			-	Området ligg nært til Fv616. Vassforsyning og avløpsløysing må etablerast, ved bruksendring til opphald. Sjøbutomtane er små, og vil mangle parkeringsareal ved bruksendring. Parkering må løysast samla for heile området.
Transportbehov			-	Gang- eller sykkelavstand til skule, barnehage og butikk på Hauge (ca 1 km)
Folkehelse			-	Området har verdi for rekreasjon og nærfriluftsliv.
Barn og unge sine oppvekstvilkår			-	Gang-/sykkelavstand til skule og fritidstilbod, men ikkje g.-/s.-veg eller fortau langs fylkesvegen. Lite tilgjengeleg uteområde for leik og opphald. God tilgang på natur/nærfriluftsliv og strandsone. Små bustadmiljø kan vere positivt.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare		Vurdering	
	Ja	Nei		
Skred	X	X	Området er kartlagt for skredfare, og det er ikkje risiko for stein-, snø-, jord- eller flaumskred. Tiltaksområdet ligg under marin grense. Risiko for kvikkleire må utgreiast ved detaljregulering.	Bruksendring til bustadføremål aukar tryggleikskrava for skred til S2 (årleg nominelt sannsyn mindre enn 1/1000), jf. TEK17. Krav om utgreiing av stabilitet i grunn (kvikkleire) ved detaljregulering.
Flaum	X		Store deler av området ligg under stormflosikker byggjehøgde.	Bruksendring til bustadføremål aukar tryggleikskrava for flaum/stormflo til F2 (årleg nominelt sannsyn mindre enn 1/200), jf. TEK17.
Klima-sårbarheit		X	Overflatevatn og stormflo må ivaretakast.	

Trafikk-tryggleik	X			Det er 60 km/t sone langs fylkesvegen og 50 km/t på kommunal veg. Auka gang- og sykkeltrafikk til Hauge kan auke trafikkfaren sidan det ikkje er g.-/s.-veg eller fortau langs fylkesvegen. Rekkefylgjekrav om g.-/s.-veg eller fortau før etablering av busetnad som avbøtande tiltak.
Ureining		X	Ikkje registrert ureining.	Avløpsvatn må handterast i samsvar med regelverket.
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko	X		Bruksendring kan medføre auka brannfare.	Tett trehusmiljø gjev risiko for brannspreiing. Endring til bustadføremål/opphald vil krevje særlege tiltak for å hindre brannspreiing.

Samla vurdering

Bruksendring av eksisterande sjøbuer til nærings-, bustad- og fritidsbustadføremål vil kunne ha negative verknader for strandsone, natur- og kulturmiljø og friluftsliv. Parkeringsareal kan også vere eit problem ved eventuelle bruksendringar til bustadføremål. I tillegg peikar ROS-analyse på risiko for overfløyming ved stormflo og at endra bruk kan gje auka brannfare. Det er såleis viktig at eventuelle endringar vert avklara gjennom detaljregulering, der parkeringsareal og omsyna til dei allmenne interessene vert ivaretekne. Forutsett at dette vert ivareteke kan bruksendringar vere positivt for kulturmiljøet, ved at sjøbuene vert tekne i bruk og haldne vedlike. Opning for bruksendring er i samsvar med overordna arealstrategi frå samfunnsdelen til kommuneplanen, og omsynssone kulturmiljø er i samsvar med føringar i kulturmiljøplanen for Bremanger kommune.

Konklusjon

Området er lagt inn i arealdelen med feltkode BAB20-22, eksisterande byggjeområde for naust/sjøbuer, med føresegner som opnar for bruksendring til nærings-, bustad- og fritidsbustadføremål forutsett detaljregulering. Heile området blir avsett som omsynssone bevaring kulturmiljø, og eventuelle tiltak bør vere i samsvar med føringar i «Forvaltnings- og utviklingsplan for Struen». Tryggleik mot naturfarar og brannspreiing, og ivaretaking av allmenne interesser, må sikrast gjennom detaljregulering. Gang- og sykkelveg evt. fortau langs fylkesvegen til Hauge bør vere opparbeidd før bruksendringar til bustadføremål. Sjøområdet får føremål «naturområde».




Utklipp frå plankart


3.4.19 Struen – Hauge, gangsti langs sjø, ny KU etter 3.gongs offentleg høyring



Flyfoto over området

Formål/bruk i dag	Landbruksareal, strandsone, nokre naust.	 Utklipp KDP Bremangerbygda
Planstatus	LNF-område på landarealet, KDP Bremangerbyg da 2007.	
Forslag til ny arealbruk	Samferdsellinje gangsti	
Arealstorleik		
Forslagsstill ar	Nye Bremanger, Bremanger kommune m.fl.	
Skildring	Det er ynskje om ein enkel gangsti frå Struen til Hauge, ei strekning på ca 1,5 km. Stien går over sanden på strekningar med sandstrand, men det er behov for strekningsvis merking og enkel tilrettelegging.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	-	Planlagt sti går ikkje over dyrka mark, med unntak av ei kort strekning frå Struen-vegen til sjøen, og frå sjøen langs Haugeelva til Grotlevegen. Det vil ikkje bli gjort inngrep på dyrka jord, stien kan gå langs eigedomsgrense og langs kantsona på Haugeelva.
Landskap	3	0	0	Landskapstype LT20-06 (småfjord og storsund), registrert som representativt/vanleg førekommande landskap, på lokalt nivå. Landskapet har på regionalt nivå stor verdi (Fylkesatlas). Ein enkel sti utan terrenginngrep vil ikkje påverke landskapet i vesentleg grad.
Naturmangfald 	3	-1	0	Strandsona i vestleg del av tiltaksområdet er registrert som viktig naturtype «sand- og grusstrand» Lokaliteten er ganske stor og variert, og inneheld uvanlege miljø, og fleire regionalt sjeldne artar. Samla verdi blir vurdert til B – viktig, jf. naturbase faktaark. Det bør ikkje gjerast inngrep i lokaliteten.

Sand- og grusstrand  Blautbotn www.naturbase.no				I sjø er det registrert tre blautbotnsområde i strandsona, vurdert som viktige, og lokalt viktige. Desse vert ikkje påverka av gangstien. Det er registrert observasjonar av ærfugl (truga art) langs strekninga.
Strandsone	2	0	0	Heile området ligg innanfor 100 m-sona langs sjø, og med unntak av naust, er sona mellom sjø og dyrka mark i hovudsak utan inngrep. Det vert ikkje opna for opparbeiding som krev vesentlege terrengendringar.
Vassmiljø	1	0	0	Området ligg ved sjø, ved kystvassførekomsten «Bremangerpollen», som har god økologisk tilstand. Det vert ikkje opna for tiltak som påverkar vassførekomsten. Frå sjøen, til Grotlevegen på Hauge, går gangstien langs Haugeelva, som er ein del av vassførekomsten «Bremangerlandet, bekkefelt vest». Vassførekomsten har økologisk tilstand «moderat» på grunn av erosjonsførebygging langs jordbruksareal, men det er ikkje opna for tiltak som vil påverke elvekant eller kantvegetasjon.
Kulturminne og kulturmiljø  www.fylkesatlas.no	1	0	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne langs traseen. Med unntak av nokre naust som er SEFRAK-bygg, med byggjeår på 1800-talet, er det ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø som vert påverka av tiltaket.
Mineralressursar	-	-	-	Det er ikkje registrert mineralressursar her.
Friluftsliv	2	2	+2	Hågssanden vest i tiltaksområdet er registrert friluftsområde (DOK), og strandsona på strekningen har lokal verdi for dei som bur i området, til rekreasjon og bading. Ein enkelt tilrettelagt sti vil gjere området meir

				tilgjengeleg for friluftsliv, og gjere at fleire vil kunne nytte området.
Overordna arealføring Arealstrategi for friluftsliv, naturmiljø og kulturlandskap/kulturminne i samfunnsdelen til kommuneplanen (2021)	2	1	0	• *Arealdelen skal ivareta viktige naturområde, med særskilt fokus på å unngå inngrep i naturområde som blir nytta til rekreasjon for lokalbefolkninga og for besøkande* Det skal ikkje gjerast terrenginngrep som er i konflikt med dette. Tiltaket vil gjere naturområdet meir tilgjengeleg for lokalbefolkninga og besøkande.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur			-	Tiltaket krev ikkje tilrettelegging av infrastruktur.
Transportbehov			-	Gangstien er i hovudsak tenkt nytta av dei som oppheld seg i området, og medfører ikkje auka transportbehov. Transportbehovet kan bli redusert ved at gangsti langs sjøen kan nyttast som alternativ til biltransport langs fylkesvegen.
Folkehelse			-	Tilrettelegging for tur/aktivitet og nærfriluftsliv, er positivt for folkehelsa.
Barn og unge sine oppvekstvilkår			-	Gangsti langs sjøen kan i nokre tilfelle nyttast som tilkomst til skule/fritidsaktivitetar, og gjere at born og unge kan unngå å gå langs fylkesvegen, som manglar fortau og g.-/s.-veg.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				

HENDING	Potensiell fare		Vurdering	
	Ja	Nei		
Skred		X	Området er kartlagt for skredfare, og det er ikkje risiko for stein-, snø-, jord- eller flaumskred. Gangstien ligg under marin grense, men det skal ikkje gjerast	


			vesentlege terrenginngrep.	
Flaum, stormflo	X		Deler av stien går på sanden, og vil vere overfløymd ved stormflo.	Gangstien er til fritidsbruk, og bruk av stien ved stormflo og ekstremver kan unngåast.
Klima-sårbarheit	X			Eventuelle terrenginngrep i sona mellom sandstrand og dyrka jord kan medføre auka erosjon og utvasking, og må unngåast.
Trafikk-tryggleik		X		Tiltaket kan vere positivt for trafikktryggleiken, ved at det vert ein alternativ gangtrase til det å gå langs fylkesvegen.
Ureining		X	Ikkje registrert ureining.	Tiltaket medfører ikkje ureining.
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Uendra.	

Samla vurdering

Etablering av gangsti langs sjøen vil vere positivt i høve friluftsliv og strandsone, forutsett at det ikkje vert gjort vesentlege terrenginngrep. Eventuelle inngrep kan vere negative for naturtypen sand- og grusstrand. Det må unngåast terrengendring i overgangen mellom sandstrand og dyrka jord. Under føresetnad av at inngrepa vert avgrensa, er det ikkje spesielle negative verknader med tiltaket.

Konklusjon

Gangstien vert vist i plankartet med samferdselslinje «turvegtrase», og føresegn som avgrensar eventuelle inngrep:
Alle tiltak for tilrettelegging skal vere tilpassa og underordna landskapet, i omfang, material- og fargebruk. Stitrasèen kan merkast, og bør ikkje masseutskiftast, men leggjast på eksisterande terreng. Der det er nødvendig for å lette framkome, kan det likevel jamnast og masseutskiftast i inntil 1 m breidde, og maks +/- 0,5 m høgde. Vidare kan fjerning av mindre steinar og busker/røter, gjerast der det er nødvendig. På våte parti kan det gjerast enkle tiltak for drenering. Det kan etablerast klopper over bekkar, og tilretteleggast med kvilebenkar.





Utklipp frå plankart

3.5 Berle



3.5.1 Akvakultur ved Skipperdalsneset, VA2. Endra etter 2. gongs ettersyn



Bilete frå google maps, eksisterande situasjon med oppdrettsanlegg ved Skipperdalsneset

Formål/bruk i dag	Sjøareal. Etablert akvakulturanlegg for laksefisk i området, i dag.	
Planstatus	KPA (2004): Delvis innanfor område for akvakultur og delvis innanfor område for «Sjø og vassdrag for ålment fleirbruk»	
Forslag til ny arealbruk	Oppretthalde og utvide akvakulturlokalitet, skisse øvst til høgre	
Arealstorleik	Vèl 700 daa idag	
Forslagsstillar	Havbrukspartner AS, på vegner av Troland Lakse-oppdrett AS, Austevoll Melaks AS og Langøylaks AS Merknad ved 2. gongs ettersyn, om plassering om lag vinkelrett på land, og utvida område mot leia.	 KPA 2004  Godkjend anleggsplassering
Skildring	Ønskt areal ligg på nordsida av Frøysjøen og strekkjer seg frå Skipperdalsneset i vest, til Gottraneset i aust. Strekninga på land består av spreiddbygd landbruksområde. Anlegget skal ha fortøyingar med utstrekning tilsvarande 3 gonger djupna, og det vart oversendt skisse som viste arealbehovet for anlegg og fortøying som har vore utgangspunktet for KU-vurderinga. Skissa som er utarbeidd av forslagsstillar skal gje fleksibilitet i forhold til plassering av anlegget.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Konse-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	0	0	0	Ønska tiltak er i sjø.
Landskap	1	0	0	Ligg ikkje innanfor registrert landskapstype (Fylkesatlas). Ønska tiltak omfattar hovudsakleg fortøying og ei mindre utviding av eksisterande areal avsett til akvakultur i sjø.
Naturmangfald, naturressursar	1	-1	0	Det er ikkje registrert sårbare artar i området (Miljøstatus Norge). Til venstre er synt registrert fiskeområde for aktive reiskapar.

				I området blir det fiska, og fanga reker. Kjelde Kystinfo
Strandsone	0	0	0	Tiltak omfattar ikkje strandsone på land.
Vassmiljø	2	-1	-0	God økologisk tilstand (vann-nett). Data knytt til akva-overvaking inne i overgangssonene til aktive anlegg, er ikkje med i vurderinga av tilstanden som ligg på Vann-nettportalen. Endring av anleggsutforming vil ikkje i seg sjølv føre til verknad på den økologiske tilstanden til vassmiljøet.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ingen kjende kulturminne eller kulturmiljø i området (SEFRAK, Fylkesatlas).
Mineralressursar	0	0	0	Ikkje relevant. Tiltaksområdet ligg i sjø.
Friluftsliv  Friluftsområde, registrerte.	1	0	0	Området er ikkje registrert som viktig friluftsområde (Fylkesatlas). Det knyter seg friluftslivsbruk til stranda ved Skipperdalsneset, og sjølve Gottraneset. Det er og ein del friluftsliv på sjøen (båt/fiske). Ein legg til grunn at små fritidsbåtar kan passere langs land. Arealet bør minskast i aust, for å unngå konflikt med Gottraneset.
Overordna arealføring	0	0	0	Då det i dette tilfelle i stor grad omfattar ei mindre justering av eksisterande akvakulturformål i eldre KPA, samt utviding til fortøying, har ein ikkje sett krav om av om reguleringsplan.
SAMFUNN				

Teknisk infrastruktur	Inge n	0	0	Landstraum er aktuelt tiltak for mindre støy.
Transportbehov	Båt	-1	-1	Frakt og tilkomst vil vere sjøvegen. Endring av anlegg vil ikkje føre til auka transport i sjøarealet.
Folkehelse	-	0	0	Ingen verknad på folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Tiltak har ingen verknad på barn og unge sine oppvekstvilkår. Ikkje aktuelt tema.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		x	Tiltak er i sjø.	
Flaum		x	Ikkje aktuelt tema.	
Klima-sårbarheit-	x		Området ligg på kysten og i periodar vil her vere sterk vind og høge bølgjer. Sjå vurdering av beredskap og ulukkesrisiko. Ikkje behov for krav i KPA, til sikring mot klimapåverknader	Akvakulturanlegg må følgje gjeldande lovverk knytt til beredskap og dimensjonering av fortøying.
Trafikk-tryggleik, land og sjø	x		Det er ikkje lagt til rette for etablering av anlegg på land. Det ligg godt til rette for tilkomst via sjøvegen. Anleggsutviding ut i sjø gjev meir farefull ferdsel for småbåtar, dersom desse ikkje kan gå på landsida av anlegget	
Ureining	x		Anlegget er etablert og har utsleppsløyve. Ved endring av anlegg kan vurderast slamoppsamling for å minske belasting av organisk materiale på sjøvatn og sjøbotnfauna.	Akvakulturanlegg må følgje utsleppsløyve , og interne system skal sikre dette, i tillegg til gjeldande lovverk knytt til sikring mot ureining.

Digital kommunika-sjon		x	God mobildekning for 4G+ (dekningskart/Telenor). Det er vidare god DAB-dekning i området (Radio.no).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Mest aktuelle ulukkestype vil vere skade på anlegget som kan føre til røming. Dette må primært vere handtert gjennom bedrifta sitt interne system og sektorlovverk for næringa. Elles ingen særskilte problemstillingar knytt til vurdert område.	

Samandrag


Tiltaksområde er delvis i samsvar med eksisterande formål for akvakulturanlegg (jf. eldre KPA frå 2004) og ein har ikkje vurdert ønska utviding til å gje vesentleg negativ verknad på det aktuelle sjøarealet eller tilgrensande landområda.

Konklusjon

Innspelet er delvis i samsvar med formålet akvakultur som låg inne i KPA 2004. Arealet blir lagt inn med ytterlegare ca 100 m utviding mot fjorden, for å imøtekome ønskje frå forslagsstillar, og gje god nok plass til fortøyingar. Arealet er korta inn i aust, med cirka 700 m lengde. Planlagd akvakultur har feltkode VA2 og området er på ca 1700 daa. I dette føremålet skal inngå merdanlegg, og fortøyingar ned til -25 m, då det er vurdert at djupare fortøyingar kan inngå i føremålet Bruk og vern av sjø og vassdrag. Det kom innspel om endra plassering av anlegget, frå ca 45 grader mot land, til ca 90 grader på land. Dette kom seint i planprosessen, og er ikkje imøtekome. Det er ønskjeleg å ivareta fiskefelt for aktive reiskap i dette sjøområdet, der d et blir fanga reker og fiska makrell m.v.

For å sikre at framtidige anleggsråmer blir plasserte i god avstand til planføremålsgrense for VA2, bør det vere byggjegrense minst 50 m frå planføremålsgrense til anleggsråme.


VA2 jfr konklusjon, er vist under til høgre.




Tll venstre VA2 ved 2. gongs høyring, og til høgre VA2 ved 3. gongs høyring


Området er redusert med om lag 50 m mot sør etter 3.gongs offentleg høyring, for å unngå konflikt med leia, jf. merknad frå Kystverket.

3.5.2 Bustader og fritidsbustader i Berle, del av gbnr. 72/5, LS12



Ønska tiltaksområde er del av landbrukseigedom sørvest i Berle (3D-foto frå Google Pro). Ønska tiltaksområder på denne eigedomen er markete med rektangel. KU for dette enkeltområde omfattar tiltak innanfor område markert med blå rektangel. Neste to påfølgande delkapittel omtalar KU innanfor gult og raudt rektangel.


Formål/bruk i dag	Landbruksareal	
Planstatus	Ikkje regulert. Eldre KPA (2004): LNF	
Forslag til ny arealbruk	Bustader/fritidsbustader på gbnr. 72/5.	
Arealstorleik	Ca. 4,4 daa	
Forslagsstillar	Berle Grendalag på vegne av grunneigar Arve Berle	
Skildring	Eigedomen vest for vegen (oppsida) består i dag av landbruksareal og gardstun. Det er ingen tiltak i dette område i dag, utover eit eldre gardfjøs.	

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	3	-2	-2	I hovudsak innmarksbeite i ønska areal til hyttefelt, om lag 4 daa landbruksareal (arealbrukskart, Fylkesatlas). Del av kjerneområde for landbruk (kommunens registrering).
Landskap	2	-1	-1	Landskapstype Fjordbotnar (LT21-04). Vanleg (representativ) førekommande landskapsverdi, men likevel registrert i

				kategorien for stor regional verdi i kartlaget for «Landskapsverdi – lokalt nivå» (Fylkesatlas). Liten negativ verknad for landskapet ved etablering av utbyggingsfelt.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert truga, prioriterte eller freda arta i det aktuelle område. Heller ikkje del av verna område eller viktige naturtypar. (Miljøstatus Norge)
Strandsone	-	-	-	Ikkje aktuelt tema. Området ligg i god avstand til strandsone.
Vassmiljø	-	0	0	Udefinert økologisk tilstand i Berlepollen, men står kommentert at det har tidlegare vore dårleg tilstand (Vann-nett.no). Aktuelt tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på vassmiljøet. Det bør setjast krav om sanitært avløpsvatn.
Kulturminne og kulturmiljø	-	-	-	Det er ingen registreringar i det aktuelle området (Fylkesatlas).
Mineralressursar	0	0	0	Ingen grus og pukkførekomst. Elles er område registrert med bergarten kvartsdioritt (NGU). Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette område.
Friluftsliv	1	0	0	Ikkje kjennskap til at område er nytta til friluftsliv. Ikkje del av lokalt eller regionalt viktige friluftsområde. (Fylkesatlas). Tiltak er vurdert til å ikkje ha vesentleg verknad på friluftsliv.
Overordna arealføring	-	0	0	Ønska tiltak er vurdert til å vere delvis i samsvar ved at ein legge til rette for både heilårs- og fritidsbustader.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Ikkje etablert	-2	-2	Det er ikkje offentleg vass- og avløpsanlegg i området. Kapasitet på private vassforsyningsanlegg er ukjent. Det må bli dokumentert tilfredsstillande vassforsyning og bli etablert privat avløpsanlegg ved bygging av nye bustader/fritidsbustader. Fellesanlegg for avløp bør bli vurdert. Ingen etablert tilkomstveg.
Transportbehov	Bil	-1	-1	Avstand til tenestefunksjonar i Bremanger. Det vil vere behov for bruk av transportmiddel til og frå område.

Folkehelse	-	0	0	Ønska tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Ingen vesentleg verknad, men tilrettelegging av bustader kan gje tilflytting av barnefamiliar.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS


HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 	x		Gbnr. 72/5 er del av reell skredfarevurdering for Bremanger. Skredfarevurderinga vise at ønska tiltaksområde ligg delvis innanfor sone for 5000 års skred (hyttefelt) (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger kommune, NVE-rapport 28/2017, og faresonekart).	Akseptabelt risikonivå for ønska tiltak. Erosjonsfare knytt til elveløp lang gbnr. 72/5 må avklarast i byggesak.
Flaum		x	Mindre elveløp følgjer gbnr. 72/5 si austlege grense. Ikkje kjennskap til at det har vore flaum i tilknyting til elva.	
Klima-sårbarheit-		x	Ingen kjende tema utover periodevis med sterk vind og styrtregn. Her er større flater og gode avrenningsmoglegheiter ved styrtregn.	Ikkje vurdert behov for å sette kra om særlege tiltak.
Trafikk-tryggleik		x	Det er liten trafikk på kommunal veg.	Framtidige tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på trafikktryggleik.
Ureining		x	Ikkje registrert ureining (Miljøstatus Norge).	Nye tiltak er vurdert til å ikkje endre risikoen for framtidig ureining.
Digital kommunika-sjon		x	God DAB- og 4G-dekning (Radio.no og Telenor sitt dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko			Ønska tiltak vil ikkje ha verknad på ulukkesrisikoen i området. Brannutrykking frå Hauge, ca 22 km og 25 minutt køyretid frå Hauge brannstasjon i	Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt for spreidde bustader/ fritidsbustader. Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge

			Struen med tankbil. Lokalt depot i Berle med utstyr for tilrettelegge for sløkking.	personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt slukkeanlegg ved utbygging. Krav om tilfredsstillande sløkkjevassforsyning før utbygging.

Samandrag

Innspel om framtidig utbyggingsområde til hytter og bustader delvis i samsvar med overordna arealføring. Ønska areal er del av kjerneområde for landbruk, men ligg i grense til utmark og utbygging er vurdert til å ikkje ha vesentleg negativ verknad. Det er ikkje aktuelt å legge areal for hyttefelt vest for innmarksområde og inn i skogsareal, då dette arealet er ikkje omfatta av reell skredfarevurdering. For å sikre god planløysing for vegtilkomst og plassering av tomter, må det ligge føre ein situasjonsplan for heile området som viser samordna infrastruktur før ubygging.

Konklusjon




Framtidig areal for bustader og hytter er lagt inn i arealdelen som LNF-område med opning for spreidd utbygging, feltkode LS12, på om lag 4,4 daa. Dette medføre ei omdisponering av om lag 4 daa landbruksareale (hovudsakleg innmarksbeite).

Feltet ligg på høgde med eksisterande byggestruktur i terrenget, og er vurdert til å vere ei naturleg forlenging av denne rekka med gardstun. Tilkomst kan skje via eksisterande veg frå fylkesvegen, eller via ny tilkomst frå fulkesvegen i same området. Tilkomst kan òg evt. løysast mot sørvest til eksisterande byggestruktur med veg der.

Det tillatast maks 3 einingar. God terrengtilpassing vil vere særleg viktig å vektlegge ved framtidig planlegging, grunna bratt terreng. Det er òg sett krav om at ein situasjonsplan som viser samordna infrastruktur, m.a løysing for sanitært avløpsvatn skal ligge føre før utbygging. Trygg byggegrunn, samt at erosjonsfare knytt til nærleik til elveløp skal avklarast før utbygging.

3.5.3 Naust i Berle, del av gbnr, 72/5, BAB42



Ønska tiltaksområde er del av landbrukseigedom sørvest i Berle (3D-foto frå Google Pro). Ønska tiltaksområder på denne eigedomen er markete med rektangel. KU for dette enkeltområde omfattar tiltak innanfor område markert med raudt rektangel. Førre delkapittel og neste delkapittel omtalar KU innanfor blått og gult rektangel.


Formål/bruk i dag	Naust ved sjø	
Planstatus	Ikkje regulert. Eldre KPA (2004): LNF	
Forslag til ny arealbruk	Bustader/fritidsbustader på gbnr. 72/5. Nausttomtar på same eigedom.	
Arealstorleik	Ca. 0,8 daa	
Forslagsstillar	Berle Grendalag på vegne av grunneigar Arve Berle	
Skildring	Frå kommunal veg går det ein enkel traktorveg ned til eit eksisterande naust. Elles er det ingen tiltak i området.	

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Eit belte med open fastmark ved sjø (arealbrukskart, Fylkesatlas). Del av kjerneområde for landbruk (kommunen). Konsekvens er sett til 0, då det er registrert som open fastmark og aktuelt areal til utbygging vart under

				synfaring vurdert som ikkje aktuelt landbruksareal.
Landskap	2	0	0	Landskapstype Fjordbotnar (LT21-04). Vanleg (representativ) førekommande landskapsverdi, men likevel registrert i kategorien for stor regional verdi i kartlaget for «Landskapsverdi – lokalt nivå». (Fylkesatlas). Opning for eit avgrensa tal av nye naust i tilknyting til eksisterande bygg vil ikkje gje vesentleg verknad for landskapet.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert truga, prioriterte eller freda arta i det aktuelle område. Heller ikkje del av verna område eller viktige naturtypar (Miljøstatus Norge).
Strandsone 	2	-1	-1	Naust vil ligge i strandsona. Delar av det aktuelle arealet er del av sone som er registrert som potensielt tilgjengeleg (SSB). Ved synfaring vart òg område vurdert som godt tilgjengeleg for ålmenta. Ved opning av eit mindre tal naust i tilknyting til eksisterande naust, vil ein minimere den negative verknaden på strandsona. Etablering av nye naust vil kunne føre til behov for utbetring av vegtilkomsten frå kommunal veg
Vassmiljø	-	0	0	Udefinert økologisk tilstand i Berlepollen, men står kommentert at det har tidlegare vore dårleg tilstand (Vann-nett.no). Aktuelt tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på vassmiljøet.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ønska tiltak vil ha ingen verknad på kulturminne eller -miljø (Fylkesatlas).
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje aktuelt tema for dette området.
Friluftsliv	1	0	0	Ikkje del av lokalt eller regionalt viktige friluftsområde (Fylkesatlas). Dagens verdi er sett til 1, då dette er tilgjengeleg strandsone som kan ha rekreasjonsverdi for nærområde. Tiltak vil ikkje ha vesentleg verknad på friluftsliv.
Overordna arealføring	-	-	-	Ingen overordna arealføring for naust.

SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etablert	0	0	Etablering av tradisjonelle naust vil ikkje føre til behov for utbygging av teknisk infrastruktur.
Transportbehov	Bil	-1	-1	Det vil kunne vere behov for bruk av transportmiddel til og frå området, grunna avstand til mellom anna barnehage og daglegvare.
Folkehelse	-	0	0	Ønska tiltak er vurdert til å ikkje ha vesentleg verknad på folkehelse, men det er vurdert som positivt at ein legge til rette for sjøretta friluftsliv.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Ingen vesentleg verknad.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 	x		Ikkje del av fareområde for skred (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger kommune, NVE-rapport 28/2017, og faresonekart). Innanfor marin grense og nærleik til sjø.	Det er potensiell fare for kvikkleire. Vurdering av stabilitet og fare for erosjon må følge byggesøknad.
Flaum		x	Mindre elveløp følgjer gbnr. 72/5 si austlege grense. Ikkje kjennskap til at det har vore flaum i tilknyting til elva. Sjå vurdering av klimasårbarheit for vurdering av flaum ved sjø.	
Klima-sårbarheit-	x		Naust ligg ved sjø og her vil det vere fare for flaum, havnivåendring og stormflo. Ingen andre kjende tema som er aktuelle knytt til klimasårbarheit utover periodevis med sterk vind og styrtregn. Her er større flater og gode avrenningsmoglegheiter ved styrtregn.	Akseptabelt for naustformål (ikkje personopphald). Naust må dimensjonerast slik at dei tåle periodevis flaum. Ikkje vurdert det som naudsynt å sette krav om særlege tiltak mot vind og styrtregn.

Trafikk-tryggleik		x	Det er liten trafikk på kommunal veg.	Framtidige tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på trafikktryggleik.
Ureining		x	Ikkje registrert ureining (Miljøstatus Norge).	Nye tiltak er vurdert til å ikkje endre risikoen for framtidig ureining.
Digital kommunika-sjon		x	God DAB- og 4G-dekning (Radio.no og Telenor sitt dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Ønska tiltak vil ikkje ha verknad på ulukkesrisikoen i område.	

Samandrag

Ønska areal er del av kjerneområde for landbruk, men aktuelt utbyggingsareal ligg i strandsona og er registrert som fastmark (Fylkesatlas).



Eksisterande naust på gbnr. 72/5 ligg til høgre på bildet. Aktuelt fortettingsareal ved fjæra på bilde. Opnar ikkje for fortetting på strandsona som strekk seg mellom naust på gbnr. 72/5 og vidare bak til venstre på bilde (gbnr. 72/16). (Foto Nordplan/v M-B.D. Bakke 04.03.19).




Etter gjennomført synfaring vart delar av ønska naustområde vurdert til å ikkje vere aktuelt for utbygging. Arealet ligg tett opp til elveutløp og vil etter vår vurdering føre til større inngrep i strandsona og framtidig naustområde blir avgrensa.

Konklusjon

Det er opna for fortetting av naust innanfor eit mindre areal, med god avstand frå elveutløpet (over 20 meter luftlinje). Det kan fortettast med inntil 4 nye naust i rekke.


Framtidig areal for naust er lagt inn i arealdelen med formålet andre typar nærare angitt bygg og anlegg, feltkode BAB42. Arealet er på om lag 0,5 daa. Generelle føresegner set krav til byggehøgd, estetikk og volum. I tillegg er det sett krav om vurdering av stabilitet og fare for erosjon ved byggesøknad, då området ligg ved sjø og innanfor marin grense.

3.5.4 Bustader og fritidsbustader i Berle, del av gbnr. 72/1 og 5, LS13




Ønska tiltaksområde er del av landbrukseigedom sørvest i Berle (3D-foto frå Google Pro). Ønska tiltaksområder er lokalisert om lag innanfor gul rektangel.

Formål/bruk i dag	Frittliggande bustader og landbruksareal
Planstatus	Ikkje regulert. Eldre KPA (2004): LNF
Forslag til ny arealbruk	Bustader/fritidsbustader på gbnr. 72/5. Nausttomtar på same eigedom.
Arealstorleik	Ca. 8,4 daa
Forslagsstillar	Bremanger kommune og Berle grendalag
Skildring	Aktuelt fortettingsareal er ein parsell som består av to eksisterande gardstun og ei frådelt tomt. Eigedomane er knytt saman av ein eldre gardsveg, som går i stor grad parallelt med kommunal veg.




Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	3	-2	-2	I stor grad overflatedyrka jord langs traktorveg (markert med knall gul farge på kart til venstre), samt bygd areal (rosa farge). Del av kjerneområde for landbruk. (Fylkesatlas og kommunen) Nedbygging av landbruksjord som er i

				drift. Føre til tap av om lag 4 daa landbruksjord. Jordlova er gjeldande, og det skal takast omsyn til dyrka jord ved plassering av tomtar og bygg. Tomtestorleik bør vere maks 1 daa.
Landskap	2	0	0	Landskapstype Fjordbotnar (LT21-04). Vanleg (representativ) førekommande landskapsverdi, men likevel registrert i kategorien for stor regional verdi i kartlaget for «Landskapsverdi – lokalt nivå». (Fylkesatlas). Opning for eit avgrensa tal av nye tiltak i tilknyting til eksisterande bygningsmiljø er verknaden vurdert til å vere ubetydeleg for landskapet.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert truga, prioriterte eller freda arta i det aktuelle område. Heller ikkje del av verna område eller viktige naturtypar (Miljøstatus Norge).
Strandsone	0	0	0	Aktuelt tiltaksområde ligg innanfor 100-metersbeltet, ovanfor kommunal veg. Funksjonell strandsone er vurdert å vere avgrensa av offentleg veg. Fortetting er vurdert til å ikkje ha verknad på strandsone.
Vassmiljø	-	0	0	Udefinert økologisk tilstand i Berlepollen, men står kommentert at det har tidlegare vore dårleg tilstand (Vann-nett.no). Aktuelt tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på vassmiljøet. Det er ikkje offentleg vass- og avløpsanlegg i området. Kapasitet på private vassforsyningsanlegg er ukjent. Det må dokumenterast tilfredsstillande vassforsyning og etablerast privat avløpsanlegg ved bygging av nye fritidsbustader. Fellesanlegg for avløp bør bli vurdert.
Kulturminne og kulturmiljø 	1	0	0	Ein bygning er registrert som SERFRAK-bygg (gul trekant, Fylkesatlas). Ønska tiltak vil ha ingen verknad på kulturminne eller -miljø. Det vidare ikkje registrert verneverdige lokalitetar eller arkeologiske funn i område. Det må takast omsyn til gardstun ved plassering av tomtar og bygg, og nybygg må tilpassast byggjestilen i gardstuna.

Mineralressursar	0	0	0	Ingen grus og pukkførekomst. Elles er område registrert med bergarten kvartsdioritt (NGU). Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette område.
Friluftsliv	1	0	0	Ikkje kjennskap til at område er nytta til friluftsliv. Ikkje del av lokalt eller regionalt viktige friluftsområde. (Fylkesatlas). Dagens verdi er sett til 1, då del av eigedom aust for vegen er tilgjengeleg strandsone som kan ha rekreasjonsverdi for nærområde. Tiltak vil ikkje ha vesentleg verknad på friluftsliv.
Overordna arealføring	-	+1/-1	+1/-1	Ønska tiltak er vurdert til å vere delvis i samsvar med overordna arealføring, viss ein opnar for ei mindre fortetting av heilårs- og fritidsbustader i tilknyting til eksisterande bygningsmiljø. Negativt at ein opnar for nedbygging av delar av landbruksarealet i det aktuelle området.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etablert	-1	-1	Gamal gardsveg strekk seg gjennom aktuelt område for bustader. Elles er det traktorveg ned til naust. Vil vere behov for utbetring av vegsystem, særleg ved etablering av hyttefelt. Her er i dag privat VA-løysing. Kapasitet er ukjent.
Transportbehov	Bil	-1	-1	Avstand til tenestefunksjonar i Bremanger. Det vil vere behov for bruk av transportmiddel til og frå område.
Folkehelse	-	0	0	Ønska tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Ingen vesentleg verknad, men tilrettelegging av bustader kan føre til tilflytting av barnefamiliar.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred		x	Tiltaksområde ligg utanfor faresone for skred (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger	

			kommune, NVE-rapport 28/2017, og faresonekart).	
Flaum		x	Mindre elveløp følgjer gbnr. 72/5 si austlege grense. Ikkje kjennskap til at det har vore flaum i tilknyting til elva.	
Klima-sårbarheit-	x		Ingen kjende tema utover periodevis med sterk vind og styrtregn. Her er større flater og gode avrenningsmoglegheiter ved styrtregn.	Ikkje vurdert behov for å sette kra om særlege tiltak.
Trafikk-tryggleik		x	Det er liten trafikk på kommunal veg.	Framtidige tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på trafikktryggleik.
Ureining		x	Ikkje registrert ureining (Miljøstatus Norge).	Nye tiltak er vurdert til å ikkje endre risikoen for framtidig ureining.
Digital kommunika-sjon		x	God DAB- og 4G-dekning (Radio.no og Telenor sitt dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko			Ønska tiltak vil ikkje ha verknad på ulukkesrisikoen i område. Brannutrykking frå Hauge, ca 22 km og 25 minutt køyretid frå Hauge brannstasjon i Struen med tankbil. Lokalt depot i Berle med utstyr for tilrettelegging for sløkking.	Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt for spreidde bustader/ fritidsbustader. Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt slukkeanlegg ved utbygging.


Samandrag

Innspelet frå Berle grendalag omfatta eit ønskje om areal der det tillatast spreidd utbygging av fritids- og heilårsbustader. Kommunen har teke utgangspunkt i innspelt eigedom (sjå bilete under konklusjon), men òg sett mot tilgrensande eigedomar (72/27 og 1). Desse areala er utanfor reell skredfare (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger kommune, NVE-rapport 28/2017, og faresonekart).

Utbygging i tilknyting til eksisterande gardstun på gbnr. 72/5 og 72/1 vil oppretthalde etablert utbyggingsstruktur, og ligge i tilknyting til eldre gardsveg - som strekk seg frå gbnr. 72/5 til 72/1.

Det er uheldig å opne for utbygging på dyrka jord innanfor definert kjerneområde for landbruk. Berle-bygda er fråflyttingstrua, og det er få bruk med aktiv landbruksdrift. Auka busetnad kan vere med å stimulere til tilflytting og at nye generasjonar kan vurdere å flytte til og få landbruksjord i drift att.

Konklusjon



Det blir opna for utbygging i tilknyting til eksisterande busetnad. I føresegner er det opna for inntil 3 nye fritids- eller heilårsbustader. Det er òg sett krav om løysing for sanitært avløpsvatn skal føreligge ved framtidig byggesøknader, samt vurdering av VA-kapasitet. Utbygging føre til omdisponering av om lag 4 daa landbruksjord til utbyggingsareal. Tomtar skal vere maks 1 daa, og plasserast utanfor eller i ytterkant av dyrka jord. Bygningar skal tilpassast gardstuna i byggjestil.

Området er på om lag 7,9 daa og er lagt inn i arealdelen som noverande LNFR-areal for spreidd bustad- og fritidsbusetnad, feltkode LS13 (SOSI-kode 5200).




Hus til venstre ligg innanfor gbnr. 72/25 og gult hus til høgre er del av gbnr. 72/5. Arealdelen opnar for fortetting av bustader og fritidsbustader langs eldre gardsveg som strekk seg mellom desse to bygga, samt vidare mot gbnr. 72/1 – som ligg til venstre for hus på gbnr. 72/25. (Foto Nordplan/v M-B.D. Bakke 04.03.19).

Føremålet er teke ut av planen etter 3. gongs offentleg høyring, for å redusere tap av landbruksareal, jf. motsegn frå Statsforvaltaren.

3.5.5 Frå næring til fritidsbustad, Lisete ved Berlepollen, del av gbnr. 69/13, BFR14



Innspel omfattar eksisterande bygg innanfor eigedom markert med blå linje, del av gbnr. 69/13 (flyfoto henta frå Fylkesatlas).

Formål/bruk i dag	Kai, parkering og bygning som ikkje er i bruk.	
Planstatus	Ikkje del av reguleringsplan. Eldre KPA (2004): Anna byggjeområde	
Forslag til ny arealbruk	Fritidsbustad	
Arealstorleik	Om lag 2,6 daa	
Forslagsstillar	Kari Liseth	
Skildring	Eigedomen ligg sør for FV 575 (Berle) og det er oppført eit større eldre bygg som tidlegare har vore nytta til næring. Her er i tillegg vegareal og kai, samt tilhøyrande parkeringsareal. I nordaust grensar det aktuelle område til ein einebustad (gbnr. 69/14) og i sørvest til landbruksareal. Ifølgje innsendar har bygninga sidan 1950 vore nytta til fiskeri. Frå 1980 til 1992 vart området nytta til akvakulturanlegg. I dag er ikkje bygg og kai i aktivt bruk, og forfall har starta. Forslagsstillar vurdera ikkje fiskeri og akvakultur som aktuell framtidig næringsaktivitet.	

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	0	0	0	Eigedomen er delvis dekka av lauvskog, elles bygd areal (arealressurskart AR5,

				Fylkesatlas). Ikkje del av kjerneområde for landbruk (kommunen).
Landskap	2	0	0	Landskapstype Fjordbotnar (LT21-04). Del av eit (representativ) førekommande landskap, men likevel registrert i kategorien for stor regional verdi i kartlaget for «Landskapsverdi – lokalt nivå» (Fylkesatlas). Området er i dag bygd ut og difor vurdert til å ha ein middels landskapsverdi. Tiltak vil ikkje gje verknad for landskap.
Naturmangfald	0	0	0	Ikkje registrert truga, prioriterte eller freda arta i det aktuelle område. Heller ikkje del av verna område eller viktige naturtypar (Miljøstatus Norge). Arealet er i dag bygd ut.
Strandsone 	1	0	0	Aktuelt bygg ligg i strandsone og er delvis registrert som potensielt tilgjengeleg sone (SSB). Endring frå næring til bustad vil kunne føre til ei auka privatisering av strandsone, men omfang og konsekvens er sett til 0 då dette i dag er eit område som er nedbygd og ligg avsides.
Vassmiljø	-	0	0	Udefinert økologisk tilstand i Berlepollen, men står kommentert at det har tidlegare vore dårleg tilstand (Vann-nett.no). Aktuelt tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på vassmiljøet i Berlepollen. Truleg betre å endre bruken frå næring til fritid.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte verna/freda bygg eller lokalitetar for kulturmiljø eller arkeologiske funn på aktuelt område eller på tilgrensande areal (Fylkesatlas).
Mineralressursar	0	0	0	Ingen grus og pukkførekomst. Elles er område registrert med bergarten kvartsdioritt (NGU). Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette område.
Friluftsliv	1	0	0	Ikkje del av lokalt eller regionalt viktige friluftsområde. (Fylkesatlas). Ikkje kjennskap til at området er nytta til friluftsliv eller rekreasjonsområde. Framstår i dag som eit privat og lite

				tilgjengeleg område når ein kjem frå hovudvegen.
Overordna arealføring	-	-	-	Endring av eit enkelt bygg frå næring til fritid har ikkje verknad på overordna arealføring knytt til etablering av fritidsbustader.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Delvis etablert	+1	+1	Det er etablert tilkomstveg og avkøyrsel til område, men desse må utbetrast. Eksisterande kaianlegg må òg betrast. Verknad er sett til positiv, då dette er eit anlegg som i dag står til forfall. Endra bruk vil kunne føre til auka verdi og dermed betre ivaretaking og utbetring av eksisterande kaiareal. Det er i dag privat VA-anlegg.
Transportbehov	Båt og bil	-1	-1	Avstand til tenestefunksjonar på Bremangerlandet. Det vil vere behov for bruk av transportmiddel til og frå området.
Folkehelse	-	0	0	Tiltak vil ikkje ha verknad på folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	0	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 		x	Tiltaksområde er del av reell skredfarevurdering for Bremanger. Skredfarevurderinga vise at aktuelt område ligg utanfor sone for skred (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger kommune, NVE-rapport 28/2017, og faresonekart). Området er innanfor marin grense.	Området ligg innanfor marin grense, men er i dag utbygd og eksisterande bygg står på det som framstår som støypt grunn. Det er berg i dagen i bakkant av bygget. Må følgast opp med krav om stabilitetsvurdering ved byggesøknad.

Flaum		x	Eigedomen ligg ikkje innanfor flaumsone i tilknyting elv- eller bekkeløp (NVE).	
Klima-sårbarheit-	x		Vi har ikkje kjennskap til at området i dag har problem knytt til overflatevatn. Det ligg ved sjø og må difor vise omsyn til stormflo og havnivåendring.	Tiltak må vise omsyn til stormflo og havnivåendring.
Trafikk-tryggleik		x	Det er liten trafikk på kommunal veg. Framtidige tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på trafikktryggleik.	Avkøyrsel bør utbetrast.
Ureining		x	Ikkje registrert ureining (Miljøstatus Norge).	Nye tiltak er vurdert til å ikkje endre risikoen for framtidig ureining.
Digital kommunika-sjon		x	God DAB- og 4G-dekning (Radio.no og Telenor sitt dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko 			Ønska tiltak vil ikkje ha verknad på ulukkesrisikoen i område. Ved endring til fritidsbruk, vil det vere behov for utbetring av kaianlegg og uteareal. Dette kan vere positivt for ulukkesrikoen, då delar av kai i dag framstår som utrygg å ferdast på (sjå bilete til venstre og under «Samla vurdering» – vise del av kai som følgjer bygningsfronten). Brannutrykking frå Hauge, ca 22 km og 25 minutt køyretid frå Hauge brannstasjon i Struen med tankbil. Lokalt depot i Berle som kan tilrettelegge for sløkking.	Innsatstid er vurdert som akseptabel. Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt slukkeanlegg ved utbygging.

Samandrag




Eksisterande tiltak står i dag til forfall og eigar har ikkje planar om å drive med næring. Det har heller ikkje komme innspel til arealdelen om behov for næringsareal i Berle.

Eigedomen ligg ved sjøen, eit område med spreidd busetnad. Endring frå næring til fritidsbustad vil kunne føre til at arealet får eit meir privatisert preg, men under

synfaring vart det stadfesta at arealet i dag er allereie lite tilgjengeleg/synleg frå hovudvegen og det er vurdert som lite attraktivt område for ålmenta.

Konklusjon



Eigedom gbnr. 69/13 er lagt inn i arealdelen som framtidig fritidsbustad (SOSI-kode 1120), feltkode BFR14. Området er på om lag 1,8 daa. Føresegner opnar for at det kan etablerast inntil 3 bueiningar innanfor eksisterande bygningsmasse. Det er i føresegnene sett krav betring av avkøyrsel før det blir gjeve bruksløyve til fritidsbustader.

Det må søkast om byggeløyve for endring av bygningane. Utbygging vil ikkje føre til tap av jordbruksareal.

3.5.6 Berle, LNF med spreidde fritidsbustader gbnr. 72/1, 16, 19 og 44, LSF53 og BAB179. Revidert etter 2.gongs offentleg ettersyn



Flyfoto frå området.

Formål/bruk i dag	Garden har dyrka mark 35,1 daa, innmarksbeite 23 daa. Ikkje i drift per i dag.	 Rosa/blått/grønt=hytter. Raud=parkering, slipp
Planstatus	LNF-område i KPA 2004.	
Forslag til ny arealbruk	Hyttetomtar og småbåthamn	
Arealstorleik	Ca 50 daa	
Forslagsstillar	Glitne Eigedom AS	
Skildring	Det vurderte området ligg like innanfor Vågen, på vestsida av Berlepollen. Det er del av eit landbruksområde. Det er del av eit større landbruksområde i Berle. Terrenget er ope og eksponert kulturlandskap. Det er ønskje om å utvikle eigedomen til hyttebyggnad med høve til sjøretta friluftsliv.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	2	-2	-2	Opprinneleg vurdert området har 24,2 daa fulldyrka areal, 11,1 overflatedyrka jord og 9,1 daa innmarksbeite og 57 daa produktiv skog. Resten av arealet er open, jorddekt fastmark. Jordbruksarealet er ikkje i drift, og er prega av attgroing. Området er endra etter 2.gongs offentleg høyring, for å betre samsvare med nasjonal jordvernstrategi. Byggjeområde for naust vil medføre omdisponering av om lag 900 m2 dyrka jord, medan område for spreidde hytter, LSF53, omfattar ca 8 daa overflatedyrka jord og ca 10 daa innmarksbeite. Med opning for 3 fritidsbustadtomtar, som igjen er avgrensa til 1 daa storleik, vil tapet av landbruksjord bli om lag 3 daa med tillegg for eventuell veg og infrastruktur. Deler av det overflatedyrka arealet er bratt og kan vere vanskeleg å hauste med moderne utstyr. Jordlova er gjeldande og ein skal unngå nedbygging av dyrka jord til veganlegg og fritidsbustader. Området ligg innanfor kjerneområde for landbruk. Areal for spreidde

				fritidsbustader nedanfor kommunal veg vert forkasta, då det vil medføre oppstykking av eit større, lett drivbart, dyrka areal, og omdisponering vil vere uheldig av jordvernomsyn sjølv om arealet pr i dag ikkje er i drift.
Landskap	2	-2	-2	Tiltaksområdet ligg i Berlepollen, som er karakterisert som «Fjordbotn», og som har stor regional verdi (verdi B), jf. fylkesatlas. Området er avgrensa mot sjølve neset. Landskapet er ope, men med god plassering og utforming av tomtar og fritidsbustader unngår ein at dei vert eksponert i landskapet. Eit avgrensa tal fritidsbustader i området vil ikkje ha verknader for landskapet, utover sjølve Berlepollen.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert viktige eller utvalde naturtypar eller sårbare artar, jf. naturbase/fylkesatlas.
Strandsone	2	-1	0	Ein stor del av tiltaksområdet ligg i innanfor 100 m-sona langs sjø, der det i dag er sjøtilknytt byggnad; to naust og ei ubebygd nausttomt. Delen av tiltaksområdet som ligg lengst frå sjøen, knyter seg til eksisterande busetnad, gardstun. Det var forslag om å nytte arealet heilt til strandsona, til utbyggjing av hytter. I tillegg er det planlagt parkering og slipp i nordaustre hjørne av området. Utanom nausta er ikkje strandsona innanfor tiltaksomådet eller ikring, prega av inngrep. Sjøområdet utanfor, er grunt. I fylgje dei statlege planretningslinene for differensiert strandsoneforvaltning bør areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling prioriterast framfor fritidsbustadar i område med mindre press på areala (sone 3). Etter 2.gongs offentleg høyring vert område for spreidde fritidsbustadar nedanfor kommunal veg fjerna, då plassering av hytter her vil avvike frå bygnadsstrukturen i området og delvis vil ligge innanfor den funksjonelle strandsona. Det er såleis naustområdet som vil ha størst

				verknad på strandsone, og dette er i dag utbygt med to naust, i tillegg til ein frådelt nausttomt. Bygging av tre nye naust i tilknyting til eksisterande og på frådelt nausttomt, og etablering av ein slipp er vurdert å ikkje ha privatiserande verknad. For tradisjonelle naust vert det stø i forkant, med høve til ferdsel i strandkanten og der naturleg fjære i stor grad kan oppretthaldast.
Vassmiljø	1	0	0	Det er ingen elvar/bekkar i området. Vassførekomsten Berlepollen er registrert med god økologisk tilstand, jf. vann-nett.no. Avløp må oppfylle gjeldande reinsekrav, og tiltaket vil då ikkje påverke vassførekomsten i særleg grad.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø, jf. fylkesatlas. Området kan ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminne.
Mineralressursar	1	0	0	-
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registreringar. Tursti til Berledalen tek til sørvest for tiltaksområdet, men vil ikkje bli påverka av evt tiltak. Den vil truleg få større bruk.
Overordna arealføring	2	-1	0	Overordna arealføringar for fritidsbustader: Hovudvekta av framtidige fritidsbustader skal leggjast i hyttefelt og i tilknyting til etablert infrastruktur
Teknisk infrastruktur	1	-1	-1	Det er ikkje offentleg vatn eller avløp i området. Må etablerast privat anlegg. På nordside veg er tilkomst planlagt via gbn 72/3.
Transportbehov	1	-1	-1	Ingen sentrumsfunksjonar i gangavstand.
Folkehelse	1	0	0	Ingen verknader for folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Lite eller ingen innverknad for denne gruppa.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				

HENDING	Potensiell fare		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skredfare  nve.no, blått er aktsemdssone marin leire	X		Området er ikkje utsett for snø- eller steinskredfare, og er jfr NVE sine faresonekart, i tryggleiksklasse S3. Byggjeområdet ved sjøen ligg under marin grense, og er omfatta av aktsemdssone kvikkleire. I fylgje lausmassekart (Nasjonal løsmassedatabase, NGU) er grunnen breelvavsetning i dette området.	Trygg byggjegrunn må avklarast før bygging av naust i område BAB179.
Flaum		X	Området er ikkje flaumutsett. Det er ei mindre elv ca 130 m nord for tiltaksområdet, og ei større elv, Storelva, knapt 200 m sør for området.	
Klima-sårbarheit	X			Overflatevatn må ivaretakast.
Trafikk-tryggleik		X		
Ureining		X		
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Hauge brannstasjon med om lag 30 min køyretid. Førebuande innsats frå Berle depot, cirka 500 m unna. Ein kjenner ikkje til særlege risikofaktorar i området.	

Samla vurdering

Forslagsstillar viser i planinitiativet til at jorda ikkje er driven, at det er delt frå ei tomt i strandsona, og at det alt ligg inne eit belte LS13 i planframlegget, der det opnar for spreidde bustader og fritidsbustader. Ein ønskjer å tilretteleggje strandsona for auka aktivitet og tilgjenge for almenta.

Tiltaket vil vidare hjelpe til stadutvikling og auka attraktivitet, og dermed positiv folketalsutvikling, jfr forslagsstillar.

Tiltaket har negative konsekvensar for landskap, og er ikkje i samsvar med arealstrategien for fritidsbustader. Av omsyn til jordvern og strandsone vert det ikkje opna for fritidsbustadar nedanfor kommunal veg.
For området i bakkant av eksisterande landbruksbyggnad bør det kunne opnast for nokre få einingar, utan plankrav. Området ved nausta bør vere eige føremål i plan, og opne for tilkomst, slipp og nokre nye naust tilknytt hytteområdet.
Bygging av fritidsbustader i kommunen er eit viktig bidrag til å oppretthalde busetnad, arbeidsplasser og næringsliv i kommunen

Konklusjon

Området vert innarbeidd i plan med LNF for spreidde fritidsbustader, LSF53, ovanfor eksisterande gardstun. Det vert opna for tre einingar. Ved bygging i LSF53 skal det leggjast fram stituasjonsplan som viser vegtilkomst, vassforsyning, overvatn og,avlaup. Området med nausta blir avsett som BAB179. Det blir opna for 3 nye naust, utan plankrav.



Konklusjon. Areal ca 18 daa spreidde fritidsbustader utan plankrav, ovanfor gardstuna. Areal ca 2,5 daa for naust og slipp.


Føremålet er endra til byggjeområde næring/turisme, BFT26 etter 3.gongs offentleg ettersyn, for å unngå fritidsbustader på dyrka mark, jf. motsegn frå Statsforvaltaren.



3.5.7 Berleneset, Hestevika – LNF med spreidde fritidsbustader gbnr. 68/2 m.fl., LSF51



Flyfoto frå området.

Formål/bruk i dag	Utmark	
Planstatus	LNF-område med spreidde fritidsbustader – framtidig (SF30), i KPA 2004.	
Forslag til ny arealbruk	LNF-område med spreidde fritidsbustader	
Arealstorleik	Ca 27 daa	
Forslagsstillar	Vidareføring frå KPA2004, Janne Midtbø/Rune Eikeland	
Skildring	Vurdert område ligg ved Hestevik på Berleneset, vest for busetnaden på Lisete og aust for busetnaden i Hestevik. Føremålet var ikkje vidareført ved 1.gongs høyring av KPA, men blir konsekvensvurdert etter merknad frå grunneigarane.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Området har bonitet jorddekt fastmark, jf. AR5.
Landskap	2	-2	-2	Tiltaksområdet ligg i Berlepollen, som er karakterisert som «Fjordbotn», og som har stor regional verdi (verdi B), jf. fylkesatlas. Landskapet er ope, men eit avgrensa tal spreidde fritidsbustader vil ha små fjernverknader for landskapet, forutsett at det vert teke omsyn til terreng og landskap ved plassering og utforming av tomtar og infrastruktur.
Naturmangfald	1	-1	0	Ikkje registrert viktige eller utvalde naturtypar eller sårbare artar, jf. naturbase/fylkesatlas. Det kan vere naturverdiar som ikkje er kartlagde, og naturmangfald må ha fokus i detaljregulering
Strandsone	2	-1	0	Størstedelen av tiltaksområdet ligg i innanfor 100 m-sona langs sjø, men ovanfor kommunal veg. Den funksjonelle strandsona er vurdert å vere avgrensa av kommunal veg. Avstand til sjø er om lag 30 m frå sjøen på det næraste. Med unntak av veg og kraftline er strandsona utan inngrep. I fylgje dei statlege planretningslinene for differensiert strandsoneforvaltning bør areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling prioriterast framfor fritidsbustadar i område med mindre press på areala (sone 3).
Vassmiljø	1	0	0	Det er ingen elvar/bekkar i området. Vassførekomsten Berlepollen er registrert med god økologisk tilstand, jf. vann-nett.no. Avløp må oppfylle gjeldande reinsekrav, og tiltaket vil ikkje påverke vassførekomsten i særleg grad.
Kulturminne og kulturmiljø	2	-1	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø, jf. fylkesatlas. I samband med tidlegare igongsett reguleringsprosess for del av området vart området vurdert å ha stort

				potensiale for funn av automatisk freda kulturminne (Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 14.10.2002) . Det vart då sett krav om arkeologiske registreringar. Eventuelle funn må takast omsyn til gjennom detaljregulering..
Mineralressursar	1	0	0	-
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registreringar. Tursti til Hornelen går vest og nord for tiltaksområdet, men tiltaket vil ikkje påverke denne.
Overordna arealføring	2	-1	0	Overordna arealføringar for fritidsbustader: Hovudvekta av framtidige fritidsbustader skal leggjast i hyttefelt og i tilknyting til etablert infrastruktur
Teknisk infrastruktur	1	-1	-1	Det er ikkje offentleg vatn eller avløp i området. Må etablerast privat anlegg. Ny avkøyrsle frå kommunal veg.
Transportbehov	1	-1	-1	Ingen sentrumsfunksjonar i gangavstand.
Folkehelse	1	0	0	Ingen verknader for folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Lite eller ingen innverknad på denne gruppa.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred  www.fylkeatlas.no (aktsemdsområde stein- og snøskred, NGI, og marin grense).		X	Deler av tiltaksområdet er innanfor aktsemdsområde for stein- og snøskred (NGI aktsemdskart). Nedre del av området ligg under marin grense, og området er ikkje detaljkartlagt for mogleg marin leire (NGU kart «Mulighet for marin leire», MML). I fylgje lausmassekart (Nasjonal	Risiko for kvikkleire og reell skredfare må avklarast gjennom detaljregulering.

			løsmassedatabase, NGU) er grunnen morenemateriale, samanhengande dekke, stadvis med stor mektigheit.	
Flaum		X		
Klima-sårbarheit	X			Overflatevatn må ivaretakast i detaljregulering.
Trafikk-tryggleik		X		
Ureining		X		
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Hauge brannstasjon med om lag 30 min køyretid. Førebuande innsats frå Berle depot, om lag 10 min køyretid. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området.	

Samla vurdering

Tiltaket har negative konsekvensar for landskap, og er ikkje i samsvar med arealstrategien for fritidsbustader. I merknad skriv grunneigar av gbnr. 68/2 at «En plan gir muligheter for utvikling og dersom det ikke legges til rette for en småskala utbygging i en liten fraflyttingstruet bygd, er dette i beste fall en plan for nedleggelse av bygden. Slik vi ser det er den eneste muligheten for videre liv i bygda (og kommunen) at det kanskje er noen som ønsker å ha en fritidsbolig her». Området er relativt stort for 5 einingar, for å gje rom for best mulig landskapstilpassing, og må avgrensast gjennom detaljreguleringa.
Sidan det vert sett krav om detaljregulering, der både omsynet til kulturminne, naturmangfald og landskap skal ivaretakast vurderer kommunen at planføremålet kan vidareførast. Naturfare (kvikkleire, skredfare) må utgreiast gjennom detaljregulering.

Konklusjon

Området vert vidareført som LNF område for spreidde fritidsbustader, LSF51 (framtidig), med opning for inntil 5 einingar og plankrav før utbygging. Ved detaljregulering skal det lagast felles plan for tilkomst, vassforsyning, overvatn og avløp, og setjast krav til byggjegrense mot sjø. Eventuell førekomst av automatisk freda kulturminne skal undersøkast, og . God terreng- og landskapstilpassing skal vektleggjast ved plassering og utforming av fritidsbustader og infrastruktur.





Vidareført uendra frå KPA2004 (SF-30)

3.5.8 Berleneset, LNF med spreidde fritidsbustader gbnr. 73/6, LSF35



Flyfoto frå området.


Formål/bruk i dag	Utmark, delvis attgrodd innmark.	
Planstatus	LNF-område med spreidde fritidsbustader – framtidig (SF16) og LNF-område i KPA 2004.	
Forslag til ny arealbruk	LNF-område med spreidde fritidsbustader	
Arealstorleik	Ca 50 daa	
Forslagsstillar	Vidareføring frå KPA2004, Vidar Davidsen	

		 KPA 2004
Skildring	Vurdert område ligg heilt sør på Berleneset, ved enden av vegen. Planføremålet frå 2004 var vidareført og utvida i framlegget til 1.gongs høyring, og vert no konsekvensvurdert på grunn av utvidinga og endra retningsliner for strandsoneforvaltning. Det er tenkt opna for inntil 5 fritidsbustader i området.	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Området har om lag 1,5 daa overflatedyrka jord, 5 daa innmarsbeite og 11,5 daa skog. Resten av arealet er open, jorddekt fastmark. Jordbruksarealet er ikkje i drift, og er prega av attgroing.
Landskap	2	-1	-2	Tiltaksområdet ligg i Berlepollen, som er karakterisert som «Fjordbotn», og som har stor regional verdi (verdi B), jf. fylkesatlas. Området er avgrensa mot sjølve neset. Landskapet er ope, men med god plassering og utforming av tomtar og fritidsbustader unngår ein at dei vert eksponert i landskapet. Eit avgrensa tal fritidsbustader i området vil ikkje ha verknader for landskapet utover frå sjølve Berlepollen.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert viktige eller utvalde naturtypar eller sårbare artar, jf. naturbase/fylkesatlas. Det kan vere verdiar som ikkje er kartlagde, og nærare vurdering må gjerast gjennom detaljregulering.
Strandsone	2	-1/-2	0/-2	Størstedelen av tiltaksområdet ligg i innanfor 100 m-sona langs sjø, men på linje med busetnaden aust for tiltaksområdet. Avstand til sjø er om lag 30 m frå sjøen på det næraste. Med unntak av bustadhus og naust/sjøbu nord i tiltaksområdet og kraftlina, er strandsona utan inngrep. I fylgje dei

				statlege planretningslinene for differensiert strandsoneforvaltning bør areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling prioriterast framfor fritidsbustadar i område med mindre press på areala (sone 3). Byggjegrense mot sjø må vurderast gjennom detaljregulering, slik at strandsoneomsyna ikkje vert vesentleg tilsidesett. Forutsett at tomtar, fritidsbustader og infrastruktur vert plassert og utforma med omsyn til landskap og strandsone vil ein unngå eksponering i landskapet som kan vere negativt for strandsoneomsyna.
Vassmiljø	1	0	0	Det er ingen elvar/bekkar i området. Vassførekomsten Berlepollen er registrert med god økologisk tilstand, jf. vann-nett.no. Avløp må oppfylle gjeldande reinsekrav, og tiltaket vil ikkje påverke vassførekomsten i særleg grad.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø, jf. fylkesatlas. Området kan ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Det vil truleg bli krav om arkeologiske registreringar i samband med detaljregulering eller tiltak i området.
Mineralressursar	1	0	0	-
Friluftsliv	1	0	0	Ingen registreringar. Tursti til Kletten nordaust for tiltaksområdet, men tiltaket vil ikkje påverke denne.
Overordna arealføring	2	-1	0	Overordna arealføringar for fritidsbustader: Hovudvekta av framtidige fritidsbustader skal leggjast i hyttefelt og i tilknyting til etablert infrastruktur
Teknisk infrastruktur	1	-1	-1	Det er ikkje offentleg vatn eller avløp i området. Må etablerast privat anlegg. Ny vegtilkomst må etablerast.
Transportbehov	1	-1	-1	Ingen sentrumsfunksjonar i gangavstand.
Folkehelse	1	0	0	Ingen verknader for folkehelse.

Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Lite eller ingen innverknad på denne gruppa.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred  www.fylkeatlas.no (aktsemdsområde stein- og snøskred, NGI, og marin grense).	X		Deler av tiltaksområdet er innanfor aktsemdsområde for stein- og snøskred (NGI aktsemdskart). Nedre del av området ligg under marin grense, og området er ikkje detaljkartlagt for mogleg marin leire (NGU kart «Mulighet for marin leire», MML). I fylgje lausmassekart (Nasjonal løsmassedatabase, NGU) er grunnen breelvavsetning.	Risiko for kvikkleire og reell skredfare må avklarast gjennom detaljregulering.
Flaum		X	Det går ein mindre bekk nord i tiltaksområdet. Grunneigar skriv at «bekken det er snakk om har to vannkilder. Det ene er naturlig tilsig av vann fra marka over på min eiendom. Dette er ubetydelige mengder. Den andre kilden er en følge av en betydelig dreneringsgrøft som naboen anla på sin eiendom på 1970-tallet og som drenerte overflatevann fra Berleneset 593 (gbnr.70/2) og over til min eiendom. Da ble vannføringen i bekken stor i regnværsperioder. Senere ble drenering stoppet på naboens grunn pga. uttørring av marka på naboens side. Vannet fra bekken går i	Byggjegrense mot bekken må avklarast gjennom detaljregulering.

			rør under veien og fritt ut på marka nedenfor veien. Her er det i dag ikke spor etter et bekkeleie noe som tyder på ubetydelige mengder vann kommer gjennom røret som drenerer vann fra bekkeleiet på oversiden av veien.»	
Klima-sårbarheit	X			Overflatevatn må ivaretakast i detaljregulering.
Trafikk-tryggleik		X		
Ureining		X		
Digital kommunika-sjon		X		
Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Hauge brannstasjon med om lag 30 min køyretid. Førebuande innsats frå Berle depot, om lag 10 min køyretid. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området.	


Samla vurdering


Tiltaket har negative konsekvensar for landskap, og er ikkje i samsvar med arealstrategien for fritidsbustader. Grunneigar av gbnr. 73/6 skriv i sin merknad at «Hele området det gjelder er gjenstand for gjengroing og en åpen plan sikrer fortløpende arbeid for å holde hele teigen åpen ifht fremtidig hyttebygging» .
Sidan det er krav om detaljregulering, der terreng-/landskapstilpassing og omsyn til strandsone skal ha særleg fokus, vurderer kommunen at planføremålet kan vidareførast.Naturfare (kvikkleire, skredfare) og eventuelle automatisk freda kulturminne må avklarast gjennom detaljregulering. Avsett område er stort for 5 einingar, men dette gjev rom for at ein gjennom detaljregulering kan finne beste plassering av infrastruktur og tomtar med omsyn til terreng/landskap og strandsone. Busetnaden på Berleneset er redusert i løpet av seinare tid, og attraktive fritidsbustader kan vere med å oppretthalde aktiviteten i grenda og hindre gjengroing av kulturlandskapet. Bygging av fritidsbustader i kommunen er eit viktig bidrag til å oppretthalde busetnad, arbeidsplasser og næringsliv i kommunen

Konklusjon

Området vert vidareført som LNF område for spreidde fritidsbustader – framtidig, LSF35 med opning for inntil 5 einingar og plankrav før utbygging. Ved detaljregulering skal det lagast felles plan for tilkomst, vassforsyning, overvatn og avløp. Byggjegrense mot sjø er minimum 50 m. Nærare

detaljert byggjegrense mot sjø, krav til plassering og storleik/utforming av fritidsbustader gjennom detaljregulering skal sikre at omsynet til landskap og strandsone vert ivareteke. .





Storleiken på området er avgrensa etter 3.gongs offentleg høyring, jf. utlippet til venstre over, for å imøtekomme motsegn frå Statsforvaltaren.


3.6 Rugsund/Leirgulen

3.6.1 Friluftsområde og aktivitetsbasert næring m.m. på Gloføk ved Skatestraumen, del av gbnr. 66/1 og 7, BFT12




Område som er vurdert er innanfor mørke blått omriss. Turkist felt omfattar areal som er innspelt til bygg og parkering. Vidare er det fremja ønske om etablering av bygg innanfor turkis firkant (flyfoto frå Fylkesatlas).

Formål/bruk i dag	Rasteplass og friluftsområde	
Planstatus	Del av reguleringsplan for Gloføykje RV 616, HP. 01 Langesi-Oldeide. Parsell Kolset-Klubben. Reguleringsendring	


	vart godkjent i 2006, men er ikkje gjeldande pga manglande kunngjering.	
Forslag til ny arealbruk	Turisme og aktivitetsbasert næring. Vidareføring av eksisterande tiltak.	
Arealstorleik	Ca. 23 daa	
Forslagsstillar	Bu og Fritid v/Jostein Eimhjellen	
Skildring	Aktuelt område ligg i ei vik sør for Hornelsvegen, vest for Kleivaneset. Her er det etablert rasteplass, samt eit naust og parkeringsplass i tilknyting friluftsområdet og rasteplassen. I vest, på gbnr. 66/1 er det ingen tiltak utover eit naust.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Kons e-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar 	+1	-1	-1	Lauvskog (ikkje produktiv) i store delar av gbnr. 66/7, elles innmarksbeite og open fastmark i området (arealressurskart AR5, Fylkesatlas). Ikkje del av kjerneområde for landbruk (kommunen). Ønska tiltaksområde vil føre til tap av om lag 5 daa beiteareal.
Landskap	3	-2	-2	Landskapstype Småfjord- og storsund (LT21-0). Landskapsverdien i kartlaget for lokalt og regionalt nivå er sett til stor regional verdi (Fylkesatlas). Bygg vert vurdert til å ha verknad for landskapet i område. Eventuelt bygg må ha låg høgde og trekkjast opp mot vegen for å redusere landskapsverknaden. Bygging ut mot neset skal unngåast.
Naturmangfald	1	-2	-1	Ikkje registrert truga, prioriterte eller freda arta i det aktuelle område. Heller ikkje del av verna område eller viktige naturtypar (Miljøstatus Norge). Tiltaket medfører ikkje inngrep i den næraste

				strandsona/fjæra, som er viktigaste for biologisk mangfald.
Strandsone	2	-2	-2	Ønska tiltaksområde ligg i 100-metersbeltet og strandsona er slak og tilgjengeleg. Funksjonell strandsone er vurdert å vere minst 30 m frå sjø. Detaljar for utforming og plassering av bygg må avklarast Bygningsmessige tiltak må avgrensast i dette område vil føre nedbygging av strandsone og kunne gje verknad for tilgrensande badeplass. Det skal ikkje tillatast fylling i vika, som er delvis dekka av sand.
Vassmiljø	-	0	0	Ingen tilgjengeleg data for Skatestraumen, men antatt god miljøtilstand (Vann-nett.no). Ønska tiltak vil truleg ikkje ha verknad på vassmiljøet i dette sjøområde.
Kulturminne og kulturmiljø 	1	0	0	Arkeologisk lokalitet registrert med vernetype FJE= fjernet. (Fylkesatlas) Opprinneleg funksjon var bustad og busetnad frå yngre steinalder. Vernestatus er fjerna. Funnet vart gjort i 1963 i samband med etablering av veganlegg i område. Konsekvens er sett til o grunna endra vernestatus.
Mineralressursar	0	0	0	Granodiorittisk båndet gneis. Ingen grus- og pukkførekomst (NGU). Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette område.
Friluftsliv	1	-1	-1	Ikkje del av lokalt eller regionalt viktige friluftsområde. (Fylkesatlas). Ligg lett tilgjengeleg frå fylkesvegen og det er parkering her i dag. Det er i tillegg etablert bade- og samlingsplass på austsida av ønska tiltaksområde. Tiltak vil ikkje føre til at område blir mindre tilgjengeleg etter utbygging, då det er planlagt publikumsretta aktivitet. Grøntarealet i nærleiken av badeplassen skal oppretthaldast, men ein vil få ein reduksjon av dagens frilufsareal.
Overordna arealføring	-	+1	+1	Kommunen ønskje å legge til rette for aktivetet som fremjar turisme.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Etablert	0	0	Bygd ut med parkeringsplassar, sitteplassar og toalett (vinterstengd).

				Det er ikkje offentleg vass- og avløpsanlegg i området. Det må dokumenterast tilfredsstillande vassforsyning og etablerast privat avløpsanlegg ved utbygging.
Transportbehov	Båt og bil	-1	-1	Ligg i avstand til tenestefunksjonar på Bremangerlandet. Det vil vere behov for bruk av transportmiddel til og frå område.
Folkehelse	-	0/-1	0/-1	Ingen vesentleg verknad, men kan få konsekvens for dagens bruk av badeplass/friluftsområde.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å ha vesentleg verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 			Tiltaksområde er del av reell skredfarevurdering for Bremanger. Skredfarevurderinga vise at aktuelt område ligg delvis innanfor utløpssone 5000 årsskred (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger kommune, NVE-rapport 28/2017, og faresonekart). Innanfor sikkerheitsklasse S3 omfattar byggverk der det normalt oppheld seg meir enn 25 personar. Ønska tiltak vil ikkje omfatte eit slikt bygg og vil vere i samsvar med sikkerheitsklasse S2.	Ønska plassering ligg utanfor skredsone. I tilrådd plassering etter gjennomført KU, vil delar av framtidig utbyggingsområde vere innanfor sone der det er nominell sannsynlegheit for 5000 årsskred.
Flaum			Ikkje kjennskap til fare for flaum knytt til elvar eller bekkeløp. Sjå vurdering nedanfor.	
Klima-sårbarheit-	x		Ønska tiltaksområde er utsett for framtidig havnivåendring og stormflo. Ingen andre kjende tema som er aktuelle knytt til klimasårbarheit, utover sterk vind	Må vise omsyn til havnivåstigning og stormflo.

			og styrtregn. Her er gode avrenningsmoglegheiter.	
Trafikk-tryggleik		x	Det er liten trafikk på Hornelvegen (ÅDT 400) og ikkje kjennskap til tidlegare trafikkulukker. Framtidige tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på trafikktryggleik.	For at framtidig tiltak ikkje skal kome i konflikt med badeplass, bør det bli etablert eigen avkøyrsel til bygg frå Hornelvegen.
Ureining		x	Ikkje registrert ureining (Miljøstatus Norge).	Nye tiltak er vurdert til å ikkje endre risikoen for framtidig ureining.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko			Ønska tiltak vil ikkje ha verknad på ulukkesrisikoen i område. Brannutrykking frå Hauge, ca 20 km og 25 minutt køyretid frå Hauge brannstasjon i Struen og ca 25 km og 25 minutt køyretid frå Svelgen brannstasjon.	Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt. Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt slukkeanlegg ved utbygging.

Samla vurdering

Kommunen vurderer det som positivt at ein ønskjer å legge til rette for turisme, men plassering og utforming av framtidig bygg må gjerast slik at ein unngår stor negativ verknad på landskap og strandsone. Ønska tiltak er vurdert til å ha størst verknad på friluftsliv (tap av grøntareal i tilknyting til bade- og samlingsplass), landbruk (tap av beiteareal) og nedbygging av strandsone.


Eksisterande situasjon knytt til bade- og rasteplass skal vidareførast. Utbyggingsareal bør trekkjast minimum 30 m vekk frå strandsona og minst 45 m opp frå det ytste neset. Landskap og strandsone må vektleggjast i detaljregulering. Tilrettelegging av området bør ha ein allmenn karakter.




Det er etablert rasteplass og badeplass i aust som blir vidareført i arealdelen (Foto Nordplan v/M-B.D. Bakke 04.03.19).

Konklusjon

Arealdelen opnar for framtidig utbyggingsareal på om lag 3,6 daa til fritids- og turistformål, vist med feltkode BFT12 (SOSI-kode 1170). Dette føre til omdisponering av om lag 3 daa jordbruksareal (registrert som innmarksbeite). Det vert sett krav om detaljregulering. Detaljreguleringa bør omfatte heile neset. Byggjegrense mot sjø vert sett til minimum 40 m.




Naustformålet som er vist i gjeldande reguleringsplan er vidareført. Ved etablering av framtidig bygg innanfor BFT12, skal ein inkludere BAB44 (naust) i detaljreguleringa. Det er sett krav om at det skal vere ein felles avkøyrsel til BAB44 og BFT12.

3.6.2 Næringsareal på Nygård ved Skatestraumen, gbnr. 65/5, BN20



Føreslått næringsareal. Foto teke frå avkøyrsel frå Hornelsvegen i retning mot sør (Foto Nordplan v/M-B.D. Bakke 04.03.19)

Formål/bruk i dag	Landbruksareal	
Planstatus	Ikkje regulert. Eldre KPA (2004): LNF	
Forslag til ny arealbruk	Næringsareal for verkstad/lager.	
Arealstorleik	Ca. 15,5 daa	
Forslagsstillar	Jarle Hauge	
Skildring	Tiltaksområde ligg på delar av 65/5, sør for Hornelsvegen, ved Kalveholmsundet. Her går ein privat traktorveg frå hovudvegen og ned mot sundet. Her er i dag etablert eit mindre bygg som er koplingsstasjon for Telenor (i dag nedlagt). Ein finn òg i området ruinar etter gardfjøs. Eit område i sørleg del av ønska tiltaksområde ber preg av at det har føregått sprenging av grunnfjell.	

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	1	-1	-1	Ikkje del av kjerneområde for landbruk (kommunen). Delvis innmarksbeite. Areal mot sjø er i hovudsak open fastmark (arealressurskart AR5, Fylkesatlas).
Landskap	3	-2	-2	Landskapstype Småfjord- og storsund (LT21-0). Landskapsverdien i kartlaget for lokalt og regionalt nivå er sett til stor regional verdi. (Fylkesatlas) Utbygging sør for Hornelsvegen framstår som spreidd og her er opne landbruksareal. Relativt flatt på delar av arealet, med ein del synlege berg i dagen. Det er gjort mindre inngrep i terrenget i form av vegbygging og sprenging/uttak av massar. Større bygningsmasse vil føre til endra landskap. Ønska tiltaksområde ligg i nærleiken av eit regulert bygg for montørbase på Nygård, nord for Hornelsvegen.
Naturmangfald 	1	-1	-1	Det går ein bekk/elv gjennom delar av område. Utbygging vil føre til nedbygging av store delar av det aktuelle arealet. Negativt for naturmangfaldet då arealet vil bli nedbygd, men ikkje er registrert truga, prioriterte eller freda arta i det aktuelle område. Heller ikkje del av verna område eller viktige naturtypar. (Miljøstatus Norge)
Strandsone	2	0/-2	0/-2	Stor del av ønska tiltaksområde ligg innanfor 100-metersbeltet (strekk seg om lag opp til sørleg bekkeløp). Denne delen er òg registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone med liten til stor helling på terrenget (høgdedrag mot sjøkant). (SSB). Tiltak i sørleg del av område, på høgdedraget, er vurdert til å gje negativ verknad på strandsona i form av

				nedbygging og privatisering. Utbygging nord for høgdedraget er vurdert til å ikkje ha verknad for strandsone.
Vassmiljø	-	0/-1	0/-1	Ingen tilgjengeleg data for Skatestraumen, men antatt god miljøtilstand (Vann-nett.no). Ønska tiltak må vise omsyn til avrenning mot sjø.
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	0	Ingen registrerte kulturminne eller – miljø. Her er heller ingen registrerte verna/arkeologiske lokalitetar. (Fylkesatlas)
Mineralressursar	0	0	0	Granodiorittisk båndet gneis. Ingen grus- og pukkførekomst (NGU). Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette område, utover eventuelt mindre uttak ved planering av areal.
Friluftsliv	1	0	0	Ikkje kjennskap til at område er nytta til friluftsliv. Ikkje del av lokalt eller regionalt viktige friluftsområde. (Fylkesatlas).
Overordna arealføring	-	+1	+1	Kommunen ønskjer å legge til rette for framtidige næringsareal.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Ikkje etablert	-1	-1	Det er ingen teknisk infrastruktur i område, utover ein traktorveg gjennom delar av aktuelt tiltaksområde. Tiltak vil føre til behov for utbygging av infrastruktur for å mellom anna sikre tilkomst. Det er ikkje offentleg vass- og avløpsanlegg i området. Det må dokumenterast tilfredsstillande vassforsyning og etablerast privat avløpsanlegg ved utbygging.
Transportbehov	Bil	-1	-1	Område ligg i avstand til teneste-funksjonar på Bremangerlandet og Rugsund/Leirgulen. Det vil vere behov for bruk av transportmiddel til og frå område.

Folkehelse	-	-	-	Kommunen har ikkje kjennskap til at det er planlagt verksemd som vil føre til forringing av folkehelse for innbyggjarar i nærområdet.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	0	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 	x		Tiltaksområde er del av reell skredfarevurdering for Bremanger. Skredfarevurderinga vise at aktuelt område ligg utanfor sone for skred (jf. Skredfarekartlegging i Bremanger kommune, NVE-rapport 28/2017, og faresonekart). Ønska tiltaksområde ligg innanfor marin grense.	Potensiell fare for kvikkleire må følgjast opp i framtidig detalj-reguleringsplan.
Flaum	x		Bekkeløp som går gjennom område. Ikkje registrert som aktsemdområde for flaum eller kva som er maksimal vass-standstigning (NVE).	Framtidig reguleringsplan må vurdere risiko og sårbarheit knytt til bekkeløp.
Klima-sårbarheit-	x		Fare for flaum langs bekk ved framtidig styrtregn. Tiltaksområde vil ligge på ei høgd over kote 4 og det vil ikkje vere fare havnivåendring eller stormflo.	Må vise omsyn til bekkeløp.
Trafikk-tryggleik		x	Det er lite trafikk på Hornelvegen (ÅDT 400) og ikkje kjennskap til tidlegare trafikkulukker. Framtidige tiltak er vurdert til å ikkje ha vesentleg verknad på trafikktryggleik, men dette må følgast nærare opp når ein veit kva type aktivitet som er ønska.	Forventa trafikk til og frå næringsområde må omtalast i ein framtidig reguleringsplan.
Ureining		x	Ikkje registrert ureining (Miljøstatus Norge). Det er på dette tidspunkt usikkert kva type næring ein ønskjer å etablere i område. Det bør vere krav om detaljregulering.	Framtidig reguleringsplan må vurdere risiko knytt til ureining frå framtidig næringsaktivitet. Det vil mellom anna vere viktig å vurdere støy,


				då det er bustader og fritidsbustader i nærleiken.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko			Usikkert kva type næring som vil komme i området. Brannutrykking frå Hauge, ca 20 km og 25 minutt køyretid frå Hauge brannstasjon i Struen og ca 25 km og 25 minutt køyretid frå Svelgen brannstasjon.	Framtidig reguleringsplan må omtale ulukkesrisiko knytt til ønska næringsaktivitet. Det bør ikkje etablerast næring med særskild risiko for brann. Innsatstid er vurdert som akseptabel. Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt slukkeanlegg ved utbygging.

Samandrag

Ønska tiltaksområde ligg ved Hornelsvegen - i eit område som er langt frå både Kalvåg og Svelgen. Det er på dette tidspunkt usikkert kva type aktivitet som er aktuelt og det vil difor vere naudsynt med ei nærare vurdering på reguleringsplannivå av verknader av framtidig næringsverksemd.

Området er sentralt plassert i kommunen, og kan vere aktuelt for plassering av gjenbruksstasjon.

Det vil i ein framtidig reguleringsplan mellom anna vere viktig å vise omsyn til nærliggande busetnad, ulukkesrisiko, landbruk, bekkeløp og strandsone.



gjenbruksstasjon innanfor føremålet.

Konklusjon

Arealdelen opnar for framtidig næringsareal på delar av gbnr. 65/5, vist med feltkode BN20 (SOSI-kode 1300). Området er på om lag 11,7 daa. Dette fører til omdisponering av om lag 6 daa jordbruksareal, hovudsakleg innmarksbeite. Ønska tiltaksområde er blitt avgrensa, med bakgrunn i omsyn til strandsone. Avgrensing mot Skatestraumen følgjer eit høgdedrag som i dag er dekka av skog.

Det er sett krav om at det skal bli utarbeidd detaljregulering. I framtidig plan er det behov for å avklare fare for kvikkleireskred, då området ligg innanfor marin grense. Føresegnene opnar for at det kan etablerast


3.6.3 Kommunalteknisk anlegg og næringsareal i Løkane ved Haukedalen, del av gbnr. 67/1, BAB46




Aktuelt tiltaksområde ligg på delar av gbnr. 67/1 (Foto Nordplan v/M-B.D. Bakke 04.03.19).

Formål/bruk i dag	Beiteområde/avslutta massedeponi
Planstatus	Deponi, med etterbruk overflate-dyrka jordbruksareal
Forslag til ny arealbruk	Kommunalteknisk anlegg/næringsareal
Arealstorleik	Ca. 15 daa
Forslagsstillar	Bremanger kommune




		
Skildring	Det er planlagt etablering av gjenbruksstasjon for avfall, felles for heile Bremanger kommune. Det kan også vere aktuelt å etablere omlastingsstasjon for slam. Bruken kan samordnast med annan næringsaktivitet.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Kons e-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar 	1	0	0	Området er registrert som open fastmark i arealressurskartet AR5.
Landskap	3	0	0	Landskapstype Småfjord- og storsund (LT21-0). Landskapsverdien i kartlaget for lokalt og regionalt nivå er sett til stor regional verdi (Fylkesatlas). Ønska tiltak vil ligge i eit område som det allereie har blitt gjort tiltak i (deponi). Kommunen vurderer omfanget som ubetydeleg for landskap.
Naturmangfald	0	0	0	Ingen registrerte truga artar eller viktige/verna naturtypar (Miljøstatus Norge).
Strandsone	0	0	0	Ønska tiltak vil ikkje ligge i potensielt tilgjengeleg strandsone, men på eit høgdedrag på oppsida av fylkesvegen.
Vassmiljø	1	0	0	Ingen tilgjengeleg data for Skatestraumen, men antatt god miljøtilstand (Vann-nett.no). Ønska tiltak ligg på ei høgd i god avstand frå sjø.
Kulturminne og kulturmiljø	3	0	0	Registrert automatisk freda kulturminne, busettingsspor frå steinalderen mellom anna sør for ønska tiltaksområde. Ønska tiltak er ikkje


				vurdert til å ha konsekvens for dette. Det aktuelle området er deponi av tunnelmasse frå bygginga av Bremangersambandet trinn 1 i 2002, og har ikkje potensiale for funn av kulturminne.
Mineralressursar	0	0	0	Granodiorittisk båndet gneis. Ingen grus- og pukkførekomst (NGU). Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette område.
Friluftsliv	3	0	0	Del av regionalt viktig friluftsområde. (Fylkesatlas). Med bakgrunn i at dette er eit avslutta deponiområde og ønska tiltak sitt arealbehov, er det vurdert til å ikkje ha verknad på friluftsliv.
Overordna arealføring	-	1	1	Kommunen ønskjer å legge til rette for næringsareal.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	Etablert	-1	0	Det er etablert vegtilkomst til aktuelt område, utvida bruk av avkøyrsle må godkjennast. Behov for enkel sanitærløysing og tilgang på vatn. Kan løysast med biologisk toalett og oppsamling av overflatevatn. Det må førast fram straum til området. Det er ikkje offentleg vass- og avløpsanlegg i området. Det må dokumenterast tilfredsstillande vassforsyning og avløpsanlegg ved utbygging dersom det skal bli tilrettelagt med sanitæranlegg.
Transportbehov	Bil	0	0	Sentral plassering av gjenbruksstasjon i kommunen vil redusere transportbehov for kommunen sett under eitt ved samlokalisering av gjenbruksstasjon.
Folkehelse	-	0	0	Tiltak vil ikkje ha verknad på folkehelse.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	0	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		

Skred 	x		Omfatta av aktsemdområde for jord- og flaumskred (NVE, skrednett).	Etablering av bygningstiltak vil føre til behov for avklaring av reell skredfare.
Flaum		x	Ikkje kjennskap til flaumfare.	
Klima-sårbarheit-		x	Område ligg hovudsakleg utsett til for vind og styrtregn. Ikkje kjennskap til problem knytt til overflatevatn, men her er gode avrenningsmoglegheiter.	
Trafikk-tryggleik		x	Det er liten trafikk på Hornelvegen (ÅDT 400) og ikkje kjennskap til tidlegare trafikkulukker. Framtidige tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på trafikktryggleik.	
Ureining		x	Ingen kjende ureiningskjelder i område i dag eller registrerte funn (Miljøstatus Norge).	Ved framtidig utbygging må ein sikre at anlegg ikkje vil føre til utslepp ved omlasting av slam.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko			Ønska tiltak vil ikkje ha verknad på ulukkesrisikoen i område. Brannutrykking frå Hauge, ca 25 km og 30 minutt køyretid frå Hauge brannstasjon i Struen og ca 20 km og 25 minutt køyretid frå Svelgen brannstasjon.	Innsatstid er vurdert som akseptabel. Det bør ikkje etablerast næring med særskild risiko for brann.

Samandrag

Gjenbruksstasjonen vil få sentral plassering i kommunen, med akseptable transportavstandar. Området ligg i god avstand frå busetnad og hytter, slik at eventuelle luktulemper frå aktiviteten vil vere små. Tiltaket har ikkje vesentlege negative konsekvensar, og vil ikkje medføra auka risiko. Gjenbruksstasjon for avfall skal ikkje medføre sigevatn eller anna ureining, og ved eventuell etablering av omlastingsstasjon for slam må eventuelt utslepp samlast opp og reinsast i samsvar med krava i forureiningslova med forskrifter.



Konklusjon

Området er lagt inn arealdelen med som framtidig areal for bygg og anlegg på om lag 15,2 daa, feltkode BAB46 (SOSI-kode 1500). Det er ikkje sett krav om reguleringsplan, men reell fare for jord- og flaumskred må avklarast ved etablering av framtidige bygningstiltak.


I føresegnene er det opna for at det kan etablerast kommunalteknisk anlegg i form av gjenbruksstasjon og omlasting av slam innanfor området. Då det er ikkje planlagt større utbygging i dette området, har kommunen valt å ikkje sette krav om detaljregulering. Dersom området skal nyttast til anna føremål enn nemnt her, skal det detaljregulerast før løyve til tiltak.

3.6.4 Næring/Kommunalteknisk anlegg i Bortnen, BN28







Foto av det aktuelle tunet, lokal veg til Bortnedalen i framgrunnen (Foto Nordplan v/Siri Gausemel, 04.03.19).

Formål/bruk i dag	Øvre del har vore nytta som riggområde i samband med arbeidet med Bortnetunellen, er no planert og tomt. Areala langs elva er fulldyrka jord	
Planstatus	Ikkje detaljregulert. KPA, LNF-område.	

	Tilkomst ligg innanfor detaljregulering Bortnen – Sørdalsvatnet frå 2009.	
Forslag til ny arealbruk	Næringsareal, eventuelt kommunalteknisk anlegg på parsell gbnr. 81/2.	
Arealstorleik	Om lag 7 daa	
Forslagsstillar	Bremanger kommune	
Skildring	Kommunen ser behov for at det finns tilgjengeleg næringsareal i tilknyting til Rugsund- og Svelgen-området. Det føreligg ikkje konkrete planar om utbygging. Plasseringa kan også vere aktuell for gjenbruksstasjon (kommunalteknisk anlegg)	

Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	2	-2	-2	Området langs elva ligg som fulldyrka jord i markslagskart (sjå utklipp til venstre) området er del av eit lita samanhengande flate, utvikling innanfor vurdert avgrensing vil medføre at denne vert omtrent halvert.
Landskap	1	-1	0	Ei eventuell utbygging kan ikkje kome for nær elva.
Naturmangfald	1	0	0	Ingen registreringar i vurdert område *(Fylkesatlas og https://www.miljostatus.no/kart/)*.
Strandsone	0	0	0	Ikkje relevant pga. plassering.

Vassmiljø	1	0	0	Ålfoten, økologisk tilstand:GOD. Tiltaket kan ha innverknad på vassforekomsten, avhengig av kva næring som vert etablert. *VannNett:*
Kulturminne og kulturmiljø 	1	0	0	Fleire av bygga i den aktuelle tunet er SEFRAK registrerte. Utvikling treng likevel ikkje åvere i konflikt med ei god forvaltning av desse bygga.
Mineralressursar	-	-	-	Ikkje relevant, ingen registreringar i *www.norgeskart.no/geoportal/*
Friluftsliv	1	-1	0	Generell friluftsinteresse knytt til elva, ikkje registrert særskilt viktig område. Ev. etablering må gjerast med omsyn til vassdraget.
Overordna arealføring	1	-1	0	*Ved vurdering av nye industriareal vil transportbehov, miljøomsyn som ureining og fjernverknad, samt nærleik til etablerte bustadområde vere viktige tema for KU.* Lokalisering gjer at området scorar litt negativt i forhold til transportbehov.
Teknisk infrastruktur	1	0	0	Stor avstand til etablert offentleg infrastruktur medfører at funksjonar som vatn og avløp må løysast internt i det aktuelle området. Dette kan vere kostnadskrevjande, og kan medføre arealinngrep også utanfor vurdert område i form av grøfter og anlegg. Nærleik til elva kan også vere utfordrande med tanke på å finne gode avløpsløysingar – særskilt fokus i planleggingsfasen.
Transportbehov 	1	0	0	Tilkomst via Fv616 Hornelsvegen og Ft573 Bortnedalen. Tilkomst er opparbeidd i samband med funksjon som riggområde, men framstår litt kronglete for tung trafikk.
Folkehelse	1	0	0	Lite/ingen verknad.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	0	0	Ingen kjende verknader for denne gruppa. Ikkje i konflikt med kjende område eller funksjonar som er spesielt tilrettelagt for barn.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	X		Det er utført skredfarevurdering for området (SWECO 2017).  Størstedelen av området er innanfor tryggleiksklasse S2 for skred. Området ligg under Marin grense og kan dermed potensielt ligg på lommer av kvikkleire. Det må vurderast nærare ved ev. vidare utbygging på land om dette er ei relevant problemstilling.	Fare for kvikkleire må vurderast nærare i framtidig detaljregulering.
Flaum	X		Heile det vurderte området kan vere utsett for overfløyming frå elva.  *https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet*	Ved evt. detaljplan må flaumfare vurderast nærare.
Klima-sårbarheit			Ingen kjende problemstillingar.	
Trafikk-tryggleik			Ingen kjende problemstillingar.	
Ureining		X	Ingen lokalitetar registrerte med ureiningsproblematikk i det vurderte området.	
Digital kommunika-sjon		X	Dekning for 4G, men ikkje DAB-dekning i området (Dekningskart. Telenor Radio.no)	


Beredskap og ulukkesrisiko		X	Brannutrykking vil skje frå Svelgen, 15 min køyring langs god veg med god regularitet. Ein kjenner ikkje til spesielle risikofaktorar i området.	

Samandrag

Av omsyn til flaumfare, landbruksinteresser og interesser knytt til elva må arealet avgrensast mot sør. Det vert også vist til kommunen si overordna føring: *Ved vurdering av nye industriareal vil transportbehov, miljøomsyn som ureining og fjernverknad, samt nærleik til etablerte bustadområde vere viktige tema for KU.* Lokaliseringa har ikkje nærleik til etablerte bustadområde, men kan vere eigna for type næring med få arbeidsplassar og for kommunalteknisk anlegg som gjenbruksstasjon.

Området er sentralt plassert i kommunen, med kort avstand til Kolset (om lag 9,5 km langs veg) som er eit knutepunkt for sørsida og Bremangerlandet og kort avstand til Svelgen (om lag 15 km).

Konklusjon




Framlegget er innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel som framtidig næringsbygg, feltkode BN28 (SOSI-kode 1300),med opning for gjenbruksstasjon, og med avgrensa areal mot elva. Storleiken på arealet vert om lag 2,8 daa. .


Flaumfare og fare for kvikkleire må vurderast nærare i framtidig detaljregulering.

3.6.5 Camping/turisme med sjøretta aktivitet på Nygård ved Skatestraumen, del av gbnr. 65/5 og 65/6, BFT23



Foto frå www.google.no/maps (2019)


Formål/bruk i dag	Gardsbruk, ute av drift. Ruin av sjøbu og naust, båtopptrekk.	
Planstatus	LNF-formål og sjø og vassdrag for allmenn fleirbruk i KPA frå 2004	
Forslag til ny arealbruk	Turisme – camping og utleigeeiningar, sjøretta aktivitet.	
Arealstorleik	Ca. 38 daa på land og ca 11 daa i sjø	
Forslagsstillar	Jarle Hauge / Ann-Lisbeth Hauge	
Skildring	Aktuelt område ligg i Skatestraumen, vest for Nygårdsneset og aust for Kalvholmsundet. Området ligg rett aust for foreslått næringsområde, BN20. Området er tenkt nytta til campingplass, utleigehytter og molo/anlegg for sjøretta aktivitet.	

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar 	1	-2	-1	Open fastmark, overflatedyrka jord/ dyrka jord og grunnlendt blandingsskog (arealressurskart AR5). Ikkje del av kjerneområde for landbruk (kommunen). Vil føre til tap av dyrka jord, i dårleg hevd.
Landskap	3	-2	-2	Landskapstype Småfjord- og storsund (LT21-0). Landskapsverdien i kartlaget for lokalt og regionalt nivå er sett til stor regional verdi (Fylkesatlas). Camping/bygg vert vurdert til å ha nærverknad for landskapet i område, men avgrensa fjernverknad. Molo kan ha fjernverknad.
Naturmangfald	1	-1	0	Ikkje registrert truga, prioriterte eller freda arta i det aktuelle område. Heller ikkje del av verna område eller viktige naturtypar (Miljøstatus Norge). Registrert større tareskogførekomst og skjellsandsområde i sjøområdet utanfor, men ikkje viktige marine naturtypar. Inngrep ved strandlina vil vere avgrensa, og biologisk mangfald i fjæra vil ikkje bli vesentleg påverka.
Strandsone	2	-2	-2	Størstedelen av tiltaksområdet ligg i innanfor 100- metersbeltet langs sjø, i eit område der det kun er mindre inngrep i fjæra frå før (sjøbu, naust, båtopptrekk).. Den funksjonelle strandsona er vurdert å vere avgrensa av høgdedraget langs sjøen, og platået bak står ikkje i funksjonell samanheng med svaberga i strandsona. Bygg og anlegg som ikkje må ligge ved sjøen må trekkjast minst 30 m tilbake frå sjø, for å komme inn på platået bak høgdedraget langs sjøen. Naust og evt molo må kunne plasserast i den næraste strandsona, elles må inngrep i strandsona avgrensast til det som er absolutt nødvendig.
Vassmiljø	1	0	0	Det går nokre opne kanalar/mindre bekkar gjennom tiltaksområdet. Det er i

				dag dyrka jord inntil kanalane, og lite kantvegetasjon. Ved planlegging av tiltak må vassvegar og kantvegetasjon ivaretakast. Ingen tilgjengeleg data for vassførekomsten Skatestraumen, men antatt god miljøtilstand (Vann-nett.no). Ønska tiltak vil ikkje ha verknad på vassmiljøet i dette sjøområde.
Kulturminne og kulturmiljø 	1	0	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, men området kan ha potensiale for slike funn. Om lag 100 m aust for tiltaksområdet ligg ein lokalitet (busetnad/aktivitetsområde jernalder) og lenger aust ligg fleire automatisk freda kulturminne (busetnad/aktivitetsområde frå yngre steinalder). Det bør ikkje opnast for større tiltak i nærleiken av dei automatisk freda kulturminna.
Mineralressursar	1	0	0	Granodiorittisk båndet gneis. Ingen grus- og pukkførekomst eller registrerte mineralressursar (NGU). Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette område.
Friluftsliv	1	-1	-1	Ikkje del av regionalt viktig eller kartlagt friluftsområde. Ikkje registrert lokal bruk.
Overordna arealføring	2	+2	+2	Kommunen ønskjer å legge til rette for nye etableringar/aktørar. Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d satsing på reiseliv og turisme skal vektleggjast ved tiltak i 100 m-beltet langs sjø.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	-	0	0	Ikkje etablert infrastruktur. Vassforsyning og avløpsløysing må avklarast gjennom detaljregulering.
Transportbehov	Båt og bil	-1	-1	Det vil vere behov for bruk av transportmiddel (båt/bil) til og frå området. Næraste servicetilbod er nærbutikk i Leirgulen (ca 7 km) og serviceverksemder i Bremangerbygda (20 km), Svelgen (25 km) og Kalvåg (30

				km). Båtstopp for ekspressbåten i Leirgulen.
Folkehelse	-	0	0	Ingen verknad.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å ha vesentleg verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 			Skredfaresonekart (NVE) vise at aktuelt område ligg i sone S3, og tryggleiken for skred er tilfredsstillande jf. TEK17. Området ligg under marin grense, men store deler av området er fjell i dagen, og det er ikkje registrert marine avsetningar (Nasjonal løsmassedatabase, NGU).	Trygg byggjegrunn må avklarast gjennom detaljregulering.
Flaum			Ikkje kjennskap til fare for flaum knytt til elvar eller bekkeløp.	Kanalar/bekkeløp og overvatn må ivaretakast.
Klima-sårbarheit-	x		Kun nedste del av tiltaksområde er utsett for framtidig havnivåendring og stormflo. Ingen andre kjende tema som er aktuelle knytt til klimasårbarheit, utover sterk vind og styrtregn. Her er gode avrenningsmoglegheiter.	Må vise omsyn til havnivåstigning og stormflo ved vurdering av høgde på molo og eventuelle bygg i den næraste strandsona.
Trafikk-tryggleik		x	Det er liten trafikk på Hornelvegen (ÅDT 400) og ikkje kjennskap til tidlegare trafikkulukker. Framtidige tiltak er vurdert til å ikkje ha verknad på trafikktryggleik.	
Ureining		x	Ikkje registrert ureining (Miljøstatus Norge), eller kjend potensiell ureining.	Nye tiltak er vurdert til å ikkje endre risikoen for framtidig ureining.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	

Beredskap og ulukkesrisiko			Ønska tiltak vil ikkje ha verknad på ulukkesrisikoen i område. Brannutrykking frå Hauge, ca 20 km og 25 minutt køyretid frå Hauge brannstasjon i Struen og ca 25 km og 25 minutt køyretid frå Svelgen brannstasjon.	Innsatstid mindre enn 30 min er vurdert som akseptabelt. Brannvesenet vil ikkje rekke fram og berge personar inne i bygg dersom det skulle oppstå brann. Tiltakshavar må vurdere tiltak som god brannvarsling og eventuelt slukkeanlegg ved utbygging.

Samla vurdering

Kommunen vurderer det som positivt at ein ønskjer å legge til rette for turisme, og tilrettelegging for camping vil ikkje ha større verknader for landskapet. Plassering av framtidige bygg må gjerast slik at ein unngår stor negativ verknad på landskap og strandsone. Tiltak er vurdert til å ha størst negativ verknad på landbruk (tap av dyrka jord), landskap og strandsone. Ein forutset at det kun er anlegg for sjøretta aktivitet som skal etablerast i den nære strandsona og at camping og bygg for utleige vert trekt minst 30 m frå sjø, dvs. i bakkant av høgdedraget langs sjøen. Det er plasseringa, med nærleik til sjø og høve til sjøretta aktivitet og det flotte landskapet/utsikta som gjer området attraktivt for camping/turisme, og alternative plasseringar utanfor 100 m-sona er ikkje aktuelle. I samband med kommunen si satsing på Hornelen Via ferrata er det behov for auka overnattingskapasitet. Området har kort avstand frå Hornskor, der topografi, skredfare og kulturminne gjer det vanskeleg å plassere eit campinganlegg.

Konklusjon

Arealdelen opnar for framtidig utbyggingsareal til turistformål (BFT23) og sjøretta aktivitet på det ønska tiltaksområdet. Det vert sett krav om detaljreguleringsplan. Campingplass og bygg for utleige skal trekkjast minimum 30 m frå sjø, og terrenginngrep i sjø og den nære strandsona skal avgrensast. Bygg skal tilpassast landskap og terreng.






Føremålet er avgrensa mot sjø etter 3.gongs offentleg høyring, jf. motsegn frå Statsforvaltaren, og føremålsgrense samsvarar no med byggjegrense mot sjø.

3.6.6 Busta – Akvakultur, VA13. Endra etter 2. gongs høyring



Flyfoto frå 2015, med innteikna tiltaksområde.

Formål/bruk i dag	Sjøområde, fjære
Planstatus	Akvakultur (AK), framtidig, i KPA frå 2004
Forslag til ny arealbruk	Akvakultur
Arealstorleik	Ca. 700 daa
Forslagsstillar	Gadus Group/ Sjømat-staden AS Motsegn frå Kystverket, ved 2. gongs ettersyn







KPA 2004

Skildring	Aktuelt område ligg ved Busta, mellom Elde og Otteren. Akvakulturføremålet må avgrensast, då det kjem i konflikt med skipsleia . Området vil omfatte fortøyingar ned til 25 m djupne. Det er god djupne i tiltaksområdet, ned til 400 m

	djup. Andre akvakulturanlegg i området er Grunneneset ca 3 km mot vest og Endal Vest ca 2,5 km mot søraust, begge med konsesjon for laks. Det har tidlegare vore gjeve konsesjon for to lokalitetar, ein midt i området (Busta) og ein i aust (Otteren). Begge desse er sletta/trekte.

Tema	Verdi	Om-fang	Kons e-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	-			
Landskap	2	-1	0	Ytre del av Nordfjorden er klassifisert som landskapstype Breide fjordar (LT21-8), Nordfjorden, jf. «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke», Rapport 07-2009. Landskapsverdien for denne landskapstypen er sett til «Representative/vanleg førekommande landskap» (verdi C) i kartlaget for lokal og regional landskapsverdi (Fylkesatlas). Akvakulturanlegg vil få nær- og fjernverknad for landskapet i området, men ikkje redusere verdien i vesentleg grad.
Naturmangfald	1	0	0	Ikkje registrert truga artar eller viktige marine naturtypar i det aktuelle område. (Miljøstatus Norge). Lenger vest i fjorden (om lag 3 km) er det gytefelt for torsk, Rugsundøya N, registrert som lokalt viktig, jf. fylkesatlas. Del av Nordfjorden m.a frå Hamnneset til Nordfjordeid er definert som nasjonal laksefjord (om lag 17 km aust for tiltaket).
Strandsone	1	0	0	Tiltaksområdet ligg i sjø. Fylkesvegen går langs fjæra i dette området, og strandsona er prega av vegfylling/tekniske inngrep. Tiltaket vil ikkje beslaglegge ytterlegare strandsone.
Vassmiljø	1	-1	0	Sjøområdet er del av vassførekomsten Nordfjord-ytre med antatt god miljøtilstand (Vann-nett.no). Samla påverknad på vassførekomsten vil auke ved etablering av nytt akvakulturanlegg, men det er sett krav til undersøkingar og tiltak for å fylgje med på tilstanden for

				nye akvakulturlokalitetar. Det er ikkje noko som tyder på at utslepp frå produksjon vil endre vassførekomsten sin miljøtilstand eller at miljømåla etter vassforskrifta ikkje vert oppfylt.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ved Elde, heilt vest i tiltaksområdet, er det registrert eit automatisk freda kulturminne på land, gravrøys frå bronsealder/jernalder (Fetts fk.nr. 3 Gravminne), jf. kulturminnesøk (www.kulturminnesok.no).
Mineralressursar	1	0	0	Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette område.
Friluftsliv	1	-1	0	Ikkje del av regionalt viktig eller kartlagt friluftsområde, og ikkje registrert lokal bruk. Anlegg må plasserast slik at det vert råd å ferdast langs land med småbåt. Bryggja sjøområde, på motsett side av fjorden, er registrert som viktig friluftsområde i Stad kommune (jf. fylkesatlas). Området frå Kalvneset til Holmane i Stad kommune er registrert som regionalt viktig friluftsområde i Fylkesdelplan for friluftsliv (Fylkesatlas). Tiltaket vil kun ha visuell verknad for bruken av friluftsområdet.
Overordna arealføring	2	+1	0	Kommunen har ikkje ein spesifikk strategi for akvakultur, men generelt ynskjer kommunen å legge til rette for at etablerte aktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Auka sjømatproduksjon er positivt ut frå berekraftsperspektiv.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	-	0	0	Fv 616 går langs sjøen ved tiltaksområdet.
Transportbehov	-	-1	-1	Anlegg vil krevje tilkomst med båt eller bil.
Folkehelse	-	0	0	Ingen verknad.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å ha vesentleg verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	X		I fylgje aktsemdskart for jord- og flaumskred (NVE) og aktsemdskart for stein- og snøskred (NGI) er det potensiell skredfare i området. Det er utført skredfarevurdering i vestre del av tiltaksområdet (Elde), og reell skredfare (sannsyn >1/1000) er avgrensa mot sjøarealet. 	Tilfredsstillande tryggleik mot skred må avklarast gjennom evt. konsesjonssøknad for akvakultur og byggjesøknader for tiltak på land.
Flaum		-	Ikkje relevant. Anlegget ligg i sjø	
Klima-sårbarheit-	x		Anlegg må tilpassast for framtidig havnivåendring og stormflo. Ingen andre kjende tema som er aktuelle knytt til klimasårbarheit, utover sterk vind og styrtregn.	
Trafikk-tryggleik på land og sjø 		x	Tilkomst til anlegget vil skje via båt, og anlegget vil ikkje påverke trafikk-tryggleiken på fylkesvegen. Området er avgrensa slik at det ikkje skal vere risiko i høve skipstrafikken som passerer tett forbi Otteren. Illustrasjon til venstre syner registrert skipstrafikk som blå og gule striper (Kystinfo)	
Ureining		x	Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utslepp til vatn er rekna som største potensielle forureiningsfare. Verksemda pliktar å nytte beste tilgjengelege teknologi for å redusere alle sine utslepp, og fylgje krav i regelverket for å hindre ureining.	Det er lang avstand til busette og andre som kan bli sjenert av støy og lys. Tiltak må ha løyve etter ureiningslova, og sektor-styresmakta vurderer kva som er forsvarleg å tillate av utslepp og set

				krav til oppfølging etc.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Mest aktuelle ulukkesscenario vil vere skade på anlegget som kan medføre rømming av fisk. Dette må primært vere handtert gjennom verksemda sin internkontroll og sektorlovverk for næringa. Elles ingen særskilde problemstillingar knytt til vurdert område.	

Samla vurdering

Tiltaksområdet er i samsvar med område for akvakultur i KPA frå 2004. Tiltaket er ikkje vurdert til å gje vesentleg negativ verknad for sjøarealet eller tilgrensande landområde, og er tilrådd vidareført. Bileia Nordfjord-Faleidfjord går nær tiltaksområde, og det må takast omsyn til leia ved plassering og utforming av anlegg.

Konklusjon

Området er vidareført med akvakulturføremål (VA13), totalt om lag 160 daa.

Ein har valt å ikkje spesifisere art/avgrense arealformålet, då ny teknologi og endra rammevilkår kan opne for oppdrett av anadrome/marine artar utan auka miljøbelastning.

Fortøyingar djupare enn 25 m er vurdert å ikkje påverke den allmenne bruken av sjøområda, og for å unngå at akvakulturområda legg beslag på unødig store areal vert det opna for at fortøyingar under 25 m djupne kan gå ut i område «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» (V), der det ikkje er merka natur eller fiske eller kombinert føremål fiske og ferdsel.

Ved detaljplanleggjing av akvakulturanlegga, eller ved endra ankringsteknologi, kan det bli ønskje om å leggje anleggsråma tettare på føremålsgrensa enn føresett i KPA. Det kan difor vere nyttig med byggjegrense innanfor akvakulturføremålet, for å hindre at anleggsråma blir lagd i ytterkant av føremålsgrensa, og såleis påverke landskap, og ureining i form av lys m.v. Denne grensa bør vere minst 50 m, og blir innarbeidd i føresegner. Grensa vil og gjelde mot land, av omsyn til ferdsel for småbåttrafikk.

Under til høgre syner arealbruk for VA13 jfr konklusjon.





TIl venstre VA13 ved 2. gongs høyring, til høgre VA13 ved 3. gongs høyring

3.6.7 Løypingeneset – akvakultur, VA6. Endra etter 2. og 3. gongs ettersyn




Flyfoto frå 2015, med innteikna tiltaksområde ved Hennøystranda.

Formål/bruk i dag	Akvakultur, lakseoppdrett	
Planstatus	Akvakultur (AK) og sjø og vassdrag for	

	allmenn fleirbruk i KPA frå 2004	 Forslag  KPA 2004
Forslag til ny arealbruk	Akvakultur	
Arealstorleik	Ca. 735 daa	
Forslagsstillar	Mowi ASA Merknad ved 2. gongs ettersyn om større areal, grunna betre plass til fortøyingar	
Skildring	Aktuelt område ligg på Løypingeneset, like aust for Hennøya. Det er ynskje om utviding av eksisterande, konsesjonsgjeve anlegg for lakseoppdrett, for å kunne endre plasseringa av anleggsråma, som består av 2x6 merder, dvs 200x600m. Området er utvida til å omfatte framtidig utviding, og endra anleggsplassering. Området vil omfatte fortøyingar ned til 25 m djupne. Frøysjøen er ein god resipient, med eigna djupne- og straumforhold.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Kons e-kven s**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	-			
Landskap	2	-1	0	Området er omfatta av «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke», Rapport 07-2009. Området er klassifisert som landskapstypen Ytre fjordbygder på Vestlandet, Breie fjordar, LT21-01 Frøysjøen. For lokalt nivå er landskapsverdien sett til C. Den regionale landskapsverdien, for delområdet Gulen/Frøysjøen, er og sett til C, som er *Representative/vanleg «førekomande» landskap* (Jfr kartlaget for lokal og regional landskapsverdi Fylkesatlas). Eksisterande akvakulturanlegg har

				nær- og fjernverknad for landskapet i området. Endringa vil gjere anlegget noko meir eksponert i fjorden. Avgrensing av området mot Vingelven/Vingen vil avbøte negative verknader for landskap.
Naturmangfald  Godkjend anleggsplassering syner som lysgrønt rektangel, og i aust er gyteområde torsk, gråskravert. (Grøne felt nord mot Hornelen syner striper av registrert skipstrafikk i leia, og skravert farlei-areal.) Kjelde Kystinfo.	1	0	0	Ikkje registrert truga artar eller viktige marine naturtypar i det aktuelle område. (Miljøstatus Norge). Aust for tiltaksområdet er det gyteområde for torsk, og i Vingepollen er det låssettingsplass og fiskeplassar for aktive og passive reiskapar. Vèl 2 km austover frå senter dagens anlegg, er Vingelva, som er registrert som anadromt vassdrag. Vassdraget er verna i Verneplan for vassdrag. Vingen landskapsvernområde ligg 3 – 4 km lenger aust. Ei sone mellom anlegget og landskapsvernområdet er inngrepsfritt område (INON). Flytting av anlegget som ønskt, vil ikkje gje endra verknader for naturmangfald i området. Åkerblå sin rapport på oppdrag frå Mowi (17.02.2023), etter visuell undersøking av korallar og sårbare artar og naturtypar på lokaliteten Løypingeneset, viser funn av 3 ulike raudlista, livskraftige korallar. To område har naturtypen hardbotnskorallskog (hornkorallar), som er raudlista og nær truga. Hornkorallar finst både under planlagt anlegg, og i fortøyingsområdet. Også naturtypen svampskog er registrert fleire stader, som Mareano har lista som "sårbar", men den er ikkje raudlista. For å unngå skade på naturmangfaldet bør det vurderast oppsamling av slam frå anlegget, evt andre tiltak, jfr føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova.
Strandsone	1	0	0	Tiltaksområdet ligg i sjø. Tiltaket med endring av anlegg, vil ikkje råke strandsone på land.

Vassmiljø	1	-1	0	Sjøområdet er del av vassførekomsten Frøysjøen, som er vurdert til god økologisk miljøtilstand (Vann-nett.no). Samla belastning vil ikkje auke ved endring av anlegget, og det er krav til undersøkingar og tiltak for å fylgje med på tilstanden. Det er ikkje noko som tyder på at utsleppa frå produksjonen vil endre vassførekomsten sin miljøtilstand eller at miljømåla etter vassforskrifta ikkje vert oppfylte.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Det er registrert automatisk freda kulturminne på landsida. Dei blir ikkje råka av tiltaket.
Mineralressursar	1	0	0	Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette område.
Friluftsliv	1	-1	-1	Fjellområdet med Hornelen er jr Fylkesdelplan for friluftsliv eit regionalt viktig friluftsområde, og er også eit kommunalt kartlagt, svært viktig friluftsområde. Tiltaksområdet er synleg frå deler av dette området. Ved Marøyna, vestsida, er det registrert eit område som er nytta til dykking, jfr www.fylkesatlas.no. Endring av anlegget vil gjere det meir eksponert på fråstand. Vi legg til grunn at anlegget er plassert slik at det er passasje for småbåtar langs land. Det vil bli betre plass på landsida ved endring av anlegget.
Overordna arealføring	2	+1	+1	Kommunen har ikkje ein spesifikk strategi for akvakultur, men generelt ynskjer kommunen å legge til rette for at etablerte aktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Endra anleggsstruktur/-utforming vil vere positivt i høve drifta av akvakulturanlegget.
SAMFUNN				

Teknisk infrastruktur	-	o	o	Tiltaksområdet ligg utanfor farlei-arealet til hovudleia Stabbeleia – Frøysjøen, og er ikkje konfliktfylt.
Transportbehov	-	-	o	Anlegget ligg til veglaust område, og er tilgjengeleg med båt. Ingen endring ved endra anleggsplassering.
Folkehelse	-	o	o	Ingen verknad.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	o	o	Tiltak er ikkje vurdert til å ha vesentleg verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgings-tiltak
	Ja	Nei		
Skred  Flyfoto 2015, merder til høgre. Skredvurdert sektor i vest. Bilete frå Google Maps		X	Området er stort sett ikkje kartlagt for skred, utanom ein sektor like ved dagens anlegg. Denne viser aktsemdssone stein- og snøskred (NGI) som går ut i sjø, mest fram til merdene. Aktsemdsområde for jord- og flaumskred går om lag 80 m ut frå land. Fortøyingar vil vere utsette for skredfare, men vi legg til grunn at sjølve merdene ikkje blir råka, då tiltaket inneber flytting av anlegget lenger frå land.	Det er allereie gjeve konsesjon for akvakulturanlegg innanfor aktsemds-området for skred. Krav i plan- og bygningslova/bygg-teknisk for-skrift er ikkje gjeldande. Ved evt flytting av anlegg bør det gjerast ei vurdering av skredfaren.
Flaum		-	Ikkje relevant. Anlegget ligg i sjø	
Klima-sårbarheit-	x		Anlegg må tilpassast for framtidig havnivåendring og stormflo. Ingen andre kjende tema som er aktuelle knytt til klimasårbarheit, utover sterk vind og styrtregn.	
Trafikk-tryggleik, ferdsel på sjø		x	Tilkomst til anlegget skjer via båt, og anlegget påverkar ikkje trafikktryggleiken på fylkesvegen.	Endra anlegg vil ikkje i seg sjølv gje auka båttrafikk

			Føresett uhindra ferdsel langs land, for småbåtar, vil endring av anlegget ikkje vere til fare for skipstrafikken i området. Det er viktig for småbåttrafikk at dei kan gå langs land, både med omsyn til ver og bølgjer, og for å unngå leia med trafikk av til dels store båtar.	
Ureining		x	Akvakulturanlegg kan generelt påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utslepp til vatn er rekna som største potensielle forureiningsfare. Verksemda pliktar å nytte beste tilgjengelege teknologi for å redusere alle sine utslepp, og fylgje krav i regelverket for å hindre ureining.	Det er lang avstand til naboar og andre som kan bli sjenert av støy og lys.Tiltak må ha løyve etter ureiningslova, og sektor-styresmakta vurderer kva som er forsvarleg å tillate av utslepp, og set krav til oppfølging.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Mest aktuelle ulukkesscenario vil vere skade på anlegget som kan medføre rømming. Dette må primært handterast gjennom verksemda sin internkontroll og sektorlovverk for næringa. Elles ingen særskilde problemstillingar knytte til vurdert område.	

Samla vurdering

Tiltaksområdet er delvis i samsvar med område for akvakultur i KPA frå 2004. Området er utvida for å ta høgde for ønskt anleggsendring. Lokaliteten er vurdert som god, og ønska utviding av akvakulturområdet er ikkje vurdert til å gje vesentleg negativ verknad for ferdsel eller annan bruk av sjøarealet, føresett at småbåttrafikk utan hindringar kan passere på landsida av anlegget.

Konklusjon


Utvida område er lagt inn i plankartet med føremål akvakultur (VA6), totalt om lag 735 daa.

Fortøyingar djupare enn 25 m er vurdert å ikkje påverke den allmenne bruken av sjøområda, og for å unngå at akvakulturområda legg beslag på unødig store areal vert det opna for at fortøyingar under 25 m djupne kan gå ut i område «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» (V), der det ikkje er merka natur eller fiske eller kombinert føremål fiske og ferdsel.

Ved detaljplanleggjing av akvakulturanlegga, eller ved endra ankringsteknologi, kan det bli ønskje om å leggje anleggsråma tettare på føremålsgrensa enn føresett i KPA. Det bør difor vere byggjegrense innanfor akvakulturføremålet, for å hindre at anleggsråma blir lagd i ytterkant av føremålsgrensa, og såleis påverke landskap, og ureining i form av lys og lyd f eks. Denne grensa bør vere minst 50 m, og blir innarbeidd i føresegner. Grensa vil og gjelde mot land, av omsyn til ferdsel for småbåttrafikk.


Åkerblå sin rapport om biologisk mangfald på Løypingeneset seier lite om kva naturmangfaldet av hardbotnskorallskog og korallartar er sårbare for, og kva tiltak som kan vere aktuelle i høve ivaretaking, men i andre akvakultursaker har slamoppsamling vore aktuelt tiltak for å hindre øydeleggjing av fauna på sjøbotn. Ein meiner dette bør vurderast ved endring av anlegget.

Under til høgre syner arealbruk for VA6 jfr konklusjon.



TIl venstre VA6 ved 2. gongs høyring, til høgre VA6 ved 3. gongs høyring.

Utvidingsareal ut i sjø er redusert etter 3.gongs høyring etter merknad frå Kystverket. Føremålet er utvida noko austover for å kompensere for tapet av areal.







3.6.8 Akvakultur Grunneneset, lokalitet 17117, endra etter 3.gongs offentleg ettersyn.




Flyfoto 2015. Tiltaksområde ved Rugsund, Grunneneset

Forkortingar: MTB - maksimalt tillaten biomasse, AK - akvakultur, FFNF - allmenn fleirbruk i sjø, KPA – kommuneplan, arealdelen

Formål/bruk i dag		
Planstatus	Arealdelen 2004, AK og FFNF	
Forslag til ny arealbruk	Utvida planføremål for akvakultur, VA. Anleggs-endring for meir effektiv drift. 680 daa.	 **KPA 2004**
Arealstorleik	Utviding av VA i høve eksisterande, godkjent arealbruk: 220 daa	 
Forslagsstillar	Mowi ASA	

		Godkjend arealbruk til venstre, planlagd arealbruk til høgre
Skildring	Mowi ønskjer å skifte ut merdene og endre utforminga av anlegget, for å gje ei meir effektiv drift. Merdene og fòrflåte skal flyttast høvesvis 35 m og 65 m mot sør. Dèt inneber og endra fortøyingar. VA-føremålet omfattar merder og forflåte, og fortøyingar ned til -25 m. Fortøyingar på større djupne inngår i V-føremålet; bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Kons e-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	-	0	0	Ikkje relevant
Landskap	2	0	0	Nordfjorden. Landskapstype *Ytre fjordbygder på Vestlandet* (21T01-12). Landskapsverdi for regionalt nivå er sett til C. (Fylkesatlas). Endra anleggsutforming og mindre flytting av anlegget mot sør, er ikkje vurdert til å ha nemnande lokal- eller fjernverknad, føresett at lyssetting ikkje blir vesentleg endra.
Naturmangfald	2	0	0	Ikkje registrert truga, prioriterte eller freda arta i det aktuelle området. Heller ikkje del av verna område. Det aktuelle  området er del av lokalt viktig gytefelt for torsk (Reg 2015). Tiltaket vil ikkje påverke gyteområdet ut over eksisterande situasjon. Anlegget er vurdert å ha verknad for spreiing av lakselus i Nordfjorden, som igjen har store negative verknader for anadrom fisk.
Strandsone	2	0	0	Tiltaksområdet ligg utanfor strandsona ved Grunneneset. Mowi har ikkje anlegg på landsida. Tiltaket vil ikkje påverke strandsona, ut over det eksisterande anlegg gjer idag.
Vassmiljø	1	0	0	Området ligg i vassførekomsten Nordfjord, som er registrert med antatt

				svært god miljøtilstand (Vann-nett.no). Ønska tiltak vil ikkje ha verknad på vassmiljøet i dette sjøområdet, då det ikkje er tale om auka produksjon.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet.
Mineralressursar	1	0	0	Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette område.
Friluftsliv	1	0	0	Ikkje del av regionalt viktig eller kartlagt friluftsområde.
Overordna arealføring	2	2	2	Ingen særskild arealstrategi for akvakultur, men kommunen ønskjer å tilretteleggje for utvikling av etablerte verksemder. Endra anleggsutforming er positivt for arbeidsmiljø og fiske helse.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	-	0	0	Ingen etablert infrastruktur på staden. Berre sjøvegen
Transportbehov	-	0	0	Anlegget genererer båttransport, men ein reknar ikkje med auka ferdsel grunna anleggsendring.
Folkehelse	-	0	0	Ferdsel til sjøs er viktig friluftsaktivitet på kysten. Det er såleis positivt at det er ope for ferdsel med småbåtar mellom anlegget og land.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å ha særskilde verknad for barn- og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 	x		Ei sone inne på Grunnesvika er omfatta av aktsemdssone snø- og steinsprang (NGI), og aktsemdssone for jord- og flaumskred. Desse strekkjer seg cirka 60 – 80 m ut i sjø, der det er fortøyingar.	Det er alt gjeve konsesjon og etablert anleggsfortøyingar innanfor faresonene. For desse gjeld ikkje byggteknisk forskrift. Ved etablering av endra fortøyingar, føreset ein at desse

				desse blir forankra utanom fareområdet
Flaum		-	Ikkje relevant for anlegg i sjø	
Klima-sårbarheit-	x		Nytt og endra anlegg skal tilpassast vind- og verforholda på staden. Området er ikkje særskilt vèrutsett, men det må takast omsyn til vind- og bølgjepåverknad, og evt gjerast tilpassingar i høve verknader av framtidige klimaendringar.	Evt tilpassingar i høve framtidige klimaendringar
Trafikk-tryggleik 		x	Trafikk til og frå anlegget skjer stort sett via småbåtar. Ein føreset at anleggsendringa ikkje gjev nemnande auke i ferdsel til sjøs. Ein føreset ferdsel med småbåtar langs land, som vil trygge ferdselen på fjorden. Det er ikkje konflikt med farleiareal Nordfjorden, nord for tiltaksområdet.	
Ureining		x	Statsforvaltaren sitt utsleppsløyve gjeld	
Digital kommunika-sjon		x	4G , og god dekning for DAB-radio. (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Anleggsendringa reknar ein ikkje med vil ha verknader for ulukkesrisikoen i området. Tiltaket omfattar berre sjøanlegg. Brannfaren er derfor høvesvis liten, og vatn er tilgjengeleg	

Samla vurdering

Forslaget til arealbruk strekkjer seg utom avsett område for akvakultur i gjeldande arealdel til kommuneplanen frå 2004, og går ut over tidlegare gjevne dispensasjonar. Tiltaket omfattar ikkje auka biomasse. Den planlagde anleggsendringa gjev ikkje konflikt med annan næringsaktivitet, friluftsliv, sjøretta ferdsel, naturressursar, kjent naturmangfald, eller andre samfunnsomsyn.

Anleggsendringa vil gje meir effektiv drift og betre fiskehelse. Fornying av merder, og til dels fortøyingar, vil gje minska fare for anleggsskade. Den vil og tryggje mot fiskerømming, og dermed sikre betre mot mulege skader på naturmangfald – her anadrom fisk.


KU-vurderinga er gjort på grunnlag av 0-situasjonen – vidareføring av eksisterande drift. Fiskeridirektoratet har saman med Havforskningsinstituttet, Vestland fylkeskommune, Mattilsynet og oppdrettsselskapa i Nordfjord gjennomført eit prosjekt for å komme til semje om tiltak for å redusere lakselus og smittepress i Nordfjorden. På grunnlag av rapporten «Lokalitetsstruktur i produksjonsområde 4» (Rapport frå Havforskningen Nr. 2020-48) med fokus på tilhøva i Nordfjord-Frøysjøen, har prosjektgruppa blitt samde om å legge om til 3 brakkleggingssoner, og at 2 lokalitetar skal forlatast for etablering av ei «branngate» ved Rugsundøy. i Nordfjord. Etter dialog med Mowi ASA som har konsesjon på dei to lokalitetane vurderte kommunen etter 2.gongs høyring at lokaliteten ved Grunneneset og Marøyna ikkje burde vidareførast. Ein føresetnad for å forlate

lokaliteten var at lokalitetar ved Endal Vest og Løypingneset fekk endra anleggsutforming og biomasse tilsvarande. Etter 3.gongs offentleg høyring hadde Kystverket motsegn mot planlagt utviding av akvakulturføremålet ved Endal Vest på grunn av konflikt med farleia, og planlagt anleggsendring og flytting av biomasse frå Grunneneset var såleis ikkje realiserbart. Mowi ynskjer difor å oppretthalde lokaliteten ved Grunneneset. Sidan det ikkje var motsegn mot arealbruken ved 2.gongs offentleg høyring er det lagt inn tilsvarande areal att etter 3.gongs offentleg høyring.

Konklusjon

Arealet som vart spelt inn var svært stort, sidan det då var føresett fortøyingar i eige, kombinert planføremål. Arealet er i forslaget vist, avgrensa til det som trengst for merder og forflåte, inklusive fortøyingar ned til –25 m djupne. Ein rår til at tiltaket blir innarbeidd i arealdelen til kommuneplanen slik det ligg føre, med areal for akvakulturføremål (VA8).

Fortøyingar djupare enn 25 m er vurdert å ikkje påverke den allmenne bruken av sjøområda, og for å unngå at akvakulturområda legg beslag på unødig store areal vert det opna for at fortøyingar under 25 m djupne kan gå ut i område «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» (V), der det ikkje er merka natur eller fiske eller kombinert føremål fiske og ferdsel.





VA8 endra etter 3.gongs høyring

3.6.1 Marøy- akvakultur, endra etter 2.gongs offentleg ettersyn.





Flyfoto frå 2015, med innteikna tiltaksområde jfr innspel, men tilpassa arealutstrekning for merdanlegg inklusive fortøyingar ned til minus kote 25.


Formål/bruk i dag	Akvakultur, lakseoppdrett	
Planstatus	Akvakultur (AK) og sjø og vassdrag for allmenn fleirbruk i KPA frå 2004	
Forslag til ny arealbruk	Akvakultur utan anleggsendring	
Arealstorleik	Ca. 290 daa	 KPA 2004
Forslagsstillar	Mowi ASA	

		 Godkjend anleggsplassering Eksisterande anlegg med 2x5 bur erstattast med 2x6 bur. Kvart bur er på 100x100m. Anleggsråma er orientert meir aust – vest.
Skildring	Området ligg ved Marøyna i Hornelsfjorden, mellom Frøysjøen og Skatestraumen. Lokaliteten har vore nytta sidan 1989 og er innteikna som eksisterande anlegg i arealplanen frå 2004. Anlegget er sia endra to gonger på dispensasjon, i 2009 (FSK075/09) og 2013 (FSK-191/13). Motteke forslag til endring av orienteringa av anlegget vil gje større djupne under anlegget.	

Tema	**Verdi**	**Om-fang**	**Kons e-kvens**	**Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)**
MILJØ				
Landbruksressursar	-			
Landskap	2	-1	0	Området er omfatta av «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke», Rapport 07-2009. Området er klassifisert som landskapstypen Ytre fjordbygder på Vestlandet - Småfjord- og storsundlandskap, 21T02-07 Hornelen - Rugsund. For lokalt nivå, LT21-02 Skatestraumen, er landskapsverdien sett til B, dvs stor verdi. Det er og den regionale landskapsverdien, for området Hornelen – Rugsund. (Jfr kartlaget for lokal og regional landskapsverdi Fylkesatlas). Eksisterande akvakulturanlegg har nær- og fjernverknad for landskapet i området. Endringa vil gjere anlegget meir eksponert i fjorden, særleg frå vest.
Naturmangfald	1	-1	0	Det er registrert svært viktig skog av stor-tare kring øya, utanom nordaust,

 Svært viktig gyteområde for torsk i Bortnepollen  Gyteområde torsk, og to fiskeområde				der anlegget ligg. Anlegget er difor ikkje konfliktfylt i høve stor-tare. Ei stor sone i austre del av Hornelsfjorden er registrert som gyteområde for torsk (nedste illustrasjon). Inste del av dette området er registrert som gyteområde for torsk, med nasjonal verdi. Det er to registrerte fiskeområde, eitt vest for Lofnes, og eitt i Bortnepollen. På Verpeneset, nordaust for Marøyna er det fiskeplassar for laks. Anadrome vassdrag er registrerte i Leirgulen, Bortnen og Vingelva. Ein vurderer at endring av anlegget kan vere uheldig i høve landskap og anna naturmangfald. Sjølve Marøyna, Bortneskora og området mellom Helkollen og Hornelen, er prega av lite tekniske inngrep. Området akvakulturanlegget ligg i, er fiskerikt. Anlegget er vurdert å ha verknad for spreiing av lakselus i Nordfjorden, som igjen har store negative verknader for anadrom fisk.
Strandsone	1	0	0	Tiltaksområdet ligg i sjø. Det er friluftsinteresser knytte til deler av Marøya, men ikkje på nordaust der anlegget ligg.
Vassmiljø	1	0	0	Sjøområdet er del av vassførekomsten Hornelsfjorden med antatt svært god økologisk miljøtilstand (Vann-nett.no). Ei anleggsendring vil ikkje påverke miljøtilstanden i vassførekomsten.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet.
Mineralressursar	1	0	0	Ikkje aktuelt med mineraluttak i dette området.
Friluftsliv	2	-1	-1	Marøyna nord og vest er ut frå dagens bruk eit registrert friluftslivsområde, sjøretta, sidan det trengst båt. Anlegget er plassert slik at det skal vere råd å

				ferdast langs land med småbåt. Ei endring av anlegget kan gje enklare ferdsel langs øya, medan det legg større beslag på sjøområdet nordover mot Lofnes, der det er fritidsinteresser i form av båtferdsel og fritidsfiske.
Overordna arealføring	2	+1	+1	Kommunen har ikkje ein spesifikk strategi for akvakultur, men generelt ynskjer kommunen å legge til rette for at etablerte aktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Endra anleggsutforming vil vere positivt for drifta av lokaliteten.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	-	0	0	Lite tilrettelagt, sidan all transport skjer med båt.
Transportbehov	Båt	0	0	Båtferdsel
Folkehelse	-	0	0	Ingen verknad.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	-	0	0	Tiltak er ikkje vurdert til å råke barn- og unge sine oppvekstvilkår.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred 	X		Området inntil land på Marøyna er registrert som aktsemdsområde for snøslred og steinsprang, men anlegget ligg lenger ute i sjøen, og er ikkje utsett for slik naturfare. Fortøyingane som går nærast land kan likevel vere utsette for skredfare.	Det er allereie gjeve konsesjon og etablert akvakulturanlegg innanfor aktsemdsområdet for skred. Krav i plan- og bygningslova/byggte knisk forskrift er ikkje gjeldande.
Flaum		-	Ikkje relevant. Anlegget ligg i sjø	
Klima	x		Anlegg må tilpassast for framtidig havnivåendring og stormflo.	

			Ingen andre kjende tema som er aktuelle knytt til klima, utover sterk vind og styrtregn.	
Trafikk-tryggleik		x	Tilkomst til anlegget skjer via båt. Endring av anlegget vil ikkje gje endra trafikkforhold.	
Ureining		x	Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt, og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utslepp til vatn er rekna som største potensielle forureiningsfare. Verksemda pliktar å nytte beste tilgjengelege teknologi for å redusere alle sine utslepp, og fylgje krav i regelverket, for å hindre ureining. Endring av anlegget påverkar ikkje ureining frå anlegget.	Det er forholdsvis lang avstand til naboar som kan bli sjenert av støy og lys. Endring av anlegget vil gje større nærleik til Lofnes og fylkesvegen. Tiltak må ha løyve etter ureiningslova, og sektor-styresmakta vurderer kva som er forsvarleg å tillate av utslepp og set krav til oppfølging etc.
Digital kommunika-sjon		x	God dekning for DAB-radio og 4G (Radio.no og Telenor sine dekningskart).	
Beredskap og ulukkesrisiko		x	Mest aktuelle ulukkesscenario vil vere skade på anlegget som kan medføre rømming av fisk. Dette må primært handterast gjennom verksemda sin internkontroll, og sektorlovverk for næringa. Elles ingen særskilde problemstillingar knytt til vurdert område.	

Samla vurdering

Tiltaksområdet er nordaustover i høve gjeldande arealplan frå 2004, der det var vist med ei svært avgrensa AK-sone for eksisterande anlegg, der fortøyingar ikkje var inkluderte.

KU-vurderinga er gjort på grunnlag av 0-situasjonen – vidareføring av eksisterande drift. Fiskeridirektoratet har saman med Havforskningsinstituttet, Vestland fylkeskommune, Mattilsynet og oppdrettsselskapa i Nordfjord gjennomført eit prosjekt for å komme til semje om tiltak for å redusere lakselus og smittepress i Nordfjorden. På grunnlag av rapporten «Lokalitetsstruktur i produksjonsområde 4» (Rapport frå Havforskningen Nr. 2020-48) med fokus på tilhøva i Nordfjord-Frøysjøen, har prosjektgruppa blitt samde om å legge om til 3 brakkleggingssoner, og at 2 lokalitetar skal forlatast for etablering av ei «branngate» ved Rugsundøy. i Nordfjord. Etter dialog med Mowi

ASA som har konsesjon på dei to lokalitetane har kommunen vurdert at lokaliteten ved Grunneneset og Marøyna ikkje bør vidareførast.

Konklusjon

Akvakulturområdet vert ikkje vidareført i ny arealdel.

4 Samla verknad

4.1 Samla verknad etter utgreiingstema

I konsekvensutgreiinga er det lagt vekt på dei overordna verknadane. Nærare utgreiingar må gjerast i samband med seinare områderegulering eller detaljregulering.

4.1.1 Miljø

Landbruksressursar

Kommunen har som målsetjing å verne landbruksjord så langt som råd er. Landbruksansvarleg har i samband med planarbeidet gjort vurderingar på kva som er kjerneområde for landbruk. Dette har vore eit viktig grunnlag når det har blitt gjort vurdering av ønska utbyggingstiltak opp mot landbruksressursar. Det har ikkje vore vurdert andre alternativ til ønska utbyggingsareal i landbruksområde (jf. innspel frå Fylkesmannen ved kunngjering oppstart), då innspel i stor grad har omfatta fortetting eller utviding av eksisterande område med etablerte bustad- og hyttefelt. Det har vore gjort justeringar og avgrensingar av område for å unngå nedbygging av dyrka mark.

Sjølv om det er viktig for kommunen å legge til rette for tilflytting til både tettstader og grender, opnar arealdelen i hovudsak ikkje for større utbyggingsareal i landbruksområde. Ut frå geografien i kommunen, der bygder og tettstadar er plassert der det er større flater mellom sjø og bratt terreng vidare opp over mot fjellet, er areal som er eigna for utbygging stort sett også areal som har vore eigna for landbruksdrift. Det er difor ikkje til å unngå omdisponering av dyrka jord dersom ein ynskjer fortetting og sentrumsutvikling. Der det har blitt opna for utbyggingstiltak på areal som er registrert som dyrka mark, har det blitt lagt stor vekt på at framtidige tiltak skal vere i tilknyting til eksisterande infrastruktur og bygd miljø. Ein stor del av landbruksarealet der det er opna for utbygging er LNF-område med spreidde bustader og fritidsbustader. Planen opnar for eit avgrensa tal einingar i høve til arealet som er avsett, og ved plassering av tomtar og bygg skal det takast omsyn til dyrka jord og jordlova vil vere gjeldande. Det reelle landbruksarealet som går tapt er såleis vesentleg mindre enn areala i tabellen. Det er også ein del LNF-område med opning for spreidd bygging frå tidlegare arealdel (KPA2004) som utgår.

Dei største inngrepa i landbruksareal har blitt vurdert til å vere følgjande i dei ulike geografiske delområda (jf. figur i kap. 1):

Svelgen: Det er ikkje framlegg om å omdisponere større deler av registrert kjerneområde for landbruk innanfor området «Svelgen». Nokre endringar vil ha ein liten verknad for potensielt dyrkbar jord. Relevante endringar er ved Sagebø, der det gjort mindre tilpassingar i utkanten langs sjø. Det er vidare opna for eit større framtidig næringsareal ved Steinsvika, som medføre tap av om lag 30 daa innmarksbeite. På enkelte lokalitetar kan det vere aktuelt å etablere betra tilkomst over

areal som i dag er nytta til landbruk. Det er ikkje identifisert område der dei ønska endringane medfører ulempe for landbruksdrifta eller for einskilde grunneigarar.

Ålfoten: Arealdelen opnar for LNF-formål med høve til spreidd bustadbygging i tre område; utviding av eksisterande utbyggingsstruktur på Myklebust (3,2 daa), i Brotane (30 daa, 6 daa dyrka jord) og på Sigdestad (29 daa, 4 daa dyrka jord inkl. innmarksbeite). Alle tre områda omfattar noko innmark, der noko mindre areal er del av registrert kjerneområde for landbruk. I endeleg avgrensing i arealdelen har områda blitt tilpassa for å skåne landbruksareala best mogleg, og dyrka jord som blir omdisponert er i hovudsak lite eigna for hausting med moderne maskinelt utstyr og delvis ute av drift.

Kalvåg: På Frøyalandet er det avsett om lag 18 daa til byggjeområde for bustader, i tilknyting til eksisterande spreidd busetnad, i hovudsak landbruksareal (om lag 9,5 daa overflatedyrka jord. Dette arealet hadde LNF-formål i KPA frå 2004. Ny arealdel opnar for fortetting med inntil 5 bustadeiningar, der det er lagt vekt på at det er stort behov for tomter for ulike behov i nærleiken av Kalvåg. Det er vidare opna for bustadar/fritidsbustadar på Frøynes og utviding av eksisterande hyttefelt på Liset, som hovudsakleg vil føre til tap av innmarksbeite.

Bremangerlandet: Konsekvensane for landbruksareal er størst på HaugeTorvanger, der nytt areal til sentrumsføremål og nye byggjeområde for bustader vil gje ei omdisponering av ca 35 daa dyrka jord. Eit større område som i KPA2004 har føremål LNF og LNF med opning for spreidd utbygging, er lagt inn i ny arealdel som noverande spreidd LNF-område, utan opning for nye tiltak. Arealet er på ca. 40 daa, men det er ikkje opna for nye tomtar/einingar innanfor dette området. I likskap med Kalvåg, er det etterspurnad etter bustadtomter i Bremangerbygda. Kommunen har vektlagt at utbygginga kan bidra til å styrke eksisterande sentrumsfunksjonar og tenestetilbod i grenda.

Berle: Det er lagt inn eitt nytt område med opning for spreidde fritidsbustader og eitt område for fritid/turisme (totalt 17 daa, innmarksbeite og overflatedyrka jord) .I tillegg er det avsett eit område for eksisterande spreidde bustadar/fritidsbustadar, LS14 , der det ikkje er opna for nye tiltak/einingar. Områda ligg delvis innanfor registrert kjerneområde for landbruk. Det sett krav om detaljplan for to av områda. Eit eksisterande byggjeområde for fritidsbustadar på Gottraneset er vidareført med avgrensa areal, og to område for spreidde fritidsbustader på Berleneset er vidareført, det eine med redusert areal.

Rugsund/Leirgulen: På Nygård ved Skatestraumen vert 40 daa landbruksareal (ca 13 daa dyrka jord) omdisponert til næring/turisme (del av gbnr. 65/5). Arealet er tidlegare del av LNF-formål (KPA 2004), men er ikkje vurdert som verdifullt landbruksareal då det ikkje er del av kjerneområde for landbruk og ein del av arealet er registrert som open fastmark. Den dyrka jorda er ikkje i drift i dag, og ber sterkt preg av attgroing.

Davik: Kommunedelplanen (KDP) for Davik er gjeldande. Det er ikkje opna for nye byggjeområde for bustadar på Endal eller Dombestein, spreidde bustadar/fritidsbustadar i eksisterande spreiddbygde område.

Den samla verknaden for landbruksareal er negativ, då ein har opna for fortetting og nye utbyggingsareal som vil føre til eit totalt tap på om lag 300 daa landbruksareal, av dette 194 daa dyrka jord. I tillegg er det opna for spreidd utbygging på om lag 270 daa landbruksjord (166 daa dyrka jord). I ein stor del av LNF-områda med spreidd bustad- og/eller fritidsbustadbygging er det ikkje opna for nye tomtar/einingar, slik at det i realiteten ikkje vert omdisponert dyrka jord. Dette utgjer rundt 150 daa dyrka jord inkl. innmarksbeite, som ikkje vil bli bygd ut. I LNF-område med spreidd bygging elles er jordlova gjeldande, og tomtar skal plasserast slik at tapet av dyrka jord som er eigna for maskinell drift vert redusert så langt som råd. Mykje av den dyrka jorda som blir omdisponert er bratt og lite eigna for maskinell hausting med moderne utstyr, og difor delvis ute av drift. KU av enkeltområde viser at største delen av tapet er innmarksbeite. I fleire av desse områda er det ikkje opna for nye tomtar/einingar, og det blir såleis ikkje reell omdisponering av dyrka jord. For dei andre områda er arealet vesentleg større enn det som er opna for å byggje ut. Det er større

LNF-område med opning for spreidd utbygging frå KPA2004 som ikkje er vidareført. Desse areala er ikkje ein del av utrekninga. Tapet av landbruksareal i høve tidlegare plan vil såleis vere vesentleg mindre enn tala i arealrekneskapen. Utbygging er ikkje vurdert til å ha eit slikt omfang at det vil føre til at enkelte grunneigarar mistar areal som reduserer grunnlaget for vidare drift.

Landskap

Bremanger kommune er ei arealrik kommune med flotte fjellområde og eit kystlandskap bestående av mellom anna små- og store sund og viker.



Utsikt frå grenda Steinset som ligg vest for Kalvåg (foto Nordplan v/ M-B. D. Bakke, 04.03.2019). Området er vêrhardt og det er lite skog her. Kystlandskapet består av nakne fjell og små og store sund.

Det har ved vurdering av fleire av innspela blitt trekt fram viktigheita ved å vise omsyn til landskapet. Særleg på Bremangerlandet har det unike og opne kystlandskapet med fleire sandstrender blitt vurdert som verdfullt, både med tanke på rekreasjon og naturmangfald. For å redusere den negative verknaden av nye tiltak, har det blitt vektlagt at nye bygg skal ligge i tilknyting til eksisterande tiltak, og at nybygging i hovudsak skal skje ovanfor fylkesvegen.



3D-foto henta frå Google som viser delar av landskapet på strekninga frå Iglandsvik i aust (til venstre på bildet) til Grotle i vest. Kystlandskapet på Bremangerlandet består av mellom anna fleire sandstrender.

Det har blitt opna for fleire småbåthamner i ny arealdel. Samstundes har areal avsett til akvakulturanlegg blitt redusert i forhold til KPA 2004. I tillegg har kommunen, i samsvar med vedteken arealstrategi, ikkje lagt til rette for nye område for vindkraftverk. Dette er positive plangrep med tanke på landskapsverknad.

Tiltak som råstoffutvinning vil gje irreversible terrenginngrep. Det er ikkje opna for nye uttaksområde i arealdelen, utover gjeldande regulering for Aksla steinbrot. Aksla steinbrot har òg blitt redusert i storleik i forhold til dei første planframlegga for detaljreguleringa.

Det er heller ikkje opna for nye større bustadfelt. Det er i stor grad lagt til rette for fortetting i eksisterande bustadområde, enten i form av reine bustadformål eller LNF-spreidd utbygging.

Tiltak som er vurdert til å ha størst verknad på landskapet er mellom anna hyttefelt ved Steinset, som vil ligge på ei høgd i eit nake kystlandskap - i eit område som i dag ikkje er utbygd. For å redusere verknaden vart ønska utbyggingsareal kraftig redusert og lagt inntil regulert bustadstadfelt (i dag ikkje bygd ut).

Vidare har ein i arealdelen opna for fleire fyllingsområde i sjø. Desse er i hovudsak lagt til område med eksisterande næring og fyllingar i sjø (Breivika, Åskora, Yksnelvane). I tillegg er det opna for fylling i sjø ved Holmaneset, for å leggje til rette for grøn hydrogen- og ammoniakkproduksjon. Tiltaket vil få store verknader for landskapet, men området har i lengre tid vore tiltenkt industri.

Den samla verknaden for landskap for framtidige bustader er vurdert til å vere låg, med bakgrunn i krav til avbøtande tiltak og gjennomførte plangrep som t.d. krav til at nye bygg skal ligge i tilknyting til eksisterande bygd miljø og infrastruktur. Nemnde hyttefelt, nye næringsareal og fyllingar i sjø vil gje ein negativ verknad i dei aktuelle områda. For næring og fyllingsareal har samfunnsinteressene knytt til utvikling av verksemd og nye arbeidsplassar blitt vektlagt, i tillegg til ynskje om massebalanse ved utbyggingsprosjekt som kraftverk og vegtunnel.

Naturmangfald

Registrerte sårbare artar og naturverdiar har blitt nytta som grunnlag ved vurdering av verknad for naturmangfald. Det er ikkje blitt opna for nye tiltak som vil kunne gje store negative konsekvensar for naturmangfald, med bakgrunn i kjent grunnlagsmateriale.

Størst negativ verknad for naturmangfald vil vere framtidig næringstiltak i Breivika aust og Holmaneset. Tiltaka vil medføre at eit område med registrert ålegraseng (vurdert som viktig) vert øydelagt, og to ålegraslokalitetar vert påverka (vurdert som svært viktige). Ved småbåtanlegg på Sagebø er det òg registrert ålegraseng, og etablering av båtbrygge kan kome i konflikt med førekomsten. Det er difor sett konkrete føringar for tiltak (ikkje fysiske inngrep i sjøbotnen og ikkje tillatast fleire enn 3-4 båtar, då ålegrasenger er avhengig av lystilgang).

Arealdelen opnar for nye tiltak på areal med om lag 6000 daa totalt. Av dette er grovt stipulert rundt 3500 daa naturterreng (utmark, skog). Planen opnar ikkje for større utbyggingar på myr, med unntak av næringsareal i Kvernevika i Smørhamn (13 daa myrareal). Dette myrområdet ser av flyfoto ut å vere grunnlendt, slik at myra har avgrensa djupne og eventuell CO_2 utslepp ikkje vil vere omfattande. Handsaming av myrområdet og detaljar for CO_2-frigjering må avklarast gjennom detaljregulering. For tiltak i område med myr er det sett krav i føresegnene om å unngå nedbygging av myrareal. Aktivitetsområde i Dalen, område for spreidde hytter i Fagredalen og hyttefelt på Steinset omfattar areal med myr, men det vil vere råd å byggje ut i samsvar med føremålet utan å byggje ned myr eller gjere tiltak som medfører drenering av myrområdet.

Samla verknad for naturmangfald er vurdert til å vere låg, men med føresetnad at tiltak som utfyllingar i sjø, næringsaktivitet og småbåthamner ikkje skal føre til større tap av eller vesentleg skade på marinbiologisk mangfald som t.d. ålegrasenger. Dette er ivareteke for alle enkeltområde bortsett frå Holmaneset, der ein ålegraslokalitet kan bli nedbygt og ein påverka av planlagt utfylling, og Breivika, der framtidig utfylling er delvis vil øydeleggje registrert ålegraseng. Restriksjonar og krav er følgt opp i føresegner. Nye tiltak på land er ikkje vurdert til å vere i konflikt med registrert naturmangfald, med unntak av utskipingsområde for steinbrot i Aksla, som vil ha negativ påverknad for ein viktig naturtype (rik boreonemoral regnskog). Denne problemstillinga avklara gjennom Kommunal- og distriktsdepartementet si godkjenning av detaljreguleringsplanen.

Naturvernområde er vist som bandlagt, og viktige naturområde og naturtypar er vist som omsynssoner i plankartet

Strandsone

Strandsoner langs sjø og vassdrag er attraktive område som dei siste tiåra har fått auka verdi for både rekreasjon og fritidsaktivitetar, i tillegg til verdien strandsona har for naturmangfald, landskap og kulturmiljø. Det er viktig å avklare arealdisponering i strandsona gjennom arealdelen, slik at omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap og andre ålmenne interesser blir ivareteke.

Bremanger er ei kystkommune, der store delar av aktuelt utbyggingsareal ligg nettopp innanfor 100-metersbeltet. Arealet utanfor 100 m-sona er bratt og lite eigna for utbygging dei fleste stadane i kommunen. Dette gjere det umogleg å unngå at det blir opna for nye tiltak innanfor strandsona dersom ein ynskjer vidare utvikling av kommunen.

Bremanger kommune er i fylgje dei Statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona (kgl.res. 28.05.2021) i sone 3, område med mindre press på areala. I desse områda skal det vere enklare for kommunen å gje løyve til bygging i strandsona enn i område med større press. Retningslinene set føringar for kommuneplan og reguleringsplan:

- Det bør ikkje tillatast utbygging i område som har spesiell verdi i samband med friluftsliv, allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturmiljø og landskap, for eksempel utbygging i kyst- og fjordlandskap med spesielle kvalitetar. Omsynet til landbruk, fiske, akvakultur mm. skal også vurderast. Der det blir tillate bygging skal omsynet til andre interesser best mulig ivaretakast.
- Større anlegg- og utbyggingar til næringsverksemd, bustad- eller fritidsbusetnad vil alltid krevje reguleringsplan.
- Kommunen bør innføre føresegner i kommuneplanen for storleik og standard for fritidsbustader i strandsona
- Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d satsing på reiseliv og turisme, skal leggjast vekt på ved vurdering av tiltak i 100 m-sona. I tettstadar skal behovet for fortetting og byutvikling vektleggjast. Areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader.
- Det kan vere grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, slik som bryggjer, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknyting til annan bygnad. Felles bryggjer og naust bør prioriterast. Det kan vere grunnlag for å tillate bruksendring av verneverdige naust og sjøboder til næringsføremål og allmennyttige føremål.
- Utbygging bør så lang som råd lokaliserast til område som er utbygt frå før, og med vekt på fellesløysingar for veg og annan infrastruktur.
- Alternative løysingar bør vurderast og veljast der det er mulig, og det bør vurderast om tiltaket kan trekkjast vekk frå sjøen. Tiltak som vert tillate må tilpassast omgjevnadane best mulig.
- Terrenginngrep bør ikkje tillatast på areal som har spesiell verdi for friluftsliv, allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturmiljø og landskap. I planlegginga skal det leggjast vekt på om omsynet til tilgjenge for allmenta kan ivaretakast ved t.d avsett areal til kyststi, friluftsområde eller liknande.
- Tomteopparbeiding, etablering av vegar og annan infrastruktur bør skje slik at terrenginngrep og ulemper vert minst mulig. Det bør leggjast vekt på løysingar som gjev allmenta betre tilgang til sjøen og ein forbetra landskapssituasjon gjennom terrengarbeid, planting av vegetasjon og liknande.

I fylgje Statistisk sentralbyrå er 10,3 % av arealet i strandsona i kommunen bygningsnært (<50 m), om lag 15 % er dyrka mark, og om lag 3 % er vegareal. Potensielt tilgjengeleg strandsone, der hellingsgraden er mindre enn 25 grader er 38,4 %, medan 33,6 % av arealet er potensielt tilgjengeleg, men har stor helling (over 25 grader). Dette gjev eit bilde av utnyttinga av strandsona

innanfor 100 m beltet, og viser at kommunen har store strandsoneareal som ikkje er prega av utbygging. Med omsyn til verknaden på landskapet vil det vere relevant å vurdere den totale strekninga strandsone som er utbygt eller gjort tekniske inngrep i. Bremanger kommune har over 300 km strandsone, grovt rekna av landarealet og øyane Bremangerlandet, Rugsundøy og Frøya. På om lag 180 km av strekninga går det offentleg veg langs sjøen, innanfor 100 m-sona. Ved vurdering av byggjegrense langs sjø for nye byggjeområde er det i tillegg til dei relevante allmenne omsyna i strandsona også lagt vekt på offentlege vegar, tradisjonell bygnadsstruktur, innmark/landbruksdrift og tidlegare utbygging/tekniske inngrep. Det er teke utgangspunkt i at område der strandsona er teke i bruk til t.d vegar, bustader eller næring ikkje lenger har «funksjonell strandsone» for dei verdiane forbodet mot tiltak i strandsona skal ivareta. Der det ikkje er registrert spesielle naturkvalitetar (viktige eller utvalde naturtypar eller sårbare artar) er verdien for naturmangfald vurdert å vere størst i den nære strandsona (fjæra), og ein har difor sett byggjegrensa i bakkant av fjæra. Utstrekninga av fjæra er avhengig av landskap og terreng, og vil i nokre område kun vere nokre få meter, men opptil 30-40 m i andre område. I høve landskap kan område som ligg på platå høgare enn kote +20 moh vurdert å vere utanfor den funksjonelle strandsona. Det er då vesentleg at tiltak ikkje blir plassert på kollar eller platåkantar, slik at det blir veldig eksponert i landskapet.

Det har difor i vurderinga av innspel vore viktig å sjå om ønska tiltak ligg i funksjonell strandsone (tilgjengeleg strandsone), om det vil føre til større inngrep som vil ha negativ verknad for naturmangfald og landskap. I tillegg har det blitt lagt vekt på om ønska tiltak vil føre til auka privatisering av strandsona, og dermed gje negativ verknad på strandsona sin verdi som frilufts- og rekreasjonsområde for ålmenta.

I vurdering av verknad for strandsone, har det òg blitt lagt stor vekt på at nye tiltak skal ligge i tilknyting til eksisterande. Alle område der det er opna for naust ligg i tilknyting til eitt eller fleire eksisterande naust, der det i stor grad er eksisterande vegtilkomst til formålet.

Småbåthamner er det føremålet som er vurdert å ha størst verknad for strandsone. Om lag 188 daa er avsett totalt til framtidige småbåthamner i arealdelen. Desse er ikkje vurdert til å auke privatiseringa i området, men vil ha stor verknad på landskapsbildet. Dei vil òg medføre auka båttrafikk langs strandsona, som vil kunne føre til tidvis støy. Elles er funksjonell strandsone i liten grad blitt negativt påverka i arealdelen. Gjeldande KPA frå 2004 opnar for store nye areal til akvakultur langs strandlina. Kun eit mindre tal av desse er vidareført, og totalt sett blir belastinga av akvakultur på strandsona vesentleg mindre gjennom ny KPA.

Småbåthamner kan som nemnt gje negative verknader, med det kan òg bli vurdert som positivt at arealdelen opnar for småbåthamner i staden for sporadisk utbygging av naust. Naust fører skal ikkje medføre privatisering av strandsona, men blir ofte bygd i dei områda av strandsona der det er attraktivt for ålmenta å opphalde seg.

Det er lagt til rette for ei større småbåthamn på Naustneset i Svelgen sentrum i arealdelen. Det er også avsett areal til flytting av båthamn i Breivika. I tillegg er m.a. småbåthamn i Svelgen sentrum, vest for Elkem, vidareført. Denne har 46 båtplassar. Båthamna er regulert i gjeldande reguleringsplan for Svelgen, men arealet er eigd av Elkem. Med bakgrunn i tanken om å halde småbåtfunksjonar mest mogleg samla er det teke inn ei lita utviding i tilknyting til eksisterande Småbåthamn på Kjelkenes.



Småbåthamn ved Elkem (3d-bilde henta frå kommunekart.com)

Vassmiljø



Utklipp frå Fylkesatlas som syner fjordkatalogen. Ulike fjordar og sjøområde er avgrensa med grøn linje.

Temalaget for kartutsnitt ovanfor er oppsummert som følgjande i tilhøyrande teiknforklaring: *Fjordkatalogen inneheld inndeling av norske fjordar og sjøområde. kvart område har sin eigen unike Fjord-ID. Kvar Fjord-ID har eige faktaark. Fjordkatalogen inneheld marin-fysiske data av verdi for økologi, ressursforvaltning, marinbiologi og ureiningssituasjonen. For kvar enkelt fjord er det ein tabell som inneheld den aktuelle informasjonen. Sjøområda utanfor fastlands-Noreg er delt inn i 5 nivå. Kilde: Fjordkatalogen, Miljødirektoratet Kilde: (C) Fjordkatalogen, Miljødirektoratet.*

Ved ein gjennomgang av dei ulike fjord og sjøområda på nettsida vann-nett.no ser ein at dei fleste av områda i Bremanger er registrerte med både økologisk og kjemisk tilstand «God». I samsvar med vannforskriften. (Forskrift om rammer for vannforvaltningen 19.12.2006.)

For to område, Nordgulen og Frøysjøen er kjemisk tilstand registrert som «Dårlig», i Nordgulen er også økologisk tilstand «Moderat». Ugunstige funn er knytt til historisk aktivitet ved m.a. Elkem. Kommentar til tilstand er oppsummert slik på Vann-nett: *Miljøtilstand oppsummert i: Miljørapport 2006, Nordgulen og Breivika (Fjord-Lab). Elkem har gjort jevnlege undersøkingar (Miljøplan, Det Norske Veritas). Dårlege forhold inst i fjorden. Kommentar frå Elkem i samband med synfaring juni-13: ønskjer oppdeling av vassførekomsten, skilje ut Vågen inst pga dårlegaste miljøtilhøve der.*

Det er påpeika i oppsummeringa av tilstanden at «dårlig kjemisk tilstand» neppe er heilt representativ for heile Frøysjøen, dette er mest knytt til Kalvåg og Botnane. Det er ikkje gjort

faglege vurderingar av vassmiljø utover å nytte tilgjengeleg data. I tilfelle der vasskvalitet/ tilstand er dårlegare enn miljømålet som går fram av vannforskriften – minst «god» økologisk og kjemisk tilstand, bør alle sektorinteressene arbeide for å betre vasskvaliteten og nå målet.

Av kjende tiltak, er det akvakulturanlegg som vil kunne få størst konsekvens for vassmiljøet i kommunen. Akvakultur er nærare omtala i kap. 4.2.2. Utslepp frå akvakulturanlegg er regulert gjennom eige regelverk, og skal ikkje medføre forringing av vassmiljøet. I dei to sonene som har utfordringar knytt til vasskvalitet (Frøysjøen og Nordgulen) er det totalt fem lokalitetar for akvakultur.

Det er elles identifisert lite konflikt i samband med framtidige tiltak. I den grad det blir tilrettelagt for utfyllingar i sjø, kan utvasking av sprengeslam skape negativ verknad. Dette er t.d. aktuelt for eit utfyllingsområde i Breivika. I tillegg er småbåthamner vurdert til å kunne gje negativ verknad. Naudsynt oppfølging av potensiell framtidig ureining er følgt opp i føresegnene. Ein understrekar at i reguleringsarbeidet for dei enkelte tiltaka må det setjast konkrete krav om avbøtande tiltak som til dømes siltskjørt og krav om at utfylling ikkje skjer den mest sårbare gyte / og hekketida.

Det er få større ferskvassførekomstar i kommunen, og vassførekomstane er i stor grad registrert i bekkefelt for større område. Ein stor del av ferskvassførekomstane i kommunen er regulerte, og har status «Sterkt modifisert», SMVF (65 av 148 registrerte vassførekomstar) (www.vann-nett.no). Det er ikkje opna for tiltak som vil forringe miljøtilstanden i vassførekomstane. Det er fastsett byggjegrenser langs elv/bekk, som vil ivareta den fysiske utforminga av elve- og bekkeløp, og kantvegetasjon langs vassdraget.

Det er ikkje planlagt tiltak som vil få verknad for grunnvatn.

Den samla verknaden for vassmiljøet i sjø er med dette vurdert til låg/ingen vesentleg verknad.

Kulturminne og kulturmiljø

Det har ikkje kome innspel om ønska tiltak som har vore i konflikt med kjende kulturminne og/eller kulturmiljø.

Automatisk freda kulturminne er ivareteke i planen gjennom omsynssone H730 (Bandlegging etter kulturminnelova) med tilhøyrande føresegn i planen. Viktige kulturmiljø er vist med omsynssone H570 (Bevaring kulturmiljø). Det er ikkje kjennskap til at arealdelen opnar for tiltak som vil ha negativ verknad for kulturminne eller kulturmiljø. Det er eit politisk ynskje at sjøhusmiljø skal kunne ivaretakast gjennom endra bruk. Sjøhusmiljøet i Kalvåg er ivaretekne gjennom reguleringsplan, som vert vidareført uendra. For sjøhusmiljøa i Igland og Struen er det krav om detaljregulering for nye tiltak.

Mineralressursar og framtidig massebehov

Det har ikkje blitt opna for tiltak som er vurdert til å kunne legge beslag på eventuelle framtidige uttak av mineralressursar som har nasjonal interesse.

Det har ikkje kome innspel frå private knytt til temaet mineralressursar og/eller ønskjer om areal avsett til råstoffutvinning. Kommunen har òg i sin arealstrategi vedteke at arealdelen skal ikkje opne for nye store område for råstoffutvinning. Strategien er med dette følgt opp i arealplanen.

Kommunen har i samband med utarbeiding av arealdelen gjort vurdering av framtidig massebehov. Utvidingar av industriområde i Breivika, og nye industriområde på Indrehus/ Myklebust vil medføre stort behov for massar. Bygging av tunnel mellom Svelgen og Indrehus (ca 5,2 km) vil medføre eit masseoverskot på om lag 640 000 m3 deponerte massar, som kan nyttast til utfylling av næringsareal og eventuell molo i Svelgen-/Indrehus-området. Detaljregulering av veganlegget er

under arbeid. I detaljreguleringsprosessen er gjenbruk vurdert, men fylkeskommunen har konkludert med at beste alternativ for å handtere masseoverskotet er deponering av tunnelmassane. Dersom ikkje desse kan nyttast til framtidig fyllingsareal er alternativet eit eige massedeponi. Tunnelmassane vil ikkje vere tilstrekkeleg til dei planlagde fyllingane, og ein vil vere avhengig av tilførte massar dersom alle fyllingane skal realiserast. I Svelgen-området vil det vere tilgang på masse frå steinbrotet Bremanger Quarry, og i Indrehus/Myklebust kan det bli tilgang på masse frå steinbrot i Gulestøa. I Ålfoten vil det vere rikeleg tilgang på masse dersom konsesjonsgjevne Bredvatn kraftverk blir utbygt. Overskotsmassane (om lag 300 000 m3) er planlagt deponert i sjø, men kan mellomlagrast for bruk til samfunnsnyttige føremål dersom det er råd å få til.

Oversikt over større fyllingsareal:

KU	Område	Tiltak	Massebehov	Tilgang på masse
3.1.13	Breivika Vest	Sjøfylling – næringsareal	Om lag 250 000 m3	Tunnel Svelgen-Indrehus
3.1.12	Breivika	Sjøfylling – næringsareal	Om lag 150 000 m3	Tunnel Svelgen-Indrehus, Bremanger Quarry
3.1.6	Indrehus	Sjøfylling - næringsareal	Om lag 200 000 m3	Tunnel Svelgen-Indrehus
3.2.3	Ålfoten	Småbåthamn – molo	Om lag 60 000 m3	Overskotsmasse utbygging Brevatn kraftverk
3.2.8	Ålfoten – Åskora	Sjøfylling – næringsareal	50 000–100 000 m³	Overskotsmasse utbygging Bredvatn kraftverk
3.2.9	Ålfoten - Yksnelvane	Næringsareal - hamn	Om lag 50 000 m³	Overskotsmasse utbygging Yksnelvane kraftverk

I føresegnene til arealdelen er det lagt inn føringar for handtering av overskotsmassar og kva grep som bør gjerast i detaljregulering og byggjesak for å oppnå massebalanse eller størst mulig gjenvinning av overskotsmassar.

Friluftsliv

Kartlagde friluftsområde med lokal verdi «svært viktig» og «viktig» er vist i arealdelen med omsynssone H530 (omsyn friluftsliv). Bremanger kommune utførte i 2020-2021 kartlegging og registrering av lokale friluftsområde (DOK).

Arealdelen opnar ikkje for framtidige tiltak som er vurdert til å skape negativ verknad på friluftsliv, med unntak av utviding av industriområde på Holmaneset, som påverkar eit registrert friluftsområde (dykking). Innspel som har blitt avvist, mellom anna med fokus på bruk av sjøareal til rekreasjonsområde, er eit større akvakulturanlegg i Frøysjøen ved Kalvåg.

Det er ikkje opna for større tiltak i viktige turområde i fjell eller ved sjø, utover småbåthamner. Etablering av småbåthamner kan på den andre sida gje ein positiv verknad for friluftsliv, då det er mange i kommunen som nyttar sjøen til fritidsaktivetar som båtutfart og fiske. Etablering av parkeringsplassar i tilknyting til tursti til Vetvika, til Tongane mm. betrar tilrettelegginga for

friluftsliv. På strekninga Struen-Hauge er det opna for etablering av sti langs strandkanten, og det er lagt inn linje for tursti til Veten.

Overordna arealføring

Arealdelen er vurder til å følgje opp kommunen sine føringar, mellom anna gjennom å opne for fortetting i eksisterande bustadmiljø, legge til rette for styrking av viktige sentra som Kalvåg og Svelgen gjennom t.d. bustadtomter og småbåthamner, samt opne for nye næringsareal der det har blitt sendt inn ønske om tiltak frå aktuelle næringsaktørar.

Dei overordna arealføringane framgår av planomtalen. Sjå kapittel 5 i planomtalen for meir utfyllande informasjon og for vurdering av hovudendringar i arealdelen opp mot vedteken arealføring.

4.1.2 Samfunn

Teknisk infrastruktur

Arealdelen opnar ikkje for tiltak som vil krevje større vegtiltak og nye tiltak vil ikkje ha verknad på planlagd Kystvegtrasé.

Størst verknad er knytt til VAO-anlegg, der fleire område i kommunen per i dag ikkje har tilgang til offentleg anlegg. Dette gjeld mellom anna Grotle, Svarstad/Dalen, Berle, Nesbø og Sagebø. Krav om oppfølging ved byggesak og/eller detaljregulering går fram av føresegner.

Transportbehov

Bremanger kommune er i utgangspunktet spreiddbygd og har nokre få definerte tettstader og grender. Kommunen har i arealdelen lagt til grunn eit ønske om å vidareføre den tradisjonelle bustadstrukturen, samstundes som det er eit mål å fortette i område med etterspurnad etter tomter og med nærleik til viktige funksjonar som skule og daglegvarehandel.

Det er lagt til rette for ytterlegare utbygging utanfor definerte sentrumsområde i arealdelen, der det er køyreavstand til viktige funksjonar som barnehage, skule og daglegvarehandel. Dette er i samsvar med kommunen sin vedtekne arealstrategi, der det er slått fast at ein skal opne for spreidd bustadbygging – så lenge det ikkje er konfliktfylt. Det er likevel lagt vekt på størst fortetting/framtidig utbygging av bustader i tilknyting til tettstader og grender som har etablerte funksjonar og tilbod, som t.d. skule og daglegvare. Dette gjeld mellom anna Hauge på Bremangerlandet, Kalvåg og Svelgen.

Det er i tillegg opna for LNF-spreidd utbygging av bustader i nokre område der avstanden er større, mellom anna i Sørgulen, på Myklebust, Nesbø og i Berle. Det er her snakk om moderat utbygging, med få bueiningar. Dette med bakgrunn i ønsket om å vidareføre den tradisjonelle bustadstrukturen, samt legge til rette for å oppretthalde av dei små bygdemiljøa som er ein viktig del av Bremanger kommune.

Arealdelen opnar med dette for tiltak som vil føre til ei mindre auke i transportbehov, fordi den spreidde bygningsstrukturen gjer at privatbilisme framleis vil vere dominerande.

Folkehelse

Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel i folket, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding,

eller som vernar mot helsetrugslar, og arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte verkar inn på helsa. – omsett sitat frå regjeringen.no. Eit døme på faktorar som fremjar folkehelse kan vere fysisk aktivitet, som er ei kjelde til helse og livskvalitet og er nødvendig for normal vekst og utvikling hjå barn og unge.

Det er ikkje gjort konkrete grep i planarbeidet med sikte på å fremje omsyn til folkehelse, ut over at ein i KU-arbeidet t.d. ved bustadområde har vurdert tilgangen på viktige faktorar som nærfriluftsliv, gang og sykkelvegar, drikkevatn og avstand til sosiale møteplassar. Ein har hatt slike omsyn i tankane ved vurderingar i konsekvensutgreiing og ved endeleg utforming av dei tiltak og endringar som er innarbeidde i arealdelen. Døme på mindre tiltak er at det er sikra areal for gangstiar som kan auke bruken av sentrumsnære naturområde og skape attraktive sambindingar for gåande (t.d. ved Naustneset i Svelgen).

Barn og unge

Ivaretaking av strandsone som er eigna for opphald, leik og bading, er sett på som viktig for barn- og unge. Viktige badeplassar, som t.d. Grotlesanden og ved Steinset, er sikra i arealdelen.


Det er ikkje gjort større vurderingar knytt til behov for nye gang- og sykkelvegar i kommunen, utover på strekninga Struen-Grotle.

Utover nemnte plangrep, er det ikkje lagt inn særskilde tiltak retta mot barn og unge i kommunen. Det er heller ikkje opna for tiltak som er vurdert til å kunne ha særlege negative følgjer for denne innbyggjargruppa.

4.1.3 Samfunnstryggleik, ROS

Skred

Aktsemdkart for jordskred, snø- og steinsprang viser at det store delar av bustadområde, samt kommunale- og fylkesvegar ligg innanfor skredsoner. Det er òg fleire registrerte skredhendingar i kommunen, der dei fleste er jordskred og steinskred. Kartet nedanfor viser at det er vegnettet som er særleg utsett for denne type naturrisiko.



Oversikt over skredhendingar i kommunen (henta frå NVE, skrednett).

Grunna at større område ligg innanfor potensiell skredfare har det blitt gjennomført eit større kartleggingsarbeid fleire stader i kommunen. Det har blitt utført reell skredfarevurdering i mellom anna Davik, delar av Kalvåg, Bremangerlandet og i Berle, samt i Svelgen og Ålfoten. Der reell

farevurdering føreligg, har dette blitt nytta som grunnlag ved vurdering av innspel (jf. KU av enkeltområde).

Der det er opna for nye innanfor aktsemdområde, er det stilt krav om reell skredfarevurdering og eventuelle sikringstiltak.

Fare for lausmasseskred/kvikkleireskred er det største usikre momentet knytt til vurdering av skred i KU. Fleire av dei framtidige utbyggings- og fortettingsområda ligg under marin grense. For område med bart fjell eller kun tynt morenedekke er det i ROS-analysen gjort vurdering i samsvar med NVE-veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», Tabell 3.1 Prosedyre for utredning av områdeskredfare punkt 2. Det kan likevel førekomme lommar av marin leire, og fundamenteringsforhold må avklarast gjennom byggjesak. For større tiltak, og for område der risikoen for områdeskred ikkje kan avklarast i samsvar med NVE- veileder 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», er det sett krav om at stabilitetsvurdering i samband med detaljregulering.

Flaum

Bremanger kommune har fleire elve- og bekkeløp av varierande storleik der det kan førekomme flaum ved store nedbørsmengder. Det er gjort ei enkel overordna vurdering av flaum- og erosjonsfare i KU for enkeltområda, der det er vist omsyn til kjende vassvegar.

Ved eventuell plassering av bygningstiltak innanfor aktsemdområde for flaum, må forholdet til flaum/overvatn vurderast særskilt. Dette gjeld mellom anna for fritids- og turistformål ved Sagebø, samt næringsareal på Myklebust og Indrehus.

For tiltak i Svelgen og Ryland, der dambrot kan føre til flaum, er det ikkje gjort nærare farevurdering. Årsak til flaumfare er ifølgje *Heilskapleg ROS -analyse* for kommunen (datert 07.10.2011) sabotasje, konstruksjonsfeil og skade. Ingen av tiltaka arealdelen opnar for i Svelgen og Ryland vil auke faren for flaum, men vil kunne auke konsekvensen ved ei eventuell hending (økonomisk tap grunna materielle skader).

Krav til minimum avstand til bekkar og elvar er sett i føresegnene.

Kommunen har ei eigen VA-norm, datert 12.12.16 (felles med Nordfjord-kommunane), som legg føringar m.a for dimensjonering av overvassystem.

Klimasårbarheit

Konsekvensutgreiinga har ikkje avdekt område som har utmerka seg som særleg utsett for skog- og lyngbrann.

Den største klimasårbarheita i kommunen er vurdert til å vere venta havnivåstigning og stormflo, i tillegg til overflatevatn/flaum (jf. førre punkt).

I temarettleiaren «Havnivåstigning og stormflo» frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap er det oppgjeve stormflotal (middelverdi) og havnivåstiging med tilrådd klimapåslag for norske kystkommunar. For Bremanger (Vedlegg 2, tabell 7) er returnivå for stormflo i Svelgen 149/162/170 cm over middelvatn for tryggleiksklasse 1, 2 og 3, og havnivåstiging med klimapåslag er 69 cm (NN2000).

Tryggleiksklasse 1: 149 cm (middelverdi) for 20-års returnivå + 74 cm havnivåstigning (95 persentilen/klimapåslag) – 5 cm (kartgrunnlag NN2000) = 218 cm (avrunda til 220 cm)
Tryggleiksklasse 2: 162 cm (middelverdi) for 200-års returnivå + 74 cm havnivåstigning (95 persentilen/klimapåslag) – 5 cm (kartgrunnlag NN2000) = 231 cm (avrunda til 230 cm)

Tryggleiksklasse 3: 170 cm (middelverdi) for 1000-års returnivå + 74 cm havnivåstigning (95 persentilen/ klimapåslag) – 5 cm (kartgrunnlag NN2000) = 239 cm (avrunda til 240 cm)

Bølgjepåverknad og vindoppstuving er ikkje med i denne utrekninga, og det har vore vanskeleg å finne relevant grunnlag for å rekne ut påslag for dette. Påverknad frå bølgjer og vindoppstuving er avhengig av tilhøva på den enkelte staden (vind, straum, topografi, sjøbotnforhold og strandkant), og vil variere frå stad til stad. Bølgjepåverknaden vil vere størst lengst ut mot kysten, medan vindoppstuvinga kan bli størst i fjordane. Det må difor gjerast konkret vurdering av påslaget for bølgjepåverknad og vindoppstuving ved detaljregulering av byggjeområde i strandsona og i den enkelte byggjesak.

Tilrådde byggjehøgder ut frå stormflo og havnivåstigning:

Tryggleiksklasse 1 (F1): kote 2,20 (NN200) + påslag for bølgjepåverknad og vindoppstuving

Tryggleiksklasse 2 (F2): kote 2,30 m + påslag for bølgjepåverknad og vindoppstuving

Tryggleiksklasse 3 (F3): kote 2,40 m + påslag for bølgjepåverknad og vindoppstuving

Trafikktryggleik

Det er låg trafikkmengd på hovudvegane i kommunen i dag, ÅDT frå 100 (FV 5712/Berle) til 2100 (FV614/Svelgen), og ein ventar berre liten auke i planperioden.

Det er ikkje gjort tiltak i arealdelen som er vurdert til ha negativ verknad for trafikktryggleik. Tiltak som vil kunne gi positiv verknad er forslag til etablering av framtidig gangveg frå Struen til Hauge og vidare vestover mot Grotle. Omlegging av fylkesveg 614 forbi Svelgen sentrum vil også vere positivt i høve trafikktryggleiken i kommunesenteret.

Ureining

Det er i arealdelen opna for mulig ny lokalisering av Forcit Norway AS (storulukkeverksemd) på Stølsborden. Arealet er vist som framtidig næringsformål. Dette er eit areal der det er registrert ureining (tidlegare grovavfallsplass/avfallsdeponi) og det er difor i planen følgt opp med krav om grunnundersøkingar før ny bruk (følgt opp i føresegner). Det er ikkje kjennskap til at det utover dette vert opna for framtidige tiltak i område som har ureining i grunn, men dette kan ikkje utelukkast då datagrunnlaget er mangelfullt.

Det er vidare gjort plangrep for å unngå at framtidige tiltak skal føre til ny ureining. Krav om oppfølging ved etablering av småbåthamner, fylling i sjø og enkelte næringsaktivitetar har fått særleg fokus.

Støyureining er i hovudsak knytt til industriverksemder som Elkem, Pelagia, Steinvik etc., men også entreprenørverksemd. Støysonekart for Elkem (Sweco-rapport 22.11.2021) viser at del av busetnaden på Sande og på Villabakken i Svelgen kan vere utsett for støy over 55 db (Lden, midlare årsverdi). Støysone langs vegnettet er ikkje vist i plankart, sidan utstrekninga er svært avgrensa på grunn av låg ÅDT. Det er ikkje lagt inn nye bustadområde i soner med støyverdi over 55 dB (Lden), jf. Statens vegvesen si innsynsløysing for støysonekart.

Med bakgrunn i krav i føresegnene knytt til potensielt forureinande tiltak, er arealdelen vurdert til å låg konsekvens for auka ureining. Ved vurdering av enkeltområde, har ikkje støyproblematikk utmerka seg.

Digital kommunikasjon

Kommunen har i si *Heilskaplege ROS-analyse* frå 2011 vurdert det som mykje sannsynleg at det kan oppstå brot på data- og telesamband. Arealdelen legg ikkje til rette for tiltak som kan ha verknad på sannsynlegheita, men alle KU-områda har blitt vurdert til å ha god DAB- og/eller internettdekning. Det er vidare ikkje gjort særskilte vurderingar på om det er område i kommunen der det er behov for nye eller utvida telekommunikasjonsstasjonar. Det er utført ei større breibandutbygging i kommunen i 2021/2022, og dei fleste bygdene har god breibandsdekning.

Beredskap og ulukkesrisiko

Bremanger er ei kommune med store avstandar og dette gjev negativt utslag ved vurdering av beredskap. Det er i tillegg fleire av vegane som har låg standard og det er ikkje planlagt utbetringar i nærmaste framtid. Fleire grender har lange avstandar til næraste brannstasjon, som ligg i Svelgen, Struen, Davik og Kalvåg. Dette er ei utfordring som ikkje vil bli endra med bakgrunn i arealdelen. Kommunen har generelt låg ÅDT på vegnettet og det er med dette vurdert som godt sannsyn for god framkome for utrykkingskøyretøy ved eventuelle framtidige hendingar.

Som ein del av planarbeidet er det identifisert to verksemder som er omfatta av Storulykkeforskriften §§ 6 og 9: Elkem AS og Forcit Norway AS. Med bakgrunn i Elkem sin eigen sikkerheitsrapport (datert 21.11.2018)og Forcit sin «*Melding etter §6 i Storulykkeforskriften*», (datert 23.06.2017), er det innarbeidd faresoner i plankartet (H350 Brann-/eksplosjonsfare), med tilhøyrande føringar som regulerer bruken av areal nær desse verksemdene. For Forcit Norway AS sitt anlegg i Birkelida har ein nytta ein radius på 610 m som avstand til bustadhus og 1220 m for avstand til sjukehus, skule, barnehage, høghus og forsamlingslokale, basert på Tabell 8 i «*Veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter*».

4.2 Samla arealdisponering etter formål

4.2.1 Arealtabell

Arealtabell			
	Sum areal (daa)	**Nytt utbyggingsareal (ca)**	**Avgang landbruksareal (ca)**
§11-7. Nr. 1 Bebyggelse og anlegg			
Andre typar nærmare angitt bygg og anlegg (BAB)	21719	77	19
Bustader (B)	1353	166	119
Fritidsbusetnad (BFR)	604	157	61
Sentrumsformål (BS)	67	27	27
Forretningar (BF)	34		
Næringsbebeyggelse (BN)	1 739	1070	36
Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)	129	4	4
Fritids og turistformål (BFT)	118	88	23
Idrettsanlegg (BIA)	1 254	0	0
Grav- og urnelund (BGU)	43	5	5
Råstoffutvinning (BRU)	2003	836	0
Kombinert bygg og anlegg (BKB)	460	35	0
SUM	**29523**	**2465**	**296**

§11-7. Nr. 2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur			
Parkering (SPA)	23	0,8	0,8
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (S)	98	0	0
Havn (SHA)	76	0	0
SUM	**197**	**0,8**	**0,8**
§11-7. Nr. 3 Grønnstruktur			
Friområde (GF)	312		
Grønnstruktur (G)	10		
Park (GP)	6		
SUM	**328**		
§11-7. Nr. 5 Landbruks- natur og friluftsformål			
Landbruk-, natur og friluftsformål samt reindrift	720925		
LNFR-areal for spreidt bustad-, fritids- eller næringsbygg (LS)	688	330	
LNF-areal spreidt bustad (LSB)	336	252	
LNF-areal spreidt fritidsbusetnad (LSF)	571	212	
LNF-areal spreidt næring (LSN)	0	0	
SUM	**722520**	**794**	
§11-7. Nr, 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone			
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)	1132300		
Ferdsel (VFE)	799	25	
Farleder (VF)	356		
Friluftsområde (VFR)	5042		
Naturområde (VN)	7268		
Småbåthamn (VS)	189	109	
Fiske (VFI)	93332		
Akvakultur (AK)	7102	1512	
Drikkevatn (VD)	7 576	17,6	
Ankringsområde	627		
Havneområde i sjø	180	180	
SUM	**1 254591**	**2564,6**	
Samla sum alle kategoriar	***2 007 159***	***5824,4***	

Utbyggingsareal som er vurderte som noverande er ikkje del av utrekninga av nye byggeareal og avgang landbruksareal. Dette gjeld mellom anna fortettingsområde som B16 på Torvanger, LS1 på Frøyalandet og LS13 i Berle. Sjølv om tala ikkje er eksakte, er arealtabellen vurdert til å gje eit korrekt bilde av situasjonen. Fullstendig arealrekneskap for alle føremål innanfor planområdet går fram av planomtalen kap. 6. Dette samsvarar ikkje med tabellen over, då i den fullstendige arealrekneskapen er med areal som ligg inne med eksisterande føremål også og såleis ikkje berre nytt utbyggingsareal.

4.3 Verknad av særskilde føremål

4.3.1 Akvakultur

I arealdelen frå 2004 var det avsett store areal i sjø til framtidig akvakultur og utviding av areal til akvakultur (25 område), og til eksisterande akvakulturlokalitetar (18 lokalitetar). Det er pr i dag 11 lokalitetar som har konsesjon etter akvakulturlova (10 for laks og 1 for torsk) i sjøareala til kommunen. I tillegg er det lokalitetar med konsesjon i nabokommunane, som også påverkar sjøområda til kommunen (Hundvik, Brunsvik, Krabbestig, Verpeidet). Det er også gjeve konsesjon for ein landbasert matfisklokalitet (Smørhamn) i Bremanger kommune, men denne er ikkje utbygt. Det er settefiskkonsesjonar i Botnane og i Breivika i Svelgen, og ein konsesjon i Smørhamn som ikkje er sett i drift. I tillegg er det gjeve konsesjon for to rensefisklokalitetar, i Breivika i Svelgen og i Bortne.

Det er komme innspel frå næringa om å vidareføre dei fleste akvakulturområda frå KPA2004, og om utviding av areal for dei eksisterande akvakulturlokalitetane.



Oversikt akvakulturlokalitetar i Nordfjorden og Frøysjøen, utklipp frå www.fylkesatlas.no

Ved utviding av eksisterande lokalitetar har kommunen kun vurdert utvida arealbruk på grunn av endra anleggsstruktur, etter innspel frå næringa. Auka biomasse kan ha større negative konsekvensar for marint biologisk mangfald (auka smittetrykk for lakselus, fiskesjukdommar, spreiing av næringssalt, rømming mm.) og kjemisk tilstand i vassførekomsten. Kommunen legg til grunn at eventuell auke i biomasse og nye konsesjonar vert vurdert etter sektorregelverk (akvakulturlova, naturmangfaldlova, ureiningslova) og til ei kvar tid gjeldande føringar («trafikklyssystemet» for akvakulturnæringa, som er basert på naturfagleg vurdering av lakselusa sin påverknad på villaksen). Bremanger kommune ligg i produksjonsområde 4 (Nordhordland til Stad), som i trafikklyssystemet for vidare vekst i akvakulturproduksjonen har raudt lys og skal redusere produksjonskapasiteten.

Faktaboks: Trafikklyssystemet for vekst i havbruksnæringen

Trafikklyssystemet skal sørge for forutsigbar og bærekraftig vekst i havbruksnæringen. Fargen settes ut fra hvordan lakselusa påvirker villaksen i området, og avgjør om oppdretterne i området får lov til å vokse, eller om de får sin produksjonskapasitet redusert. Produksjonskapasitet er den øvre grensen for hvor mye fisk en oppdretter kan ha i sjøen til enhver tid.

Nærings- og fiskeridepartementet fargelegger produksjonsområdene annethvert år, basert på naturfaglige råd. I områder der påvirkningen av lakselus er ulik i de to årene, gjør departementet en grundigere vurdering av den samlede miljøtilstanden. Dette er i tråd med Havbruksmeldingen (Meld. St. 16 (2014-2015)).

https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/fargelegging-i-trafikklyssystemet-i-havbruk/id2917698/

Ny anleggsstruktur, der anlegga går lenger ut i sjø (mindre konsentrerte anlegg og auka gjennomstrøyming), er vurdert som positivt både for miljøet og drifta av lokalitetane, og utvida areal for eksisterande lokalitetar er i hovudsak imøtekomme der det ikkje er konflikt med andre omsyn (ferdsel, fiske, naturmangfald og landskap).

Det er ikkje gjort fullstendige konsekvensutgreiingar for alle framtidige lokalitetar som låg inne i KPA frå 2004, då det er kjende konflikter knytt til ein del av desse (Fåkeila, Klubben Berle, Endal aust), og andre som næringa har gjeve lågare prioritet. Det er difor kun to framtidige akvakulturføremål frå KPA2004 som er konsekvensutgreidd, og kun ein av desse er vidareført i ny KPA, Busta ved Elde/Otteren. Lokaliteten er ikkje aktuell for anadrome artar ut frå miljøbelastinga og dagens «trafikklyssystem for akvakultur», men det er likevel opna for alle artar, av omsyn til den utviklinga som no skjer innan merdteknologien.

Stad kommune har i si kommuneplan for sjøareala (vedteken 17.02.22) lagt ut to nye akvakulturområde som er opna for alle artar (Kalvneset og Midthjell, i tillegg til utviding av eksisterande lokalitet i Hundvika. Stad kommune konkluderer ut frå kunnskapen om vasskvalitet, eksisterande oppdrettsanlegg, påverknad på anadrom fisk og marint mangfald i Nordfjorden at det ikkje bør opnast for fleire nye område eller utvide eksistande anlegg for oppdrettsfisk med tradisjonell merdteknologi.

Kinn kommune er i startfasen med ny arealdel til kommuneplanen. I vurderinga av samla belastning er det lagt til grunn vidareføring av dei eksisterande lokalitetane i tidlegare Vågsøy kommune som også påverkar sjøområda til Bremanger kommune.

Kap.	Områdenamn	Konklusjon KU	Konfliktpunkt
3.1.1	Gulestø	Ikkje utviding av eks.	Ferdsel/farlei
3.1.26	Fureneset	Avgrensa utviding	Ferdsel/farlei, fritidsfiske
3.2.10	Juvika, Dombestein	Utviding	
3.2.11	Svartekari, Davik	Utviding	
3.2.12	Endal Vest	Utviding	
3.3.1	Frøysjøen, Kalvåg	Ikkje vidareført	Landskap, naturmangfald, friluftsliv
3.4.2	Bakjestranda, Nødset	Avgrensa utviding	Landskap
3.5.1	Skipperdalsneset, Berle	Utviding mot sjø, redusert utstrekning	Landskap, lokal motstand
3.6.6	Busta, Elde/Otteren	Vidareført, endra areal	Ferdsel/farlei
3.6.7	Grunneneset, Rugsund	Avgrensa utviding	Del av branngate mellom produksjonsområde.
3.6.8	Marøy	Ikkje vidareført	Branngate mellom produksjonsområde, Fiskeri (gyteområde), landskap
3.6.9	Løypingneset	Avgrensa utviding mot sjø, redusert utstrekning	Landskap


Oppsummering av KU for vurderte akvakulturlokalitetar i Bremanger kommune

Verknader på vassmiljø (økologisk og kjemisk tilstand)

Ifølge vassforskrifta § 4 skal tilstanden i overflatevatn vernast mot forringing, og betrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. I § 12 i forskrifta er det likevel opna for ny berekraftig aktivitet som medfører at den økologiske tilstanden i ein vassførekomst vert endra frå svært god til god forutsett at visse vilkår er oppfylt, m.a

gjennomførte tiltak for å hindre negativ utvikling, samfunnsnytte større enn tapet av miljøkvalitet og manglande alternativ som er miljømessig vesentleg betre. Det er ikkje høve til å gje løyve til ny aktivitet som medfører at målet om minst god økologisk og kjemisk tilstand ikkje vert nådd.

Dei aktuelle akvakulturføremåla i arealplan ligg i vassførekomstane Isefjorden, Nordfjord-indre, Nordfjord-ytre, Hornelsfjorden, Frøysjøen, Fåfjorden og Bremangerpollen. Med unntak av Nordfjord-indre er alle dei aktuelle vassførekomstane registrert med god eller svært god økologisk tilstand. Nordfjord-indre er vurdert å ha moderat økologisk tilstand, med påverknad av diffus avrenning frå spreidd busetnad, punktutslepp frå reinseanlegg og utslepp frå fiskeoppdrett, men i lita grad. Vurderinga av økologisk tilstand er gjort med lav presisjon, og det er kun vist til ein prøve som viser dårleg tilstand i botnsediment med omsyn til sink- og sinksambindingar. Det er ikkje gjort konkrete vurderingar knytt til kjelde. Det er forventa at miljømåla om god eller svært god økologisk tilstand vert nådd innan 2027.



Økologisk tilstand i sjøareala til kommunen. Utklipp frå portal.fiskeridir.no

Kjemisk tilstand er udefinert for alle desse vassførekomstane, med unntak av Frøysjøen, der kjemisk tilstand er vurdert å vere dårleg. Tilstandsvurderinga er gjort med middels presisjon, og det er vist til to prøvar vurdert som dårlege med omsyn til innhald av PAH (*polysyklisk aromatisk hydrokarbon, Benzo(g,h,i)perylen CAS_191-24-2,)*, Tributyltinn (*Tributyltinnkation CAS_36643-28-4)* og kvikksølv, i tillegg til innhald i blåskjel (biota mykdeler). Frøysjøen har påverknad frå steinuttak, diffus avrenning frå spreidd busetnad, punktutslepp frå avløpsreinseanlegg og utslepp frå fiskeoppdrett. Påverknadsgraden er vurdert å vere liten. Informasjonen om økologisk og kjemisk tilstand er henta frå www.vann-nett.no

Det er ikkje lagt ut nye akvakulturformål i Nordfjord-indre eller i Frøysjøen, kun utviding av areal for eksisterande anlegg. For eksisterande akvakulturlokalitetar er det krav om regelmessige undersøkingar for å dokumentere verknadane for vassmiljøet, og negative endringar i vasskvalitet, sediment eller biologisk mangfald vil krevje oppfølgande tiltak. B- og C-undersøkingar ved alle eksisterande akvakulturlokalitetar i kommunen sitt sjøområde viser «Meget god»-miljøtilstand eller god miljøtilstand (Løypingneset), men for torskeoppdrettslokaliteten ved Svartekari på Davik er det ikkje er registrert data (kjelde: portal.fiskeridir.no). Ny lokalitet, Busta, ved Elde/Otteren, ligg i vassførekomsten Nordfjord-ytre. Gjennom føresegnene set ein krav til vasskvalitet og miljø, slik at tilstanden i vassførekomsten ikkje skal forringast. Etter naturmangfaldlova §§ 9 og 12 skal «føre var»-prinsippet leggjast til grunn, og det skal nyttast driftsmetodar og teknikkar som gjev best resultat i høve naturmangfald og økonomiske forhold. Etter kvart som ny teknologi vert utvikla, som t.d slamoppsamling, semi-lukka anlegg etc. vil det vere ein føresetnad at denne vert teken i bruk der det er råd. Ein vurderer at dei føreslåtte arealbruksendringane for akvakultur ikkje vil ha negativ påverknad på økologisk eller kjemisk tilstand i vassførekomsten, eller hindre at miljømåla i vassforskrifta vert nådd, når krava til vasskvalitet og miljø vert stetta.

Verknader på biologisk mangfald


Akvakultur, spesielt oppdrett av laks og aure, vil ha påverknad på villaks- og aurebestand (lakselus, fiskesjukdomar og genetisk påverknad), i tillegg til at anlegga vil kunne påverke viktige marine naturtypar som ålegrasenger, blautbotnområde og korallførekomstar, som er viktig for det biologiske mangfaldet i sjø.

I Nordfjord er Eidsfjorden og indre del av Nordfjorden registrert som nasjonal laksefjord, og Hornindalsvassdraget, Stryneelva og Oldeelva er registrert som nasjonale laksevassdrag. Anadrome vassdrag på sørsida er Storelva i Davik, Storelva på Endal, Olsbøelva i Rugsund, Leirgulelva og Blålidelva. På nordsida av Nordfjorden i er m.a Kjøllsdalselva, Maurstadelva og Rimstadelva registrert som anadrome vassdrag.


Med unntak av ein lokalitet ved Davik (lokalt viktig) og ein lokalitet ved Kråkevågen (svært viktig) er det ikkje registrert ålegraslokalitetar på sørsida av Nordfjorden. Det er ikkje registrert blautbotnsområde i strandsona, og strandsona på sørsida er i hovudsak er bratte berg. På nordsida er det registrert ein ålegraslokalitet (viktig) og eit blautbotnsområde (viktig) ved Bryggja.



Kartutsnitt som viser akvakulturlokalitetar, anadrome vassdrag og ålegrasenger, Nordfjord, frå www.fylkesatlas.no



Teiknforklaring www.fylkesatlas.no



Kartutsnitt som viser akvakulturlokalitetar, anadrome vassdrag, ålegrasenger, blautbotnområde i strandsona og gyteområde for torsk, Frøysjøen og Gulen-fjordane, frå www.fylkesatlas.no

I Frøysjøen med Gulen-fjordane er Bortneelva, Vingelva, Riseelva, Indrehusvassdraget, Myklebustelva, Storelva i Sørgulen og Nordalselva og Søredalselva i Botnane registrert som lakseførande. I Bremangerpollen er det kun Dalevatnet som er registrert som lakseførande vassdrag.

I Gulen-fjordane er det registrert 11 ålegraslokalitetar, med varierande utstrekning og verdi. Ved Holmaneset i Nordgulen og Botnane i Frøysjøen er det registrert blautbotnsområde i strandsona. I Bremangerpollen er det registrert mange slike blautbotnsområde, spesielt på strekninga Førs-Grotle, men også ved Ryland.

Etter funn av korallar ved Husevågøy i Kinn kommune har Statsforvaltaren kravd kartlegging av korallar i område der det vert søkt om etablering eller utviding av akvakulturlokalitetar. I samband med akvakultursøknader har oppdrettarar utført fleire nye kartleggingar, og det er registrert fleire funn av korallar på nordsida av Nordfjorden. På sørsida av fjorden er det gjort registreringar ved Daviknes, Isane og Endal vest. Det er ikkje gjort funn på Davikneset, men derimot på Isane og Endal. På Endal vest kvalifiserer funna til naturtypar for hornkorallskog og blomkålkorallskog, i tillegg til svampskog. På Isane er det registrert eit funksjonsområde for kjøtkorall.

Kartleggingane er ikkje fullstendige, og ein ikkje utelukke at det er andre korallførekomstar i sjøområdet til kommunen. Revbyggjande korallar og hornkorallar trivst i bratte veggar med hardbotn, der straumen er sterk og djupna frå 150 – 400 m (Kjelde: Statsforvaltaren i Vestland, https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/akvakultur/korallar-i-var-marine-fauna/). Det er difor grunn å tru at det vil vere fleire korall-lokalitetar også på sørsida av Nordfjorden.

Samla verknader for anadrom fisk

Ny lokalitet ved Busta og utvidingsareal for eksisterande lokalitetar ligg i god avstand frå elveos for dei anadrome vassdraga, og arealutvidinga aleine vil ikkje påverke anadrom fisk sitt funksjonsområde direkte.

Ein eventuell auke i biomasse ved oppdrettsanlegg eller nye oppdrettsanlegg for laks og aure med tradisjonell merdteknologi vil ha stor negativ innverknad på det økologisk funksjonsområde for anadrom fisk i Nordfjorden og Frøysjøen, då samla miljøbelastning på villaksen er allereie for stor, jf. vurderingar gjort gjennom «trafikklyssystemet» for havbruksnæringa. Om det skal opnast for meir oppdrett av anadrom fisk, må ein forutsette bruk av ny teknologi.

Kommunen legg difor til grunn for arealbruken i planforslaget at det vil kome ny oppdrettsteknologi som erstattar den tradisjonelle merdteknologien som vert nytta i dag. System for oppsamling av slam under anlegga vil gje redusert utslepp av næringssalt og organisk materiale. Når det gjeld smitte av lakselus og spreiing av fiskesjukdomar legg kommunen til grunn at det vert gjort overordna vurderingar ettar akvakulturlova for heile fjordsystema før eventuelle nye konsesjonar vert gjevne. Lokaliteten ved Marøyna er teken ut av planen for å etablere ein ny lokalitetsstruktur, med «branngate» mellom , spesielt for å hindre spreiing av lakselus og sjukdommar mellom lokalitetar i Frøysjøen og i Nordfjorden. Ved 3.gongs offentleg høyring var det også foreslått å ta ut lokaliteten ved Grunneneset, for å fylgje forslaget til «branngate». Ein av føresetnadane for å få gjennomført ny lokalitetsstruktur har vore at aktørane som «misser» lokalitetar kan flytte biomasse til andre lokalitetar, og dermed oppretthalde produksjonen. Lokaliteten ved Grunneneset var planlagt erstatta m.a ved utviding av Endal vest. Sidan det ikkje var råd å få utvida denne lokaliteten på grunn av konflikt med leia, jf. motsegn frå Kystverket, blir lokaliteten ved Grunneneset teken inn att, slik framlegget var ved 2.gongs offentleg høyring. Sidan det ikkje var privatpersonar eller grunneigarar som hadde merknad til dette området ved 2.gongs offentleg utlegging, er det vurdert at denne endringa ikkje krev full offentleg høyring. Det vert gjennomført ei avgrensa høyring med relevante faginstansar.

Rapporten «Lokalitetsstruktur i produksjonsområde 4» (Rapport frå Havforskningen Nr. 2020-48) med fokus på tilhøva i Nordfjord-Frøysjøen, gjev kunnskapsgrunnlag for å vurdere lokalitetsstrukturen i produksjonsområdet med sikte på mindre lakselus. Simuleringar og analysar som er gjort indikerer at produksjonsområdet har moderate eller høge konsentrasjonar av lakselus stort sett i heile produksjonsområde 4 (PO_4), unnateke indre deler av dei store fjordane. Med unntak frå nokre få lokalitetar i Frøysjøen er det lite smitte utanfrå *til* Nordfjorden. Noverande utsett-strategi fordelt på sesong og partal-/oddetalsår ser ikkje ut til å påverke klyngestrukturen til smittenettverket i PO_4 i nemneverdig grad. I rapporten er det vist til at koplingane innanfor Nordfjord-Frøysjøen-klynga var dominert av sjølv-smitte, særleg på virus-sida.

På bakgrunn av rapporten er det tilrådd ein ny lokalitetsstruktur, der ein tek ut Marøyna og flyttar produksjonen på Grunneneset til Endal vest, for å redusere spreiinga av lakselus. Det er også tilrådd endra driftsstruktur. Endring av lokalitetsstrukturen er basert på frivillegheit, og for å stimulere til endringa er det viktig at det er tilgjengeleg areal for flytting av eksisterande produksjon. Dette vil lette arbeidet med tiltak for mindre lakselus. Med bakgrunn i m.a dette har kommunen, i samråd med MOWI som er konsesjonær, vurdert at akvakulturområdet ved Marøyna ikkje vert vidareført. For å få gjennomført denne endringa er det viktig at andre lokalitetar vert tilrettelagt for utviding av areal. Eventuell flytting av biomasse må sjølvsagt vurderast etter sektorregelverk.

Samla verknader for anna biologisk mangfald
Utslepp av næringssalt, organisk materiale/partiklar og eventuelle medisinar vil kunne påverke naturtypane, i tillegg til rein fysisk påverknad ved oppankring og redusert lystilgang under anlegga. Dei aktuelle utvidingsareala og areal for framtidig akvakultur ligg i god avstand (meir enn 1-1,5 km) frå dei registrerte naturtypane, og utviding/nyetablering vil truleg ha liten påverknad på desse.

Kunnskapsgrunnlaget for biologisk mangfald i sjøareala er likevel mangelfullt, og ein kan ikkje utelukke at det er viktige verdiar som ikkje er registrert som kan bli råka ved etablering av ny lokalitet. For areal sett av til akvakulturområde kan sektorstyresmakter og kommunen, ved mottak av søknad etter akvakulturlova, krevje konsekvensutgreiing for å følgje opp naturmangfaldlova §8 om kunnskapsgrunnlag. Statsforvaltaren har m.a kravd kartlegging av korallar i område der det vert søkt om etablering eller utviding av akvakulturproduksjon, i samband med søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova (føringar frå naturmangfaldlova skal takast omsyn til ved all offentleg forvaltning, jf. naturmangfaldlova §7). Det er no utvikla løysingar for slamoppsamling,og det er valt slik løysing for omsøkt lokalitet for torskeoppdrett ved Busta i Nordfjorden. Det vil vere naturleg å setje krav til slike løysingar for framtidige anlegg, for å redusere utslepp.

Oppfølging i føresegnene

Det er ikkje råd å setje konkrete krav til anlegg i føresegnene (t.d lukka anlegg), men gjeldande regelverk vil vere til hinder for å etablere aktivitet som forverrar miljøtilstand i vassførekomsten eller er i strid med lakse- og innlandsfisklova. Dette fylgjer av lov og forskrift, men er likevel presisert i føresegnene:

Kap. 1.8, 2. avsnitt og kap. 6.8, 2.avsnitt:

Planen opnar ikkje for tiltak som kan forverre miljøtilstand i resipient/vassførekomst, og som kan redusere bestandstilstanden til vill anadrom fisk (laks og sjøaure), jf. pbl. §§11-9 nr.6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskelova §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jamfør kvalitetsnorm for villaks). Tiltak kan heller ikkje vere til hinder for å nå miljømåla.